



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 27.09.2018
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 105/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 106/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 37/18	Orienteringssak: Arbeidsutkast kommuneplanen sin arealdel
PS 107/18	Felles samferdselsprosjekt Volda Ørsta – Samferdselspakke
PS 108/18	Prosjektplan og fullfinansiering av Øvre Rotset Næringsområde, Vestre del, med infrastruktur og Veg.
PS 109/18	Utgreiing av forslag til nattbemanning ved Myravegen 35
PS 110/18	Stiftelsen Varmtvassbassenget - Omgjering av bankgaranti til tilskot
PS 111/18	Økonomirapport 2. tertial 2018
PS 112/18	Finansrapportering 2018 - 2. tertial
PS 113/18	Nytt Finansreglement Volda kommune
PS 114/18	Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 30.06.2018
PS 115/18	Søknad om fritak frå forliksrådet - Gudrun Solstad Thokle
PS 116/18	Orienteringssaker
OS 38/18	Søre Sunnmøre IKT - vedtekter og styrerepresentasjon
OS 39/18	Orientering - ny koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker
PS 117/18	Delegerte saker frå avdelingane
DS 142/18	Ferdigattest, bustad Gbr 2/118
DS 143/18	Løyve til tiltak, rehab. pipeGbr 5/30
DS 144/18	Ferdigattest næringsbygg i Furene, Gbr 11/72
DS 145/18	Løyve til endring Gbr 12/43



VOLDA KOMMUNE

DS 146/18	Mellombels bruksløyve Hamnegata 21b, seksjon 6 - Gbr 19/275
DS 147/18	Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 15/40
DS 148/18	Løyve til endring Gbr 19/933
DS 149/18	Løyve til tiltak, terrasse Gbr 20/94
DS 150/18	Løyve til tiltak, bustad og garasje Gbr 18/285
DS 151/18	Igangsettingsløyve Gbr 18/50
DS 152/18	Igangsettingsløyve, tilbygg Gbr 13/88
DS 153/18	Løyve til tiltak, riving av eksisterande bygningar Gbr 18/7
DS 154/18	Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 38/12
DS 155/18	Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 30/319
DS 156/18	Løyve til tiltak, bustad Gbr 27/90
DS 157/18	Ferdigattest, tilbygg til hytte Gbr 135/2
DS 158/18	Ferdigattest - Gbr 107/8 - Hagestove
DS 159/18	Løyve til tiltak, driftsbygning/grindløde Gbr 141/3

Gruppemøte

Måndag 24.09.2018

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Voldsfjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden
MDG	kl. 20:00-22:00	Biblioteket

Tysdag 25.09.2018

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 17:00-22:00	Møterom Voldsfjorden

Onsdag 26.09.2018

SV	kl. 18.00-20.00	Møterom Voldsfjorden
----	-----------------	----------------------

PS 105/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 106/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Kommuneplanen sin arealdel

Prosjektgruppa for kommuneplanen sin arealdel er i ferd med å få klart eit førsteutkast til ny arealdel, og rådmannen har bedt prosjektgruppa orientere kommunestyret om arbeidet. Det er ynskjeleg at kommunestyret kan fylgje prosessen, og sette seg inn i vurderingar undervegs. Kommunestyret kan kome med korte kommentarar eller spørsmål knytt til arbeidet, men det vert ikkje lagt opp til lengre diskusjonar i kommunestyremøtet. Ein ser for seg at politikarane kan arbeide i partigruppene fram mot høyringsutkastet.

I samband med kommuneplanarbeidet har det vore laga ei rekke arbeids-, kartleggings- og grunnlagsdokument. Desse dokumenta er tilgjengelige på kommunen si heimeside:

<https://www.volda.kommune.no/plan>

I kommunestyremøtet vil prosjektgruppa presentere arbeidsutkast til KU (konsekvensutgreiing), plankart, føresegner og planomtale. Ingen av dokumenta er ferdige, og ein kan vente at det kjem endringar frå administrasjonen si side.

1. Konsekvensutgreiing

Fyrste del av konsekvensutgreiinga, som skildrar metoden, ligg som vedlegg 1. Vedlegg 2 viser ein oversikt over vurderte innspel, inkludert vurdering i KU (vist med fargekode).

Vedlegg 3 er eit arbeidsutkast til KU for fylgjande formål:

- Bustadareal
- Forretningar
- Fritidsbustadar og naust
- Fritids- og turistformål
- Kombinert byggje- og anleggsformål
- Næringsverksemd
- Offentleg og privat tenesteyting
- Sentrumsformål
- Spreidde bustader i LNF

Arbeidsutkast til KU for andre formål (akvakultur, andre typar bygningar og anlegg, grav- og urnelund, idrettsanlegg, råstoffutvinning, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur og småbåthamn) er ikkje ferdige enda.

Vurderingane i KU er gjort av prosjektgruppa, i samband med teknisk sektor og landbruk. Rådmannen si leiargruppe har også vore involvert i arbeidet. Rådmannen presiserer at dette er eit arbeidsutkast, konsekvensutgreiinga er ikkje fullstendig kvalitetssikra eller vurdert samla. Ein har i hovudsak sett på innkomne innspel og vurdert desse. Når alle innspela er vurdert, må ein sjå alt i samanheng. Ein må t.d. sjå utkastet opp mot mål og strategiar i samfunnsdelen og planprogrammet. Ein må også vurdere den samla effekten av planen, m.a. med omsyn til jordvern. Denne prosessen er ikkje ferdig, og ein kan vente at det kan kome endringar frå administrasjonen si side.

Rådmannen vil presisere at arealdelen i kommuneplanen er eit svært viktig styringsreiskap for kommunen i mange år framover, og det er derfor svært viktig med informasjon og engasjement i prosessen. Særleg viktig vert det å gå grundig gjennom konflikt om arealbruk. Dei mest krevjande konfliktskiljelinene går nok i høve handelslokalisering mellom sentrum, Rotset og Furene der ein del av dette også vil handle om næringsutvikling i høve til jordvern. Det er viktig at ein lyftar fram desse problemstillingane, har openheit og får til gode diskusjonar.

Arealavklaring er avgjerande for å ha utvikling, men også i høve til å ha vern om område der det må takast særlege omsyn. Utviklinga av samferdsle dei siste åra, og med Voldatunellen i neste omgang, får Volda ein strategisk posisjon i regionen. Det er ikkje å leggje skjul på at dette vil leggje press på særleg Furene og Rotset som vert svært interessante område for næringsutvikling. Her må kommunen gjennom kommuneplanen klargjere kva strategi ein vil ha for desse områda, og kva utvikling kommunen ynskjer.

Rådmannen vil også minne om at med handsaming av denne planen går vi nokonlunde samtidig inn i den nye kommunen og ein ny tidsalder. Fellesnemnda har vedteke at sysselsetting, altså tilrettelegging for skaping av arbeidsplassar, er eitt av satsingsområda.

2. Plankart

Plankartet (vedlegg 4) viser administrasjonen sitt arbeidsutkast til noverande og framtidig arealbruk. Kartet er utarbeidd av prosjektgruppa, og diskutert i leiargruppa.

Prosjektgruppa ynskjer likevel å presisere at dette er eit arbeidsutkast, kartet er ikkje kvalitetssikra, og ein kan vente at det kjem forandringar frå administrasjonen si side.

3. Føresegner

Arbeidsutkast til føresegner ligg som vedlegg 5. Dokumentet inneheld verknader av planen (kapittel 1) generelle føresegner til kommuneplanen sin arealdel (kapittel 2). Dei andre kapitla er under arbeid, men ikkje klare for utsending.

Dokumentet er utarbeida av prosjektgruppa, i samarbeid med teknisk sektor og landbruk. Leiargruppa har også vore involvert i arbeidet. Prosjektgruppa ynskjer likevel å presisere at dette er eit arbeidsutkast, føresegnene er ikkje fullstendig kvalitetssikra, og det kan kome forandringar frå administrasjonen si side.

4. Planomtale

Arbeidsutkast til planomtalen ligg som vedlegg 6. Dokumentet inneheld kapittel 2: bakgrunn for planen og kapittel 3: Hovudgrep i planen. Kapittel 3 viser til arealstrategiar, viktige grunnlagsdokument, behov og kva grep ein har gjort. Arbeidsutkast til planomtalen er laga av prosjektgruppa. Planomtalen må lagast parallelt med dei andre plandokumenta, og er ikkje ferdig.

5. Vidare prosess

27.09.2018 Orientering kommunestyret.

16.10.2018 Utkast leggst fram for formannskapet.

24.10.2018	Møte i regionalt planforum, Molde.
30.10.2018	Formannskapet sender planen på høyring. Høyring seks veker
Des. 18/jan. 19	Gjennomgang og bearbeiding av merknader. Bearbeiding/korrigerering av planforslag, KU og ROS.
Feb. 19	Godkjenning/handsaming av 2. forslag til arealdel
Feb./mars 19	Offentleg ettersyn og høyring av 2. forslag til arealdel
April/mai 19	Gjennomgang og vurdering av merknader. Bearbeiding/korrigerering av planforslag, KU og ROS.
Juni 19	Godkjenning av arealdelen. Kunngjering og endeleg vedtak.

Framdriftsplanen er avhengig av merknader til planen (tilbakemeldingar i politiske prosessar og regionalt planforum, merknader i høyringsperioden mv.).

Vedlegg:

1. Konsekvensutgreiing - metode
2. Vurdering av innspel til arealdelen
3. Arbeidsutkast KU
4. Arbeidsutkast plankart
5. Arbeidsutkast føresegner
6. Arbeidsutkast planomtale



KONSEKVENSGREIING

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Volda kommune

Dato: 27. juni 2018



1 INNHALD

1	INNHALD	s. 2
2	BAKGRUNN	s. 3
3	METODE	s. 4
	Krav om konsekvensutgreiing	s. 5
	Metode for vurdering av konsekvensar	s. 6
4	KONSEKVENsutGREIING	s. 6

2 BAKGRUNN

Krav om konsekvensutgreiing

Som del av arealdelen skal det gjennomførast konsekvensutgreiing, der verknader for miljø og samfunn skal skildrast for alle nye område for utbygging, og der arealbruken vert vesentleg endra i eksisterande byggeområde. Oppdatering av arealdelen i samsvar med vedtekne reguleringsplanar vert ikkje omfatta av kravet om konsekvensutgreiing.

2 METODE

Metode for vurdering av konsekvensar

Det skal takast utgangspunkt i metodikken skissert i rettleiaren frå MD "Konsekvensutredningar, Kommuneplanens arealdel".

1. Avgrensing av utgreiingsområde/influensområde.
2. Verdien av området.
3. Omfanget (påverknad) i forhold til 0-verdien.
4. Konsekvens. Samanstilling av verdien av området med omfanget av tiltaket.
5. Samla vurdering av konsekvens.

Vurdering av konsekvens for dei enkelte utgreiingstema og samla konsekvens for utbyggingsforslaget bør kunne etterprøvast og det skal derfor gå tydeleg fram korleis verdien av eit område og omfanget av utbygginga er vurdert og fastsett. Til hjelp i arbeidet med fastsetting av konsekvens har ein nytta metodikken i Statens vegvesen si handbok V712. Det er i stor grad tatt utgangspunkt i den forenkla metoden i handbok V712. For dei tema der metodikken er lite hensiktsmessig, er det nytta ein verbal vurdering av foreslått utbyggingsformål med fastsetting av konsekvensar basert på kriteria bestemt på førehand. Konsekvensutgreiinga skal i utgangspunktet baserast på eksisterande kunnskap. Planprogrammet har fastsett utgreiingstema og krav om innhenting av ny kunnskap.

Alle forslag til nye/endra arealbruk er og vurdert opp mot arealstrategiane fastsett i planprogrammet. Både den samla verknad av kvart utbyggingsforslag, men også verknad av dei samla arealbruksendringane i forslaget til ny arealdel er vurdert.

Trinn 1: Avgrensing av utgreiingsområde og eventuelt influensområde

Dette vil vere avhengig av type utbyggingsformål. Kommuneplanen sin arealdel er ein lite detaljert plan og innspel om nye utbyggingsområde er heller ikkje særleg detaljert. Det er tatt ei enkel vurdering av influensområde for dei foreslegne utbyggingsområda, som berre vil vere verbalt skildra.

Trinn 2: Verdivurdering

Verdiar i området vert vurdert på bakgrunn av eksisterande eller innsamla data. Vurderingstema, kunnskaps- og vurderingsgrunnlag er vist i tabellen under:

Tema	Kunnskaps- og vurderingsgrunnlag
Miljø	
Forureining	Registreringar. Miljødata. Grunnforurensningsdatabasen. Støykartleggingar langs hovudveggar og i samband med nyare reguleringsplanar. Hovudplan for vatn og avlaup.
Landbruk og jordressursar	Gardskart, FKB-data. Data for produksjonstilskot. Kjerneområde landbruk, ev. synfaringar. Temakart landbruk.
Naturmangfald og naturmiljø	Naturbase, naturtyperegistreringar. Ev. synfaringar. Temakart grønstruktur.
Kulturminne og kulturmiljø	Askeladden. Kommunedelplan for kulturminne. Kartlegging bygningsmiljø i Volda sentrum, ev. synfaringar. Temakart kulturminne, -miljø og -landskap.
Landskap	Høgde- og terrengdata, ortofoto. Ev. synfaringar. Tettstadanalysen. Temakart kulturminne, -miljø og -landskap.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Generelt kartgrunnlag. Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde. Arbeidsnotat friluftsliv. Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda. Tettstadanalysen. Temakart grønstruktur.
Energiforbruk og energiløysingar	Konkret vurdering av lokalisering mot viktige strukturar i samfunnet elles. Temakart sårbare objekt (ROS).
Klima	Kartgrunnlag. Arbeidsdokument: Klimaendringar og arealplan. Klimaberegning/ klimaeffekt.
Vassmiljø og verna vassdrag	Verneforskrift. Kartlegging av vassdrag. Ev. synfaring. Strandsonekartlegging.
Strandsone langs sjø og vassdrag	Kartgrunnlag. Strandsonekartlegging. Ev. synfaring. Temakart sjøområde og marin næring.
Samfunn	
Transport og trafikk	Vegdatabanken, kartgrunnlag. Trafikktryggingssplan. Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda. Arbeidsdokument: kollektivtrafikk, elbil, sykkel. Temakart infrastruktur.
Teknisk infrastruktur	Kartgrunnlag, VA-kart, Hovudplan for vatn og avlaup.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Generelt kartgrunnlag. Ein må vurdere om utbyggingsområda fører til behov for investering i nye funksjonar eller infrastruktur.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Heilskapleg ROS-analyse og overordna ROS-analyse for arealdelen.
Folkehelse	Folkehelsebarometer. Generelt kartgrunnlag. Vurdere helsekonsekvensar av nye tiltak og vektlegge folkehelseperspektivet. Universell utforming som overordna prinsipp.
Estetikk og arkitektur	Generelt kartgrunnlag. Ev. synfaring. Tettstadanalyse. Bygningsmiljø og estetisk rettleiar.
Barn og unge	Barnetrakk-registreringar. Arbeidsdokument: kartlegging kvartalsleikeplassar.
Forholdet til strategiar om arealbruk	Bustadbehovsanalyse. Senterstruktur, sentrumssoner. Andre aktuelle arbeidsnotat og kartleggingar.


Det vert ikkje utarbeidd verdikart. Det er tatt utgangspunkt i Statens vegvesen si handbok V712 tabell 6-1 som grunnlag for verdisetting innanfor kvart utgreiingstema. Eit område kan ha ei verdsetting frå utan betydning til svært stor verdi innan dei ulike utgreiingstema. Handbok V712 har utarbeidd kriteria for verdisetting innanfor fleire utgreiingstema. For andre utgreiingstema er det tatt utgangspunkt i tab. 6-1.

	Uten betydning	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Forvaltnings-prioritet	Uten betydning for temaet eller sterkt reduserte kvaliteter		Forvaltnings-prioritet	Høy forvaltnings-prioritet	Høyeste forvaltnings-prioritet
Viktighet/betydning for fagtemaet		Alminnelig/lokalt vanlig	Lokal/regional betydning	Regional/nasjonal betydning	Nasjonal/ internasjonal betydning Unikt
Funksjoner og sammenhenger		Kontekst/sammenheng er lite synlig	Kontekst/sammenheng er noe fragmentert	Viktige sammenhenger og funksjoner	Særlig viktige sammenhenger og funksjoner
Bruksfrekvens		Betydning for få	Betydning for flere	Betydning for mange	Betydning for svært mange
Faglige kvaliteter ³⁸		Få kvaliteter	Gode kvaliteter	Særlig gode kvaliteter	Unike kvaliteter

Tabell 6-1: Generelt grunnlag for verdisetting. Figuren er henta frå Handbok V712 s. 117.

Trinn 3: Omfang (påverknad) i forhold til 0-verdien

Omfang/påverknad er eit uttrykk for endringar som tiltaket vil medføre i eit område i forhold til 0-alternativet. Omfang/påverknad er relatert til ferdig etablert situasjon og ein skal skildre både dei verknadane utbygginga har for sjølve arealbeslaget og verknader utbygginga vil ha for influensområdet. Eit tiltak (utbyggingsforslag) kan i eit område gi frå stor forbetring til sterkt reduserte kvalitetar, med i verste fall øydelegging, for dei ulike utgreiingstema. Det er tatt utgangspunkt i skalaen i figur 6-5 i handbok V712 for vurdering påverknad.



Figur 6-5: Skala for vurdering av påvirkning. Figuren er henta frå Handbok V712 s. 118.

Trinn 4: Konsekvens

Konsekvensane av eit tiltak (utbyggingsforslaget) har for eit utgreiingstema, får ein fram ved å samanstille området sin verdi med omfanget/påverknaden av utbygginga. Alle forslag til utbygging vert sett inn i ei matrise der X-aksen er verdiskalaen og Y-aksen er omfang/påverknad. Det er tatt utgangspunkt i handbok V712. Dei mest negative konsekvensane vil ein berre kunne få i område med stor og svært stor verdi. Positive konsekvensar vil ein berre kunne få i område utan verdi eller med noko verdi, der påverknaden medfører betring eller ubetydeleg endring.

Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor	Verdi / Påvirkning
					Ødelagt Sterkt forringet
					Foringet
					Noe forringet
					Ubetydelig endring
					Forbedret

Konsekvensvifta. Figuren er ein forenkla versjon av figur 6-6 i Handbok V712.

Skala	Trinn 4: Kriteria for fastsetting av konsekvens for kvart utbyggingsområde
Svært stor/kritisk negativ konsekvens	Stor til svært stor miljøskade for temaet. Vil i stor grad redusere kvalitetane i området. Gjerne med store samla verknader. Høg konfliktgrad i heile eller i ein stor del av utbyggingsområdet med høg grad av påverknad.
Middels negativ konsekvens	Fleire til berre få konfliktpunkt for temaet. Berre delar av området kan ha høg konsekvensgrad. Noko til ubetydeleg påverknad i stor del av området.
Ubetydeleg/ positiv konsekvens	Medfører forbetring eller ikkje endring frå 0-alternativet for området. Større eller mindre delar av området vil ha positiv konsekvensgrad. Berre mindre område med lave negative konsekvensgradar, som vert vege opp av område med positiv konsekvensgrad.

Trinn 5: Samla vurdering av konsekvens

Den samla vurderinga av konsekvens for dei einskilde utbyggingsområda er basert på resultatane av vurdering av konsekvens for dei einskilde utgreiingstema supplert med fagleg skjønn, lokalkunnskap og ev. spesielle forhold ved utbyggingsforslaget. Område av nasjonal eller regional verdi er vektlagt. Det er og lagt stor vekt på om forslaget er i samsvar med dei fastsette arealstrategiane.

Skala	Trinn 5: Samla vurdering av konsekvens
Svært stor/kritisk negativ konsekvens	Stor til svært stor miljøskade i området. Har fleire tema med kritisk til svært stor negativ konsekvens. I liten grad i samsvar med arealstrategiar.
Middels negativ konsekvens	Kan medføre noko miljøskade og er dårlegare enn 0-alternativet. Kan ha nokre få (1-2?) tema med kritisk til svært stor negativ konsekvens. Er i stor grad i samsvar med fastsette arealstrategiar.
Ubetydeleg/ positiv konsekvens	Medfører forbetring eller ikkje vesentleg endring frå 0-alternativet for fleire av utgreiingstema. Kan ha nokre få (1-2?) tema med middels negativ konsekvens. Er i stor grad i samsvar med arealstrategiar.


Skjema for konsekvensutgreiing - mal

Område nr. xx - (Områdenemning, grunnkrins)

Eigedom:
Formål i dagens kommuneplan:
Gjeldande reuleringsplan:
Foreslått formål:
Areal:

Forslagsstillar:
Skildring av tiltak:

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	(Vurdering om det er eksisterande forureiningskjelder i nærleiken. Nye utbyggingsområde kan medføre ureining, støy, klimaendringar m.m.)	
Landbruk og jordressursar	(Vurdering av omfang og verknad på landbruksareal; tap av produksjonsareal, driftsulemper m.v.)	
Naturmangfald og naturmiljø	(Endra arealbruk kan endre naturmangfald og naturmiljø.)	
Kulturminne og kulturmiljø	(Vurdering av om utbygging kan gje negativ konsekvens for kulturminne-/miljø.)	
Landskap	(Vurdering av om ny utbygging kan endre landskap og gi nær og fjernverknad.)	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	(Vurdering av om ny utbygging kan gi negativ konsekvens for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv.)	
Energiforbruk og energiløysingar	(Vurdering av om ny utbygging kan gi auka energiforbruk.)	
Klima	(Vurdering av om det er eller om ny utbygging vil gi utfordringar i forhold til overvasshandtering, stormflo og havnivåstigning.)	
Vassmiljø og verna vassdrag	(Vurdering av om ny utbygging kan gi negative konsekvensar for verna vassdrag eller andre vassmiljø.)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	(Vurdering av om ny utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs sjø og vassdrag.)	
Samfunn		
Transport og trafikk	(Vurdering av om nye utbyggingsområde må vere trafikksikre og fungere i forhold til vegsystemet.)	
Teknisk infrastruktur	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for eksisterande infrastruktur og gi behov for større investeringar.)	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for dagens tenestestruktur og gi behov for endringar.)	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	(Vurdering av om nye utbyggingsområde kan gi endra risikobilde, eller utbyggingsområdet ligg i eit risikoutsett område. Kan gi endra behov for førebygging og normalisering ved uføresette hendingar.)	
Folkehelse	(Vurdering av mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle.)	
Estetikk og arkitektur	(Vurdering av om ny utbygging kan gi endra estetisk uttrykk i eit område.)	
Barn og unge	(Vurdering av om utbygging kan komme i konflikt med verdier i barn og unge sine oppvekstområde.)	
Forholdet til strategiar om arealbruk	(Vurdering av om tiltaket er i samsvar med arealstrategiane.)	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

(Samla vurdering av konsekvensar med forslag til oppfølging eller utgreiing på reguleringsplannivå. Trinn 4.)

Konklusjon:

(Oppsummering. Trinn 5.)



Volda kommune

Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no

Telefon: +47 70 05 87 00

Faks: +47 70 05 87 01

Åpningstider: 08.00–16.00



Vurdering av innspel til arealdelen.

Det er krav om at alle framtidige utbyggingsområde i kommuneplanar skal gjevast ei særskild vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn, jf. pbl. § 4-2. Dette gjeld alle nye utbyggingsområde og vesentleg endring av eksisterande arealbruk. Oppdatering av arealdelen i samsvar med vedtekne reguleringsplanar vert ikkje omfatta av kravet om konsekvensutgreiing.

Gjennom ROS-analyse av alle innspel er det avdekka at fleire innspel ligg i område med uakseptabel risiko i forhold til ulike farar. Spesielt når det gjeld naturfare (skred og flaum) er det ikkje ønskeleg å ta med innspel som ligg i område med uakseptabel risiko. Så lenge vi ikkje har kunnskap om farenivå har vi ikkje mulegheit for å avklare om det er sikker byggegrunn i området. Ein kan dermed risikere at det er svært lite av arealet som kan nyttast til formålet.

Etter gjennomført ROS-analyse, vurdering opp mot arealstrategiane og vurdering i forhold til ev. krav om KU for innspelet m.v. kome ein fram til ei liste med forslag til nye/endra utbyggingsområde som er ønskeleg å ta med vidare i prosessen fram mot eit planutkast. Desse forslaga skal først vurderast gjennom ei konsekvensutgreiing for å klarlegge verknader for miljø og samfunn. For nokre av innspela vil det ikkje vere krav om konsekvensutgreiing. Desse innspela vil likevel vere med i lista. Under slutføring av utkast til arealdel kan det kome fram behov for endra arealbruk som må konsekvensutgreiast. Dette kan vere areal som t.d. bør endre formål som følgje av oppdatering i forhold til eksisterande bruk av eit område. Lista over innspel/endingar som skal konsekvensutgreiast vil derfor måtte bli oppdatert fram mot endeleg planforslag.

I konsekvensutgreiinga skal innspela vurderast opp mot ei rekke utgreiingstema som er fastsett i planprogrammet kap. 6. Gjennom konsekvensutgreiinga kan derfor fleire innspel bli vurdert som uaktuelle. Det er derfor først når resultatet av konsekvensutgreiinga er klar vi har full oversikt over kva endra arealbruk vi kan forslå. Som del av konsekvensutgreiinga vil det og vere aktuelt å sette krav om ulike avbøtande tiltak, som må fastsettast gjennom føresegner og/eller retningslinjer. Det er derfor først etter konsekvensutgreiinga vi kan legge fram 1. utkast til ny arealdel.

I lista i dette dokumentet er det ei oversikt over innspel som er vurdert i konsekvensutgreiinga, og kva forslag som ikkje er vurdert i konsekvensutgreiinga fordi dei er uaktuelle av andre årsaker. Det vil for kvart arealbrukstema vere ei oversikt over forslag til ny/endra utbyggingsformål som det er ønskeleg å ta inn i den nye arealdelen.

Sist endra pr.: 19.09.2018.

Innhald

Innspel om nye areal til bustader.....	3
Innspel om nye areal til fritidsbustader og naust.....	6
Innspel om nye areal til sentrumsformål	7
Innspel om nye areal til forretningar	8
Innspel om nye areal til Offentleg eller privat tenesteyting	9
Innspel om nye areal til Fritids- og turistformål.....	10
Innspel om nye areal til råstoffutvinning	11
Innspel om nye areal til Næringsverksemd.....	12
Innspel om nye areal til Idrettsanlegg.....	13
Innspel om nye areal for «Andre typar bygningar og anlegg».....	14
Innspel om nye areal til Grav- og urnelund.....	15
Innspel om nye areal til Kombinert byggje- og anleggsformål.....	16
Innspel om nye areal til Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur.....	18
Innspel om nye areal til Spreidde bustader i LNF-område.....	20
Innspel om nye areal til Spreidde næringsbygningar i LNF-område	21
Innspel om nye areal til Småbåthamn.....	22
Innspel om nye areal til Kombinerte formål i sjø og vassdrag NFFFA.....	23
Innspel om nye areal til Akvakultur.....	23

Bebyggelse og anlegg

Innspel om nye areal til bustader

Aktuelle arealstrategiar som gir føringar for lokalisering av nye bustadareal finn vi først og fremst i kap. 5.1 Sentrumsutvikling og senterstruktur og kap. 5.2 Busetting i planprogrammet. Andre arealstrategiar kan og vere med på å gi føringar for lokalisering av nye bustadområde. Dokumenta «Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting» og «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» legg føringar for lokalisering av nye bustadareal.

KU av forslag til nye bustadareal

OMR. NAVN	Areal (daa.)	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Vurdering KU
B2	3,62		Ann-Mari Stave	4_2	Lid/Berknes	
B3	6,95	LNF	Ann-Mari Stave	4_2	Lid/Berknes	Uakseptabelt ift. ROS. (Tatt inn av formannskapet)
B4	26,83		Mork Grendalag	12_1, 12_3	Morkabygda	B104
B5	27,75	LNF	Mork Grendalag	11_1	Morkabygda	
B7	76,16	LNF	Mork Grendalag		Morkabygda	Ny E39 før utbygging. Redusert alternativ. B106
B12	8,15	Grønstruktur	Tore Bjørneseth og Inger-Johanne Lothe Bjørneset	18_5	Volda sentrum	
B13	6,89	Grønstruktur	Sverre Engeset Foldal	18_12	Volda sentrum	
B14	0,66		Torild og Roar Driveklepp	19_598	Volda sentrum	Bustad/forretning/kontor? BKB13? Utvida!
B16	3,38	Bandlagt kml	Opplysningsvesenets Fond	29_1	Volda sentrum	
B17	66,53		Norhus AS	30_2 m.fl.	Volda sentrum	B111
B21	16,54	Kombinert, Grønstruktur	Gunn Karin Kvistad Strand og Inger Anne Kvistad Holm	20_14	Volda sentrum	
B22	15,92	Kombinert, Grønstruktur	Din Bolig AS	20_523	Volda sentrum	
B24	7,82		Per Arne Heltne	20_4	Volda sentrum	
B28	40,81	LNF	Robin Heltne	20_1	Volda sentrum	Ikkje imøtekome jf. behovsanalyse.
B32	62,92	LNF	Per Sigvald Hoggen	26_2	Vikebygda	
B34	13,21	LNF	Greg og Herdis Rotevatn		Vikebygda	

B36	8,97	LNF	Eli og Harald Vassbotn	28_3	Vikebygda	LSB76. totalt inntil 7 hus innanfor LSB76 og 79.
B38	4,67	LNF	Eli og Harald Vassbotn	28_3	Vikebygda	Vurdere som spreidd bustadbygging i LNF LSB 79
B39	27,31		Austefjord grendautval	47_1 m.fl.	Austefjordområdet	
B42	28,47		Dravlausbygda og Innselset grendalag		Dalsfjordområdet	Ikkje imøtekome jf. behovsanalyse.
B43	29,41		Velsvik og Lauvstad grendalag		Dalsfjordområdet	
B45	8,96		Velsvik og Lauvstad grendalag	160_8 m.fl.	Dalsfjordområdet	Ikkje imøtekome – jf. eksisterande RP.
B46	9,54		Velsvik og Lauvstad grendalag	158_1, 158_3	Dalsfjordområdet	Vurdere som spreidd bustadbygging i LNF
B47	1,52	LNF	Per E Vassbotn		Vikebygda	Vurdere som spreidd bustadbygging i LNF
B50	9,3		Tømrer Service AS	20_12		
B52	6,4		Bernhard Rekkedal	42/2	Austefjordområdet	LSB77
B53	25,8		Ola Veddeng	14_2	Morkabygda	
B54	71,87		Leite og Howden As	14_3	Morkabygda	
B55	23,22		Norhus AS	20_12	Volda sentrum	

Innspel om nye bustadareal som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

OMR. NAVN	Areal (daa.)	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
B1	11,69	Friområde	Odd og Runar Bjerknes		Lid/Berknes	I strid med grønstrukturstrategi.
B6	7,28	LNF	Jorun Rangseter	13_22	Morkabygda	Uakseptabelt ift. ROS
B7	76,16	LNF	Mork Grendalag		Morkabygda	For stor avstand til eksisterande busetnad, infrastruktur m.v.
B8	16,42	LNF	v/Harald Thunheim	13_18	Morkabygda	For stor avstand til eksisterande busetnad, infrastruktur m.v.
B9	77,78	LNF	Erling og Sigrid Skarstein	16_1	Volda sentrum	Ikkje ønskeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.

B10	1,14	LNF	Erling og Sigrid Skarstein	16_1	Volda sentrum	Ikkje ønskeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B11	7,25		Sverre Engeset Foldal	18_12	Volda sentrum	Ikkje behov for KU. Ingen endring av formål.
B15	3,69	Friområde	Geir Halkjelsvik	19_564, 19_594	Volda sentrum	I strid med grønstrukturstrategi.
B18	55,27	LNF	Tomteservice AS	19_1 m.fl.	Volda sentrum	Ikkje ønskeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B19	110,68		Grete Jorunn Halkjelsvik m.fl.	19_1 m.fl.	Volda sentrum	Ikkje ønskeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B20	5,13	Bustad	Grete Jorunn Halkjelsvik m.fl.		Volda sentrum	I strid med offentlege behov
B23	2,67		Per Arne Heltne	20_4	Volda sentrum	I strid med grønstrukturstrategi.
B25	14,89		Lene og Roy Inge Heltne	20_6	Volda sentrum	Ikkje ønskeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B26	42,88	LNF	Dag Bratteberg	21_2, 21_6	Volda sentrum	Ikkje ønskeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B27	28,12	LNF	Øyvind Eidså	21_1	Volda sentrum	Ikkje ønskeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B29	1,41	Grønstruktur	Tor Halvar Flacké Botnen	20_36	Volda sentrum	I strid med grønstrukturstrategi.
B30	20,08	LNF	Lene og Roy Inge Heltne	20_6	Volda sentrum	Ikkje ønskeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B31	17,44	LNF	Alice Ødegård Rotevatn	27_7	Volda sentrum	Ikkje ønskeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B33	5,08	LNF	Per Sigvald Hoggen	26_2	Vikebygda	Ikkje ønskeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B35	27,57	LNF	Kaisa Olsen	27_17	Vikebygda	For stor avstand til eksisterande busetnad, infrastruktur m.v.
B37	5,7	LNF	Eli og Harald Vassbotn	28_3	Vikebygda	Uakseptabelt ift. ROS
B40	16,05		Austefjord grendautval	66_1, 66_2 m.fl.	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
B41	14,02		Kalvatn grendautval		Austefjordområdet	For stor avstand til bygdesenter, infrastruktur m.v.
B44	23,89		Velsvik og Lauvstad grendalag	157_4	Dalsfjordområdet	For stor avstand til bygdesenter, infrastruktur m.v.
B48	12,9	LNF	Per E Vassbotn		Vikebygda	For stor avstand til eksisterande busetnad, infrastruktur m.v.

B49	10,9	LNF	Vegard Bjørdal	85_2	Austefjordområdet	For stor avstand til eksisterende busetnad, infrastruktur m.v.
B51	4,5		Tømrer Prosjekt AS	19_29	Volda sentrum	I strid med offentlege behov

Innspel om nye areal til fritidsbustader og naust

Aktuelle arealstrategiar som gir føringar for lokalisering av nye areal til fritidsbustader og naust finn vi først og fremst i kap. 5.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust i planprogrammet. Andre arealstrategiar kan og vere med på å gi føringar for lokalisering av nye fritidsbustader og naust. Arbeidsdokumentet Fritidsbusetnad, setrar og naust gir ei behovsvurdering for nye areal til desse formåla. «Gjennomgang av verdifulle sætremiljø», som er ei kartlegging av status på dei mest verdifulle setrane med forslag til retningslinjer legg føringar for lokalisering av nye areal til fritidsbustader og naust.

KU av forslag til areal for fritidsbustader og naust

OMR. NAVN	BESKRIVELSE	Areal (daa)	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BFR1	Hytte og naust	5,35		Norvald Bjerknes	2_1	Lid/Berknes	BFR79 Hytte og naust
BFR3	Hytte og naust	36,28		Odd og Runar Bjerknes		Lid/Berknes	
BFR4	Naust	6,35		Norvald Bjerknes	2_1	Lid/Berknes	
BFR5	naust og rorbu	8,95		Odd og Runar Bjerknes		Lid/Berknes	
BFR6	Hytte	1,27		Odd og Runar Bjerknes		Lid/Berknes	
BFR7	naust og rorbu	0,52	Naust RP	Reidar Sørheim		Lid/Berknes	
BFR8	Hytte	4,38		Ann-Mari Stave	4_2	Lid/Berknes	
BFR9	naust	28,43		Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik, Ivar Arne Lid	6_1	Lid/Berknes	
BFR10	sjøbud	0,35		Jon Bjørdal og Roy Inge Heltne		Lid/Berknes	
BFR11	Hytte	7,81		Lene og Roy Inge Heltne	20_6	Volda sentrum	
BFR12	Naust	5,38		Austefjord grendautval	70_1	Austefjordområdet	BFR81 Naust
BFR20	Naust	0,66		Dravlausbygda og Innselset grendalag		Dalsfjordområdet	BFR82 Naust
BFR23	Hytte	0,3		Per E Vassbotn		Vikebygda	
BFR25	Hytter	5,5		Geir Magnus Lied	91_15	Folkestadområdet	Imøtekome jf. eksisterande sit. BFR25.

BFR28	Hytter	9,1		Bernhard Rekkedal	42/2	Austefjordområdet	BFR83
BFR29	Hytter	2,5		Ola Veddeng	14_2	Morkabygda	
BFR30	Hytter/rorbu	0,4		Jon Steinar Steinsvik	131_5	Dalsfjordområdet	

Innspel om nye areal til fritidsbustader og naust som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

OMR. NAVN	BESKRIVELSE	Areal (daa)	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BFR2	Hytte	10,32		Odd og Runar Bjerknes		Lid/Berknes	Uakseptabelt ift. ROS
BFR13	Hytte	13,09		Kalvatn grendautval	59_17, 59_5	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR14	Hytte	21,22		Kalvatn grendautval	59_17	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR15	Hytte	4,3		Kalvatn grendautval	59_2	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR16	Hytte og naust	3,33	LNF	Dag Leiv Bjørneset	86_4	Folkestadområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR17	Hytte	12,27		Jakob Helset	92_3	Folkestadområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR18	Naust	0,46		Jakob Helset	92_3	Folkestadområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR19	Naust	0,23		Einar Furnes	136_2	Folkestadområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR21	Hytte	2,19		Ivar Kvangardsnes	151_3	Dalsfjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR22	Hytte	31,87		Bjørkedal, Løset m.fl.	91_10	Folkestadområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR24	Hytter og naust	14,1		Kirsti og Rolf Følsvik		Folkestadområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR26	Hytter	115		Bernhard Rekkedal	42/2	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFR27	Naust	2,3		Bernhard Rekkedal	42/2	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS

Innspel om nye areal til sentrumsformål

Sentrumsformål er eit ope formål som er vanleg i by- eller tettstadsentrum. Sentrumsformål inkluderer forretningar, tenesteyting og bustadbusetnad, inkludert grønne uteareal til busetnaden. Arealstrategiane under kap. 5.1 er mest aktuelt, men og arealstrategiane i kap. 5.2 og 5.3 kan vere aktuelle for vurdering av innspel om areal til nye sentrumsformål. Dokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» gir føringar for kva formål ein ønskjer i m.a. Volda sentrum.

KU av nye/endra areal for Sentrumsformål

OMR. NAVN	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BS1	8,35		MVK Eigedom AS	29_48, 29_44, 29_11, 29_9	Volda sentrum	BS1
BS2	4,3		Volda Turisthotell AS	19_589,590,780	Volda sentrum	BS2
BS3	16	F/K/B	Volda sentrum AS/ Industrigata AS		Volda sentrum	BS3
BS4	0,6	F/K/B	Volda kommune		Volda sentrum	BS4

Innspel om nye areal til sentrumsformål som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker
Ingen er vurdert som uaktuelle.

Innspel om nye areal til forretningar

Formålet forretningar omfattar areal og bygningar for detaljhandel. Handverksverksemd, utsal av gardsprodukt eller sal av tenester kan også gå inn i formålet om dette vert presisert i planomtale eller føresegn.

KU av nye/endra areal til forretningar

OMR. NAVN	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BF1	1,21	Grønstruktur	Kiwi Volda	19_10	Volda sentrum	
BF2	19,43	LNF	Kari R. og Fredrik Mork Håskjold			BKB12

Innspel om nye areal til forretningar som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker
Ingen er vurdert som uaktuelle.

Innspel om nye areal til Offentleg eller privat tenesteyting

Dette arealformålet omfattar areal og bygningar for ulike typar privat eller offentleg tenesteyting som til dømes barnehage, institusjon, kyrkje/anna trusutøving, eller administrasjon. Tenesteyting kan og vere kulturformidling, forsamlingslokaler, undervisningsinstitusjonar, administrasjon, sjukehus, helseinstitusjonar, konsulentverksemd m.v. Arealstrategiar for offentleg og privat tenesteyting finn ein i kap. 5.3 i planprogrammet. Det er gjennomført kartlegging av arealbehov for kommunale og regionale verksemdar, allmennyttige formål og kommunaltekniske anlegg. Kommunaltekniske anlegg er i stor grad lista opp under formålet «Andre typar bygningar og anlegg».

KU av nye/endra areal til offentleg eller privat tenesteyting

OMRNAVN	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BOP1	Ny skule?	148,34	LNF	Mork Grendalag		Morkabygda	
BOP2			LNF	Kari R og Fredrik Mork Håskjold		Morkabygda	
BOP3	Ny skule?	13,5	LNF	VK-Oppvekst		Morkabygda	O_BOP43
BOP4	Parkering?	0,5	LNF	VK-Utvikling		Morkabygda	O_BOP45
BOP5	Utvidingsareal skule	6,8	Forretning	VK-Oppvekst			O_BOP46
BOP6	Utvidingsareal omsorgsenter	4,2	bustad	VK-pleie og omsorg			O_BOP48
BOP7	Utvidingsareal omsorgsenter	4,5	bustad	VK-Teknisk eigedom			O_BOP48
BOP8	Kommunale bustader		bustad	VK-pleie og omsorg			Ikkje KU – samsvar RP –
BOP9	Omsorgsbustader		Bustad	VK-pleie og omsorg			Ikkje KU – samsvar RP
BOP10	Omsorgsbustader		Bustad	VK-pleie og omsorg			O_BOP54
BOP11	ROP-bustader			VK-pleie og omsorg			Ikkje KU – samsvar RP
BOP12	Brannstasjon		komb. Næring	VK-Brann			Ikkje KU – samsvar KDP -
BOP13	Museum		Allmennyttig	VK-Utvikling			Ikkje KU – samsvar KDP. BOP64
BOP14	Utvidingsareal skule	4,3	bustad	VK-Oppvekst			O_BOP47
BOP15	Barnehage?		offentleg	VK-Oppvekst			Ikkje KU – samsvar RP
BOP16	Omsorgsbustader	2,4	offentleg	VK-Pleie og omsorg			O_BOP48
BOP17	Smilebakken		offentleg	VK-Barnevern-EM			O_BOP57
BOP19	Kulturhus?		Bustad	VK-Teknisk Eigedom			O_BOP58

BOP20	Grendahus			VK-Utvikling			Ikkje KU – Ikkje ta inn endring!
BOP21	Grendahus			VK-Utvikling			Ikkje KU – samsvar KDP
BOP22	Sjukehus	1,37	Bustad	VK-Utvikling			+ avkl.omr. 15 O_BOP61
BOP23	Sjukehus	1,02	bustad	VK-Utvikling			O_BOP62
BOP24	Kulturhus?	1,77	Parkering	VK-Utvikling			O_BOP63
BOP25	Skule	0,8	Bustad	VK-Utvikling			Ikkje KU – Korrigering formålsgrænse.

Innspel om nye areal til Offentleg eller privat tenesteyting som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

Ingen er vurdert som uaktuelle sjølv om det er avdekt uakseptabel risiko når det gjeld naturfare for fleire av innspela. Ønskjer å konsekvensutgreie alle innspela.

Innspel om nye areal til Fritids- og turistformål

Fritids- og turistformål er arealformålet som skal nyttast for utleigehytter og andre typar overnattingsanlegg som skal drivast i kommersiell samanheng. Dette kan omfatte rorbuer, hotell, pensjonat, campingplassar, underhaldningsparkar m.v. Det er ikkje fastsett arealstrategi når det gjeld fritids- og turistformål. Det er ikkje gjennomført utarbeidd behovsanalyse for overnattings- og serveringsbehov eller andre anlegg for turistformål.

KU av nye/endra areal til Fritids- og turistformål

OMRNAVN	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BFT1		2,5		Trygve Helset	92_1	Folkestadområdet	?
BFT4	Rorbuanlegg	25,32	LNF	Turid Nautvik og Per Kåre Nasset	117_1	Folkestadområdet	Imøtekome redusert areal. BFT3
BFT8	Landskapshotell	134,6	LNF	Bernhard Rekkedal	42/2	Austefjordområdet	Imøtekome redusert areal. BFT4

Innspel om nye areal til Fritids- og turistformål som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

OMRNAVN	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BFT2		62,3		Austefjord grendautval	45_1, 45_8	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFT3		12,75	LNF	Turid Nautvik og Per Kåre Nesset	117_1	Folkestadområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFT5		2,71		Stian Hjorthaug	38_1	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFT6		2,38		Stian Hjorthaug	38_1	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BFT7		0,38		Høydal grendalag		Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS

Innspel om nye areal til råstoffutvinning

Tiltak under dette arealformålet er førekomstar av fastfjell for produksjon av byggeråstoff, uttak av mineralske lausmasser (leire, silt, sand, grus, stein, blokk) og industrimineral og malm. Masseuttak til utanfor område avsett til råstoffutvinning er ikkje tillate. Massedeponi skal visast som byggeområde for andre anlegg. Under kap. 5.5 i planprogrammet er det fastsett at behov for mineralressursar og aktuell plassering av areal for mottak og deponi for masser skal avklarast. Det er gjennomført fleire arbeidsmøte om dette temaet.

KU av nye areal til Råstoffutvinning (ikkje ferdig!!!!)

OMRNAVN	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BRU4	41,69		Volda Maskin AS	13_20, 13_13	Morkabygda	
BRU2	77,94		Volda Maskin AS	32_2, 32_1	Austefjordområdet	
BRU3	11,33		Gunnar Løvøy		Austefjordområdet	
BRU1	8,12		Bjørkedal grendalag	93_2	Folkestadområdet	
BRU5	55,44		Turid Nautvik og Per Kåre Nesset	117_1	Folkestadområdet	
BRU6	0,3		Anders Telset	164_1	Dalsfjordområdet	
BRU7	0,4		Anders Telset	164_2	Dalsfjordområdet	
BRU8	6,7		Maria Sundal	65_1	Austefjordområdet	
BRU9	60,4		K.A. Aurstad	31_1		
BRU10	279		Berknes Maskin AS	6_1,9, 4_1,3 m.fl.		

Innspel om nye areal til Råstoffutvinning som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

Ingen er vurdert som uaktuelle sjølv om det er avdekt uakseptabel risiko når det gjeld naturfare for fleire av innspela. Ønskjer å konsekvensutgreie alle innspela.

Innspel om nye areal til Næringsverksemd

Næringsformålet omfattar industri-, handverks- og lagerverksemd som ikkje er angitt som eige formål. Formålet omfattar ikkje forretning og tenesteyting. I kap. 5.5 i planprogrammet er det fastsett arealstrategiar som er aktuelle for dette formålet. Der er det og sett fram krav om avklaring av behov for næringsareal. Det er gjennomført fleire møter med næringsaktørar og næringsforum. Volda Næringsforum har og gjennomført eigne prosessar for å avklare framtidig behov for næringsareal.

KU av nye areal til Næringsverksemd

OMRNAV N	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BN6	Småkraftverk	0,62		Bjørkedal grendalag, Gunnhild Øksne og Hans Peter Eidseflot	94_1	Folkestadområdet	Vurdert i konsesjonssak ikkje KU
BN1		23,3	LNF	Reidulv Langvatn	52/4	Austefjordområdet	
BN2	Industri	39,61	LNF	Olav Arild Liaskar	14_4	Morkabygda	BKB11
BN3	Vegservice	12,91		Austefjord grendautval	50_1	Austefjordområdet	
BN4		389,46	LNF-B	Austefjord grendautval		Austefjordområdet	BN33 – 314 daa.
BN5		8,91	LNF-B	Austefjord grendautval	65_3, 65_1	Austefjordområdet	BN34
BN7		23,85	LNF	Kraft Laks AS	122_2, 1, 11	Folkestadområdet	BN35 – 8,4 daa.(utvidingsareal)
BN8		5,36		Leite og Howden AS	14_3	Morkabygda	BN32
BN9	Turisme.	69,45	Camping	Hege Hamre	75/2	Austefjordområdet	Ikkje KU jf. eksisterande plan.
BN10		21,4		Brunvoll AS		Volda sentrum	Ikkje KU jf. eksisterande plan.
BN11		5,4		Ose Ing. AS	122_20,17,6, 16	Folkestadområdet	Ikkje KU jf. eksisterande plan.
BN12		2,9	LNF	Ose Ing. AS	129_1	Folkestadområdet	BN36

BN13		3,19	LNF	MHN		Dalsfjordområdet	BN37
BN14		2,33	LNF	Anders Telset		Dalsfjordområdet	BN41
BN15		4	LNF	VK-Utvikling	14_8	Morkabygda	BN32
BN16			LNF	VK-Utvikling	14_9,10	Morkabygda	BN32
BN17		43,7		Askjell Våge	13_15, 13_1	Morkabygda	
BN19		30,3	LNF, Friområde	VK-Utvikling	12/1, 7/3	Morkabygda	Alternativ til BN17?

Forslag nye areal til næring frå prosjektgruppa

Innspel om nye areal til Næringsverksemd som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker
Ingen er så langt vurdert som uaktuelle ut frå ROS eller arealstrategiar.

Innspel om nye areal til Idrettsanlegg

Idrettsanlegg omfattar større anlegg som skibakke, golfbane, stadion m.v. Aktuelle arealstrategiar finn ein i planprogrammet kap. 5.3.

KU av nye areal til Idrettsanlegg (ikkje ferdig!!!!)

OMRNAVN	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BIA1	Offentleg samlingsplass	3,46		Bjørkedal grendalag, Dagfinn Bjørkedal	92_1, 92_8	Folkestadområdet	
BIA2	Idrettshall	9,67		Volda idrettsråd	19_807 m.fl.	Volda sentrum	
BIA3	Gammal skuleplass	2,43		Høydal grendalag	80_9	Austefjordområdet	
BIA4	Diskgolf	9,8		VTI-diskgolf		Volda sentrum	
BIA5	Diskgolf	25,8		VTI-diskgolf		Volda sentrum	
BIA6	Golfbane			VK-Utvikling		Volda sentrum	
BIA7	Golfbane			VK-Utvikling		Volda sentrum	
BIA8	Golfbane			VK-Utvikling		Volda sentrum	

Innspel om nye areal til Idrettsanlegg som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

Ingen er vurdert som uaktuelle. Fleire av innspela er eksisterande anlegg utan behov for KU.

Innspel om nye areal for «Andre typar bygningar og anlegg»

Dette formålet omfattar kommunaltekniske anlegg som vass- og avløpsanlegg, støyvoller, massedeponi, område for andre større terrengingrep som vass- og vindkraftverk m.v. Det er ikkje knytt arealstrategiar til desse formåla, men fleire arealstrategiar kan likevel gi føringar.

KU av nye areal til Andre typar bygningar og anlegg (ikkje ferdig!!!!)

OMR. NAVN	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BAB1	Kraftverk	1,14	Erverv	Nils K. Holte	105/3/1	Folkestadområdet	Ikkje KU jf. eksisterande plan.
BAB2	Deponi	7,04		Gunnar Løvøy		Austefjordområdet	
BAB3	Deponi	3,38		Austefjord grendautval	65_3	Austefjordområdet	
BAB4	Slamavskillar	49,08		Volda kommune, Teknisk			
BAB5	Pumpestasjon	1,39		Volda kommune, Teknisk			
BAB6	vassreinseanlegg	8,4		Volda kommune, Teknisk			
BAB7	reduksjonshus	0,3		Volda kommune, Teknisk			
BAB8	reduksjonshus	0,71		Volda kommune, Teknisk			
BAB9	avløpsreinseanlegg	0,95		Volda kommune, Teknisk			
BAB10	avløpsreinseanlegg	0,62		Volda kommune, Teknisk			
BAB11	Vassverk	1,26		Volda kommune, Teknisk			
BAB12	høgdebasseng	2,72		Volda kommune, Teknisk			
BAB13	Deponi	30,88		Volda kommune, Teknisk			Ikkje KU jf. eksisterande plan.
BAB14	Slamavskillar/pumpesasjon	0,39		Volda kommune, Teknisk			
BAB15	Pumpestasjon	3,17		Volda kommune, Teknisk			
BAB16	Masselagring/deponi			Volda kommune, Teknisk			
BAB17	Masselagring/deponi			Volda kommune, Teknisk			BAB12 – redusert areal
BAB18	Avløpsreinseanlegg			Volda kommune, Teknisk			

BAB19	Avløpsreinseanlegg			Volda kommune, Teknisk			
BAB20	Avløpsreinseanlegg			Volda kommune, Teknisk			
BAB21	Avløpsreinseanlegg			Volda kommune, Teknisk			

Innspel om nye areal til Andre typar bygningar og anlegg som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker
Ingen er vurdert som uaktuelle.

Innspel om nye areal til Grav- og urnelund

Dette formålet kyrkjegard og gravplassar også for andre trusretningar

KU av nye areal til Grav- og urnelund (ikkje ferdig!!!!)

OMRNAVN	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BGU1	2,68		Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik, Ivar Arne Lid	6_1	Lid/Berknes	
BGU2	0,7		Volda kyrkjelege fellesråd	6_2	Lid/Berknes	
BGU3	10,7		Volda kyrkjelege fellesråd	30_1	Volda sentrum	
BGU4	1		Volda kyrkjelege fellesråd	47_14	Austefjordområdet	
BGU5	2		Volda kyrkjelege fellesråd	47/_1	Austefjordområdet	
BGU6	1,95		Volda kyrkjelege fellesråd	107_4, 107_33, 107_40	Folkestadområdet	
BGU7	3,75		Volda kyrkjelege fellesråd	149_3	Dalsfjordområdet	

Innspel om nye areal til Grav- og urnelund som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

Ingen er vurdert som uaktuelle sjølv om det er avdekt uakseptabel risiko når det gjeld naturfare for fleire av innspela. Ønskjer å konsekvensutgreie alle innspela.

Innspel om nye areal til Kombinert byggje- og anleggsformål

Formålet kombinerte byggje og anleggsformål gir høve til å kombinere alle arealformåla under hovudformålet. I gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum har ein fleire område der det t.d. er gitt høve til kombinasjon av fleire slike formål. F/K/B (forretning/kontor/bustad er eit mykje nytta formål.

KU av nye areal til Kombinert byggje- og anleggsformål

OMR. NAVN	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BKB2	Bustad, privat/off, allmennyttig	9,64		Røysgarden Sameige	19_2	Volda sentrum	Offentleg tenesteyting! O_BOP38
BKB3	Bustad, forretning, kontor	1,33		Storgata 7 AS	19_17, 19_170	Volda sentrum	Formål som i RP – ikkje KU
BKB6	Bustad/Hytter	92,48		Austefjord grendautval	70_1 m.fl.	Austefjordområdet	

Innspel om nye areal til Kombinert byggje- og anleggsformål som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

OMR. NAVN	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
BKB1	Bustad/Næring	2,48		Bjørkedal grendalag, Gunnhild Øksne og Hans Peter Eidseflot	94_1	Folkestadområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BKB4	Hytte, naust, camping	153,29		Austefjord grendautval	43_1	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BKB5	Hus/hytter	47,54		Austefjord grendautval		Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BKB7	Bustad/Hytter	16,56		Velsvik og Lauvstad grendalag	161_3, 161_1	Dalsfjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BKB8	Hytte/kraftverk	0,66		Stian Hjorthaug	38_1	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
BKB9	Forretning/kontor/industri	15,8		Ola Veddeng	14_2	Morkabygda	Uakseptabelt ift. ROS

UTKAST

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Innspel om nye areal til Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Dette arealformålet omfatter samferdsleanlegg som er areal til transport, inkludert køyreveg, gang- og sykkelveg, bane, hamn og anlegg for lufttrafikk. Teknisk infrastruktur er anlegg for vassforsyning og avløp, samt mindre anlegg for energiforsyning og –overføring. Arealformåla kan visast som arealflate eller linjesymbol. Kap. 5.6 har ei rekke arealstrategiar om transport og kommunikasjonar som er relevante for mange av innspela om vegar og samferdsletiltak. Kap. 5.7 har arealstrategiar om tilgang til natur- og friluftsområde som er aktuelle for forslag til turvegtrasear og gang/sykkelveg. Det var sett fram krav om fleire vurderingar, kartleggingar, hovudplan veg m.v. Det har ikkje vore muleg å prioritere hovudplan for vegsystemet. Det er gjennomført barnetrakkregistreringar i Volda sentrum. Større samferdsleanlegg må avklarast gjennom eigen kommunedelplan. Planprogram for kommunedelplan og KU for bru over Voldsfjorden har vore på høyring og vil bli fremma for godkjenning med det første. Når planprogrammet er vedteke kan ein legge inn aktuelle vegtrasèar. Alternativt kan ein bandlegge areal for framtidig regulering eller legge område som LNF-område utan høve til bygging.

KU av nye Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (ikkje ferdig!!!!)

OMRNAVN	Formål	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
SPA	Parkeringsplassar	0,47	Bandlagt	Sjur Aarflot		Morkabygda	
SHA	Hamn	6,4		Anders Telset	164_1, 164_2	Dalsfjordområdet	
STI1	Trase for teknisk infrastruktur	22,7	Bustad	VK-Teknisk	19_1,2 m.fl.	Volda Sentrum	

Samferdslelinjer

Formål	Lengde	Forslagsstillar	Beskrivelse	Kommentar
Samleveg	173,24	MDG-Volda	Sambinding Bjørnevegen - Raudemyrvegen	
Samleveg	145,08	MDG-Volda	Tunnel Håmyra - E39	
Samleveg	332,88	Lene og Roy Inge Heltne	Ny samleveg(Uravegen)	
Samleveg	719	VK-Teknisk	Ny samleveg til Langemyra	
Adkomstveg	96,33	Sjur Aarflot	Ny tilkomst - friområde på Egset	
Adkomstveg	156,6	Mork grendalag/Jostein Egset	Betre tilkomst Egsetsvingen	
Adkomstveg	374,29	Mork grendalag/Jostein Egset	Betre tilkomst Egsetsvingen	

Adkomstveg	385,69	Mork grendalag	Til B4
Adkomstveg	535,34	Mork grendalag	Ny samleveg Langemyra m.m.
Adkomstveg	444,23	Per Karsten Mork	Utbetring Korsen - Mork skule
Gang/sykkelveg	2829,62	Vikebygda grendautval	G/S langs Fv45
Gang/sykkelveg	422,14	MDG-Volda	Tilkomst Munken
Gangveg	329,27	Lene og Roy Inge Heltne	Gangveg Uravegen
Gangveg	171,06	Mork grendalag	Gangsti(skuleveg)
Turvegtrase	471,08	Mork grendalag	Sti til Niven/Ring
Turvegtrase	240,98	Mork grendalag	Til Haukåsen
Turvegtrase	1472,15	Mork grendalag	Riksstolen - Egsetvika
Turvegtrase	1366,03	Kalvatn grendautval	Vestsida av vatnet
Turvegtrase	1270,91	MDG-Volda	Tursti Årneset - ridebana
Turvegtrase	1714,06	Mork grendalag	Egsetvika - Munken
Turvegtrase	173,76	Alf Jacobsen	Til Åseneset
Turvegtrase	70,49	Alf Jacobsen	Langs Sagarelva
Turvegtrase	626,42	Alf Jacobsen	Sagarelva - Egsetvika
Turvegtrase	380,83	Høydal grendalag	
Turvegtrase	231,6	Høydal grendalag	

Innspel om nye areal til Samferdsleanlegg som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

OMRNAVN	Formål	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
SB	Bane (nærare angitte baneformål)	T-banestasjon	11,47		MDG-Volda	19_1	Volda sentrum	Må vurderast i eigen KDP

Formål	Lengde	Forslagsstillar	Beskrivelse	Kommentar
Hovudveg	1880,00	Voldsfjordkryssing AS	Bru over Dalsfjorden alt A	Må vurderast i eigen KDP
Hovudveg	1816,00	Voldsfjordkryssing AS	Bru over Dalsfjorden alt B	Må vurderast i eigen KDP
Hovudveg	1943,00	Voldsfjordkryssing AS	Bru over Voldsfjorden alt1	Må vurderast i eigen KDP
Hovudveg	2771,00	Voldsfjordkryssing AS	Bru over Voldsfjorden alt2	Må vurderast i eigen KDP

Landbruks-, natur-, og friluftsmål (LNF)

Innspel om nye areal til Spreidde bustader i LNF-område

Dette formålet kan nyttast i LNF-område der det kan gis høve til innpasse bustader utan å gjere det nødvendig med reguleringsplan eller dispensasjon. Det er eit krav at omfanget av busetnaden og lokaliseringa er nærmare angitt i plankartet. Området skal framleis framstå som open og ikkje tett utbygd. Kap. 5.2 om Busetting har arealstrategi for spreidd bustadbygging. Eit av krava er at slike område skal ligge i skred- og flaumsikre område.

KU av nye areal for Spreidde bustader i LNF-område

OMRNAVN	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
LSB1	34,89		Ståle Ytrestøl	9_2, 9_4, 10_3, 10_11	Morkabygda	Bustadareal – B105
LSB3	55,29		Ståle Ytrestøl	10_1, 10_3, 10_11	Morkabygda	Bustadareal – B105
LSB4	6,71	LNF-B	Åshild Vik og Petter Haugen	158_3	Dalsfjordområdet	Ikkje KU jf. eksisterande KDP
LSB5	18,55	LNF-B	Åshild Vik og Petter Haugen	158_3, 158_1	Dalsfjordområdet	Ikkje KU jf. eksisterande KDP
LSB7	2,92		Ann-Elin og Hallgeir K. Lillebø	146_4	Dalsfjordområdet	Ikkje KU jf. eksisterande KDP
LSB8	10,06	Bustad	Alice Bjerknes	27_23	Volda sentrum	Ikkje KU jf. eksisterande KDP
LSB9	0,63		Norvald Bjerknes	2_1	Lid/Berknes	
LSB10	91,61		Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik, Ivar Arne Lid	6_6, 6_4, 6_8 mfl.	Lid/Berknes	Ikkje KU jf. eksisterande KDP
LSB11	15,7		Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik, Ivar Arne Lid	5_3	Lid/Berknes	Ikkje KU jf. eksisterande KDP
LSB12	50,77		Kalvatn grendalag	53_1, 54_1 m.fl.	Austfjordområdet	Ikkje KU jf. eksisterande KDP
LSB14	5,05		Bjørkedal grendalag	92_6	Folkestadområdet	LSB81
LSB15	3,28		Bjørkedal grendalag	95_12	Folkestadområdet	LSB90
LSB16	75,39		Hjartåbygda grendautval	37_1, 37_2, 36	Austfjordområdet	Bustadareal B100
LSB18	65,97		Dravlausbygda og Innselset grendalag		Dalsfjordområdet	Ikkje KU jf. eksisterande KDP
LSB19	50,6		Dravlausbygda og Innselset grendalag		Dalsfjordområdet	Ikkje KU jf. eksisterande KDP
LSB20	2,18			144_3, 144_9	Dalsfjordområdet	LSB32 – utvida.

LSB21	3,95		Bjørkedal grendalag	95_7, 95_5	Folkestadområdet	LSB91
LSB21	4,8		Høydal grendalag	84_, 84_1	Austefjordområdet	Ikkje KU jf. eksisterande KDP
LSB22	20,86		Velsvik og Lauvstad grendalag	167_16, 167_9 m.fl.	Dalsfjordområdet	
LSB23	14,27		Velsvik og Lauvstad grendalag	167_2	Dalsfjordområdet	
LSB25	3,9		Kari Kile	22_3	Vikebygda	

Innspel om nye areal til Spreidde bustader i LNF-område som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

OMRNAVN	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
LSB6	12,85		Karsten Osvoll	37_3	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
LSB13	177,24		Bjørkedal grendalag	93_5 m.fl.	Folkestadområdet	Uakseptabelt ift. ROS
LSB17	66,49		Dravlausbygda og Innselset grendalag		Dalsfjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
LSB24	10,9		Asbjørg Vassbotn	28_9	Vikebygda	Uakseptabelt ift. ROS
LSB25	3,9		Kari Kile	22_3	Vikebygda	Uakseptabelt ift. ROS

Innspel om nye areal til Spreidde næringsbygningar i LNF-område

På same måte som spreidd bustadbygging er det høve til spreidde næringsbygningar. Aktuelle arealstrategiar finn ein i kap 5.5 i planprogrammet.

Forslag til nye areal til Spreidde næringsbygningar i LNF-område som skal konsekvensutgreiast

Ingen aktuelle.

Innspel om nye areal til Spreidde næringsbygningar som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

OMRNAVN	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
LSN1	11,1	LNF	Reidulv Langvatn	52_4	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
LSN2	4,1		Asbjørg Vassbotn	28_9	Vikebygda	Uakseptabelt ift. ROS

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Innspel om nye areal til Småbåthamn

Arealformålet småbåthamn er eit underformål under «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Småbåthamn er anlegg for småbåtar av allmenn karakter, og bruken ikkje er knytt til fastsatte eigedomar. Trafikkhamner kjem inn under hovudformålet samferdsleanlegg. Ein har valt å konsekvensutgreie alle innspel til nye småbåthamner sjølv om dei ligg i område utsett for naturfare. I kap. 5.4 i planprogrammet er det sett krav om at småbåthamner og moloar skal fungere som fellesløysingar.

KU av nye areal til Småbåthamn (ikkje ferdig!!!!)

OMRNAVN	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
VS1	0,47		Einar Furnes	136_2	Folkestadområdet	
VS2	21,81		Odd og Runar Bjerknes		Lid/Berknes	
VS3	0,51		Vegard Bjørdal	85_2	Austefjordområdet	
VS4	6,43		Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik, Ivar Arne Lid		Lid/Berknes	
VS5	33,14		Austefjord grendautval		Austefjordområdet	
VS6	26,42		Dravlausbygda og Innselset grendalag		Dalsfjordområdet	
VS7	9,28		Stian Hjorthaug	38_1	Austefjordområdet	
VS8	2,99		Stian Hjorthaug	38_1	Austefjordområdet	

Innspel om nye areal til Småbåthamn som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

Ingen er så langt vurdert som uaktuelle ut frå ROS eller arealstrategiar.

Innspel om nye areal til Kombinerte formål i sjø og vassdrag NFFFA

Kombinerte formål i sjø og vassdrag opnar for fleirbruk av sjøareala som inkluderer Natur, Friluftsliv, Fiske, Ferdse(og farleder) og Akvakultur. Formålet er nytta i område der det kan vere aktuelt med fortøyinganlegg for akvakulturanlegg. Arealformålet Akvakultur er nytta for plassering av sjølve produksjonsanlegget. Endra arealavgrensing krev KU. Arealstrategi i kap. 5.5 og 5.6 i planprogrammet er aktuelt for arealformålet. Det er gjennomført møte med næringsaktørar og regionale mynde, der ein har gått gjennom gjeldane Kystsoneplan og blitt samde om endra struktur. Det er også gjennomført strandsoneanalyse og kartlegging av viktige friluftslivsområde.

KU av nye areal til Kombinerte formål i sjø og vassdrag (ikkje ferdig!!!!)

OMRNAVN	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Område	Kommentar
VKA1	NFFFA	350		Fiskdir.	Austefjorden	
VKA2	NFFFA			Fiskdir.	Voldsfjorden	
VKA3	NFFFA	593		Fiskdir.	Austefjorden	Ikkje KU jf. gjeldande plan.
VKA4	NFFFA	11604		Fiskdir.	Voldsfjorden/Dalsfjorden	Utviding innover Dalsfjorden.
VKA5	NFFFA			MHN-12222-Steinsvik	Dalsfjorden	
VKA6	NFFFA			Ragnar Høydalsvik	Austefjorden	Ikkje KU jf. gjeldande plan.
VKA7	NFFFA			Ragnar Høydalsvik	Austefjorden	
VKA8	NFFFA	5403		Fiskdir	Voldsfjorden	Utviding av eksisterande.
VKA9	NFFFA			Marine Harvest Norway	Voldsfjorden	
VKA10	NFFFA			Kraft Laks AS	Dalsfjorden	

Innspel om nye areal til Kombinerte formål i sjø og vassdrag som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

Ingen er så langt vurdert som uaktuelle ut frå ROS eller arealstrategiar.

Innspel om nye areal til Akvakultur

Formålet akvakultur er nytta der det er behov for ein eksklusiv bruk av sjøareala. Dette er normalt eit areal for sjølve produksjonsanlegget med sikringsone. Det er også tatt høgde for ei viss endring av anleggsutforminga, etter innspel frå næringa. Endra areal til akvakultur frå gjeldande kommunedelplan krev KU

sjølv om det er knytt konsesjonshandsaming etter akvakulturloven til anlegg for akvakultur. Det er opp til kommunen å fastsette areal som kan nyttast til slik verksemd. Arealstrategi i kap. 5.5 i planprogrammet er aktuelt for arealformålet. Det er gjennomført møte med næringsaktørar og regionale mynde, der ein har gått gjennom gjeldane Kystsoneplan og blitt samde om endra struktur.

KU av nye areal til Akvakultur (ikkje ferdig!!!!)

OMRNAVN	BESKRIVELSE	Areal	Eks. formål	Forslagsstillar	Område	Kommentar
VA1	12213-Kvangardsnes			Vartdalsgruppen	Dalsfjorden	Ikkje KU jf. gjeldande plan.
VA2	12209-Rønstad			Marine Harvest Norway	Voldsfjorden	Ikkje KU jf. gjeldande plan. Mindre utviding handsama i konsesjonssak.
VA3	Ikkje i drift			Marine Harvest Norway		Ikkje KU jf. gjeldande plan.
VA4	Ikkje i drift			Marine Harvest Norway		
VA5	Ikkje i drift			Marine Harvest Norway	Austefjorden	Ikkje KU jf. gjeldande plan.
VA6	Skrubbeneset			Marine Harvest Norway	Dalsfjorden	Forskyving jf. konsesjon?
VA7	12202-Djupvik			Ragnar Høydalsnes	Austefjorden	Ikkje KU jf. gjeldande plan.
VA8	12202-Djupvik			Ragnar Høydalsnes	Austefjorden	Ikkje KU jf. gjeldande plan.
VA9	13243-Sandvika			Marine Harvest Norway	Dalsfjorden	Ikkje KU jf. gjeldande plan. Mindre utviding handsama i konsesjonssak.
VA10	12217-Dale			Kraft Laks AS	Dalsfjorden	
VA11	Steinsvik settefisk			Marine Harvest Norway	Dalsfjorden	

Innspel om nye areal til Akvakultur som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

Ingen er så langt vurdert som uaktuelle ut frå ROS eller arealstrategiar.

Tilhøve som må avklarast nærare

I desse områda har ein fått fleire innspel eller innspel om å behalde arealbruken som før.

BESTEMMELSE OMRNAVN	Areal	Forslagsstillar	Kommentar	Eigedom	Område
8	153,29	Sivert Bjørdal	Behalde som før		
1	3,23	Bjørkedal grendalag, Gunnhild Øksne og Hans Peter Eidseflot	Ta ut slalåmbakke - imøtekome		
2	52,29	Alice Bjerknæs	Behalde som før		
3	996,21	Dagfinn Bjørkedal	Fjerne hyttefelt		
4	41,69	Oddrun Årflot	Behalde som før		
7	7,1	Hogne Kristian Humberset	Behalde til jordbruk	32_1	
6	10,22	Hogne Kristian Humberset	Behalde til jordbruk	32_1	
5	35,73	Hogne Kristian Humberset	Behalde til jordbruk	32_1	
9	16,4	Hjartåbygda grendautval	Behalde som før		
10	25,2	Volda Idrettsråd	Idrettsformål		
13	622,13	Vegard Bjørdal	Fjerne lokalitet		
14	0,35	Oddvin Ose og Lill Lofthus	Behalde som før		
11	0,18	Bjørkedal, Løset m.fl.	Behalde som før		
12	0,52	Bjørkedal, Løset m.fl.	Behalde som før		
15	4,5	Kragset m.fl.	Tilbake til off. formål - imøtekome	19_29	
16	0,48	Sindre Kvangardsnes	Friluftsområde	131_5	
17		Sølve Hatlen	Diskgolf/idrett		
18		Sølve Hatlen	Diskgolf/idrett		
19					
20		Sølve Hatlen	Diskgolf/idrett		

21	Jacob Bratten	frå Friområde til LNF		
22	VK-Teknisk	Masselagring/Deponi		

UTKAST

UTKAST

ARBEIDSUTKAST KU

Dato: 19.09.2018

Innhold:

- s. 2 Bustadareal
- s. 31 Forretningar
- s. 33 Fritids- og turistformål
- s. 36 Fritidsbustader og naust
- s. 53 Kombinert byggje og anleggsformål
- s. 55 Næringsverksemd
- s. 69 Offentleg og privat tenesteyting
- s. 83 Sentrumsformål
- s. 86 Spreidde bustader i LNF

Område nr. KU B2 - Lid, Berknes

Eigedom: 4/2
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-A (kystsonenplan)
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 3,62

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Ann-Mari Stave
 Ønskjer areal til bustadtomter.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Delar av området ligg i gul støysone. Ingen andre kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Yellow
Landbruk og jordressursar	Høg kvalitet på dyrkajorda, men lite arealmessig. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Naturmangfald og naturmiljø	Fulldyrka mark med liten verdi for naturmangfald og naturmiljø. Utbygging vil medføre fullt arealbeslag. Ubetydeleg konsekvens for naturmangfald og naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området. Ingen konsekvens.	Green
Landskap	Jordbruksareal, landskapsbilde av mindre viktig karakter. Området har visuelle kvalitetar som gir området noko verdi. Nedbygging vil forringe landskapet. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Jordbruksareal som ikkje er registrert som verdi for friluftsliv. Er ikkje registrert som opphaldsareal. Auka busetting vil vere positivt for nærmiljøet. Utbygging vil medføre fullt arealbeslag. Ubetydeleg/positiv konsekvens.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen spesielle utfordringar eller konsekvensar.	Green
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing. Medfører auka behov for privatbilisme i område utan kollektivtilbod.	Yellow
Vassmiljø og verna vassdrag	Ein bekk går i nedre del av foreslått utbyggingsområde. Ikkje verna vassdrag.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Arealet er fulldyrka og har liten verdi som urørt strandsone. Utbygging av bustadhus vil gi auka påverknad av strandsona. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Samfunn		
Transport og trafikk	Liten trafikk i området. Forslaget ligg langs FV, mindre streng haldningsklasse for avkøyrslar, ikkje gang-/sykkelveg i området. Vil få auka kryssing av FV med busetting på begge sider av FV. Middelsnegativ konsekvens.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Vil krevje investeringar når det gjeld VA-infrastruktur.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Forslaget gir auka utbygging i område utan skule og barnehage. Auka behov for skuleskiss. Stor avstand til tenesteleverandørar. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Det er registrert marine strandavsetningar i området. Aktsemdsområde flaum/erosjon langs bekk nedre del av området. Høgspenning går gjennom området og området nærast FV ligg i gul støysone.	Yellow
Folkehelse	Ingen folkehelsemessig verdi i dag. Vil gi auka transportbehov til tenestetilbod. Auka busetting i området vil kunne vere positivt for bumiljøet i bygda. Ubetydeleg/positiv konsekvens.	Green
Estetikk og arkitektur	Utbygginga vil endre det estetiske uttrykket. Som utviding av eksisterande busetnad vil utbygginga likevel kunne framstå som eit positivt element.	Green
Barn og unge	Ingen kjende konfliktar med barn og unge sin bruk av området.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Er ikkje i samsvar med krav til lokalisering av nye bustadfelt. Er i stor grad i samsvar med strategi om spreidd busetting. Er i liten grad i samsvar med strategi om transport og kommunikasjon.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Utbyggingsforslaget har negativ konsekvens for landbruk og jordressursar og medfører bortfall av fulldyrka mark 2,7 daa. Forslaget vil medføre at større del av strandsona i kommunen vert påverka av utbyggingstiltak. Forslaget er i strid med arealstrategien om lokalisering av nye bustadfelt og vil medføre auka bilbruk til kvardagsfunksjonar. Det er ledig areal til bustadbygging i området.

Konklusjon:
 Innspelet vert ikkje imøtekome.

Område nr. KU B4 Morkabygda

Eigedom: 12/1,12/3
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reguleringsplan: Ingen
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 26,83

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Mork grendalag
 Nytt utbyggingsområde for bustader

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Området har delvis barskog og delvis lauvskog. Barskog med høg bonitet. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Naturmangfald og naturmiljø	Området har tett barskog og det er ikkje registrert viktige naturtyper eller arter i området. Området har truleg noko til ingen verdi for naturmangfold og naturverdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Middels/negativ konsekvens.	Yellow
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har verdi for kulturminne og kulturmiljø. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Området ligg i ei sørvendt åsside er ein del av eit samanhengande klart definert barskogbelte som avgrensar jordbruksarealet. Området er vurdert til å ha visuelle kvalitetar med god balanse mellom heilskap og variasjon og er vurdert til å ha middels verdi. Utbygging vil øydelegge kvaliteten og gi stor negativ konsekvens.	Red
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området har verdi som friluftslivsområde og er lite attraktivt for opphold. Området har ubetydeleg verdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Ingen konflikt med, eller konsekvensar for vassmiljø eller verna vassdrag.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ligg ikkje i strandsona.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Området er lite tilrettelagt for mjuke trafikantar og vil gi auka trafikk på vegnett med utfordringar for mjuke trafikantar.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Behov for etablering av gangvegssystem.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Utbyggingsforslaget vil i seg sjølv ikkje medføre behov for endra tenestetilbod i området.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ligg ikkje i risikoutsett område og utbyggingsforslaget vil ikkje gi endra situasjon ved utbygging.	Grøn
Folkehelse	Området ligg nær kollektivtransport, skule, barnehage og daglegvarehandel og idrettsanlegg, men utfordringar når det gjeld gangvegssystemet. Anna offentleg tenestetilbod kan nåast ved kollektivtransport.	Grøn
Estetikk og arkitektur	Området ligg eksponert til frå gjennomfartsveg. Området ligg nær andre utbyggingsområde og nær kollektivknutepunkt. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Kan vere med på å gi området ein betra tettstadstruktur. Ubetydeleg/positiv konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området har verdi som del av barn og unge sitt oppvekstmiljø.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Auka utbygging av bustader i Morkabygda, nær kollektivknutepunkt er i samsvar med arealstrategiar.	Grøn

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Utbyggingsforslaget vil kunne ha negative konsekvensar for landskap og middels negativ konsekvens for naturmiljøet på grunn av bortfall av samanhengande skogsbelte. Det kan settast krav om å bevare så mykje som muleg av eksisterande vegetasjon. Det er utfordringar når det gjeld gangvegssystem i området og det er manglande kapasitet når det gjeld overvasshandtering og avløp. Det kan settast rekkjefølgjekrav om at dette må vere på plass før utbygging. Forslaget er elles i samsvar med arealstrategiar.

Konklusjon:

Forslaget gjeld utbygging av bustader i åsside med samanhengande skog, som vil ha negative konsekvensar for landskapet. Forslaget er i samsvar med arealstrategiar om auka busetting i område kring trafikkknutepunkt. Forslaget vert imøtekome med føresetnad om rekkjefølgjekrav.

Område nr. KU B5 - Morkabygda

Eigedom: 11/1
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reguleringsplan:
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 27,75

Forslagsstillar: Mork grendalag
 Skildring av tiltak:

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Det er ikkje registrert forureining i området. Arealet ligg like ved industri/næringsområde. Krav til utslepp i RP.	Green
Landbruk og jordressursar	Del av fint dyrka areal. Høg verdi. Uheldig å redusere denne flata. Skogen er blandingsskog. Vurdert til stor verdi. Stor negativ konsekvens.	Red
Naturmangfald og naturmiljø	Området har tett barskog og noko fulldyrka areal og det er ikkje registrert viktige naturtyper eller arter i området. Området har truleg noko til ingen verdi for naturmangfald og naturverdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Middels/negativ konsekvens.	Yellow
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har verdi for kulturminne og kulturmiljø. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Landskap	Området ligg i ei sørvendt åsside er ein del av eit samanhengande barskogbelte mot aust som avgrensar utbygd næringsareal. Mot nord er skogbeltet avgrensa av idrettsanlegg. Området har liten landskapsmessig verdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området har verdi som friluftslivsområde. Her går stiar gjennom området av lokal verdi. Området har noko verdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Ingen konflikt med, eller konsekvensar for vassmiljø eller verna vassdrag.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ligg ikkje i strandsona.	Green
Samfunn		
Transport og trafikk	Området er lite tilrettelagt for mjuke trafikantar og vil gi auka trafikk på vegnett med utfordringar for mjuke trafikantar. Bør vurdere ny tilkomst til området.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Behov for etablering av gangvegssystem og ev. ny tilkomst til området.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Utbyggingsforslaget vil i seg sjølv ikkje medføre behov for endra tenestetilbod i området.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ligg ikkje i risikoutsett område og utbyggingsforslaget vil ikkje gi endra situasjon ved utbygging.	Green
Folkehelse	Området ligg nær kollektivtransport, skule, barnehage og daglegvarehandel og idrettsanlegg, men utfordringar når det gjeld gangvegssystemet. Anna offentlig tenestetilbod kan nåast ved kollektivtransport.	Green
Estetikk og arkitektur	Området ligg eksponert til frå gjennomfartsveg. Området ligg nær andre utbyggingsområde og nær kollektivknutepunkt. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Kan vere med på å gi området ein betra tettstadstruktur. Ubetydeleg/positiv konsekvens.	Green
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området har verdi som del av barn og unge sitt oppvekstmiljø.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Auka utbygging av bustader i Morkabygda, nær kollektivknutepunkt er i samsvar med arealstrategiar.	Green

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Utbyggingsforslaget vil kunne ha stor negativ konsekvensar for landbruk og middels negativ konsekvens for friluftsliv, trafikk og teknisk infrastruktur. Det er utfordringar når det gjeld gangvegssystem og tilkomst til området og det er manglande kapasitet når det gjeld overvasshandtering og avløp. Det kan settast rekkjefølgjekrav om at dette må vere på plass før utbygging og det må settast krav om bevaring av stiar i området. Arealet ligg tett på næringsområde, noko som er uheldig og har vist seg utfordrande elles i området. Ønskjer derfor ikkje å imøtekomme forslaget.

Konklusjon:
 Ikkje imøtekomme.

Område nr. KU B7

Eigedom:
Formål i dagens kommuneplan: LNF
Gjeldande reguleringsplan: Ingen
Foreslått formål: Bustad
Areal: 27,75 daa

Forslagsstillar:
Skildring av tiltak:

Mork Grendalag
Bustadfelt langs Egsetstranda.

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	I stor grad blandingskrog med høg bonitet. Mindre del av området med svært høg bonitet. Liten verdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Naturmangfald og naturmiljø	Det er registrert framande arter i området, som elles truleg har noko verdi som naturmiljø. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området som ligg i 100-metersbeltet. Middels negativ konsekvens.	Blå
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert nokre få Sefrak-registrerte bygg. Området har noko verdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området, men vil kunne ivareta sefrak-bygg. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Vegetasjonsbelte langs strandsone som er typisk for området. Området har middels verdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag og forringing av store delar av området. Middels negativ konsekvens.	Blå
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området er viktig friluftslivsområde, men har verdi som grønstruktur. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag og forringing av store delar av området. Middels negativ konsekvens.	Blå
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Ingen konflikt med, eller konsekvensar for vassmiljø eller verna vassdrag.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Strandsone er typisk for området og i stor grad påverka av tiltak og delvis bratt. Arealet nærast sjø er i stor grad funksjonell og har stor verdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området og gi påverknad av det mest sjønære området. Stor negativ konsekvens.	Raud
Samfunn		
Transport og trafikk	Krev ny avkøyrsløse frå E39 om er strekning med streng haldning til handsaming av avkøyrsløse.	Raud
Teknisk infrastruktur	Manglande kapasitet når det gjeld vatn og avløp.	Raud
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Utbyggingsforslaget vil i seg sjølv ikkje medføre behov for endra tenestetilbod i området.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Vil vere behov for tiltak som reduserer risiko i forhold til skred, framande artar, høgspenning og støy.	Blå
Folkehelse	Området ligg nær kollektivtransport, og i sykkelavstand frå skule, barnehage og daglegvarehandel og idrettsanlegg. Sannsynleg auka bruk av bil framfor gange og sykkel til kvardagsaktivitetar. Anna offentleg tenestetilbod kan nåast ved kollektivtransport. Middels negativ konsekvens.	Blå
Estetikk og arkitektur	Området ligg eksponert frå sjøen. Området er prega av spreidd busetnad. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området har verdi som del av barn og unge sitt oppvekstmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Er i samsvar med arealstrategi om auka busetting i Morkabygda, men har litt stor avstand til kvardagsfunksjonar.	Blå

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Utbygging vil kunne få middels negative konsekvensar for natur, landskap, grønstruktur, teknisk infrastruktur og folkehelse. Det vil vere behov for tiltak som reduserer risiko for fleire fareområde. Det å settast rekkjefølgjekrav, og det vil vere behov for avklaringar når det gjeld fleire fareområde som kan medføre at større delar av området ikkje kan bebyggast. Utbyggingsforslaget vil ha negativ konsekvens for strandsone. Det mest sjønære arealet bør sikrast med byggegrense mot sjø. Arealet nærast Volda er smalt, bratt og med naudvendig avstand til sjø er det lite eigna. Arealet bør derfor avgrensast i forhold til innspelet.

Konklusjon:

Kan imøtekom eit redusert alternativ på vilkår av krav til rekkjefølgje m.v. i RP


Område nr. KU B12

Eigedom: 18/5
 Formål i dagens kommuneplan: Friområde
 Gjeldande reguleringsplan: Friområde
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 8 daa

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Tore Bjørneseth og Inger-Johanne Lothe
 Bjørneset
 Ønsker å endre frå friområde til bustad-
 formål.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Green
Landbruk og jordressursar	Utan betydning for landbruk. Ingen konsekvens.	Green
Naturmangfald og naturmiljø	Vanleg naturmiljø utan spesielle artar eller naturtypar. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har verdi for kulturminne og kulturmiljø. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Landskap	Er ein del av viktig grønstruktur langs Håmyrelva, som er av stor lokal verdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag og forringing av store delar av området. Middels negativ konsekvens.	Red
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Inngår i svært viktig friluftslivsområde, med ganske stor bruksfrekvens. forslaget medfører t verdien vert heil forringa. Svært stor konsekvens./	Red
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Grensar til vassdrag. Nedbygging vil forringe kantsona. Svært stor konsekvens.	Red
Strandsone langs sjø og vassdrag	Grensar til vassdrag som er viktig del av grønstrukturen. Nedbygging vil forringe denne verdien. Svært stor konsekvens.	Red
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil i stor grad kunne utnytte eksisterande vegar inn til området. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Teknisk infrastruktur	Kartlegging av kapasitet for spillvatn og overvatn i eksisterande VA-nett må avklarast før utbygging.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i tettstaden Volda som kan gi driftsfordelar når det gjeld effektiv tenesteyting. Ubetydeleg positiv konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemds område for skred og flaum.	Red
Folkehelse	Tiltaket ligg i ytre sentrumssone, men nært nok til å kunne å og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenestar.	Green
Estetikk og arkitektur	Området har ikkje bygningar i dag. Nye bygg vil kunne innordne seg tilstøytande bygningsmasse. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Barn og unge	Arealet har stor verdi som leike- og opphaldsområde for barn. Nedbygging vil stor forringing av denne verdien. Stor negativ konsekvens.	Red
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi om bustetting, transport og kommunikasjon, men er klart i strid med strategi om grønstruktur, friluftsliv og kultur.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket vil kunne ha svært negative konsekvensar for både miljø- og samfunn.

Konklusjon:

Ikkje ta med vidare.


Område nr. KU B13

Eigedom: 18/12
 Formål i dagens kommuneplan: Friområde
 Gjeldande reguleringsplan: Friområde
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 7 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Sverre Engeset Foldal
 Ønskjer å endre frå friområde til bustadformål.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Utan betydning for landbruk. Ingen konsekvens.	Grøn
Naturmangfald og naturmiljø	Vanleg naturmiljø utan spesielle artar eller naturtypar. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har verdi for kulturminne og kulturmiljø. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag av heile området. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Er ein del av viktig grønstruktur langs Håmyrelva, som er av stor lokal verdi. Utbygging vil truleg medføre arealbeslag og forringing av store delar av området. Middels negativ konsekvens.	Raud
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Inngår i svært viktig friluftslivsområde, med ganske stor bruksfrekvens. forslaget medfører t verdien vert heil forringa. Svært stor konsekvens./	Raud
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Grensar til vassdrag. Nedbygging vil forringe kantsona. Svært stor konsekvens.	Raud
Strandsone langs sjø og vassdrag	Grensar til vassdrag som er viktig del av grønstrukturen. Nedbygging vil forringe denne verdien. Svært stor konsekvens.	Raud
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil i stor grad kunne utnytte eksisterande vegar inn til området. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Teknisk infrastruktur	Kartlegging av kapasitet for spillvatn og overvatn i eksisterande VA-nett må avklarast før utbygging.	Blå
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i tettstaden Volda som kan gi driftsfordelar når det gjeld effektiv tenesteyting. Ubetydeleg positiv konsekvens.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdsområde for skred og flaum.	Raud
Folkehelse	Tiltaket ligg i ytre sentrumssone, men nært nok til å kunne å og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenestar.	Grøn
Estetikk og arkitektur	Området har ikkje bygningar i dag. Nye bygg vil kunne innordne seg tilstøytande bygningsmasse. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Arealet har stor verdi som leike- og opphaldsområde for barn. Nedbygging vil stor forringing av denne verdien. Stor negativ konsekvens.	Raud
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi om bustetting, transport og kommunikasjon, men er klart i strid med strategi om grønstruktur, friluftsliv og kultur.	Raud

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket vil kunne ha svært negative konsekvensar for både miljø- og samfunn.

Konklusjon:

Ikkje ta med vidare

Område nr. KU B14

Eigedom: 19/598
 Formål i dagens kommuneplan: Veg, parkering, bandlagt
 Gjeldande reguleringsplan: Moritzmarka 2000003
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 0,6 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Torild og Roar Driveklepp
 Utbygging av bustadblokk på 7 etasjar.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Green
Landbruk og jordressursar	Utan betydning for landbruk. Ingen konsekvens.	Green
Naturmangfald og naturmiljø	Utan betydning for naturmangfald og naturmiljø. Ingen konsekvens.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Er ein del av trehusmiljøet Halkjelsvika som har regional verdi.	Red
Landskap	Området har liten(ubetydeleg verdi som landskapselement. Ingen konsekvens.	Green
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området har ingen verdi for friluftsliv og grønstruktur. Er delvis nytta som parkeringsanlegg. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Utan betydning for verna vassdrag eller andre vassmiljø. Ingen konsekvens.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ligg i utbygd sentrumsområde i100-metersbeltet langs sjø. Utan betydning for strandsona. Ingen konsekvens.	Green
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil i stor grad kunne utnytte eksisterande vegar inn til området. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Teknisk infrastruktur	Kartlegging av kapasitet for spillvatn og overvatn i eksisterande VA-nett må avklarast før utbygging.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i tettstaden Volda som kan gi driftsfordelar når det gjeld effektiv tenesteyting. Ubetydeleg positiv konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ligg i område med marine strandavsetningar. Her er og registrert ramande artar som det må takast omsyn til ved utbygging.	Yellow
Folkehelse	Frå området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Estetikk og arkitektur	Området er ein del av eit eldre bygningsmiljø. Forslaget vil kunne forringe bygningsmiljøet. Stor negativ konsekvens.	Red
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området har verdi for barn og unge. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i strid med arealstrategi om å ta vare på viktige kulturmiljø og kulturminne, men er i samsvar med arealstrategiar om busetnad og transport og kommunikasjon.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Oppføring av bustadblokk på 7 etasjar kan få store konsekvensar for trehusmiljøet i Halkjelsgata. Tiltaket er likevel i samsvar med arealstrategi om busetting og strategi for bustadfortetting. Arealet kan nyttast til bustad, men det må leggast vekt på arkitektonisk utforming som ivaretek bygningsmiljøet i området. Dette gjeld også byggehøgda må avklarast i RP. Med føringar om at 1. etasje skal vere publikumsretta bør ein nytte eit kombinsert arealformål, som for tilgrensande eigedomer i gjeldande KDP.

Konklusjon:

Forslaget vert imøtekome som kombinert formål(Forretning/kontor/bustad), med vilkår om ivaretaking av bygningsmiljøet i området.


Område nr. KU B16

Eigedom: 29/1
 Formål i dagens kommuneplan: Bandlagt Kml.
 Gjeldande reguleringsplan: Øyra 1987005
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 3,38 daa.

Forslagsstillar: Skildring av tiltak:

Opplysningsvesenets fond
 Ønskjer del av prestegardshagen til bustadformål.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Delar av arealet ligg er utsett for vegtrafikkstøy. Elles ikkje kjennskap til forureining i området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP. Tiltaket vil ikkje endre forureinings situasjonen. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Landbruk og jordressursar	Utan betydning for landbruk. Ingen konsekvens.	Green
Naturmangfald og naturmiljø	Det er registrert framand art . Området har truleg noko verdi som naturmiljø. Nedbygging vil gi middels negativ konsekvens.	Yellow
Kulturminne og kulturmiljø	Er ein del av kulturmiljøet ved prestegarden som har regional verdi. Området har stor verdi. Tiltaket vil kunne forringe kulturmiljøet. Middels negativ konsekvens.	Red
Landskap	Er ein del av eit kulturhistorisk landskap og er med på å gi eit godt totalintrykk. Tiltaket vil forringe dette og vil gi middels negativ konsekvens.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Er ikkje registrert som viktig friluftslivsområde. Er ein del av grønstrukturen i området og har noko verdi. Tiltaket vil forringe verdien som grønstruktur som vil gi middels negativ konsekvens.	Yellow
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Utan betydning for verna vassdrag eller andre vassmiljø. Ingen konsekvens.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ligg i utbygd sentrumsområde i100-metersbeltet langs sjø. Utan betydning for strandsona. Ingen konsekvens.	Green
Samfunn		
Transport og trafikk	Vil kunne utnytte eksisterande vegsystem inn til området. Muleg med avkøyrsløse frå bustadgate. Er registrert trafikkulykke i kryss mot E39 som kan vere utfordrande for fotgjengarar. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Kartlegging av kapasitet for spillvatn og overvatn i eksisterande VA-nett må avklarast før utbygging.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i tettstaden Volda som kan gi driftsfordelar når det gjeld effektiv tenesteyting. Ubetydeleg positiv konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ligg i område med marine strandavsetningar. Her er og registrert framande artar som det må takast omsyn til ved utbygging.	Yellow
Folkehelse	Frå området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Estetikk og arkitektur	Området er ein del av bygningsmiljø kring prestegarden som til saman gir eit godt totalintrykk . Forslaget vil kunne forringe bygningsmiljøet. Stor negativ konsekvens.	Red
Barn og unge	Tomta er foreslått til ny kvartalsleikeplass og vil ha stor verdi for barn og unge i området. nedbygging vil øydelegge denne verdien. Stor negativ konsekvens.	Red
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi om busetnad, men er i strid med arealstrategi om å ta vare på viktige kulturmiljø og kulturminne.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Oppføring av bustader på ein del av eigedomen kring prestegarden vil forringe totalintrykket av kulturmiljøet og estetikken i området. Området vil ha stor verdi som ev. ny kvartalsleikeplass og som grønstruktur. Tiltaket er i strid med arealstrategi om å ta vare på viktige kulturmiljø og kulturminne.

Konklusjon:

Forslaget vert ikkje imøtekome.


Område nr. KU B17

Eigedom: 30/2 m.fl.
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reguleringsplan:
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 66 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Norhus AS
 Utbygging av større bustadområde.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Fulldyrka mark med stor verdi for landbruket. Er registrert som kjerneområde landbruk. Medfører tap av fulldyrka jord. Utbygging vil ødelegge verdien. Stor negativ konsekvens.	Rød
Naturmangfald og naturmiljø	Fulldyrka mark med liten verdi for naturmangfald og naturmiljø. Utbygging vil medføre fullt arealbeslag. Ubetydeleg konsekvens for naturmangfald og naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Området har nokre SEFRAK-registrerte bygg. Er vurdert til regionalt viktig kulturmiljø. Nedbygging vil ødelegge verdien og tiltaket vil gi stor negativ konsekvens.	Rød
Landskap	Området har gode visuelle kvalitetar, der bebygde område og landskapet gir eit særprega område i tettstaden Volda. Nedbygging vil sterkt forringe denne verdien og gi stor negativ konsekvens.	Rød
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Delar av området er friområde og ein viktig del av grønstrukturen i området. Området er elles ikkje registrert som viktig for friluftsliv. Nærmiljøet vil kunne bli styrka av utbygging. Middels negativ konsekvens.	Blå
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Ligg godt til rette for gang og sykkel som meir attraktivt transportløysing enn bil.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Utan betydning for verna vassdrag eller andre vassmiljø. Ingen konsekvens.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ligg ikkje i strandsona.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Det må etablerast ny samleveg i området og eksisterande vegtilkomstar må oppgraderast.	Blå
Teknisk infrastruktur	Kartlegging av kapasitet for spillvatn og overvatn i eksisterande VA-nett må avklarast før utbygging.	Blå
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i tettstaden Volda som kan gi driftsfordelar når det gjeld effektiv tenesteyting. Ubetydeleg positiv konsekvens.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ligg i område med marine strandavsetningar. Her er og registrert ramande artar som det må takast omsyn til ved utbygging.	Blå
Folkehelse	Frå området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Estetikk og arkitektur	Med utbygging av småhus vil området kunne tilpasse seg dei bygde omgjevnadane og kunne framstå som eit positivt element.	Grøn
Barn og unge	Delar av området er friområde nytta av barn og unge. Nedbygging vil ødelegge området og få middels negativ konsekvens.	Blå
Forholdet til strategiar om arealbruk	Utbyggingsområdet er atort og har eit stort potensiale for å sikre større grad av busetting gangavstand til indre sentrumskjerne. Forslaget vil vere i strid med arealstrategi om om å ta vare på viktige kulturmiljø og kulturminne.	Blå

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket er svært positivt for å auke busettinga i gangavstand frå indre sentrumskjerne, men er svært negativt for landbruk, kulturmiljø og landskapet. Her er og utfordringar når det gjeld barn og unge, grønstruktur og vegsystemet inn til området. Med omsyn til fortettingsstrategien der ein ønskjer vesentleg auke i busettinga i indre og midtre sentrumssone kan ein likevel tilrå bustader i området. I RP må ein legge vekt på gode løysingar for barn og unge, legge til rette for gang og sykkel som føretrakt transportløysing. Det må og legge vekt på å bevare gode grønstrukturområde.

Konklusjon:


Forslaget vert imøtekome med krav om avbøtande tiltak i RP.

Område nr. KU B21

Eigedom: 20/14
 Formål i dagens kommuneplan: Bustad, kombinert, grønstruktur
 Gjeldande reguleringsplan: E39 Volda - Furene 2016001
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 16 daa.

Forslagsstillar: Gunn Karin Kvistad Strand og Inger Anne Kvistad Holm
 Skildring av tiltak: Ønskjer heile eigedomen til bustad.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Arealet nærast Vikebygdvegen er utsett for støy elles ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Utan betydning for landbruk. Ingen konsekvens.	Grøn
Naturmangfald og naturmiljø	Berre areal nærast elva har verdi for naturmangfald og naturmiljø. Øyraelva er eit viktig bekkedrag med artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Nedbygging nær elva med kantsone vil sterkt forringe kvalitetane. Stor negativ konsekvens.	Raud
Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg SEFRAK-bygg innanfor området, men det er elles ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller andre kulturminne. Nedbygging vil edføre ubetydeleg endring, og tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Arealet som inngår i grønstrukturformål har gode visuelle kvalitetar og er ein del av eit særprega grøntbelte langs Øyraelva med stor verdi. Nedbygging vil sterkt forringe denne verdien. Stor negativ konsekvens.	Raud
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området er ein viktig del av grønstrukturen frå fjord til fjell og har stor lokal verdi. Nedbygging vil forringe kvaliteten og tiltaket vil ha stor negativ konsekvens.	Raud
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Ligg i for stor avstand frå Volda sentrum til at gang og sykkel vert meir attraktivt transportløysing enn bil. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsone langs sjø eller vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte eksisterande infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Teknisk infrastruktur	Kan medføre behov for investeringar i infrastruktur.	Green
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Eit bustadhus vil ikkje påverke befolkningsutvikling og tenestebehov. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ikkje avdekt uakseptabel risiko.	Green
Folkehelse	Området ligg truleg i for stor avstand frå Volda sentrum til at gang og sykkel vert ytta til dei fleste kvardagsfunksjonane. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Estetikk og arkitektur	Området er bebygd ingen spesielle estetiske kvalitetar. Fortetting med ein ny bustad vil ha ubetydeleg konsekvens.	Green
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil vere i samsvar med strategi om busetting som spreidd bustadbygging i LNF-område.	Green

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket er lite med små konsekvensar. Bør kunne vurdere å ta inn som LNF-område med spreidde bustader.

Konklusjon:

Imøtekome som LNF-område med spreidde bustader.

Område nr. KU B50

Eigedom: 20/12
 Formål i dagens kommuneplan: Bustader
 Gjeldande reguleringsplan: Bustader
 Foreslått formål: Bustader
 Areal: 9,3 daa.

Forslagsstillar: Skildring av tiltak:

Tømrer Service AS

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Utan betydning for landbruk. Ingen konsekvens.	Grøn
Naturmangfald og naturmiljø	Berre areal nærast elva har verdi for naturmangfald og naturmiljø. Øyraelva er eit viktig bekkedrag med artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Nedbygging nær elva med kantsone vil sterkt forringe kvalitetane. Stor negativ konsekvens.	Raud
Kulturminne og kulturmiljø	Området er ikkje registrert som verdi som kulturmiljø eller andre kulturminne. Nedbygging vil medføre ubetydeleg endring. og tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Areal som inngår i grønstrukturformål har gode visuelle kvalitetar og er ein del av eit særprega grøntbelte langs Øyraelva med stor verdi. Nedbygging vil sterkt forringe denne verdien. Stor negativ konsekvens.	Raud
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området er ein viktig del av grønstrukturen frå fjord til fjell og har stor lokal verdi. Nedbygging vil forringe kvaliteten og tiltaket vil ha stor negativ konsekvens.	Raud
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Ligg godt til rette for gang og sykkel som meir attraktivt transportløysing enn bil.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Arealet grensar til Øyraelva med kantsone som er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og dermed har svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	Raud
Strandsone langs sjø og vassdrag	Kantsona langs Øyraelva er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og har dermed svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	Raud
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil kunne nytte planlagt tilkomst via ny rundkøyring på Vikebygdvegen. Ubetydeleg konsekvens	Grøn
Teknisk infrastruktur	Kartlegging av kapasitet for spillvatn og overvatn i eksisterande VA-nett må avklarast før utbygging.	Blå
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i tettstaden Volda som kan gi driftsfordelar når det gjeld effektiv tenesteyting. Ubetydeleg positiv konsekvens.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Arealet nærast elva ligg i aktsomsområde for flaum/erosjon og i område med sårbare artar.	Blå
Folkehelse	Frå området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Estetikk og arkitektur	Nedre del har ikkje bebyggelse øvre del kan kunne tilpasse seg dei bygde omgjevnadane og kunne framstå som eit positivt element. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Gjennom Barnetrakk-registreringar er det kome fram at barn og unge likar å opphalde seg i grøntsona langs elva. Nedbygging vil sterkt forringe denne muligeita. Stor negativ konsekvens.	Raud
Forholdet til strategiar om arealbruk	Er i samsvar med arealstrategi om busetting, men er i strid med arealstrategi om "Grønstruktur, friluftsliv og kultur".	Raud

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Området nærast Øyraelva har svært stor verdi, med fleire raudlisteartar. Utbygging nærare elva vil på grunn av risiko for flaum/erosjon truleg måtte førebyggast. Dette vil kunne ha store konsekvensar for fleire raudlistartar og landskapet. Området har og stor verdi som del av grønstrukturen "frå Fjord til fjell" og området er dessutan av stor verdi for barn og unge. Dersom utbyggingsområdet skal utvidast mot elva vil det måtte vere føremål som er styrkar barn og unge sine opplevsalar i området og som er med på å ivareteke grønstrukturfunksjonen. Reine bustadføremål er ikkje eit slikt føremål. Området som i dag ligg som utbyggingsområde kan utbyggast i samsvar med eksisterande planar. Krav til auka grad av fortetting i midtre sentrumssone gjer at det ikkje er ønskeleg med reine bustadareal i dette området.

Konklusjon:
 Ikkje imøtekome


Område nr. KU B52

Eigedom: 42/2
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reguleringsplan:
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 6,4

Forslagsstiller:
 Skildring av tiltak:

Bernhard Rekkedal

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Delvis lauvskog med middels bonitet og åpen fastmark. Ubetydeleg konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at område har særleg verdi for naturmangfald eller naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller funn av kulturminne. Ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Området ligg i utkanten av lauvskogområde utan spesielle landskapsmessige kvalitetar. Ubetydeleg konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at område er del av grønstruktur eller viktig friluftslivsområde. Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Vi auke behove for privatbilisme. Middels negativ konsekvens.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsone langs sjø eller vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte eksisterande veginfrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	
Teknisk infrastruktur	Truleg behov for ny VA-infrastruktur i området. Middels negativ konsekvens.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil kunne gi 2-4 nye bustader i området og er av avgrensa betydning når det gjeld befolkningsutvikling og tenestebehov. Kan vere med på å danne grunnlag for skule og barnehage i krinsen. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ikkje avdekt uakseptabel risiko.	
Folkehelse	Området ligg i for stor avstand frå bygdesenter eller Volda sentrum til at gang og sykkel vert nytta til kvardagsfunksjona. Middels negativ konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Området har ikkje bebyggelse men kan tilpassast dei bygde omgjevningane. Ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil vere i samsvar med strategi om spreidd busetnad utafor bygdesentra. Og er på grunn av omfanget ikkje i direkte strid med andre arealstrategiar.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket er lite med små konsekvensar. Bør kunne vurderast å ta inn som LNF-område med spreidd bustader. Må vere krav om etablering av VA-infrastruktur.

Konklusjon:

Imøtekome som LNF-område med spreidd bustader. Må vere krav om etablering av VA-infrastruktur.

Område nr. KU B53

Eigedom: 14/2
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reguleringsplan:
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 25,8 daa.

Forslagsstiller:
 Skildring av tiltak:

Ola Veddeng
 Ønsker utbygging av bustadfelt.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Fulldyrka jord av stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien. Stor negativ konsekvens.	Raud
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at område har særleg verdi for naturmangfald eller naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller funn av kulturminne. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Området er del av eit større samsnhengande landbruksområde med gode visuelle kvalitetar med middels verdi. Nedbygging vil gi store endringar med middels negativ konsekvens.	Blå
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at område er del av grønstruktur eller viktig friluftslivsområde. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Tiltaket med nedbygging av eit vesentleg område vil krevje lokal handtering av overvatn med krav til løysing som del av reguleringsplan.	Blå
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsone langs sjø eller vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil krevje nye og/eller vesentleg oppgradering av løysing for køyrande og gåande.	Blå
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil krevje oppgradering/ny VA-infrastruktur.	Blå
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil auke busettinga i området som kan påverke kapasitet når det gjeld offentlege tenestar.	Blå
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området manglar slokkevatn, det går høgspenteledning gjennom området og eit eksisterande bygg er SE-FRAK-registrert.	Blå
Folkehelse	Det må etablerast nye gang-/sykkelveg for å kunne gå/sykle til skule, barnehage og daglegvarehandel og idrettsanlegg, eller til anna offentleg tenestetilbod som kan nåast ved kollektivtransport.	Blå
Estetikk og arkitektur	Området er ikkje bebygd i dag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil med etablering av nye løysingar for gang-/sykkelveg kunne vere i samsvar med arealstrategi for busetting. Tiltaket er i klar strid med arealstrategi om landbruk.	Raud

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Området er i strid med arealstrategi om landbruk og tiltaket vil krevje nye løysingar for gang-/sykkelveg og VA-infrastruktur for å kunne vere i samsvar med strategi om busetting. Ikkje imøtekome no, men kan vere eit potensiale for framtida.

Konklusjon:

Ikkje imøtekome.


Område nr. KU B54

Eigedom: 14/3
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reguleringsplan:
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 72 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Leite og Howden AS
 Ønskjer å nytte arealet til nytt bustadfelt.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Fulldyrka jord av stor verdi på nedre del av området. Nedbygging vil øydelegge denne verdien. Stor negativ konsekvens.	Raud
Naturmangfald og naturmiljø	I øvre del av området er eit svært viktig trakkveg for vilt. Arealet ligg i overgangen mellom jordbruksareal og lauvskogområde som kan ha verdi som funksjonsområde for fleire artar. Stor negativ konsekvens.	Raud
Kulturminne og kulturmiljø	Det er eit bygningsmiljø med fleire SEFRAK-registrerte bygg som har middels verdi. Nedbygging av area inn mot dette kan forringe bygningsmiljøet. Middels negativ konsekvens.	Gul
Landskap	Området er del av eit større samsnengande landbruksområde med gode visuelle kvalitetar med middels verdi. Nedbygging vil gi store endringar med middels negativ konsekvens.	Gul
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at område er del av grønstruktur eller viktig friluftslivsområde. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Tiltaket med nedbygging av eit vesentleg område vil krevje lokal handtering av overvatn med krav til løysing som del av reguleringsplan.	Gul
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsone langs sjø eller vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil krevje nye og/eller vesentleg oppgradering av løysing for køyrande og gåande.	Gul
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil krevje oppgradering/ny VA-infrastruktur.	Gul
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil auke busettinga i området som kan påverke kapasitet når det gjeld offentlege tenestar.	Gul
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området manglar slokkevatn og det er fleire SEFRAK-registrerte bygg i området.	Gul
Folkhelse	Det må etablerast nye gang-/sykkelvegar for å kunne gå/sykle til skule, barnehage og daglegvarehandel og idrettsanlegg, eller til anna offentlig tenestetilbod som kan nåast ved kollektivtransport.	Gul
Estetikk og arkitektur	Området er delvis bebygd i dag. Nye bustader vil truleg medføre endringar av dette bygningsmiljøet. Middels negativ konsekvens.	Gul
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil med etablering av nye løysingar for gang-/sykkelveg kunne vere i samsvar med arealstrategi for busetting. Tiltaket er i klar strid med arealstrategi om landbruk, naturområde og kulturmiljø.	Raud

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Området er i strid med arealstrategi om landbruk, naturområde og kulturmiljø. Tiltaket vil krevje nye løysingar for gang-/sykkelveg og VA-infrastruktur for å kunne vere i samsvar med strategi om busetting. Ikkje imøtekome no, men delar av området kan vere eit potensiale for framtida.

Konklusjon:

Ikkje imøtekome.

Område nr. KU B55

Eigedom: 20/12
 Formål i dagens kommuneplan:
 Gjeldande reguleringsplan:
 Foreslått formål: Bustad
 Areal: 23 daa.

Forslagsstillar: Norhus AS
 Skildring av tiltak:

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Utan betydning for landbruk. Ingen konsekvens.	Grøn
Naturmangfald og naturmiljø	Berre areal nærast elva har verdi for naturmangfald og naturmiljø. Øyraelva er eit viktig bekkedrag med artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Nedbygging nær elva med kantsone vil sterkt forringe kvalitetane. Stor negativ konsekvens.	Raud
Kulturminne og kulturmiljø	Området er ikkje registrert som verdi som kulturmiljø eller andre kulturminne. Nedbygging vil medføre ubetydeleg endring, og tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Areal som inngår i grønstrukturformål har gode visuelle kvalitetar og er ein del av eit særprega grøntbelte langs Øyraelva med stor verdi. Nedbygging vil sterkt forringe denne verdien. Stor negativ konsekvens.	Raud
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området er ein viktig del av grønstrukturen frå fjord til fjell og har stor lokal verdi. Nedbygging vil forringe kvaliteten og tiltaket vil ha stor negativ konsekvens.	Raud
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Ligg godt til rette for gang og sykkel som meir attraktivt transportløysing enn bil.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Arealet grensar til Øyraelva med kantsone som er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og dermed har svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	Raud
Strandsone langs sjø og vassdrag	Kantsona langs Øyraelva er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og har dermed svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	Raud
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil kunne nytte planlagt tilkomst via ny rundkøyring på Vikebygdvegen. Ubetydeleg konsekvens	Grøn
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil i stor grad kunne utnytte eksisterande infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i tettstaden Volda som kan gi driftsfordelar når det gjeld effektiv tenesteyting. Ubetydeleg positiv konsekvens.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Arealet nærast elva ligg i aktsemdsområde for flaum/erosjon og i område med sårbare artar.	Blå
Folkehelse	Frå området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Estetikk og arkitektur	Nedre del har ikkje bebyggelse øvre del kan kunne tilpasse seg dei bygde omgjevnadane og kunne framstå som eit positivt element. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Gjennom Barnetrakk-registreringar er det kome fram at barn og unge likar å opphalde seg i grøntsona langs elva. Nedbygging vil sterkt forringe denne muligeita. Stor negativ konsekvens.	Raud
Forholdet til strategiar om arealbruk	Er i samsvar med arealstrategi om busetting, men er i strid med arealstrategi om "Grønstruktur, friluftsliv og kultur".	Raud

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Området nærast Øyraelva har svært stor verdi, med fleire raudlisteartar. Utbygging nærare elva vil på grunn av risiko for flaum/erosjon truleg måtte førebyggast. Dette vil kunne ha store konsekvensar for fleire raudlistartar og landskapet. Området har og stor verdi som del av grønstrukturen "frå Fjord til fjell" og området er dessutan av stor verdi for barn og unge. Dersom utbyggingsområdet skal utvidast mot elva vil det måtte vere føremål som er styrkar barn og unge sine opplevsar i området og som er med på å ivaretek grønstrukturfunksjonen. Reine bustadføremål er ikkje eit slikt føremål. Området som i dag ligg som utbyggingsområde kan utbyggast i samsvar med eksisterande planar. Krav til auka grad av fortetting i midtre sentrumssone gjer at det ikkje er ønskeleg med reine bustadareal i dette området.


Konklusjon:
 Ikkje imøtecome

Område nr. xx - (Områdenemning, grunnkrins)

Eigedom:
Formål i dagens kommuneplan:
Gjeldande reuleringsplan:
Foreslått formål
Areal:

Forslagsstillar:
Skildring av tiltak:

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	(Vurdering om det er eksisterande forureiningskjelder i nærleiken. Nye utbyggingsområde kan medføre ureining, støy, klimaendringar m.m.)	
Landbruk og jordressursar	(Vurdering av omfang og verknad på landbruksareal; tap av produksjonsareal, driftsulemper m.v.)	
Naturmangfald og naturmiljø	(Endra arealbruk kan endre naturmangfald og naturmiljø.)	
Kulturminne og kulturmiljø	(Vurdering av om utbygging kan gje negativ konsekvens for kulturminne-/miljø.)	
Landskap	(Vurdering av om ny utbygging kan endre landskap og gi nær og fjernverknad.)	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	(Vurdering av om ny utbygging kan gi negativ konsekvens for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv.)	
Energiforbruk og energiløysingar	(Vurdering av om ny utbygging kan gi auka energiforbruk.)	
Klimaendringar	(Vurdering av om det er eller om ny utbygging vil gi utfordringar i forhold til overvasshandtering, stormflo og havnivåstigning.)	
Vassmiljø og verna vassdrag	(Vurdering av om ny utbygging kan gi negative konsekvensar for verna vassdrag eller andre vassmiljø.)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	(Vurdere om ny utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs sjø og vassdrag.)	
Samfunn		
Transport og trafikk	(Vurdering av om nye utbyggingsområde må vere trafikksikre og fungere i forhold til vegsystemet.)	
Teknisk infrastruktur	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for eksisterande infrastruktur og gi behov for større investeringar.)	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for dagens tenestestruktur og gi behov for endringar.)	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	(Vurdering av om nye utbyggingsområde kan gi endra risikobilde, eller utbyggingsområdet ligg i eit risikoutsett område. Kan gi endra behov for førebygging og normalisering ved uføresette hendingar.)	
Folkehelse	(Vurdering av mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle.)	
Estetikk og arkitektur	(Vurdering av om ny utbygging kan gi endra estetisk uttrykk i eit område.)	
Barn og unge	(Vurdering av om utbygging kan komme i konflikt med verdiar i barn og unge sine oppvekstområde.)	
Forholdet til strategiar om arealbruk	(Vurdering av om tiltaket er i samsvar med arealstrategiane.)	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

(Samla vurdering av konsekvensar med forslag til oppfølging eller utgreiing på reguleringsplannivå.)

Konklusjon:

(Oppsummering)


Område nr. BF1 - Volda sentrum, Myrane

Eigedom: 19/10
 Formål i dagens kommuneplan: Grønstruktur
 Gjeldande reuleringsplan: E39 Volda - Furene 2016001
 Foreslått formål: Forretning
 Areal: ca. 1,2 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Kiwi Volda
 Ønskjer å kunne utvide forretningsareal mot Øyraelva.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Miljø		
Forureining	Aralet nærast Vikebygdvegen er utsett for støy elles ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Green
Landbruk og jordressursar	Ikkje relevant jf. anna formål i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Naturmangfald og naturmiljø	Berre areal nærast elva har verdi for naturmangfald og naturmiljø. Øyraelva er eit viktig bekkedrag med artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Nedbygging nær elva med kantsone vil sterkt forringe kvalitetane. Stor negativ konsekvens.	Red
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller andre kulturminne. Nedbygging vil medføre ubetydeleg endring, og tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens.	Green
Landskap	Areal som inngår i grønstrukturformål har gode visuelle kvalitetar og er ein del av eit særprega grøntbelte langs Øyraelva med stor verdi. Nedbygging vil sterkt forringe denne verdien. Stor negativ konsekvens.	Red
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området er ein viktig del av grønstrukturen frå fjord til fjell og har stor lokal verdi. Nedbygging vil forringe kvaliteten og tiltaket vil ha stor negativ konsekvens.	Red
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Ligg godt til rette for gang og sykkel som meir attraktivt transportløysing enn bil.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Aralet grensar til Øyraelva med kantsone som er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og dermed har svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	Red
Strandsone langs sjø og vassdrag	Kantsona langs Øyraelva er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og har dermed svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	Red
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil kunne nytte planlagt tilkomst via ny rundkøyring på Vikebygdvegen. Ubetydeleg konsekvens	Green
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil i stor grad kunne utnytte eksisterande infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ikkje relevant, ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ligg i aktsemdsområde for flaum/erosjon og i område med sårbare artar.	Yellow
Folkehelse	Mange kan gå og sykle til området. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Estetikk og arkitektur	Området har ingen bebyggelse. Ny bygningsmasse kan truleg tilpassast eksisterande bygningar som ligg nær området. Tettare utbygging i området vil skape ein meir kompakt og urban tettstadstruktur. Ubetydeleg positiv konsekvens.	Green
Barn og unge	Gjennom Barnetrakk-registreringar er det kome fram at barn og unge likar å opphalde seg i grøntsona langs elva. Nedbygging vil sterkt forringe denne muligheita. Stor negativ konsekvens.	Red
Forholdet til strategiar om arealbruk	Er i strid med arealstrategi om "Grønstruktur, friluftsliv og kultur".	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Området nærast Øyraelva har svært stor verdi, med fleire raudlisteartar. Området har og stor verdi som del av grønstrukturen "frå Fjord til fjell" og området er dessutan av stor verdi for barn og unge. Det er ein nettopp godkjent reguleringsplan for området i samsvar med gjeldande kommunedelplan. Det er ikkje aktuelt å gå imøtekome forslaget.

Konklusjon:

Ikkje imøtekome.


Område nr. KU BF2 - Furene, Morkabygda.

Eigedom:
Formål i dagens kommuneplan: LNF
Gjeldande reuleringsplan: E39 Volda - Furene 2016001
Foreslått formål: Forretning
Areal: ca. 19,4 daa.

Forslagsstillar:
Skildring av tiltak:

Kari R. og Fredrik Mork Håskjold
Ønskjer å kunne utnytte teigen til forretningsverksemd.

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Området er svært utsett for støy som må kartleggast nærare, elles ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Yellow
Landbruk og jordressursar	Barskog og fulldyrka areal av noko til stor verdi. Ikkje vurdert som kjerneområde. Middels verdi. Nedbygging vil medføre sterk forringing og gi middels negativ konsekvens.	Yellow
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at området har særleg verdi for naturmangfald og naturmiljø. Nedbygging vil ha ubetydeleg konsekvens.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har særleg verdi for kulturminne eller kulturmiljø. Nedbygging vil ha ubetydeleg konsekvens.	Green
Landskap	Delar av området framstå som samanhengande landbruksområde med gode visuelle kvalitetar, medan det skogklede området ikkje har særlege landskapsmessige kvalitetar. Nedbygging vil medføre middels negativ konsekvens.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Arealet har ingen verdi som nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Klima	Overvatn må løysast med løysingar innanfor området. Kanal/bekk gjennom området må ikkje leggest i røyr.	Yellow
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ikkje relevant. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil krevje utbeta/ny tilkomst frå overordna vegnett.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Området krev ny VA-infrastruktur til området.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ikkje felevant for formålet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Kan vere knytt flaum/erosjonsfare til bekk/kanal gjennom området. Må avklarast i RP.	Yellow
Folkehelse	Det er tilgjenge til område via kollektivtransport. For dei fleste er det lite aktuelt å gå /sykle til området og tiltaket vil kunne gi auka bilbruk.	Yellow
Estetikk og arkitektur	Området er ikkje bebygd. Ny bebyggelse kan vere med på å urbanisere området. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil kunne legge til rette for næringsareal langs hovudvegnett og er slik sett i samsvar med arealstrategi om næringsliv. Vil kunne vere noko i strid med arealstrategi om sentrumsutvikling og transport og kommunikasjon og Landbruk.	Yellow

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket er klart i strid med arealstrategi for landbruk, har store negative konsekvensar for landbruk og vil ha middels negative konsekvensar for fleire utgreiingstema. Ein stor del av arealet er sett av til riggområde i samband med tunnel Volda - Furene og vil ikkje kunne utnyttast til anna formål før vegprosjektet er gjennomført. Arealbruk er vurdert i reguleringsplan godkjent i 2018 der ein konkluderte med at framtidig arealbruk skal vere jordbruksareal. Området er eit viktig strategisk område for vidareutvikling av handels- og næringsverksemd i Furene, som eit viktig regionalt knutepunkt. Istdenfor tilbakeføring til jordbruk kan vi tilrå å nytte arealet til framtidig handels og næringsareal.

Konklusjon:

Kan imøtekomast med vilkår om rekkjefølgjekrav.

Område nr. KU BFT1 - Helset, Bjørkedalen

Eigedom: 92/1
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Fritids- og turistformål
 Areal: ca. 2,5 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Trygve Helset
 Ønskjer å kunne vidareutvikle turistsatsinga på garden med etablering av grillhytte m.v.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller nær området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Green
Landbruk og jordressursar	Fulldyrka jord av stor verdi. Ikkje kjerneområde landbruk middels verdi og middels negativ konsekvens.	Yellow
Naturmangfald og naturmiljø	Fulldyrka jord utan særleg verdi for naturmangfald. Arealet nærast vatnet har truleg noko verdi. Verna vassdrag. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har spesiell verdi for kulturminne og naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Landskap	(Vurdering av om ny utbygging kan endre landskap og gi nær og fjernverknad.)	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ikkje registrert som viktig for nærmiljø, grønstruktur eller friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Vil truleg ikkje ha konsekvensar for energibruk og energiløysingar.	Green
Klima	Truleg ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing eller andre klimautfordringar.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Ligg i område med verna vassdrag. Tiltak må ta omsyn til vassdragsverdiar. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Strandsone langs sjø og vassdrag	Det er dyrka mark heilt i strandsone og av liten verdi som strandsone for ålmenta. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunn		
Transport og trafikk	Køyretilkomst er truleg ikkje aktuelt. Må sette krav om gode gangsamband til resten av turistanlegget.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Truleg lite behov for teknisk infrastruktur.	Green
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Kan vere med på å sikre arbeidsplassar og busetting. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Kan vere utsett for høg vannstand, ligg i område med verna vassdrag og høgspent gjennom området.	Red
Folkehelse	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	Green
Estetikk og arkitektur	Ikkje bebygd område. Nye bygg må tilpasse seg andre bygg langs vatnet.	Yellow
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området er viktig for barn og unge sin aktivitet.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Det er ikkje noko klar arealstrategi som gjeld turistanlegg. Tiltaket legg til rette for tilleggsnæring til landbruk.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket ligg i verneområdet for Stigedalsvassdraget. Det er ikkje noko klar arealstrategi når det gjeld turistanlegg, men tiltaket kan vere med på å sikre turisme som tilleggsnæring til landbruksdrifta. Det må takast omsyn til ROS-utfordringar og bygningane må harmonere med andre bygg i strandsone langs vatnet. Tiltaket bør kanskje takast med som spreidd næringsbygg i LNF-område.

Konklusjon:

Kan imøtekomast med vilkår for utbygginga.



Område nr. KU BFT4 - Kornberg, Folkestad

Eigedom: 117/1
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Fritids- og turistformål.
 Areal: ca. 25 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Turid Nautvik og Per Kåre Nesset
 Ønskjer å kunne etablere forbuanlegg.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller nær området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Mindre del av området er fulldyrka jord av stor verdi, men er ikkje kjerneområde landbruk. Middels verdi og middels negativ konsekvens.	Yellow
Naturmangfald og naturmiljø	Området inngår i viktig viltområde og det er leveområde for raudliste art i nærleiken, som må takast omsyn til. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har spesiell verdi for kulturminne og naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Bratt topografi med ordinære visuelle kvalitetar. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ikkje registrert som viktig for nærmiljø, grønstruktur eller friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Større utbygging bør kunne nytte framtidretta lavenergiløysingar. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klima	Må ta omsyn til havnivåstigning. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Området har stor grad av utilgjengeleg og påverka strandsone av mindre verdi. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Vil måtte ha ny avkøyrsløse frå Fylkesveg.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Må truleg ha ny VA-infrastruktur.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Kan vere med på å sikre arbeidsplassar og busetting. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdsone skred på delar av området, utsett for havnivåstigning og manglande sløkkevatn i området. bør redusere utbyggingsområdet og krav om tilstrekkeleg vassforsyning.	Yellow
Folkehelse	Tiltaket vil ikkje gi endra situasjon. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Estetikk og arkitektur	Arealet og nærområda er ikkje bebygd. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området er viktig for barn og unge sin aktivitet.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Det er ikkje noko klar arealstrategi som gjeld turistanlegg. Tiltaket legg til rette for næringsverksemd langs hovudveg.	Grøn

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Forslaget er ikkje i direkte strid med arealstrategiar og legg til rette for næringsverksemd som kan vere med på å sikre busetting og aktivitet i bygdene. Det er ikkje gjort behovsvurdering av areal til overnattingstilbod. Tiltaket har middels negativ konsekvens for landbruk, naturmangfald og naturmiljø, det må settast krav om å ta omsyn til dette i RP. Det må settast krav til avklaringsar når det kjem til ROS-utfordringar, og tilstrekkeleg vassforsyning.

Konklusjon:

Kan imøtekomme redusert areal med vilkår av krav til RP.



Område nr.KU BFT8 - Årset, Austefjorden

Eigedom: 42/2
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Fritids- og turistformål
 Areal: ca. 134,6

Forslagsstiller:
 Skildring av tiltak:

Bernhard Rekkedal
 Ønskjer å kunne etablere landskapshotell på området.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller nær området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Green
Landbruk og jordressursar	Delvis barskog av middels til lav bonitet. Liten verdi og tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens.	Green
Naturmangfald og naturmiljø	Det går eit villtrakk gjennom området. Det er ikkje registrert at området har verdi for naturmangfald eller naturmiljø. Området er truleg viktig funksjonsområde for raudlistearter som har yngleområdet nærleiken. Stor negativ konsekvens.	Red
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har spesiell verdi for kulturminne og naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Landskap	Området er ein del av eit særprega område med spesielt gode visuelle kvalitetar. Tiltaket vil i varierende grad kunne forringe denne verdien. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ikkje registrert som viktig for nærmiljø, grønstruktur eller friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Det bør vere eit krav at slik type utbygging nyttar framtidretta lavenergiløysingar. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Klima	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing. Kunder vil hovudsakleg måtte nytte bil til og frå området for andre tenestar. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Strandsone er i stor grad utilgjengeleg. Men har verdi som naturområde. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte eksisterande vegnett.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Må truleg ha ny VA-infrastruktur.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Kan vere med på å sikre arbeidsplassar og busetting. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ytre delar av området kan vere utsett for skred og flaum. Det går villtrekk og høgspent gjennom området.	Yellow
Folkehelse	Ubetydeleg konsekvens for folkehelse.	Green
Estetikk og arkitektur	Området er ikkje bebygd. Arkitektur og estetikk bør tilpasse seg landskapet sine dimensjonar.	Yellow
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området er viktig for barn og unge sin aktivitet.	Yellow
Forholdet til strategiar om arealbruk	Det er ikkje noko klar arealstrategi som gjeld turistanlegg. Tiltaket legg til rette for næringsverksemd langs hovudveg og kan vere med på å styrke Volda som eit attraktivt reiselivs- og friluftsområde.	Yellow

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket har truleg eit potensiale som landskapstilpassa turistanlegg. Sjølv om tiltaket vil ha middels negative konsekvensar for fleire utgreiingstema, så vil ein truleg kunne løyse desse gjennom RP. Det må spesielt fokuserast på tilhøvet til villtrakk og raudlistearter. Arealet bør reduserast for å unngå aktsemdsområda for skred.

Konklusjon:

Kan imøtekomme redusert areal med vilkår av krav til RP.



Område nr. BFR1- Lid/Berknes

Eigedom: 2/1
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-A område (kystsonenplan)
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Hytte
 Areal: 5,35 daa

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Norvald Bjerknes
 Ønskjer at området vert lagt ut til fritidshus

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Det er ikkje forureiningskjelder i nærleiken. Tiltaket vil i liten grad medføre ureining, støy eller klimaendringar. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	På eigdommen er det i dag lauvskog av middels bonitet. Ikkje konsekvensar for landbruk og jordressursar.	
Naturmangfald og naturmiljø	Lauvskog med liten verdi for naturmangfald og naturmiljø. Det er ikkje registrert verdiar knytt til naturmangfald og naturmiljø i området.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området.	
Landskap	Området ligg som ein grøn korridor mellom to område som er bebygd med hytter og naust. Ei utbygging vil punktere den grønne korridoren. Nedbygging vil forringe verdien av landskapet.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Skog som ikkje er registrert til å ha verdi for friluftsliv. Området er ikkje registrert som opphaldsareal. Utbygging vil medføre fullt arealbeslag. Ubetydeleg/positiv konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Klima	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing. Ved ei eventuell utbygging i området, må det takast omsyn til stormflo og havnivåstigning.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje konsekvensar for verna vassdrag eller anna vassmiljø.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ei utbygging i området vil redusere kvaliteten å strandsona.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Det er lite trafikk i området. Forslaget ligg langs FV. Mindre streng haldningsklasse for avkøyrslar. Ikkje gang-/sykkelveg i området.	
Teknisk infrastruktur	Vil krevje investeringar i høve til VA.	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Vil ikkje ha innverknad på befolkningsutvikling. Vil ikkje endre tenestebehovet.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Det er registrert marine strandavsetningar i området.	
Folkehelse	Ingen folkehelsemessig verdi i dag. Det er langt å gå/sykle til viktige funksjonar. God tilgang til uteområde og sjø.	
Estetikk og arkitektur	Utbygging vil endre det estetiske uttrykket. Utbygginga vil kunne bli oppfatta som ei utviding av eksisterande hyttebebyggelse. Positivt med fortetting..	
Barn og unge	Ikkje konflikkt med barn og unge sine interesser.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi for fritidsbusetnad, setrar og naust.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Utbyggingsforslaget har middels negativ konsekvens for landskap, strandsone, transport og trafikk. Forslaget vil medføre at større del av strandsona i kommunen vert påverka av utbyggingstiltak. Det er ledig areal til hyttebygging i området.

Konklusjon:

Forslaget gjeld utbygging av hytter på areal som i dag er kledd med skog, som vil gi auka påverknad av strandsona. Utbygging av hytter er i samsvar med arealstrategiar for hytter og naust. Innspelet vert imøtekome.


Område nr. BFR3 - Lid/Berknes

Eigedom: 2/2, 2/8, 2/15 og 2/78
 Formål i dagens kommuneplan: Hytte, camping og LNF-område
 Gjeldande reguleringsplan: Hytter, naust, campingpl. og friluftsområde
 Foreslått formål: Hytte og naust
 Areal: 36,28

Forslagsstiller:
 Skildring av tiltak:

Odd og Runar Bjerknes
 Ønskjer at området vert lagt ut til hytter og naust.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken.	Green
Landbruk og jordressursar	Delar av arealet består av overflatedyrka jord, ca. 7 daa. Også skogkledd (lauvskog: uproduktiv skog og middels bonitet). Eksist. avkøyrslø går gjennom delar av areal som er fulldyrka.	Red
Naturmangfald og naturmiljø	Ingen registreringar knytt til naturmangfald og naturmiljø i tilgjengelege basar.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området.	Green
Landskap	Ei utbygging vil påverke landskapet. Området er eit viktig grønstruktrområde, og har funksjon som lokalt/regionalt friluftsområde.	Red
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Viktig grønstruktrområde. Området har funksjon som lokalt/regionalt friluftsområde. Utbygging kan gi negativ konsekvens for grønstruktur og utøving av friluftsliv.	Red
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Klima	Ingen særskilde utfordringar. Området er lite sårbart i høve til klimaendringar (jf. www.miljøstatus.no).	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs sjøen, jf. punkt ovanfor knytt til friluftsliv.	Red
Samfunn		
Transport og trafikk	Ligg i nærleiken av FV 47. Liten trafikk ÅDT. Ikkje gang- og sykkelveg. Eksist. avkøyrslø ligg nær krapp kurve. Vurdere ny avkøyrslø.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Vil krevje investeringar i høve til VA.	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Utbyggingsforslaget vil ikkje medføre trong for endra tenestetilbod i området.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området ligg innanfor aktsemdsone flaum. Det er registrert marine strandavsetningar.	Yellow
Folkehelse	Viktig grønstruktrområde. God tilgang til sjø.	Yellow
Estetikk og arkitektur	Utbygging vil endre det estetiske uttrykket. Området ligg eksponert til frå sjøsida.	Yellow
Barn og unge	Grønstruktrområde. Ingen kjende konflikter med barn og unge sin bruk av området i dag.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er strid med arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Forslaget har negativ konsekvens for landbruk og jordressursar, landskap, grønstruktur, friluftsliv og strandsona langs sjøen. Forslaget er i strid med arealstrategiar.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekomme.


Område nr. BFR4 - Lid/Berknes

Eigedom: 2/1.
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-A i kystsonen.
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Naust.
 Areal: 6,35

Forslagsstiller:
 Skildring av tiltak:

Norvald Bjerknes.
 Ønskjer at området vert lagt ut til naust.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen registreringar.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Området har ein del produktiv skog og innmarksbeite.	Grøn
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert særskilde artar, naturtyper eller naturmiljø.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø.	Grøn
Landskap	Området ligg eksponert til. Utbygging kan endre landskapet og gi nær og fjernverknad.	Raud
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Delar av området er registrert som særleg kvalitetsområde i samband med kartlegging av friluftsområder. Friluftsområde av lokal og regional verdi (badeplass, fiskeplassar, solvendt).	Raud
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Grøn
Klima	Ei utbygging av naust må ta omsyn til stormflo og havnivåstigning.	Blå
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag. Ikkje særskilde konsekvensar for vassmiljø.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Det ligg eit naust og ei lita hytte i området. Området har redusert verdi som urørt strandsone. Ei utbygging i området vil gripe inn i strandsona. Den vil redusere kvaliteten og kan gi negative konsekvensar.	Raud
Samfunn		
Transport og trafikk	Eksisterande naust i området har tilkomstveg gjennom tun og over landbruksareal. Bygging av naust vil gi auka trafikk i området, med utfordringar i høve til landbruksareal. Behov for endra tilkomst.	Blå
Teknisk infrastruktur	Utbygging til naust vil i liten grad få konsekvensar for eksisterande infrastruktur.	Grøn
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdområde flaum.	Blå
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Grøn
Estetikk og arkitektur	Utbygging vil gi endra estetisk uttrykk for området.	Blå
Barn og unge	Utbygging kjem ikkje i konflikt med barn og unge sine interesser.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Utbygging er i strid med arealstrategiane.	Raud

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Utbygging vil ha negative konsekvensar for landskap, friluftsliv, strandsona, og er i strid med arealstrategiar.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekome.

Område nr. BFR5 - Lid/Berknes

Eigedom: 2/2
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-område.
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Naust og rorbu.
 Areal: 8,95

Forslagsstiller:
 Skildring av tiltak:

Norvald Bjerknes.
 Ønsker at det vert lagt til rette for naust og rorbu.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Delar av området er utsett for støy frå FV 47. Ubetydeleg konsekvens i høve til formålet.	Green
Landbruk og jordressursar	Delar av området er fulldyrka jord. Elles produktiv skog. Utbygging vil legge beslag på fulldyrka jord.	Red
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert særskilde artar, naturtypar eller naturmiljø.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø.	Green
Landskap	Utbygging kan endre landskapet og gi nær- og fjernverknad.	Red
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Friluftsområde (Berknesvika – Berkneset) av lokal og regional verdi (badeplass, fiskeplassar, solvendt).	Red
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Klima	Ingen særskilde utfordringar. Utbygging må ta omsyn til stormflo og havnivåstigning.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag. Naust/orbu vil ikkje påverke vassmiljøet negativt.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ei utbygging i området vil gripe inn i strandsona. Den vil redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar.	Red
Samfunn		
Transport og trafikk	Utbygging inneber etablering av ny avkøyrsløse og tilkomstveg til området. Det må leggjast til rette for trafikksikker avkøyrsløse.	Yellow
Teknisk infrastruktur	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for eksisterande infrastruktur og gi behov for større investeringar.)	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Marine avsetningar. Delar av området er utsett for støy.	Yellow
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar sett i høve til formål naust og rorbu.	Green
Estetikk og arkitektur	Utbygging vil gi endra estetisk uttrykk for området. Liten konsekvens.	Green
Barn og unge	Ingen kjende konfliktar i høve til barn og unge sine interesser.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Utbygging er i strid med arealstrategiar for naust og hytte.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Utbygging vil ha negative konsekvensar for landbruk, landskap, friluftsliv, strandsona, og er i strid med arealstrategiar.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekomme.


Område nr. BFR6 - Lid/Berknes

Eigedom: 2/2 og 2/3
 Formål i dagens kommuneplan: Friområde i kystzoneplan
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Hytte
 Areal: 1,27

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Odd og Runar Bjerknes
 Ønskjer at eksisterande hytte på 2/121 vert lagt ut til fritidsbyggelse

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Det er ikkje registrert forureiningskjelder i området.	Green
Landbruk og jordressursar	På området er det lauvskog av middels bonitet.	Green
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert verdiar knytt til naturmangfald, naturtyper eller naturmiljø.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert kulturminne i området.	Green
Landskap	Landskapet er frodig og grønt. Lauvskog dominerer. Det er relativt bratt ned til sjøen. Det er snakk om ei eksisterande hytte. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området grensar i søraust til område utlagt til friområde i reguleringsplan. Området i søraust er vurdert som viktig i friluftssamanheng (fiske, bading, turgåing). Utbygging i området kan gi negativ konsekvens for tilgrensande område (nærmiljø) og utøving av friluftsliv.	Yellow
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Klima	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar. Utbygging må ta omsyn til stormflo og havnivåstigning.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje konsekvensar for vassmiljø. Ikkje verna vassdrag.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ei utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona.	Yellow
Samfunn		
Transport og trafikk	Det er etablert ei avkøyrsløse til området. Avkøyrsla ligg nær kurve og er noko uoversiktleg. Utbetring av avkøyrsløse må til.	Green
Teknisk infrastruktur	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for eksisterande infrastruktur og gi behov for større investeringar.) Lars Fjærvold	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området ligg innanfor aktsemdsone flaum. Det er registrert marine strandavsetningar.	Yellow
Folkehelse	Det er langt å gå/sykle til viktige funksjonar. God tilgang til uteområde og sjø.	Green
Estetikk og arkitektur	Det er allereie to hytter i området. Det er viktig å ta vare på ei buffersone langs sjøen, med rom for fri ferdsel for ålmenta.	Green
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området har verdi for barn og unge.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i strid med arealstrategi for fritidsbusetnad, setrar og naust.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Innspelet er ikkje i samsvar med arealstrategiane.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekome.


Område nr. BFR7 - Lid/Berknes

Eigedom: 3/4
 Formål i dagens kommuneplan: Industri, kommuneveg
 Gjeldande reuleringsplan: Naust (reg.pl for Lid/Kråkenes)
 Foreslått formål: Naust og rorbu
 Areal: 0,52

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Reiar Sørheim
 Ønskjer at område F4 i reguleringsplan vert lagt ut til naust/orbuer

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Området er allereie regulert til naust. Ikkje registreringar knytt til forureining	
Landbruk og jordressursar	Området er allereie regulert, og vurdert i høve til landbruk og jordressursar.	
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert verdiar knytt til naturmangfald eller naturmiljø.	
Kulturminne og kulturmiljø	Tiltaket er ikkje i direkte konflikt med kulturminne eller kulturmiljø (registrert kulturminne like ved).	
Landskap	Området har liten/ubetydelig verdi som landskapselement.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området har verdi i nærmiljøet, som grøntstruktur eller friluftsområde.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen spesielle utfordringar eller konsekvensar.	
Klima	Ingen spesielle utfordringar eller konsekvensar.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag. Ikkje konsekvensar for vassmiljø.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ligg i strandsona. Området er allereie lagt ut til naustformål.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Området er lite tilrettelagt for mjuke trafikantar. Ubetydeleg konsekvens.	
Teknisk infrastruktur		?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen spesielle utfordringar eller konsekvensar.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdsone flaum. Marine avsetningar. Det går ei kraftline i området. Middels konsekvens.	
Folkehelse	Det er langt å gå/sykle til viktige funksjonar. God tilgang til uteområde og sjø. Liten konsekvens i høve til formålet.	
Estetikk og arkitektur	Området ligg eksponert frå sjøen. Det ligg fleire naust i området. Ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Tiltaket kjem ikkje i konflikt med barn og unge sine interesser.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Området er allereie regulert til naust.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Området er allereie regulert til naustformål. Eventuell endring til naust/orbuer bør gå vegen om reguleringsendring.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekomme.

Område nr. BFR8 - Lid/Berknes

Eigedom: 4/2
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-område.
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Bustad, fritidsbebyggelse og friområde.
 Areal: 4,38.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Ann-Mari Stave
 Ønskjer at det vert lagt til rette for to bustadtomter ved fv. 47, to hytter og friområde.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen forureiningskjelder i nærleiken. Øvre del av området, som er foreslått til bustad, ligg innanfor gul støysone.	Green
Landbruk og jordressursar	Fulldyrka mark med stor verdi for landbruket. Er ein del av eit samanhengande areal med fulldyrka jord. Medfører tap av fulldyrka jord. Utbygging i området vil medføre til tap av produksjonsareal, og kan føre til ulemper for drifta.	Red
Naturmangfald og naturmiljø	Fulldyrka mark med liten verdi for naturmangfald og naturmiljø.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området.	Green
Landskap	Jordbrukslandskap. Landskapsbilete av mindre viktig karakter. Området har verdi. Nedbygging vil forringe landskapet.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ingen registreringar knytt særskilt til nærmiljø, grøntstruktur eller friluftsliv.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen spesielle utfordringar eller konsekvensar.	Green
Klima	Ingen spesielle utfordringar eller konsekvensar.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ei utbygging vil redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona.	Yellow
Samfunn		
Transport og trafikk	Ligg i nærleiken av fv. 47, som har fartsgrense 80 km/t. Relativt låg ÅDT. Øvre del av området, som er foreslått til bustad, ligg innanfor gul støysone. Det er etablert ei avkøyrse til området. Oversiktleg vegstrekning. Ein må vurdere om det er behov for anna avkøyrsløysing. Vil få auka kryssing av FV.	Yellow
Teknisk infrastruktur	?	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen spesielle utfordringar eller konsekvensar sett i høve til formål fritidshus isolert.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Marine strandavsetningar. Aktsemdområde flaum/erosjon langs bekk. Sikringssone kraftlinje.	Yellow
Folkehelse	Ingen spesiell verdi i dag. Det er langt å gå/sykle til viktige funksjonar. God tilgang til uteområde og sjø.	Green
Estetikk og arkitektur	Ei utbygging vil i lita grad påverke estetikk og arkitektur. Området søraust for 4/2 er utbygd (einebustader, garasjer og naust).	Green
Barn og unge	Ingen kjende konflikter i høve til barn og unge sine interesser.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er ikkje i strid med arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust.	Green

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket vil påverke landbruksareal, og kan føre til ulemper for landbruksdrifta. Tiltaket vil legge beslag på areal i strandsona.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekomme.


Område nr. BFR9 - Lid/Berknes

Eigedom: 6/1.
 Formål i dagens kommuneplan: Naust, friområde og LNF-A område.
 Gjeldande reuleringsplan: Hytter, naust og grøntområde.
 Foreslått formål: Naust og hytter.
 Areal: 28,42.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik og Ivar A Lid.
 Ønskjer at området mellom Littlestranda og Kolsneset kan nyttast til hytte og naust. Veg til området over 6/1.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Kon- se-
Miljø		
Forureining	Delar av området er utsett for støy.	Green
Landbruk og jordressursar	Arealet mellom Littlestranda og Kolsneset er kledd med skog (blandingsskog) av middels høg bonitet. Utbygging vil ha liten innverknad i høve til landbruk.	Green
Naturmangfald og naturmiljø	Skog med liten verdi for naturmangfald og naturmiljø. Utbygging vil medføre fullt arealbeslag.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Utbygging kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne (gravrøys).	Red
Landskap	Områdetype strandsone, med naturfjøre og svaberg. Fin utsikt mot fjell og fjord.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Kulsneset med tilgrensande areal er jf. naturbase eit viktig friluftsområde (type strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag). Området er lett tilgjengeleg med båt og kajakk. Utbygging vil medføre fullt arealbeslag.	Yellow
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen spesielle utfordringar eller konsekvensar.	Green
Klima	Eventuell utbygging må ta omsyn til stormflo og havnivåstigning.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag. Utbygging vil kunne påverke vassmiljøet og gi negative konsekvensar.	Yellow
Strandsone langs sjø og vassdrag	Utbygging vil påverke strandsona (urøyvd), med naturfjøre og svaberg.	Red
Samfunn		
Transport og trafikk	Det må leggjast til rette for trafikksikker avkøyrsløse ved eventuell utbygging i området.	Green
Teknisk infrastruktur	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for eksisterande infrastruktur og gi behov for større investeringar.)	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen spesielle utfordringar eller konsekvensar sett i høve til formål naust og hytte.	Yellow
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdsone flaum. Marine avsetningar.	Yellow
Folkehelse	Langt å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar. God tilgang til sjø, grønt- og friluftsområde.	Green
Estetikk og arkitektur	Utbygging vil gi endra estetisk uttrykk i området.	Yellow
Barn og unge	Ingen kjende konfliktrar i høve til barn og unge sine interesser.	Yellow
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er ikkje i samsvar med arealstrategiane.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Forslaget har negativ konsekvens for automatisk freda kulturminne, strandsona og er i strid med arealstrategiane.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekomme.

Område nr. BFR10 - Lid/Berknes

Eigedom: 6/23, 6/28
 Formål i dagens kommuneplan: Naust
 Gjeldande reuleringsplan: Naust (regplan Notaplassen)
 Foreslått formål: Rorbu (sjøbud med rom for overnatting)
 Areal: 0,35


Forslagsstillar:

Jon Bjørdal og Roy Inge Heltne

Skildring av tiltak:

Ønskjer å få omregulert eit område frå naust til sjøbud med moglegheit for overnatting(omdisponering frå naust til rorbu)

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen registreringar. Ikkje konsekvensar	
Landbruk og jordressursar	Ingen konsekvensar.	
Naturmangfald og naturmiljø	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Landskap	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Klima	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag. Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Teknisk infrastruktur		?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdsone flaum. Marine strandavsetningar.	
Folkehelse	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Estetikk og arkitektur	Omdisponering frå naust til rorbu kan påverke estetikk og arkitektur.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området har verdi som del av barn og unge sitt oppvekstmiljø.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Ikkje i samsvar med arealstrategiar.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Omdisponering frå naust til rorbu bør skje som reguleringsendring av gjeldande reguleringsplan.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekome.


Område nr. BFR11- Volda sentrum

Eigedom: 20/1
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-område
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Hytte
 Areal: 7,81

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Lene og Roy Inge Heltne
 Ønskjer at arealet mellom skogsvegen og Sledalen vert lagt til rette for bygging av ei til to mindre hytter.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende utfordringar eller konsekvensar.	Green
Landbruk og jordressursar	Skog på delar av området. Ulik bonitet. Utbygging får ikkje konsekvensar for landbruk og jordressursar.	Green
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert naturtypar, naturmangfald eller naturmiljø i området.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området.	Green
Landskap	Snauhogst på området for nokre år sidan. Det er skog sør og nord for området. Bygging av hytter vil vise godt igjen i landskapet.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	I samband med kartlegging av friluftsområde, er området vist som marka. Er ein del av område nytta i friluftssamheng heile året.	Yellow
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Klima	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Ligg ikkje langs sjø eller vassdrag.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Samfunn		
Transport og trafikk	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar. Legg til grunn av skogsbilveg vert nytta som tilkomst til hytte.	Green
Teknisk infrastruktur	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for eksisterande infrastruktur og gi behov for større investeringar.)	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Utbygging vil ikkje gi endra risikobilde. Området ligg ikkje risikoutsett til.	Green
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Estetikk og arkitektur	Utbygging i området vil gi endra estetisk uttrykk for området.	Yellow
Barn og unge	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i strid med arealstrategiane.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Innspelet er i strid med arealstrategiane. Det er ledige hyttetomter andre stader, som er regulert og klar for bygging.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekome.


Område nr. 12 - Austefjordområdet

Eigedom: 70/1
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-område
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Naust
 Areal: 5,38

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Austefjord grendautval
 Ønskjer at det vert lagt til rette for naust i
 Holsvik mot Djuvik

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Landbruk og jordressursar	Det ligg 3-4 eldre naust i vika. Arealet bak eksisterande naust er vist som fulldyrka/overflatedyrka jord. Delar av arealet er ikkje i aktiv drift. Tilrettelegging for naust vil i lita grad påverke landbruksarealet, så lenge ein legg nausta på nedsida av driftsvegen i området.	
Naturmangfald og naturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Landskap	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Klima	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar. Tiltak i området vil vere utsett for stormflo og havnivåstigning.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag. Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Det er naust i området allereie. Positivt med fortetting.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Teknisk infrastruktur	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdsone flaum. Sikringssone kraftlinje.	
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Estetikk og arkitektur	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Barn og unge	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategiar.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket har få negative konsekvensar.

Konklusjon:

Innspelet vert imøtekome.


Område nr. BFR20 - Dalsfjordområdet

Eigedom: 144/12
 Formål i dagens kommuneplan: Forretning i k-delplan for Dravlaus
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Naust
 Areal: 0,66

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Dravlausbygda og Innselet grendalag
 Ønskjer at område som er lagt ut til forretning vert lagt ut til naustformål

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Landbruk og jordressursar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Naturmangfald og naturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Landskap	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Klima	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag. Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Det ligg allereie naust og hus nær strandsona i området. Utbygging vil ikkje gi negative konsekvensar for strandsona.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Området må sikrast trafiksikker avkøyrsløse. Det er noko trøgt mellom fv og sjøen.	
Teknisk infrastruktur	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdsone flaun.	
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Estetikk og arkitektur	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Barn og unge	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er delvis i samsvar med arealstrategiane. Positivt med fortetting.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
 Tiltaket har få negative konsekvensar.

Konklusjon:
 Innspelet vert imøtekome.


Område nr. 23 - Vikebygda

Eigedom: 28/6
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-område
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Hytte
 Areal: 0,3 daa

Forslagsstiller:
 Skildring av tiltak:

Per Egil Vassbotn
 Ønskjer at eksisterand hytte vert lagt ut til
 hytteformål

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Landbruk og jordressursar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Naturmangfald og naturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Landskap	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Klima	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Hytta har tilkomst via tunet på gnr. 28, bnr. 6. Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Teknisk infrastruktur	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Estetikk og arkitektur	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Barn og unge	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Hytta eksisterer allereie. Tiltaket er i strid med arealstrategiar.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Det er snakk om ei eksisterande hytte, som er lagt ut som LNF-område i gjeldande plan. LNF-område bør vidareførast.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekomme.


Område nr. BFR25 - Folkestadområdet

Eigedom: 91/15
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-område k-delplan Bjørkedalen
 Gjeldande reuleringsplan: I
 Foreslått formål: Hytte
 Areal: 5,5

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Geir Magnus Lied
 Ønskjer at hyttetomta deira vert lagt ut til
 hytteformål

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar. Kan vere utsett for støy.	Green
Landbruk og jordressursar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Naturmangfald og naturmiljø	Området er ein del av det verna vassdraget Stigedalselva. Området inngår i beiteområde for hjort.	Yellow
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Landskap	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området grensar til det verna vassdraget Stigedalselva. Området har verdi for friluftslivet.	Red
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Klima	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Tomta grensar til Bjørkedalsvatnet. Bjørkedalsvatnet er ein del av det verna vassdraget Stigedalselva.	Red
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ny utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs vatnet.	Red
Samfunn		
Transport og trafikk	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Teknisk infrastruktur		?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdsone flaum. Verna vassdrag.	Red
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Estetikk og arkitektur	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Barn og unge	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Innspelet er i strid med arealstrategiar.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Ei utbygging kan få negative konsekvensar for vassdraget.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekome.


Område nr. BFR28 - Austefjordområdet

Eigedom: 42/2
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-område
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Hytter
 Areal: 9,1

Forslagsstiller:
 Skildring av tiltak:

Bernhard Rekkedal
 Ønsker at eksisterande hytter vert teke inn
 planen

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Landbruk og jordressursar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Naturmangfald og naturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Landskap	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Klima	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Teknisk infrastruktur		?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdsone skred.	
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Estetikk og arkitektur	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Barn og unge	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Eksisterande hytter.....	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
 Eksisterande hytter som inngår i aktsemdsomsone skred. Få negative konsekvensar.

Konklusjon:
 Innspelet vert imøtekome.



Område nr. BFR29 - Morkabygda

Eigedom: 14/2
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-område
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Hytter
 Areal: 2,5

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Ola Veddeng på vegne av Jermund Liaskar
 Ønskjer at område med eksisterande våningshus og vedahus vert lagt ut til hytter

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Landbruk og jordressursar	Delar av området er definert som fulldyrka jord av stor verdi. Uheldig med nedbygging.	Red
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert verdiar knytt til naturmangfald og naturmiljø i området.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Vedahuset er registrert i SEFRAK (bygning tidfesta frå 1800-talet).	Red
Landskap	Området er del av eit større landbruksområde. Nedbygging vil medføre store endringar.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar i høve til nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Klima	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsona eller langs vassdrag.	Green
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil kreve nye og/eller oppgradering av løysing for køyrande og gåande.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Tiltaket krev oppgradering i høve til VA.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Hytteformål vil ikkje påverke befolkningsutvikling og tenestebehov.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området manglar sløkkjevattn, der går høgspenteleidning i området, og eksisterande bygg er SEFRAK registrert.	Yellow
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar i høve til hytteformål.	Green
Estetikk og arkitektur	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Barn og unge	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Innspelet er i strid med arealstrategiar.	Red

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket er i strid med landbruk og jordressursar, kulturminne og kulturmiljø og er i strid med arealstrategiar.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekome.


Område nr. BFR30 - Dalsfjordområdet

Eigedom: 131/5
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-område
 Gjeldande reuleringsplan: Naust
 Foreslått formål: Hytter/rorbu
 Areal: 0,4

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Jon Steinar Steinsvik
 Ønskjer at parsellen vert lagt ut til hytte/
 rorbu

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Landbruk og jordressursar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Naturmangfald og naturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Landskap	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar. Området er utsett for havnivåstigning og stormflo.	
Klima	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ingen særskilde registreringar. Arealet er lagt ut til naustføremål i gjeldande reguleringsplan. Området grensar til eksisterande naust. Tiltaket vil ikkje gi negative konsekvensar for strandsona.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Det er ikkje avkøyrsløse frå fv.40 i dag. Dersom ein skal leggje til rette for hytte/rorbu, må det etablerast trafikkssikker avkøyrsløse.	
Teknisk infrastruktur	Tiltaket krev oppgradering i høve til VA.	?
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Hytte-/rorbuformål vil ikkje påverke befolkningsutvikling og tenestebehov.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdområde flaum.	
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Estetikk og arkitektur	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Barn og unge	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er delvis i samsvar med kommunen sine arealstrategiar.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Eventuell endring av formål frå naust til hytte/rorbu bør skje ved reguleringsendring.

Konklusjon:

Innspelet vert ikkje imøtekome.

Område nr. KU BKB2 - Volda sentrum

Eigedom: 19/2
 Formål i dagens kommuneplan: Allmennyttig
 Gjeldande reuleringsplan: 1971001 Skjervamarka
 Foreslått formål: Bustad, tenesteyting, allmennyttig
 Areal:

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Røysgarden Sameige
 Ønskjer å kunne bygge ut området med ein kombinasjon av bustad, tenesteyting, allmennyttige formål.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Kan vere utsett for støy. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Ikkje relevant jf. arealbruk i gjeldande plan.	
Naturmangfald og naturmiljø	Open mark i bebygd område. Det er registrert nær trua art i utkanten av området. Arten er relativt vanleg og tiltaket vil medføre liten endring jf. gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har verdi for kulturminne-/miljø. Ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Open mark i bebygd område. Tiltaket vil medføre liten endring jf. gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området har verdi for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Tiltaket legg til rette for større utbygging som bør kunne nytte framtidsette lavenergiløysingar.	
Klima	Større utbygging som gir raskare avrenning, må sikre gode stadlege løysingar for overvatn.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ikkje relevant.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte tilkomst frå eksisterande vegsystem. Ubetydeleg konsekvens.	
Teknisk infrastruktur	Behov for avklaring av kapasitet for spillvatn og overvatn før utbygging.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Kan gi auka folketal og tenestar i indre sentrumssone. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	(Vurdering av om nye utbyggingsområde kan gi endra risikobilde, eller utbyggingsområdet ligg i eit risikoutsett område. Kan gi endra behov for førebygging og normalisering ved uføresette hendingar.)	
Folkehelse	Gir mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar. Ubetydeleg konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Det er både større bygg og verdifulle bygningsmiljø inntil området. Må legge vekt på estetikk og arkitektur for å sikre at nye bygg bidreg til gode omgjevnader.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at arealet er viktig for barn og unge sin aktivitet. Porsemyrvegen er ein mykje nytta veg for barn og unge som dei oppfattar som farleg strekning. Må ta omsyn til dette i RP.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi om sentrumsutvikling og busetting.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Forslaget er i samsvar med fleire arealstrategiar og spesielt når det gjeld sentrumsutvikling. Bør vurdere å nytte sentrumsformål. Det er behov for areal til sentrumsfunksjonar både til tenesteyting og bustader. Tiltaket vil ha middels negativ konsekvens for fleire utgreiingstema. Desse utfordringane kan løysast gjennom krav til RP og rekkjefølgjekrav. Forslaget kan imøtekomast på vilkår av krav til RP.

Konklusjon:

Kan imøtekomast med krav til RP. Bør endrast til sentrumsformål.


Område nr. KU BKB6 - (Områdenemning, grunnkrins)

Eigedom: 70_1 m.fl.
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Bustader og hytter
 Areal: 92 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Austefjord grendautval.
 Potensielt område for Bustader og hytter.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Det er ikkje registrert forureiningskjelder i eller nær området. Krav til utsepp vert ivaretake i RP.	Green
Landbruk og jordressursar	Mindre delar er fulldyrka areal av stor verdi eller innmarksbeite. I stor grad lauvskog. Ikkje kjerneområde landbruk. Middels verdi og middels negativ konsekvens.	Yellow
Naturmangfald og naturmiljø	Arealet grensar til brakkvassdelta som er ein viktig naturtype og områda kring dette er viktige naturmiljø. Det er registrert leveområde for raudlisteart. Stor verdi og større utbygging vil ha stor negativ konsekvens.	Red
Kulturminne og kulturmiljø	Det er kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg i delar av området. Større utbygging vil måtte ta omsyn til dette. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Landskap	Området har gode visuelle kvalitetar. Utbygging kan endre landskap og gi nær og fjernverknad. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området viktig for friluftsliv eller som grønstruktur. Fleire i bustader i området kan bidra til eit rikare nærmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Større samla utbygging bør kunne nytte framtidsetta lavenergiløysingar.	Yellow
Klima	Ingen spesielle utfordringar. Vil gi auka behov for bil til og frå service- og tenestetilbod.	Yellow
Vassmiljø og verna vassdrag	Ligg ved brakkvassområde som det må takast omsyn til.	Yellow
Strandsone langs sjø og vassdrag	Store delar av området er funksjonell strandsone. Nedbygging av denne vil gi stor negativ konsekvens.	Red
Samfunn		
Transport og trafikk	Truleg behov for ny tilkomst frå Fylkesveg.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Truleg behov for nytt VA-anlegg.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Auka busetting kan gi betra driftsgrunnlag for skule og barnehage. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Det er registrert uakseptabel risiko på delar av området når det gjeld flaum, artar av nasjonal forvaltningsinteresse, samt høgspent gjennom området.	Yellow
Folkehelse	Avstandsmessig vil det vere muleg å gå og sykle til nokre daglege funksjonar og kvardagsaktivitetar. Men ein må nytte bil for å nå service- og tenestetilbod.	Yellow
Estetikk og arkitektur	Arealet har lite bebyggelse. Nye bygg kan truleg tilpasse seg bygg elles i området.	Green
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område er viktig for barn og unge sin aktivitet.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Området ligg ved bygdesenteret og er slik sett i samsvar med arealstrategi om busetting. Men her er ikkje handels-, tenestetilbod eller kollektivtilbod. Her er nokre hytter på ein mindre del av området og kan slik seiast å vere i samsvar med strategi om nye område for fritidsbustader.	Green

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Forslaget kan seiast å vere i samsvar med arealstrategiane. Her er likevel mange utfordringar som må løysast. Når det gjeld bustadbygging er det andre alternativ nærare skule og barnehage som heller bør byggast ut. For auka etablering av hytter er ein lite kjent med behov og etterspurnad. Med omsyn til dei utfordringane som er avdekt finn ein det ikkje rette å imøtekomme innspelet.

Konklusjon:

Ikkje imøtekomme.


Område nr. KU BN1 - Hjellane, Austefjorden

Eigedom: 52/2, 52/4 m.fl.
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Næringsareal
 Areal: ca 142 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Reidulv Langvatn
 Ønskjer å legge til rette for næringsaktivitet

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller nær området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP	Grøn
Landbruk og jordressursar	Skogsmark høg og middels bonitet, Middels negativ konsekvens.	Blå
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at området har spesiell verdi for naturmangfald og naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Arealet ligg ved eit vassdrag med gode visuelle kvalitetar med særpreg. Stor verdi. Oppføring av næringsbygg på flata ved vassdraget vil gi middels negativ konsekvens.	Blå
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området har spesiell verdi for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Det må settast krav om framtidretta lavenergiløysingar. Elles ingen spesielle utfordringar.	Grøn
Klima	Ingen spesielle utfordringar.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Liggå elvesletta til vassdrag med gode visuelle kvalitetar. Tiltaket vil truleg ikkje gi endra tilhøve for vassmiljøet. Ubetydeleg konsekvens.	Blå
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ligg meir enn 100 meter frå vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte eksisterande vegsystem.	Grøn
Teknisk infrastruktur	Må etablerast nytt VA-anlegg til området.	Blå
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Kan gi arbeidsplassar som kan vere med på å sikre busetting i området. Elles ingen negative konsekvensar.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området kan vere utsett for flaum og skred. er registrert artar av nasjonal interesse i området.	Raud
Folkehelse	Ingen spesielle konsekvensar.	Grøn
Estetikk og arkitektur	Området er ikkje bebygd.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området er viktig for barn og unge sin aktivitet.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Området ligg nær E39 og er såleis i samsvar med arealstrategi om lokalisering av næringsareal.	Grøn

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Det er ein uavklart situasjon med omsyn til ROS-utfordringar. Ein kjenner derfor ikkje til om området kan byggast ut. Det er derfor ikkje aktuelt å imøtekomme innspellet.

Konklusjon:

Ikkje imøtekomme.


Område nr. KU BN2 - (Områdenemning, Morkabygda)

Eigedom: 14/4
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reuleringsplan: E39 Volda - Furene 2016001
 Foreslått formål: Næringsareal
 Areal: 39,61 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Olav Arild Liaskar.
 Ønskjer å nytte arealet til uspesifisert næringsverksemd.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Området er utsett for støy som må kartleggast nærare, elles ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Yellow
Landbruk og jordressursar	Skogsmark svært høg bonitet og dyrka jord. Stor verdi. Nedbygging vil medføre sterk forringing og gi stor negativ konsekvens.	Red
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at området har særleg verdi for naturmangfald og naturmiljø. Nedbygging vil ha ubetydeleg konsekvens.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har særleg verdi for kulturminne eller kulturmiljø. Nedbygging vil ha ubetydeleg konsekvens.	Green
Landskap	Delar av området framstå som samanhengande landbruksområde med gode visuelle kvalitetar, medan det skogkledte området ikkje har særlege landskapsmessige kvkvalitetar. Nedbygging vil medføre middels negativ konsekvens.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Arealet har ingen verdi som nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Klima	Overvatn må løysast med løysingar innanfor området. Kanal/bekk gjennom området må ikkje leggjast i røyr.	Yellow
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ikkje relevant. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil krevje utbetra/ny tilkomst frå overordna vegnett.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Tiltaket krev ny VA-infrastruktur til området.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ikkje relevant for formålet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Kan vere knytt flaum/erosjonsfare til bekk/kanal gjennom området. Må avklarast i RP.	Yellow
Folkehelse	Det er tilgjenge til område via kollektivtransport. For dei fleste er det lite aktuelt å gå /sykle til området og tiltaket vil kunne gi auka bilbruk.	Yellow
Estetikk og arkitektur	Området er ikkje bebygd. Ny bebyggelse kan vere med på å urbanisere området. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil kunne legge til rette for næringsareal langs hovudvegnett og er slik sett i samsvar med arealstrategi om næringsliv. Vil kunne vere noko i strid med arealstrategi om sentrumsutvikling og transport og kommunikasjon og Landbruk.	Yellow

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket er klart i strid med arealstrategi for landbruk, har store negative konsekvensar for landbruk og vil ha middels negative konsekvensar for fleire utgreiingstema. Ein stor del av arealet er sett av til riggområde i samband med tunnel Volda - Furene og vil ikkje kunne utnyttast til anna formål før vegprosjektet er gjennomført. Arealbruk er vurdert i reguleringsplan godkjent i 2018 der ein konkluderte med at framtidig arealbruk skal vere jordbruksareal. Området er eit viktig strategisk område for vidareutvikling av handels- og næringsverksemd i Furene, som eit viktig regionalt knutepunkt. Istdenfor tilbakeføring til jordbruk kan vi tilrå å nytte arealet til framtidig handels og næringsareal.

Konklusjon:

Kan imøtekomast på vilkår av rekkjefølgjekrav.


Område nr. KU BN3 - Områdenemning, Austefjorden

Eigedom: 50/1
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål:
 Areal: Næringsareal/vegservice
 ca. 13 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Austefjord grendautval
 Vegservice.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Området er utsett for støy som må kartleggast nærare, elles ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Yellow
Landbruk og jordressursar	Fulldyrka jord av stor verdi som inngår i kjerneområde. Nedbygging vil ha stor negativ konsekvens.	Red
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at området har særleg verdi for naturmangfald og naturmiljø. Nedbygging vil ha ubetydeleg konsekvens.	Green
Kulturminne og kulturmiljø	Automatisk freda kulturminne. Stor negativ konsekvens.	Red
Landskap	Framstår som samanhengande landbruksområde med gode visuelle kvalitetar. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Arealet har ingen verdi som nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Klima	Det er fleire bekkar i området der ein må omsyn til auka vassmengder som følgje av klimatilpassing.	Yellow
Vassmiljø og verna vassdrag	Ingen spesielle utfordringar.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ligg nær Storevatnet i Austefjordvassdraget. Ligg på motsett side av E39 og tiltak vil ikkje ha særleg betydning for vassdraget.	Green
Samfunn		
Transport og trafikk	Ligg ved E39 med streng haldning til avkøyrsler. Kan vere utfordrande med utvida bruk av avkøyrsle.	Yellow
Teknisk infrastruktur	Tiltaket krev ny VA-infrastruktur til området.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ikkje relevant for formålet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ligg i område med risiko for skred, flaum/erosjon	Red
Folkehelse	Ikkje relevant for formålet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Estetikk og arkitektur	Ikkje bebygd landbruksområde. Ny bebyggelse vil mest sannsynleg bryte med eksisterande busetnad i nærområdet.	Yellow
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil kunne legge til rette for næringsareal langs hovudvegnett og er slik sett i samsvar med arealstrategi om næringsliv.	Green

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Sjølv om forslaget er i samsvar med arealstrategi om næringsareal lang hovudvegnettet vil det ha såpass store konsekvensar for mange utgreiingstema. Særleg gjeld dette Landbruk og kulturminne. Tiltaket ligg også i området med uakseptabel risiko når det gjeld fleire ROS-tema. Det er ikkje aktuelt å imøtekomme forslaget.

Konklusjon:

Ikkje imøtekomme.



Område nr. KU BN4 - (Områdenemning, Austefjorden)

Eigedom: 62/1, 62/2, 62/3, 63/, 63/1, 63/3-4, m.fl.
 Formål i dagens kommuneplan: LNF-spreidd bustad
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: Næringsareal
 Areal: ca. 390 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Austefjord grendautval
 Areal for generell næringsverksemd.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller nær området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP	Grøn
Landbruk og jordressursar	Skogsmark middels og låg bonitet. Dyrka jord i kjerneområde, høg verdi og dyrkbar jord. Stor negativ konsekvens.	Rød
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at området har spesiell verdi for naturmangfald og naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap		Gul
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området har spesiell verdi for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Det må settast krav om framtidretta lavenergiløysingar. Elles ingen spesielle utfordringar.	Grøn
Klima	Ingen spesielle utfordringar.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Delar av området ligg ved vassdrag med gode visuelle kvalitetar. Tiltaket vil truleg ikkje gi endra tilhøve for vassmiljøet. Ubetydeleg konsekvens.	Gul
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ligg meir enn 100 meter frå vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte tilkomst Røfsholen. Ikkje gang/sykkelveg til skule, barnehage eller idrettsanlegg. Det er høg fart og tidvis høg trafikk på riksvegen. Middels negativ konsekvens.	Blå
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil kunne utnytte eksisterande infrastruktur nær området. Ubetydeleg konsekvens.	Blå
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i eit området utan nærleik til tenestar. Middels negativ konsekvens.	Blå
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ligg i område med verna vassdrag og det er eit lite bekkefar som ein må ta omsyn til.	Blå
Folkehelse	Området ligg i for stor avstand frå sentrumsområde til at gang og sykkel vert nytta til dei fleste kvardagsfunksjonane. Middels negativ konsekvens.	Blå
Estetikk og arkitektur	Grensar til eit mindre bustadfelt. Ny bebyggelse men kan truleg tilpasse seg dei bygde omgjevnadane. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi om spreidd busetnad på bygdene.	Grøn

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket er i samsvar med arealstrategi om spreidd busetnad. Det ligg i tilknytning til kommunalt opparbeidd bustadfelt med tekniske anlegg og god tilkomst. Sjølv om det er ledig utvidingsareal tilknytt bustadfeltet i gjeldande plan finn ein å kunne imøtekomme innspellet.

Konklusjon:

Ikkje imøtekomme.


Område nr. KU LSB 16 - Hjartåbygda

Eigedom: 37/1, 37/2, m.fl.
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: LNF-spreidd bustad
 Areal: 75 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Hjartåbygda grendautval
 Ønskjer å opne for eit større område til
 spreidd bustadbygging.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Skogsmark med høg bonitet. Tiltaket vil kunne forringe denne verdien. Middels negativ konsekvens.	Blå
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at området er viktig for naturmangfald eller naturmiljø. Har truleg noko verdi som funksjonsområde for vanlege artar i området. Tiltaket vil ikkje forringe verdiane i særleg stor grad. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller at området er del av viktig kulturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Arealet ligg i overgangen mellom jordbruksareal og naturområde med skogkledte område. Området har gode visuelle kvalitetar og har middels verdi. Tiltaket vil i mindre grad forringe området. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området er viktig friluftslivsområde. Tiltaket vil i mindre grad forringe verdiane. Middels negativ konsekvens.	Blå
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsone langs sjø eller vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Må truleg ha nye tilkomstvegar frå Åsemyra. . Ikkje gang/sykkelveg til skule og barnehage. Det er lav trafikk på vegnettet. Middels negativ konsekvens.	Blå
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil kunne utnytte eksisterande infrastruktur nær området. Ubetydeleg konsekvens.	Blå
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i eit området utan nærleik eller godt busstilbod til tenester. Middels negativ konsekvens.	Blå
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Det går kraftlinje gjennom området.	Blå
Folkehelse	Området ligg i for stor avstand frå sentrumsområde til at gang og sykkel vert nytta til dei fleste kvardagsfunksjonane. Middels negativ konsekvens.	Blå
Estetikk og arkitektur	Området har bustadbebyggelse men tiltaket kan truleg tilpasse seg dei bygde omgjevnadane. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi om spreidd busetnad på bygdene.	Grøn

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket er i samsvar med arealstrategiar om spreidd busetnad på bygdene. Det kan vere vanskeleg å bygge ut området med enkeltståande bustader utan samla plan. Forslaget kan imøtekomast som bustadareal med krav om reguleringsplan som sikrar gode tilkomstløysingar og avgrensing mot friluftsområdet.

Konklusjon:

Kan imøtekomast som bustadareal, med krav om RP.


Område nr. KU LSB21 - Bjørkedalen

Eigedom: 95/7, 95/5
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: LNF-spreidd bustad
 Areal: 4 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Bjørkedal grendautval

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Dyrka jord av middels verdi.	Blå
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at området er viktig for naturmangfald eller naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller at området er del av viktig kulturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Arealet ligg i landbruksområde. Området har gode visuelle kvalitetar med høg verdi. Tiltaket vil i mindre grad forringe området. Middels negativ konsekvens.	Blå
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området er viktig for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket ligg innanfor område for verna vassdrag. Tiltaket er lite og har ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg nær Laurdalselva som er ein del av det verna Stigedalsvassdraget. Tiltaket er lite og har ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte tilkomst frå eksisterande kommunal veg. Ikkje gang/sykkelveg til skule, barnehage eller idrettsanlegg. Det er høg fart og tidvis høg trafikk på riksvegen. Middels negativ konsekvens.	Blå
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil kunne utnytte eksisterande infrastruktur nær området. Ubetydeleg konsekvens.	Blå
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i eit området utan nærleik til tenestar. Middels negativ konsekvens.	Blå
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ligg i område med verna vassdrag og aktsemdsområde for flaum for delar av området.	Blå
Folkehelse	Området ligg i for stor avstand frå sentrumsområde til at gang og sykkel vert nytta til dei fleste kvardagsfunksjonane. Middels negativ konsekvens.	Blå
Estetikk og arkitektur	Grensar til eit mindre tun. Ny bebyggelse kan truleg tilpasse seg dei bygde omgjevnadane. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi om spreidd busetnad på bygdene.	Grøn

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket gir mulegheit for spreidd busetnad på bygdene. Del av området kan vere utsett for flaum. Det foreslåtte området bør kanskje inngå i eit større areal for spreidd bustadbygging, alternativt bør ein sette av tomta som bustadformål.

Konklusjon:


Kan imøtekomast.

Område nr. KU LSB20 - (Områdenemning, grunnkrins)

Eigedom:
Formål i dagens kommuneplan:
Gjeldande reuleringsplan:
Foreslått formål:
Areal:

Forslagsstillar:
Skildring av tiltak:

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Dyrka jord av middels verdi. Middels negativ konsekvens.	Blå
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert artar av særleg stor forvaltningsinteresse i området . Tiltaket er lite og vil medføre ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller funn av kulturminne. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Arealet ligg i landbruksområde. Området har gode visuelle kvalitetar med høg verdi. Tiltaket vil i mindre grad forringe området. Middels negativ konsekvens.	Blå
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området er viktig for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Ingen særskilde konsekvensar.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg i lett tilgjengeleg strandsone med fleire bustadbygg. Tiltaket vil ikkje medføre vesentleg endra situasjon. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Bør kunne nytte tilkomst frå eksisterande avkøyrslar frå fylkesvegen. Ikkje ønskeleg med tilkomst direkte frå fylkesvegen.	Grøn
Teknisk infrastruktur	Kan truleg nytte eksisterande infrastruktur.	Grøn
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil ikkje påverke befolkningsutvikling og tenestebehov. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ingen spesielle utfordringar.	Grøn
Folkehelse	Tiltaket vil gi auka befolkning i eit området utan nærleik eller busstilbod til tenester. Middels negativ konsekvens. Middels negativ konsekvens.	Blå
Estetikk og arkitektur	Området har ikkje bebyggelse, men kan truleg tilpasse seg dei bygde omgjevnadane. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i stor grad i samsvar med arealstrategiar om spreidd busetnad.	Grøn

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Tiltaket gir mulegheit for spreidd busetnad på bygdene. Det er fleire bustader i området og det foreslåtte arealet bør kanskje inngå i eit større areal for spreidd bustadbygging.

Konklusjon:

Kan imøtekomast.


Område nr. KU LSB22 - Nesja, Rovde

Eigedom: 167_16, 167_9 m.fl.
 Formål i dagens kommuneplan: Industri/næring
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: LNF-spreidd bustad
 Areal: 20,8 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Velsvik og Lauvstad grendalag
 Ønskjer å legge til rette for spreidd bustad-
 bygging.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Er sett av til industriområde i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Naturmangfald og naturmiljø	Er sett av til industriområde i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Er sett av til industriområde i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Er sett av til industriområde i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Er sett av til industriområde i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Ingen spesielle utfordringar. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Delar av tiltaket ligg 100-metersbeltet langs sjø. Bør vurdere byggegrense mot sjø. Middels negativ konsekvens.	Gul
Samfunn		
Transport og trafikk	Bør kunne nytte eksisterande avkøyrsløse frå Fylkesvegen. Ikkje gang/sykkelveg til skule og barnehage. Middels negativ konsekvens.	Grøn
Teknisk infrastruktur	Må truleg etablere ny VA-infrastruktur. Middels negativ konsekvens.	Grøn
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i eit området utan nærleik eller godt busstilbod til tenester. Middels negativ konsekvens.	Grøn
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Det går kraftlinje gjennom området.	Grøn
Folkehelse	Området ligg i for stor avstand frå sentrumsområde til at gang og sykkel vert nytta til dei fleste kvardagsfunksjonane. Middels negativ konsekvens.	Grøn
Estetikk og arkitektur	Området har ingen bebyggelse. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket ligg ikkje i tilknytning til anna busetnad og er slik sett ikkje i samsvar med arealstrategi om spreidd busetnad på bygdene.	Raud

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Forslaget er ikkje i samsvar med arealstrategi og er alt sett av til industri/næring i gjeldande plan. Det er uheldig å opne eit heilt nytt område for busetting, når der er fleire andre område for spreidd bustader som ikkje er bygd ut.

Konklusjon:

Ikkje imøtekomme.

Område nr. KU LSB23 - (Områdenemning, Velsvika)

Eigedom:
Formål i dagens kommuneplan:
Gjeldande reuleringsplan:
Foreslått formål:
Areal:

Forslagsstillar:
Skildring av tiltak:

Velsvik og Lauvstad grendalag
Ønskjer å legge til rette for spreidd bustad-
bygging.

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Utmarks-/innmarksbeite, nært aktivt landbruk. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert artar av særleg stor forvaltningsinteresse i området . Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller funn av kulturminne. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Tiltaket vil ligge i eit beiteområde. Tiltaket vil medføre eit nytt tiltak i eit område utan bustader frå før og kan forringe landskapsverdiene noko. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området er viktig for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Ingen særskilde konsekvensar.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsona.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Bør kunne nytte tilkomst frå eksisterande avkøyrslar frå fylkesvegen. Ikkje ønskeleg med tilkomst direkte frå fylkesvegen.	Grøn
Teknisk infrastruktur	Kan medføre behov for investeringar i infrastruktur.	Yellow
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Vi gi auka busetting i område utan etablerte offentlege tenestar. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Mindre bekkefar gjennom området, elles ingen spesielle utfordringar.	Yellow
Folkehelse	Tiltaket vil gi auka befolkning i eit området utan nærleik eller godt busstilbod til tenester. Middels negativ konsekvens. Middels negativ konsekvens.	Yellow
Estetikk og arkitektur	Området har ikkje bebyggelse, men kan truleg tilpasse seg dei bygde omgjevnadane. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er ligg i forlenging av område for spreidd bustadbygging i eksisterande arealdel og er slik sett i samsvar med arealstrategiar om spreidd busetnad.	Grøn

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Det er uehdig å opne eit nytt område for busetting, når der er fleire andre område for spreidd bustader som ikkje er bygd ut.

Konklusjon:

Ikkje imøtekome.


Område nr. xx - (Områdenemning, grunnkrins)

Eigedom: 22/3
 Formål i dagens kommuneplan: LNF
 Gjeldande reuleringsplan:
 Foreslått formål: LNF-spreidd bustad
 Areal: 3,9 daa.

Forslagsstillar:
 Skildring av tiltak:

Kari Kile
 Ønsker å legge til rette for spreidd bustad-
 bygging.

Kartutsnitt
 t.v. gjeldande plan
 t.h. innspel




Tema	Vurdering	Konse- kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	Grøn
Landbruk og jordressursar	Dyrkbart innmarksbeite. Har truleg alternative areal. Middels negativ konsekvens.	Blå
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert artar av særleg stor forvaltningsinteresse i området . Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller funn av kulturminne. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Landskap	Tiltaket vil ligge i eit beiteområde. Tiltaket vil medføre eit nytt tiltak i eit område utan bustader frå før og kan forringe landskapsverdiene noko. Middels negativ konsekvens.	Blå
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området er viktig for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Klimaendringar	Ingen særskilde konsekvensar.	Grøn
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsona.	Grøn
Samfunn		
Transport og trafikk	Bør kunne nytte eksisterande veginfrastruktur.	Grøn
Teknisk infrastruktur	Kan medføre behov for investeringar i infrastruktur.	Blå
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Vi gi auka busetning i område utan etablerte offentlege tenestar. Middels negativ konsekvens.	Blå
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Mindre bekkefarar i øvre del av området, elles ingen spesielle utfordringar.	Blå
Folkehelse	Tiltaket vil gi auka befolkning i eit området utan nærleik eller godt busstilbod til tenestar. Middels negativ konsekvens. Middels negativ konsekvens.	Blå
Estetikk og arkitektur	Området har ikkje bebyggelse, men kan truleg tilpasse seg dei bygde omgjevnadane. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Grøn
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er ligg i forlenging av område for spreidd bustadbygging i eksisterande arealdel og er slik sett i samsvar med arealstrategiar om spreidd busetnad.	Grøn

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:

Det er eit større område for spreidd utbygging i området og det er uheldig å opne enno eit nytt område for spreidd busetning, når eksisterande område for spreidd bustader ikkje er bygd ut.

Konklusjon:

Ikkje imøtekomme.




Volda kommune		
Komuneplanens arealdel 2007 - 2012		
Teiknforklaring	Nåværende	Framtidig
Kommuneplanar PBL 2008		
Bustader	B	B
Fritidsbustad	BFR	BFR
Sentrumformål	BS	BS
Foreningar	BF	BF
Offentleg eller privat tenesteyting	BOP	BOP
Fritids- og turismformål	BFT	BFT
Råstofutvinning	BRU	BRU
Næringsbygningar	BN	BN
Næringsvirksomhet	BN	BN
Ideleggsanlegg	BIA	BIA
Andre typar bygningar og anlegg	BAB	BAB
Grav- og urnelund	BGU	BGU
Kombinert bygge- og anleggsformål	BKB	BKB
§11-7. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Fjernveg		
Hovveg		
Hovveg		
Adkomstveg		
Gang/sykkelveg		
Gang/sykkelveg		
Skipsteid		
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (areal)	S	S
Veg	SV	SV
Hamn	SHA	SHA
Parkeringsplassar	SPA	SPA
§11-7. Nr. 3 - Grønnstruktur		
Grønnstruktur	G	G
Naturområde-grønnstruktur	GN	GN
Friområde	GF	GF
Park	GP	GP
§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift		
Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (LNFR)		
LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og garantert næringsverksområde basert på ressursgrunnlaget på garden	L	L
LNFR areal for spreide bustader- fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m. Uttykket m.m. indikerer anlegg og bygningar som ikkje er ledd i landbruk	LS	LS
Spreide bustader	LSB	LSB
Spreide fritidsbustader	LSF	LSF
Spreide næringsbygningar	LSN	LSN
§11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone		
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	V	V
Småbåthamn	VS	VS
Fiske	VFI	VFI
Akvakultur	VA	VA
Naturområde	VN	VN
Friluftsområde	VFR	VFR
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhørende strandsone	VKA	VKA
§11-8 - Omsynssoner		
Omsyns friluftsliv		
Bevaring naturmiljø		
Bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova		
Bandlegging etter lov om kulturminne		
Bandlegging etter andre lover		
Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde		
§12-7 - Bestemmelsesområder		
krav om reguleringsplan		
Linjesymbol		
Planens begrensning		
Arealgrense		
Byggelinje		
Forbudsgrense sjøen		
Strandlinje sjø		
Strandlinje vassdrag		
Grense for angitt hensynssone		
Grense for båndleggingssone		

Dette er eit foreløpig arbeidsutkast der ikkje alle planformål er oppdatert og kvalitetssikra. Plankartet kan bli endra fram mot utlegging til offentleg ettersyn og høyring.

Kartopplysningar		Ekvidistans: 5 m	
Kjelde for basiskart:		Kartmålestokk: 0:024275	
Dato for basiskart:		0 10 20 30 40	
Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84		NN2000	
Høgdegrunnlag:		N	
Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030		Arealplan-ID: 1519_2016005	
Med tilhørende foresigner		Forslagstillar: Volda kommune	
Volda kommune			
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA		SAKS-NR.	DATO
Dato	Revisjon		
Dato	Revisjon		
Dato	Revisjon		
Kommunestyret sitt vedtak			
Ny 2. gangs handtering			
Offentleg ettersyn frå			
2. gangs handtering			
Offentleg ettersyn frå			
1. gangs behandling			
Kommisjonen er oppstart av planarbeid			
Oppstartsmøte			
PLANEN ER UTARBEID AV:		TEGNSNR.	DATO
		KPA-01	19.09.2018
Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak		SIGN.	HI

UTKAST



Volda kommune		Nåværende	Framtidig
Kommuneplanens arealdel 2007 - 2012			
Teiknforklaring			
Kommuneplanar PBL 2008			
Bustader	B	B	
Fritidsbustead	BFR	BFR	
Sentrumformål		BS	
Foreningar	BF		
Offentleg eller privat tenesteyting	BOP	BOP	
Fritids- og turistformål	BFT	BFT	
Råstoffutvinning	BRU		
Næringsbygningar	BN		
Næringsverksamhet	BN	BN	
Ideitsanlegg	BIA		
Andre tytar bygningar og anlegg	BAB	BAB	
Grav- og urnelund	BGU		
Kombinert bygge- og anleggsformål	BKB	BKB	
§11-7. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur			
Fjernveg			
Fjernveg	S		
Hovedveg	SV		
Hovudveg			
Adkomstveg	SHA		
Gang/sykkelveg			
Gang/sykkelveg			
Skipsteid			
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (areal)			
Veg	SPA		
Hamn			
Parkeringsplassar			
§11-7. Nr. 3 - Grønnstruktur			
Grønnstruktur	G	G	
Naturområde-grønnstruktur	GN		
Friområde	GF		
Park	GP		
§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift			
Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (LNFR)			
LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardsalliert næringsverksamhet basert på ressursgrunnlaget på garden	L		
LNFR areal for spredde bustader, fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m. Uttykket m.m. indikerer anlegg og bygningar som kjipe er leidd i landbruk	LS		
Spredde bustader	LSB	LSB	
Spredde fritidsbustead	LSF		
Spredde næringsbygningar	LSN		
§11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone			
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	V		
Småbåthamn	VS		
Fiske	VFI		
Akvakultur	VA	VA	
Naturområde	VN		
Friluftsområde	VFR		
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhørende strandsone	VKA	VKA	
§11-8 - Omsynssoner			
Omsyn friluftsliv			
Bevaring naturmiljø			
Båndlegging for regulering etter plan- og bygningslova			
Båndlegging etter lov om kulturminne			
Båndlegging etter andre lover			
Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde			
§12-7 - Bestemmelsesområder			
krav om reguleringsplan			
Linjesymbol			
Planens begrensning			
Arealgrense			
Byggegrense			
Forbudsgrense sjøen			
Strandlinje sjø			
Stendrinne vassdrag			
Grense for angitt hensynssone			
Grense for båndleggingsone			

Dette er eit foreløpig arbeidsutkast der ikkje alle planformål er oppdatert og kvalitetssikra. Plankartet kan bli endra fram mot utlegging til offentleg ettersyn og høyring.


Kartopplysningar	Kjelder for basiskart:	Ekvidistanse: 5 m
	Dato for basiskart:	Kartmålestokk: 0:1024275
	Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84	0 10 20 30 40 m
	Høgdegrenslag: NN2000	


	Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 Med tilhørende foresigner Volda kommune	Arealplan-ID: 1519_2016085
		Fordagsgjallar: Volda kommune

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA			
SAKS- NR.	DATO	SIGN.	
Kommunestyret sitt vedtak			
Ny 2. gangs handtering			
Offentleg ettersyn frå			
2. gangs handtering			
Offentleg ettersyn frå			
1. gangs behandling			
Kommisjonering av oppstart av planarbeid			
Oppstartsmøte			
PLANEN ER UTARBEIDD AV:			
	TEGNERS	DATO	SIGN.
	KPA-01	19.09.2018	HI

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

UTKAST





Kommuneplanens arealdel 2007 - 2012

Teiknforklaring

	Nåværende	Framtidig
Kommuneplan PBL 2008		
§11-7. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg		
Bustader	B	B
Fritidsbustad	BFR	BFR
Sentrumformål	BS	BS
Foreninger	BF	BF
Offentleg eller privat tenesteyting	BOP	BOP
Fritids- og turismformål	BFT	BFT
Råstofutvinning	BRU	BRU
Næringsbygningar	BN	BN
Næringsverksamhet	BN	BN
Idearlegg	BIA	BIA
Andre typar bygningar og anlegg	BAB	BAB
Grav- og urnelund	BGU	BGU
Kombinert bygge- og anleggsformål	BKB	BKB
§11-7. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Fjernveg	S	S
Fjernveg	SV	SV
Hovveg	SHA	SHA
Adkomstveg	SPA	SPA
Gang/sykkelveg		
Gang/sykkelveg		
Skipstred		
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (areal)		
Veg		
Hamn		
Parkeringsplassar		
§11-7. Nr. 3 - Grønnstruktur		
Grønnstruktur	G	G
Naturområde-grønnstruktur	GN	GN
Friområde	GF	GF
Park	GP	GP
§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift		
Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift (LNFR)		
LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og garantert næringsverksområde basert på ressursgrunnlaget på garden	L	L
LNFR areal for spreide bustader- fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m. Uttykket m.m. indikerer anlegg og bygningar som ikkje er ledd i landbruk	LS	LS
Spreide bustader	LSB	LSB
Spreide fritidsbustad	LSF	LSF
Spreide næringsbygningar	LSN	LSN
§11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone		
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	V	V
Småbåthamn	VS	VS
Fiske	VFI	VFI
Akvakultur	VA	VA
Naturområde	VN	VN
Friluftsområde	VFR	VFR
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhørende strandsone	VKA	VKA
§11-8 - Omsynssoner		
Omsyn friluftsv		
Bevering naturmiljø		
Bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova		
Bandlegging etter lov om kulturminne		
Bandlegging etter andre lover		
Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde		
§12-7 - Bestemmelelsesområder		
krav om reguleringsplan		
Linjesymbol		
Planens begrensning		
Arealgrense		
Byggegrense		
Forbudsgrense sjøen		
Strandlinje sjø		
Størandlinje vassdrag		
Grense for angitt høgde		
Grense for båndleggingssone		

Linjesymbol

Planens begrensning
Arealgrense
Byggegrense
Forbudsgrense sjøen
Strandlinje sjø
Størandlinje vassdrag
Grense for angitt høgde
Grense for båndleggingssone

Dette er eit foreløpig arbeidsutkast der ikkje alle planformål er oppdatert og kvalitetssikra. Plankartet kan bli endra fram mot utlegging til offentleg ettersyn og høyring.

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart: Ekvidistane: 5 m
 Kartmål: 1:5000
 Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
 Høgdegrenning: NN2000

Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030
 Med tilhørende foresigner
 Volda kommune

Arealdel-ID: 1519_2016005
 Forlagsskilt: Volda kommune

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA		SAKS- NR.	DATE	SIGN.
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak				
Ny 2. gangs handtering				
Offentleg ettersyn frå				
2. gangs handtering				
Offentleg ettersyn frå				
1. gangs behandling				
Kommisjonen av oppstart av planarbeid				
Oppstartsmøte				
PLANEN ER UTARBEID AV:				
		TEGNSNR.	DATE	SIGN.
		KPA-01	19.09.2018	HI

Det stadfesta at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

UTKAST



FØRESEGNER OG RETNINGSLINER KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Volda kommune

Arbeidsutkast. Dato: 27. august 2018

Kommuneplanen sin arealdel er utarbeid med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 11-5. Kommuneplanen sin arealdel består av ein planomtale, plankart og føresegner. Dette dokumentet inneheld føresegner og retningsliner knytt til Volda kommune sin kommuneplan.

Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk og vert lagt til grunn ved all planlegging og sakshandsaming av enkeltsaker innan planområdet. Det er ikkje høve til å ta i bruk, dele og/eller bebygge ein eigedom på anna måte enn det som er fastsett på plankartet eller i føresegnene, jf. pbl § 1-6.

Retningsliner er ikkje juridisk bindande. Retningslinene utfyllar føresegnene og angir viktige omsyn og vurderingstema for vidare planlegging, forvaltning og sakshandsaming. Retningslinene viser også til temaplanar, temakart og nasjonale eller lokale rettleiarar. Retningsliner er vist i *kursiv*.

Kommunen sine parkeringsvedtekter (frå 2005) basert på plan- og bygningslova frå 1985 vert erstatta av føresegner i dette dokumentet.

	INNLEIING	s. 2
	INNHALD	s. 3
	FØRESEGNER	s. 4
1	Verknad av planen (pbl § 11-5)	s. 4
1.1	Planar som vert oppheva	
2	Generelle føresegner til kommuneplanen sin arealdel (pbl § 11-9)	s. 5
2.1	Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)	s. 5
2.2	Krav til reguleringsarbeid (pbl § 11-9 nr. 8)	s. 5
2.3	Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr. 2)	s. 9
2.4	Krav til infrastruktur (pbl § 11-9 nr. 3)	s. 9
2.5	Rekkjefylgjekrav (pbl § 11-9 nr. 4)	s. 10
2.6	Byggegrenser (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 10
2.7	Universell utforming (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 10
2.8	Leike-, ute og opphaldsplassar (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 11
2.9	Skilt og reklame (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 11
2.10	Sykkelparkering (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 12
2.11	Parkeringsplassar for bil (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 13
2.12	Avkøyrsløse frå kommunal veg (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 14
2.13	Estetikk (pbl § 11-9 nr. 6)	s. 14
2.14	Omsyn til eksisterande bygningar og anna kulturmiljø (pbl § 11-9 nr. 7)	s. 15
2.15	Landskap og grøntstruktur (pbl § 11-9 nr. 6)	s. 16
3	Retningslinjer til kommuneplanen sin arealdel	
3.1	Senterstruktur og funksjonsfordeling (handel mv.)	
4	Føresegner til arealformål (pbl § 11-10 og 11-11)	
4.1	Bebyggelse og anlegg (pbl § 11-10)	
4.2	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-10)	
4.3	Grønnstruktur (pbl § 11-10)	
4.4	Landbruks-, natur- og friluftformål (pbl § 11-11)	
4.5	Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl § 11-11)	
5	Føresegner til omsynssoner (pbl § 11-8)	
5.1	Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11-8a)	
5.2	Særlege krav til infrastruktur (pbl § 11-8b)	
5.3	Særlege omsyn (pbl § 11-8c)	
5.4	Bandlegging (pbl § 11-8d)	
5.5	Krav om felles planlegging (pbl § 11-8e)	
5.6	Sone der reguleringsplan framleis skal gjelde (pbl § 11-8f)	
6	Retningslinjer for handsaming av frådelings- og byggjesaker	
6.1	Handsaming av søknader om dispensasjon frå planen	

1 Verknad av planen (pbl § 11-5)

1.1 Planar som vert oppheva

Fylgjande kommune- og kommunedelplanar vert oppheva som følgje kommuneplanen sin arealdel:

Namn:	Planid:
- Kommuneplanen sin arealdel	1990004
- Kommunedelplan for Aldalen og Hjartåbygda	1996003
- Kommunedelplan for Bjørkedalen	2003004
- Kommunedelplan for Dalsbygd	1994008
- Kommunedelplan for Dravlaus	1994009
- Kommunedelplan for Folkestad	2006001
- Kommunedelplan for Fyrde	1993002
- Kommunedelplan for Grøndalen	1997009
- Kommunedelplan for Høydal	1994005
- Kommunedelplan for Lid og Berknes	1990009
- Kommunedelplan for Steinsvik og Åmelfot	1994006
- Kommunedelplan for Straumshamn	1994007
- Kommunedelplan for Ulvestadbygda	1994010
- Kommunedelplan for Volda sentrum	2007010
- Kystsoneplanen	2003001

Fylgjande reguleringsplanar vert oppheva som følgje av kommuneplanen sin arealdel:

Namn:	Planid:
-	
-	

Områder der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde er markert i plankartet med omsynssone xxx og er lista opp under kapittel x.x Omsynssoner. Ved eventuell motstrid går ny plan med føresegner føre eldre plan for same areal.

2 Generelle føresegner til kommuneplanen sin arealdel (pbl § 11-9)

2.1 Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)

§ 2.1.1 Områder med plankrav

- I område for Bebyggelse og anlegg, i område avsett til Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur og for større tiltak i område avsett til Grønstruktur kan tiltak etter § 1-6, jf. kap. 20 i pbl inkludert frådelling, ikkje setjast i verk før områda inngår i godkjend reguleringsplan.
- Områder med krav om områderegulering er vist i tabell 1. Områda med krav om detaljregulering kan også inngå i ein større områderegulering der dette er føremålstenleg.

Områderegulering jf. pbl § 12-2
--

BX, BX, BX

Tabell 2.1: Kvart av områda med krav om detaljreguleringsplan skal planleggast samla, med mindre det kan dokumenterast som forsvarleg å dele områda i fleire delområde.

§ 2.1.2 Utarbeiding av detaljregulering

Der det i gjeldande reguleringsplan er krav om utbyggingsplan eller bebyggelsesplan (§ 28-2 i pbl av 1985), skal det heretter utarbeidast detaljregulering.

Områder med plankrav bør så langt råd planleggast samla. Dersom dette ikkje vert gjort, må det dokumenterast at det er forsvarleg å dele dei opp i fleire delområde.

§ 2.1.3 Unntak frå plankrav

For bustadområde som i dag er heilt eller delvis utbygde til bustadføremål, men som ikkje har gjeldande reguleringsplan, kan fylgjande byggast ut utan plankrav: Nye bustadar med maks to bueiningar eller tilbygg/påbygg, bruksendring, garasje og liknande på bebygd eigedom. Føresegnene i kapittel 4.1: Bebyggelse og anlegg skal leggast til grunn ved slik utbygging. Utbyggingsprosjekt med to eller fleire bustadbygg skal regulerast.

2.2 Krav til reguleringsarbeid (pbl § 11-9 nr. 8)

§ 2.2.1 VA-rammeplan

For alle planframlegg med bebyggelse og anlegg skal det utarbeidast ein VA-rammeplan (overordna vass- og avlaupsplan) i samsvar med kommunen sin VA-norm.

VA-rammeplanen tek for seg tema som grøfter og leidningsutføring, overvatn, sløkkevatn, spillvatn, vatn- og avlaupsanlegg og vassforsyning.

§ 2.2.2 Handtering av overvatn

- Handsaming av overvatn skal vere utgreiingstema ved alle planar for utbygging. Ny utbygging skal ikkje medføre auka utslepp til vassdrag i form av forureining.
- Ved berekning av overvatn og vassvegar skal ein legge til grunn 200-års flaum med 40 % klimapåslag som dimensjonerande faktor.
- Overvatn skal hovudsakleg takast hand om lokalt og ope, dvs. gjennom infiltrasjon og fordrøyning i grunnen og opne vassvegar, utslepp til resipient, eller på annan måte utnytta som ressurs, slik at vatnet sitt naturlege kretsløp vert ivareteke og naturen si sjølvreinsingsevne vert utnytta. Ein skal prøve å få til fleirfunksjonelle løysingar.
- Ved regulering og seinast ved søknad om tiltak, skal det gjennomførast ROS-analyse som dokumenterer korleis avrenninga og avrenningsfarta endrast og vert teke i vare.

§ 2.2.3 Krav til sløkkevatn

Tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet skal undersøkast og gjerast greie for ved alle utbyggingar.

§ 2.2.4 Flaumvegar

- Naturlege flaumvegar skal kartleggast og det skal visast korleis dei vert teke i vare. Der det er behov skal det avsettast areal for nye flaumvegar.
- Bygningar og anlegg ved flaumvegar skal utformast slik at tilstrekkeleg tryggleik både innanfor og utanfor reguleringsområdet er teke i vare.

§ 2.2.5 Havnivåstigning og stormflo (bølgjepåverknad)

- Reguleringsplanar og tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 (byggesak) som rører ved sone for havnivåstigning, skal planleggast og utformast slik at ein oppnår tilstrekkeleg sikkerheit. Behov for risikoreduserande tiltak skal alltid vurderast.
- Vurderingar knytt til havnivåstigning, stormflo og bølgjepåverknad skal utførast etter gjeldande råd frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.
- Ved tiltak i strandsona skal det takast omsyn til nivået for 200-års stormflo. Fundament og lager kan etablerast lågare så framt konstruksjonen er dimensjonert for 200-års stormflo, jf. pbl § 11-9, nr. 5.

§ 2.2.6 Skred- og flaumfare

- Sikkerheit i høve til skred skal dokumenterast i samband med utarbeiding av reguleringsplan. NVE sine gjeldande retningsliner skal leggjast til grunn i plan- og byggesakshandsaminga.
- Bygningar og anlegg skal utformast på ein slik måte at naturlege flaumvegar vert ivaretekne og slik at ein oppnår tilstrekkeleg sikkerheit mot flaumskadar.
- I 100-metersbeltet langs sjøen, og for område langs vassdrag og større elvar inntil 50 m frå strandlinje målt i horisontalplanet ved høgste vanlege flaumvasstand, skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. pbl § 1-8. Langs mindre elvar og bekkar gjeld ei grense på 20 meter.

§ 2.2.7 Forureina grunn

Alle tiltak skal planleggast og gjennomførast slik at forureining frå grunnen ikkje kan føre til helse- eller miljøskade.

I område der det kan være forureina grunn, skal tiltakshavar sørge for at det blir utført nødvendige undersøkingar for å få klarlagt omfanget og verknaden av ei eventuell forureining. Dersom forureining vert påvist, skal det utarbeidast og godkjennast ein tiltaksplan, jf. forurensningsforskriften kap. 2.

§ 2.2.8 Støy

- Alle tiltak skal planleggast slik at støytilhøva innandørs og utandørs vert tilfredsstillande. Miljødepartementet sin Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442), skal leggjast til grunn for planlegging og tiltak etter pbl § 20-1.

Retningslinene skal også fylgjast ved planlegging av landingsplass og nye trasear for helikopterflyging.

Ved etablering av støyfølsame bruksformål kan kommunen krevje ein støyfagleg utgreiing dersom det ikkje er utarbeida støysonekart for området, og dersom ein har grunn til å tru at støynivået overskrider nedre grense for gul sone. Med støyfølsame bruksformål meinast barnehagar, bustadar, fritidsbustadar, pleieinstitusjonar, skular og sjukehus.

- Ved etablering av nye bygningar med støyfølsame bruksformål i gul sone, skal det utarbeidast ein støyfagleg utgreiing som synleggjer støynivå ved ulike fasadar på dei aktuelle bygningane, og på uteopphaldsareal. Det tillatast støyfølsam bruksformål i gul støysona, dersom bebyggelsen har ein stille side og tilgang til egne uteopphaldsareal med tilfredsstillande støynivå.
- I raud støysona tillatast det ikkje støyfølsam arealbruk. Etablering av nye bustadar kan likevel vurderast i indre sentrumssone og andre viktige fortettingsområde langs kollektivtrasear dersom bueningane er gjennomgåande og har ein stille side. Minst halvparten av rom for varig opphald og minst eit soverom skal vende mot stille side. Støykrav for uteopphaldsareal skal vere tilfredsstillt.

Støyande næringsaktivitet bør ikkje etablerast i same bygning som bustadar. I plan- og byggesaker for støyande næringsverksemd skal det fastsettast maksimumsgrenser for støy for tidsrommet 23.00—07.00 og på søn- og heilagdag, maksimumsgrenser for dag og kveld og ekvivalente støygrenser.

Ved planforslag eller søknad om tiltak som kan auke støytilhøva, kan kommunen krevje ein støyfagleg utgreiing med berekning og kartfesting av støysoner. Utgreiinga skal vise påverknad på nærliggande støyfølsame bruksformål og innehalde forslag til avbøtande tiltak med vurdering av effekten av desse.

Det tillates ikke støyfølsam bebyggelse i raud støysoner med brudd på forurensningsforskriften.

§ 2.2.9 Hushaldningsavfall og næringsavfall

- a. Det skal leggest ved ein plan for oppsamling og tømning av avfall.
- b. Nedgravde avfallsløysningar for husholdningar skal vere universelt utforma.
- c. Krav til avfallsløysing for nye hushald etter bustadtettleik:

Oppsamlingstype	Tal bustadar
Småbeholdar på hjul	under 10 bustadar
Nedgreve avfallsløysing (eller tilsvarende løysingar)	Over 10 bustadar

Tabell 2.2: Krav til avfallsløysing for nye hushald etter bustadtettleik.

- d. Handtering av næringsavfall skal løysast på eigen grunn og fortrinnsvis innomhus. Utomhus skal det tilstrebast nedgravde oppsamlingsløsninger. Nedgravde avfallsløsninger skal være universelt utformet.

Under planlegging, etablering og drift må ein vere særskilt merksam på fylgjande tilhøve:

- Det bør etablere rutinar for samhandling med andre organ som har ansvar for infrastruktur på og under bakken (elektrisitet, tele, kabel-TV, fjernvarme, veg, vatn og avlaup) ved planlegging av tiltak.
- Plasseringa må ikkje vere til hinder for vedlikehald av kommunale vegar, fortau og plassar. Det må takast særskilt omsyn til snøbrøyting og snøopplag.
- Det skal takast omsyn til bustadmiljø og omgjevnader ved val av plassering.
- Tiltaket må visast i teknisk plan og takast med i utbyggingsavtaler.
- God tilkomst og tryggleik må vektleggjast.
- Fleire sorteringsfraksjonar kan bli aktuelle og dette må det takast omsyn til ved planlegging av nye tiltak.
- Det skal leverast data av innmålte tiltak til kommunen på format som kan leggjast inn i kommunal kartbase.
- Nedgravne avfallsløysingar skal ikkje medføre luktplager for omgjevnadene.

2.2.10 Krav til bygge- og anleggsfasen

- a. Krav til bygge- og anleggsfasen skal vurderast i reguleringsplanen.

I reguleringsplanen kan ein t.d. vurdere tidsavgrensingar knytt til støy i bygge- og anleggsfasen, føresegner knytt til massetransport eller krav til tiltak for mjuke trafikantar.

- b. For å oppnå akseptable støy- og luftkvalitetstilhøve i anleggsfasen, skal støygrenser som angitt for bygge- og anleggsverksemd i Miljøverndepartementet sine Retningslinjer for behandling av støy i arealplanleggingen (T-1442), og luftkvalitetsgrenser angitt i Retningslinjer for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520), vere rettleiande.
- c. Det skal settast krav om plan for vern av omgjevnadene i bygge- og anleggsfasen, som skal godkjennast før igangsettingsløyve vert gitt. Planen skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, massehandtering, driftstider, trafikktryggleik for gåande og sykklande, støytilhøve, ristingar og vibrasjonar, reinhald og støvdemping. Naudsynte tiltak skal vere etablert før bygge- og anleggsarbeid kan settast i gong.

§ 2.2.11 Energibruk i bygg

- a. Ved planlegging av tiltak skal miljøvennlege alternative energikjelder/løysingar vurderast.
- b. Ved lokalisering og orientering av bebyggelse skal det takast omsyn til klimatiske tilhøve, inkludert sol, vind, kaldras o.l. på ein slik måte at ein reduserer energiforbruket mest mogleg.

§ 2.2.12 Barn og unge

- a. I all planlegging skal ein ta omsyn til barn og unge sine aktivitetsområde og ferdselsårer. Det skal takast særleg omsyn til trafikk sikre snarvegar, gang- og sykkelforbindelsar og varierte aktivitetsområde. Der det er gjennomført registreringar av barnetrakk skal desse takast omsyn til.
- b. Det skal synleggjerast korleis krav til leikeplassar er oppfylt (sjå krav i kapittel 2.8).

- c. Barn og unge skal inviterast til å medverke i saker som angår dei.
- d. Planar som gjeld barn og unge skal leggast fram for barne- og ungerepresentanten. Barne- og ungerepresentanten skal ha ein aktiv rolle i planprosessen.

§ 2.2.13 Folkehelse

- a. Folkehelse skal vere eit overordna prinsipp i alle planar.

Virkemidler for å fremme folkehelsen kan blant annet være universell utforming, miljøfaktorer (støy og luftkvalitet), andre helsefremmende faktorer (tilgang til grøntarealer, tilrettelegging for fysisk aktivitet, solforhold), kriminalitets- og ulykkesforebygging og tiltak for å utjamne sosiale helseforskjellar, som sosiale møteplassar. Reguleringsplan skal gjere rede for verknadar for folkehelse i planområdet og i influensområder.

§ 2.2.14 Transport

- a. Det skal takast omsyn til verknadar for trafikktryggleik og framkome på berørt vegnett. Tilgjenge for gåande, syklende og reisande med kollektivtransport skal visast.
- b. Kollektivtransporten sin framkome skal sikrast på alle hovudruter.
- c. Hovudruter for sykkel skal sikrast og etablerast i samsvar med Hovudplan for sykkel. Nye utbyggingsområder skal leggast til rette med effektive sykkelforbindelsar til hovudvegnettet.
- d. Korte og trafikk sikre gang samband til viktige målpunkt, inkludert lokale tenestetilbod og kollektivhaldeplassar, skal takast i vare.
- e. I nye bustadområde skal ferdsselsårar for gåande og syklende vurderast isolert.

Gåande og syklende går ikkje alltid langs bilvegane, men nyttar snarvegar der det er mogleg. I reguleringsplanar for nye bustadområde skal ein vurdere ferdsselsårar for gåande og syklende isolert, og legge til rette for effektive snarvegar/gang- og sykkelvegar uavhengig av kvar bilvegane går.

Statens vegvesen sine handbøker N100 Veg og gateutforming og N200 Vegbygging skal vere rettleiande for dimensjonering og utforming av gang- og sykkelvegar. Hovudstrukturen skal ha universell utforming. Dersom korte gang samband ikkje kan foreinast med universell utforming, skal ulike kompromissar vurderast.

- f. Ved etablering av næringsverksemd skal det leggast til rette for trafikk sikker og effektiv varelevering, primært på eiga grunn.
- g. Hovud-, og samle- og sidevegar skal gi god og trafikk sikker framkome. Dette oppnår ein ved ein restriktiv haldning til nye avkøyrsløse og opparbeiding av sikre traséar og kryssingspunkt for gåande og syklende (sjå temakart infrastruktur).
- h. Langs kommunale vegar tillatast ikkje tiltak som kan hindre opplag av snø innanfor ein avstand av minimum to meter frå ytre vegkant eller regulert vegkant.

§ 2.2.15 Parkering

- a. Planframlegget må vise korleis parkeringsbehovet er løyst for planområdet.

§ 2.2.16 Bevaring av matjord i utbyggingsområder

- a. I reguleringsplanar og tiltak der jordvernet må vike for utbyggingsføremål skal det settast krav om utarbeiding av ein plan for bevaring eller gjenbruk av matjord. Planen skal godkjennast av landbruksavdelinga og fylgje ved søknad om rammeløyve.
- b. Gjenbruk av matjord skal knytast til nydyrking, jordforbetring eller andre jordbruksføremål. Det krevjast dokumentasjon på at matjord som flyttast skal nyttast til jordbruksføremål eller deponerast på godkjent deponi for mellomlagring.

Det er utbygger sitt ansvar å ta i vare matjorda og sjå til at den vert nytta i tråd med føresegnene. Transport av massane skal vere innan rimeleg avstand. Dokumentasjon skal visast ved rammesøknad og kan til dømes vere skriftleg avtale mellom utbygger og grunneigar.

§ 2.2.17 Retningslinjer for privat framlegg til detaljregulering

2.3 Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr. 2)

§ 2.3.1 Geografisk avgrensing

- a. Det kan inngåast utbyggingsavtale i heile kommunen når ein eller fleire føresetnadar om avtaleinngåing er til stades.
- b. Det kan gjerast meir spesifikke vedtak i samsvar med pbl kapittel 17.

§ 2.3.2 Innhald i utbyggingsavtalar

Utbyggingstaler skal vere underteikna før igangsettingsløyve gis, der utbygging i samsvar med vedteke arealplan (kommuneplan, kommunedelplan eller reguleringsplan) med tilhøyrande føresegner også føreset bygging eller oppgradering av offentlege anlegg og/eller tilpassing til slike anlegg. Med offentlege anlegg meinast alle anlegg/tiltak som er vist som offentleg regulerte formål i reguleringsplan eller som fylgjer av føresegner til planen (som til dømes teknisk infrastruktur og offentlege friområde. Som offentlege anlegg reknast også anlegg knytt til overvatn, renovasjonsanlegg og leidningar for vatn, avlaup, fjernvarme mv.).

§ 2.3.3 Bustadsosiale tiltak

Utbyggingsavtale føresetast inngått der kommunen ynskjer å stille krav om tal bustadar i eit område, største og minste bustadstørrelse, nærare krav til bygningars utforming og/eller fortrinnsrett til å kjøpe ein del av bustadane til marknadspris (jf. pbl § 17-3).

§ 2.3.4 Hovudprinsipp for kostnadsfordeling

Utbyggjarar innanfor eit utbyggingsområde ber sjølv alle utbyggingskostnadar med tilrettelegging av teknisk og blå-grøn infrastruktur som er naudsynt for det enkelte prosjekt eller tiltak (jf. pbl § 17-3).

2.4 Krav til infrastruktur (pbl § 11-9 nr. 3)

§ 2.4.1 Tekniske anlegg og tenester

Oppstart av anlegg på utbyggingsområde kan ikkje skje før kommunaltekniske anlegg og samfunnstenester som energiforsyning, kommunikasjon mv., er etablert eller sikra tilfredsstillande kapasitet.

§ 2.4.2 Vatn og avlaup

- a. Offentlege anlegg for vatn og avlaup skal utformast og byggast i samsvar med kommunen sine gjeldande reglar for vatn og avlaup (VA).
- b. Einskild anlegg utanfor dekningsområde til offentleg VA skal dimensjonrast i samsvar med gjeldande reglar for vatn og avlaup i Volda kommune.
- c. Anlegg for vatn og avlaup i område med fire eller fleire bustadar eller fritidsbustadar, skal vere fellesanlegg dimensjonert i samsvar med reglar for vatn og avlaup.

§ 2.4.3 Vegnett

- a. Alle søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-1 skal legge særleg vekt på tilgjenge for gåande, syklende og reisande med kollektivtransport, og trafikktryggleik på vegnettet. Hovudplan for veg og Volda kommune sin trafikktryggingssplan skal ligge til grunn for tiltak.
- b. Veg-, gang-, og sykkelnett skal dimensjonrast og byggast ut i samsvar med Hovudplan for veg.

§ 2.4.4 Ekomnett (elektronisk kommunikasjonsnett)

Ved regulering eller utbygging av større tiltak knytt til infrastruktur (som til dømes vegprosjekt, leidningsnett, kraftliner, el.) skal det ved behov samtidig leggast til rette for utbetring av ekomnettet (breidband).

2.5 Rekkjefylgjekrav (pbl § 11-9 nr. 4)

§ 2.5.1 Rekkjefylgjekrav

Før framtidige utbyggingsområder takast i bruk skal følgjande tilhøve vere tilfredsstillande teke i vare:

- Naudsynt teknisk infrastruktur (avlaup, energiforsyning, gang- og sykkelveg, overvatn, parkering, renovasjon, sykkelparkering, vatn, veg, veglys, mv.).
- Blå-grønstruktur (t.d. uteopphaldsareal, friområde, leikeplassar og tilkomstar til overordna grønstruktur og gang- og sykkelvegnett).
- Trafikksikre løysningar for mjuke trafikantar, som trygge skulevegar og generelt trygge tilbod langs vegar og ved kryssingspunkt, skal vere etablert før utbyggingsområde takast i bruk.

§ 2.5.2 Rekkjefylgjekrav til bestemte delområde

2.6 Byggegrenser (pbl §11-9 nr. 5)

§ 2.6.1 Langs vassdrag

- a. I plansamanheng skal det setjast av tilstrekkeleg breidde på vegetasjonsbeltet langs vassdrag som er del av grønstrukturen.
- b. For vassdrag med årssikker vassføring: der anna ikkje er fastsett i planen, gjeld generelle kantsonar frå normal strandlinje: 20 meter på kvar side av elver og bekkar, 50 meter på kvar side av større elver, tjørn og vatn.
- c. Tiltak som fremmar friluftslivet kan tillatast så fremt det ikkje går ut over viktige økologiske funksjonar langs vassdraget.

§ 2.6.2 Langs sjø

- a. For nye byggeområde innanfor 100-metersbeltet skal ny byggegrense mot sjø fastsetjast gjennom reguleringsplan.
- b. Der hovudvegnettet ligg nærare sjøen enn 100 m er vegen grense for byggeforbodet. 100-metersgrensa gjeld for alle andre område der anna ikkje er fastsett i kommune- eller reguleringsplan.
- c. Tiltak som fremmar friluftslivet kan tillatast så fremt det ikkje går ut over viktige økologiske funksjonar i strandsona.

§ 2.6.3 Langs kommunale vegar

- a. Der ikkje anna er fastsett i reguleringsplan skal byggegrensene gå i ein avstand på 15 meter frå kommunale vegar. For gang- og sykkelveg er avstanden også 15 meter (jf. veglova § 29). Avstanden skal reknast frå midtlina i høvevis kjørebana, eller gang- og sykkelvegen.
- b. Byggverk må ikkje utan særskilt løyve plasserast innafør byggegrensene (jf. veglova § 30). Det same gjeld for vareramper, murar og liknande innretningar, og gjerde som kan hindre fri sikt.
- c. Kommunen kan gje påbod om at tre, busker og anna vegetasjon innanfor byggegrenser vert fjerna eller skorne ned dersom det er naudsynt av omsyn til ferdsel eller vegvedlikehald (jf. veglova § 31).

2.7 Universell utforming (pbl § 11-9 nr. 5)

§ 2.7.1 Universell utforming

- a. I alle plan- og byggesaker skal det gå fram korleis universell utforming vert ivareteke. Arbeid som er nemnt i pbl § 20-1 og 20-2 kan ikkje settast i gang før tilfredsstillande løysningar for universell utforming er dokumentert, jf. § 5-4 i byggesaksforskriften.
- b. Krav til tilgjengelegheit i TEK17 § 12-2 tredje ledd gjeld sjølv om ikkje alle hovudfunksjonar ligg på inngangsplanet.

Nye bustadar bør planleggast med alle hovudfunksjonar (stue, kjøkken, soverom, bad og toalett) på inngangsplanet.

2.8 Leike-, ute- og opphaldsplassar (pbl § 11-9 nr. 5)

Alle bueiningar skal som hovudregel ha tilgang til ein nærleikeplass og ein kvartalsleikeplass i gangavstand frå bustad, i samsvar med tabellen under. Privat uteoppfallsareal kjem i tillegg.

	Maksimal avstand frå bustad	Minimum storleik	Innhald
Minste uteoppfallsareal (MUA)	Del av tomta.	MUA skal være minst 20 % av bruksarealet for bebyggelse på ein tomt.	
Nærleikeplass (5–20 bueiningar per leikeplass)	Konsentrert småhusbusetnad i indre sentrumssone og blokkbusetnad: 50 m Frittliggende småhusbusetnad og konsentrert småhusbusetnad utanfor indre sentrumssone: 100 m	200 m ²	Minst to leikeapparat/ installasjonar, benkar, bord, vegetasjon. Både fast og mjukt dekke.
Kvartalsleikeplass (20–200 bueiningar per leikeplass)	300 m	1500 m ²	Minst fire leikeapparat/ installasjonar, benkar, bord, vegetasjon, klatretre. Både fast og mjukt dekke.

Tabell 2.3: Avstands- og arealkrav knytt til MUA, nær- og kvartalsleikeplassar.

§ 2.8.1 Krav til minste uteoppfallsareal (MUA)

- MUA skal være minst 20 % av bruksarealet for bebyggelse på ei tomt.
- Areal sett av til uteoppfallsareal skal som hovudregel ikkje vere brattare enn 1:3.

Uteoppfallsareal er dei delane av tomta som er egna til føremålet og som ikkje er bebygd eller avsett til køyring og parkering. Teknisk forskrift inneheld krav til plassering og utforming av uteoppfallsareal. Overbygd del av terrassar og takterrassar kan reknast som uteoppfallsareal. Kommunen kan i reguleringsplanar sette nærare krav til MUA.

§ 2.8.2 Krav til nær- og kvartalsleikeplassar

- Planlegging og opparbeiding av nær- og kvartalsleikeplassar skal gjerast i samsvar med krav og retningsliner i Volda kommune sin Rettleiar for leike- og aktivitetsområde.
- Kostnader knytt til opparbeiding og drift må avklarast i utbyggingsavtalen.

2.9 Skilt og reklame (pbl § 11-9 nr. 5)

§ 2.9.1 Plassering

- Oppføring av skilt og reklameinnretningar er søknadspliktig jf. pbl § 30-3 og veglova § 33.
- Skilt skal tilfredsstille krav til trafikktryggleik og viktige siktlinjer inn og ut av uterom og gater.
- Lausfotreklame skal ikkje settast opp i offentlig regulert vegareal (veg, fortau, rabatt). Lausfotreklame skal vere retta mot gåande. Plasseringa skal ta i vare krav til universell utforming og fjernast i butikken si stengetid.
- Takskilt og skilt på gesims er ikkje tillate.
- Bevegelege lys og bevegelege skilt tillatast ikkje. Digitale tavler er tillate når desse tek i vare trafikktryggleik og er utforma for de gåande.

Reklameskilt skal tilpassast eksisterande busetnad og omgjevnadar i størst mogleg grad. Dei skal ha storleik, farge og utforming som ikkje er skjemmaende. I område med bevaringsverdig bygningsmiljø eller område avsett til spesialområde bevaring/omsynssone eller anna verna busetnad, skal det ved utforming av skilt etter søknad utvisast særleg omsyn til eksisterande bebyggelse. Reklameskilt i anlegg som ligg i nærleiken av natur- og friluftsområde skal formgjevast og plasserast slik at dei ikkje reduserer opplevinga av omgjevnadane for dei som ferdast i området.

Kommunen kan krevje at skilt- og reklameinnretningar vert fjerna i samsvar med lovverk nemnd i § 2.9.1.

2.10 Sykkelparkering (pbl § 11-9 nr. 5)

§ 2.10.1 Lokalisering

- Oppstillingsplass for sykklar avsettast på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter.
- Verksemder skal ha lett tilgjengelege sykkelplassar for besøkande nær inngangsparti. Der det er mogleg bør gangavstand til næraste sykkelparkering vere under 25 meter. Parkeringa bør lokaliserast på ein oversikteleg stad med god belysning i område der folk ferdast, slik at sykkeltjuveri i størst mogleg grad forhindrast.

§ 2.10.2 Tal plassar

- Alle nye tiltak skal ha minimum tal sykkelparkeringar som vist i tabell x.

Institusjon	Minimum tal sykkelparkeringar
Bustad	2 plassar per bustad
Skule	0,7 plassar per elev/tilsett
Omsorgsinstitusjonar	0,4 plassar per tilsett + gjesteplassar
Bedrift/kontor/industri	0,4 plassar per tilsett + gjesteplassar
Forretning/detaljhandel/kjøpesenter	2 plassar per 50 m ² + 0,4 plassar per tilsett
Kultur- og idrettsarenaer	2 sykkelplassar per 10 tilskoderplass
Kollektivknutepunkt	5–10 % av tal reisande per dag


Tabell 2.4: Parkeringstabell for sykklar.

- Større sykkelparkeringsplassar, som til dømes ved boligsameigar, kollektivknutepunkt, arbeidsplassar eller studiestader skal tilby ladepunkt for elsyklar.

2.10.3 Utforming

- Sykelstativa skal plasserast slik at syklane ikkje står for tett på kvarandre, og slik at det er tilstrekkeleg plass til å manøvrere syklane inn og ut av stativa.

Figuren under viser døme på storleik for rett sykkelparkering med manøvreringsareal.



Figur 2.1: Dimensjonering av sykkelparkering (mål i meter). Figuren er henta frå Statens vegvesen si sykkelhåndbok.

- Ferdigattest/bruksløyve vert ikkje gjeve før parkeringskravet er stetta sykkelparkeringsplassar er ferdig opparbeidd.

Anbefalingar for å sikre god kvalitet på sykkelstativ:

- Lett å få auge på – nær vegnett, godt skilta.
- Sjå innbydande ut – estetisk tilpassast omgjevnadar og øvrig gatemøblering.
- God tilkomst, opplyst.
- Ligge tett ved målet – plassert ved inngang/utgang.
- Ligge på naturleg rute mot målet – plassert på rett side.
- Tilstrekkeleg tal plassar.
- Sikra mot vør og vind – overdekt eventuelt dekkjer sykkelseta.
- Passe til alle typar sykklar. Lett å bruke.
- Sikra mot tjuveri – sykkelramme og for- eller bakhjul må kunne låsast fast i stativet.
- Lett å reinhalde og vedlikehalde – til dømes plassering med tanke på gatefeing.

2.11 Parkeringsplassar for bil (pbl § 11-9 nr. 5)

§ 2.11.1 Parkering, personbilar

a. Alle nye tiltak skal ha minimum tal parkeringsplassar som vist i tabell x.x og x.x.

	Indre sentrumssone	Midtre sentrumssone	Øvrige område
Hybler/ettromsleilegheiter < 40 m²	0,25 per bueining	0,25 per bueining	1 per bueining
Konsentrert småhusbebyggelse og blokkbebyggelse	1 + 0,25 til gjesteparkering per bueining	1,5 per bueining	2 per bueining, der minst 1 må vere overdekt
Frittliggande småhus	1 per bueining	2 per bueining, der minst 1 må vere overdekt	2 per bueining, der minst 1 må vere overdekt

Tabell 2.5: Parkeringstabell bustadhus.

Kontor og forretning	1 bil pr 50 m ² BRA
Industri, verkstad og lager	1 bil per 100 m ² brutto golvflate BTA.
Bilverkstader og servicestasjonar	3 bilar per 100 m ² brutto golvflate BTA.
Hotel	2/3 plass per utleigerom
Restaurantar, kafear ol	1 bil per 5 innandørs sitjeplassar
Skular og barnehagar	1 bil per tilsett
Sjuka- og aldersheimar	1 bil per sengeplass
Forsamlingslokale, her under kyrkjer, bedehus, ungdomshus/grendahus, teater og kino	Fastsettast etter skjønn, men minst 1 biloppstillingsplass pr. 10 personar ved maks. kapasitet
Fritidsbustadar	1 per fritidsbustad + 0,25 til gjesteparkering
For andre bygningar og anlegg	Fastsettast etter skjønn

Tabell 2.6: Parkeringstabell offentlege bygg, næringsbygg mm.

- b. Parkeringsplassar skal etablerast på eigen grunn eller fellesareal.
- c. Ved utforming av parkeringsplassar skal Statens vegvesen si handbok N100 Veg og gateutforming vere rettleiande.
- d. I tilknytning til offentlege bygg, næringsbygg, forsamlingslokale og større bustadprosjekt skal minst 10 % av dei fyrste hundre parkeringsplassane, deretter 5 % for dei neste, utformast og reserverast personar med nedsett funksjonsevne.
- e. Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass for bygging av offentlege parkeringsanlegg. Kommunen kan krevje at tiltakshavar inngår avtale om betaling av nærare utrekna beløp før igangsetjingsløyve vert gjeve. Avtalen skal kunne tinglysast på eigedom. Endeleg innbetaling av fastsett/avtalt beløp skal gjerast seinast når bygget/anlegget vert teke i bruk.
- f. Frikjøp kan kun tillatast dersom det finst offentlege tilgjengelege parkeringsanlegg innan ein gangavstand på 200 m, og der slik parkering kan prioriterast.
- g. Beløp pr. manglande parkeringsplass er fastsett til kr 150 000. Denne summen står fast ut 2018 og vert der etter regulert kvart år pr. 1. januar (første regulering 01.01.2019) i takt med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for boligblokk. Basis: Indeksen pr. januar 2018.

§ 2.11.2 Parkering, elbil

- a. Ved etablering av nye bustadar med felles parkeringsanlegg skal minst 50 % av parkeringsplassane ha ladepunkt for elbilar, og det skal leggast til rette med naudsynt infrastruktur for at resten av parkeringsplassane kan få ladepunkt i framtida.
- b. Ferdigattest/bruksløyve vert ikkje gjeve før parkeringsplassane er ferdig opparbeidd, og ladepunkt og naudsynt infrastruktur er etablert.
- c. Ved etablering av større parkeringsplassar, som til dømes ved boligsameigar, kollektivknutepunkt, arbeidsplassar eller studiestader, skal minst 20 % av parkeringsplassane ha ladepunkt for elbilar, og det skal leggast til rette med naudsynt infrastruktur for at resten av parkeringsplassane kan få ladepunkt i framtida. Ladepunkta skal vere utforma etter gjeldande retningsliner for elektriske anlegg.
- d. Ved etablering av nye bensinstasjonar, eller ved renovering av eksisterande bensinstasjonar, skal det etablerast hurtiglادepunkt.

§ 2.11.3 Unntak

- a. I staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal, kan kommunen godkjenne at kravet om biloppstillingsplasser dekkast i separate anlegg eller på areal som er regulert til trafikkområde - parkering, når dette kan betre parkeringstilhøva.
- b. Avtale om ein slik ordning skal tinglyst.

2.12 Avkøyrsløse frå kommunal veg (pbl § 11-9 nr. 5)

§ 2.12.1 Avkøyrsløse frå kommunal veg

- a. Opparbeiding eller endring av avkøyrsløse frå kommunal veg skal vere i samsvar med kommunen sin hovudplan for veg, og godkjennast av kommunen. Plassering og utforming skal visast på situasjonsplan.
- b. Dersom avkøyrsløse vert bygt eller nytta i strid med eller utan godkjenning, kan det gjevast pålegg om at avkøyrsløse skal stengast, flyttast på eller utarbeidast på nytt i samsvar med føresegner på den ansvarlege sin kostnad, jf. veglova § 42.

2.13 Estetikk (pbl § 11-9 nr. 6)

§ 2.13.1 Estetikk og visuell kvalitet

- a. Nybygg og tilbygg/påbygg skal utformast i samspel med omgjevnadene sin karakter og form. Bygningar skal ha form, farge, volum og materialval tilpassa omgjevnadene, dei skal innordne seg terreng, vegetasjon og tomtestruktur, fremje gode gate- og uterom, og ta vare på og utvikle eksisterande vegetasjon og landskapsbilete. Kulturminne med høg verdi og kulturverdiar i bygg og anlegg skal takast i vare, både ved ombyggingar og nybygging. I plan- og byggesaker skal det gjerast ei vurdering av tiltaket sine estetiske sider, både i forhold til seg sjølv, til omgjevnadene og til fjernverknad. Ved utbygging skal det så langt råd er, leggast vekt på å ta vare på overordna grøntdrag.
- b. Dokumentet Bygningsmiljø og estetisk rettleiar skal ligge til grunn for planar og tiltak.

Tiltak i strandsona

- *Der kommuneplanen opnar for fritidsbustadar i strandsona, skal slike bygg utformast utan ruvande volum og med vekt på å ta vare på strandsonenaturen sin karakter.*
- *Sterk fargebruk, også kvit farge, må nyttast med varsemd og med omsyn til karakteren i eventuell kringliggjande busetnad. Visuelle kvalitetar i naturleg terreng og vegetasjon skal søkjast verna.*
- *Anlegg i strandsona skal utformast slik at ein unngår unødige omfattande framføringar av tilkomstvegar. Tilkomst skal i størst mogleg grad samordnast.*

Indre sentrumssone

- *Områdeutbygging i indre sentrumssone skal regulerast med sikte på ein heilskapleg utforming av sentrumsområdet, med vekt på identitet, kvalitet, estetikk og urbane kvalitetar.*
- *Planlegging og utbygging skal styrkje Volda sitt særpreg, og ein skal ta vare på smug, fjordgløtt, uthus og grønne lunger, og sikre eit ope sentrum mot fjorden.*
- *Planframlegg skal følgjast av illustrasjon som realistisk viser korleis ny utbygging vil framtre i høve til annan busetnad og landskap.*

Tiltak i eller nær særlege kulturmiljø eller gamal busetnad

- *Nye bygg i tilknytning til verneverdig miljø skal utformast med omtanke for heilskapen i det aktuelle miljøet.*

Det må dokumenterast med teikningar og utgreiing at tiltaket tek tilstrekkeleg omsyn til miljøet både når det gjeld storleik, proporsjonar, material- og fargebruk.

- Nye bygg skal som regel ikkje vere stilkopiar av tidlegare bygg på tomta eller nabobygg, men fortelje gjennom formgjeving og materialbruk om eigen tidsepoke. Dette gjeld og ved tilbygg til eksisterande bygg. Unntak frå dette er der det av antikvariske grunnar vert tilrådd gjenreising (til dømes ved brannskader og liknande), eller der det er aktuelt å flytte verneverdige bygg som vert rivne andre stader.

Spreidd busetnad

- Der det blir opna for spreidde enkelthus eller bustadklynger, skal desse tilpassast etablert bustadmiljø og landskap i nærområdet.
- Små, spreidde reiselivsbygg skal like eins normalt lokalisert og leggast slik at dei føyer seg etter landskapsforma og utnyttar landskapselement.
- Bustadhus knytt til gardsbruk, skal plasserast i eit harmonisk tilhøve til eksisterande gardstun og ta omsyn til kulturlandskapet. Så langt det høver, skal nye bustadhus lokalisert i tilknytning til tunet. Bygningen si orientering, volum og proporsjonar skal supplere og vidareføre det eldre tunet sin visuelle karakter.

Ombygging, tilbygg og garasjar

- Ved tilbygging til eksisterande bustadhus eller fritidsbustadar skal opphavleg bygningsvolum – også takform – som ein hovudregel framleis få teikne seg tydeleg.
- I proporsjonar, takform, materialbruk og detaljering skal det takast omsyn til eigenarten av eksisterande bygningar. Der ein i tilbygget søker formuttrykk som er avvikande frå eldre bygning, skal det liggje føre ei fagleg estetisk grunngjeving.
- Tiltaket skal bidra til at uteareal framleis er tiltalende og held god visuell standard.

Uteområde mellom husa/eigedomar

- Nødvendige eller planlagde omformingar av terrenget skal gå klart fram av situasjonsplanen. I bratte tomter skal dei visuelle konsekvensane av omforminga av terrenget illustrerast på ein god måte. Det kan krevjast vurdering av alternative løysingar i slike saker.

Lyssetting og kvalitetskrav

- Det skal innarbeidast estetiske vurderingar i gatebruksplanar og opparbeidingsplanar når det gjeld lyssetting av gater, strøk, enkeltbygg, fasaderekker og landemerke. Det skal setjast tekniske og estetiske kvalitetskrav til det tekniske utstyret. Det skal også setjast kvalitetskrav til andre lyskjelder, som reklamelys, lysskilt, vindaugsllys og privat utandørs lyssetting som vil verke saman med den offentlege belysninga.

2.14 Omsyn til eksisterande bygningar og anna kulturmiljø (pbl § 11-9 nr. 7)

§ 2.14.1 Omsynet til kulturminner

- a. For å ivareta dei automatisk freda kulturminna i kommunen på best mogeleg måte, må aktuelle tiltak etter pbl § 1-6 utanom regulerte område og i område omfatta av reguleringsplanar stadfesta/godkjende før 31.12.1978 avklarast i høve lov om kulturminne. Dette gjeld tiltak både på land og i sjøen, jf. lov om kulturminne §§ 8 og 9.
- b. Dersom det ved arbeid i marka dukkar opp freda kulturminner, må arbeidet straks stoppe opp i den utstrekning det kan røre ved kulturminne eller deira sikringssone. Melding skal straks sendast Fylkeskommunen, jf. kulturminneloven § 8.

2.15 Landskap og grønstruktur (pbl § 11-9 nr. 6)

§ 2.15.1

- a. Samanhengande grøntdrag, grønne lunger, turvegar og område for lek og rekreasjon skal takast i vare og styrkast.

Minimumsbredde på grøntkorridorar bør vere 30 meter.

Artar som er svartelista skal ikkje plantast i grønstrukturen. Det bør i størst mogleg grad nyttast stadeigen vegetasjon i grønstrukturen.

- b. Alle planforslag som berører natur skal vurderast etter naturmangfoldlova kapittel II.

Omsynet til naturmangfaldet skal vektleggast og avveiaast mot andre samfunnsinteresser, jf. veileder til naturmangfoldloven kapittel II, forskrift om utvalgte naturtyper med veileder og i kommunen si forvaltningsbase for naturdata.

- c. I større samanhengande naturområde og viltkorridorar, skal økologiske funksjoner søkas opprettholdt.
- d. Langs vassdrag skal naturverdiar, landskap, kulturminne og friluftslivsinteresser takast i vare. Langs alle vassdrag med årssikker vassføring, inklusive elver, bekker, vatn og tjern, skal det opprettholdast og om mogleg utviklast eit naturleg vegetasjonbelte som tek i vare viktige økologiske funksjonar, motverker erosjon og tjener flomsikring og friluftsliv.
- e. Bekker og elver skal holdes åpne og i sin naturlige form, med tilstrekkelig kantvegetasjon (jf. vannressursloven § 11).

For vassdrag med årssikker vassføring gjeld generelle kantsonar frå normal strandlinje: 20 meter på kvar side av elver og bekkar, 50 meter på kvar side av større elver, tjørn og vatn.

I 100-metersbeltet langs sjøen, og for område langs vassdrag og større elvar inntil 50 m frå strandlinje målt i horisontalplanet ved høgste vanlege flaumvasstand, skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. pbl § 1-8. Langs mindre elvar og bekkar gjeld ei grense på 20 meter, jf. § 2.6.1 b.

UTKAST



KOMMUNEPLAN FOR VOLDA

AREALDELEN 2018–2030

Utkast, dato: 19.09.2018

Vedtøken av Volda kommunestyre x.x.xxxx

UTKAST

FORORD VED ORDFØRAREN

(dato)
Jørgen Amdam
Ordfører

(Bilete)

(Biletetekst) Foto: xxx.

1 INNHALD

Forord ved ordføreren

- 1 INNHALD
- 2 BAKGRUNN
 - 2.1 Kva er ein kommuneplan?
 - 2.2 Føremål med planarbeidet
 - 2.3 Om planområdet
 - 2.4 Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventingar
 - 2.5 Organisering, prosess og medverknad
- 3 GRUNNLAG FOR PLANEN/AREALBEHOV OG STRATEGIAR FOR AREALBRUKEN
 - 3.1 Sentrumsutvikling og senterstruktur
 - 3.2 Busetting
 - 3.3 Offentlege og allmenne formål
 - 3.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust
 - 3.5 Landbruk og næringsliv
 - 3.6 Transport og kommunikasjon
 - 3.7 Grønstruktur, friluftsliv og kultur
- 4 KONSEKVENSGREIING OG ROS-OPPSUMMERING
- 5 OM PLANFRAMLEGGET
 - 5.1 Overordna grep
 - 5.2 Arealføremåla
 - 5.2.1 Bebyggelse og anlegg
 - 5.2.2 Samferdsel og teknisk infrastruktur
 - 5.2.3 Grønnstruktur
 - 5.2.4 Forsvaret
 - 5.2.5 Landbruks-, natur og friluftslivsmål
 - 5.2.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone
 - 5.3 Omsynssoner
 - 5.3.1 Sikrings-, støy- og faresoner
 - 5.3.2 Sone med særlege krav til infrastruktur
 - 5.3.3 Sone med særlege hensyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø
 - 5.3.4 Sone for båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover
 - 5.3.5 Sone med krav om felles planlegging for flere eiendommer
 - 5.3.6 Sone hvor gjeldende reguleringsplan fortsatt skal gjelde.
 - 5.4 Verknader av planframlegget
 - 5.5 Oppsummering
- 6 VEDLEGG

2 BAKGRUNN

2.1 Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplan for Volda

Kommuneplanen for Volda består av ein samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Volda kommune sin samfunnsdel (2016–2028) vart vedteken av Volda kommunestyre 26.5.2016. Kommuneplanen sin samfunnsdel gir retningar og føringar for kommunen sin samla utvikling, og innhald føringar for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.

Kommuneplanen sin arealdel er kommunen sitt styringsverktøy for bruk og vern av areal, og skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanens arealdel skal angi hovudtrekk i arealdisponeringa og rammar og betingelsar for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, og kva viktige omsyn som må takast i vare ved disponering av areala.

Kommuneplanen sin arealdel omfattar plankart, føresegnar og planomtale.

I plan- og bygningsloven § 1-1 står det at:

“Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løysningar, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.”


2.2 Føremål med planarbeidet

Siste samla arealdel vart godkjent av kommunestyret 31.05.1990. Det er seinare godkjent fleire kommunedelplanar. Arealdelen frå 1990 og dei fleste kommunedelplanane var av eldre karakter, og det var behov for ein oppdatering av plandokumentata og ein gjennomgang av arealbruken for heile kommunen. I Volda kommune sin planstrategi (vedteken 29.11.2012) står det at kommunen skal gjennomføre ei fullstendig revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken 26.05.2016. Formålet med full revisjon av arealdelen er å legge til rette for å nå målsettingane vedteke i samfunnsdelen.

2.3 Om planområdet

Arealdelen av kommuneplanen omfattar alt areal innanfor kommunen sine grenser, både land- og sjøareal. Planområdet er 548 km².



(Figurtekst)

2.4 Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar

I planprogrammet for arealdelen er det gjort greie for sentrale nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar til planarbeidet.

Nokre viktige føringar:

- Lovar og forskrifter
- Stortingsmeldingar, rikspolitiske og statlege planretningslinjer
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017–2020
- Regional planstrategi 2016–2020
- Regionale delplanar
- Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016–2020
- Kommunedelplanar og fagplanar
- Kommuneplanen sin samfunnsdel

I kapittel 3 vert det vist til nokre av dei mest relevante dokumenta, med lenker.

Arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

I samband med dei ulike tema i kommuneplanarbeidet er det utarbeidd og nytta ei rekke arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument som grunnlag for planen. Dei ulike dokumenta er lista opp under kvart tema i kapittel 3 (med lenker). Dokumenta er også tilgjengelege på kommunen si heimeside.

Kommunereform

Volda og Hornindal kommuner har gjort vedtak om samanslåing frå 01.01.2020. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gjort vedtak om at Bjørke og Viddal krins (i Ørsta kommune) vil verte grensejustert over til nye Volda kommune frå 2020.

Som følgje av dette kan det vere behov for endring av tenestestruktur og behov for felles strategi for arealbruk. Volda kommune har frå før eit utstrekt samarbeid med Ørsta kommune og det kan vere aktuelt med felles strategiar og planar for arealbruk i grenseområda mellom Volda og Ørsta.

I kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015 vart det lagt opp til å samle alle kommunedelplanane i ein samla arealdel. Det har vore prioritert i dette arbeidet. Kva planar Nye Volda kommune skal arbeide med framover, og eventuelle samarbeid med andre kommunar, vil gå fram av neste planstrategi.



SUNNE KOMMUNER

WHO's NORSKE NETTVERK

Sunne kommuner

Volda kommune er medlem av Sunne kommuner – WHO's norske nettverk. Sunne kommuner arbeidar lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å skape lokalsamfunn det er godt, sunt og trygt å leve i. Som medlem av Sunne kommuner har Volda formulert fylgjande hovudmål og retningslinjer for kommunen:

Hovudmål:

Helse- og miljøomsyn skal byggjast inn i all kommunal verksemd med sikte på å fremje helse, førebygge sjukdom og skade på menneske og miljø, verne om kultur, økosystem og biologisk mangfald.

Retningslinjer:

- Stimulere til helsefremjande tenking innan all offentlig og privat verksemd, og vektlegge oppgåveløysingar av førebyggjande karakter.
- Skape ein kontinuerleg prosess som mobiliserer innbyggjarane i kommunen til felles innsats for eit berekraftig samfunn.
- Utvikle arenaer i kommunen som utløyser frivillig innsats.
- I samarbeid med innbyggjarane arbeide for å skape positive og trygge oppvekst- og nærmiljø.
- Prioritere helsefremjande og førebyggjande arbeid blant barn og unge og integrering av vanskelegstilte.
- Fremje heilskapleg tenking gjennom tverretatleg og tverrsektorielt samarbeid i kommunale planar og tiltak.
- Skape helse- og miljøfremjande prosessar gjennom utviklingsarbeid i kommunal regi.
- Fastsetje administrative rutiner for konsekvensvurdering for helse- og miljø i ulike tiltak som vert iverksett i kommunen.

2.5 Organisering, prosess og medverknad

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har vore leia av planleggar frå sektor for utvikling. Ei prosjektgruppe frå administrasjonen har hatt ansvar for den praktiske gjennomføringa av arbeidet.

Rådmannen si leiargruppe, planmøtet og dei ulike sektorane i kommunen har vore nytta som administrativ arbeids- og ressursgruppe. Formannskapet har jamleg hatt kommuneplanen sin arealdel som tema på formannskapsmøta.

Saman med grendelaga har det vore arrangert møter på bygdene for å samle innspel til planen. Publikum og andre har vore invitert til å kome med innspel, mellom anna gjennom annonser i lokalavisene og informasjon på kommunen si heimeside. Det har også vore arrangert eigne temamøter for å sikre medverknad frå aktuelle interesser, grupper og samfunnsaktører.

14. mars 2018 arrangerte prosjektgruppa eit heildagsmøte med tema "senterstruktur og funksjonsfordeling". Kommunestyret vart innkalla, men møtet var opent for alle, og grunn- og huseigarar, næringsliv, studentar og andre vart også invitert. Møtet besto av foredrag frå ulike perspektiv fyrst på dagen, og diskusjon i arbeidsgrupper på slutten av dagen.

Parallellt med kommuneplanarbeidet har det vore arbeidd med fleire ulike arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument. Nokre av dei er lista opp her:

- Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda
- Bygningsmiljø og estetisk rettleiar
- Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum
- Hovudplan vatn og avløp
- Retningsliner for leike- og aktivitetsområde
- Kartlegging av kvartalsleikeplassar i Volda
- Behovsanalyse offentleg og privat tenesteyting
- Kjerneområde landbruk
- Barnetrakk Volda
- Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde i Volda kommune
- Kommunedelplan for kulturminne

Det har vore gjennomført fleire ulike medverknadsmetodar knytt til dei ulike dokumenta, med mål om å sikre brei deltaking i prosessen. Dokumenta er tilgjengelege på kommunen si heimeside (www.volda.kommune/plan).

I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vart det lagt opp til ein breid medverknadsprosess, der mellom andre ungdomsrådet, eldrerådet, studentar, næringsliv, frivillig sektor og "folk i gata" fekk kome med innspel på ulike måtar. Dette arbeidet har også vore nytta aktivt i samband med kommuneplanen sin arealdel.

Informasjon om kommuneplanarbeidet har underveis i prosessen vore publisert på heimesida til kommunen, på Volda kommune sin facebookside og i lokalavisene Møre og Møre Nytt.

3 HOVUDGREP I PLANEN

Dette kapittelet tek for seg dei sju hovudtema i planprogrammet;

- Sentrumsutvikling og senterstruktur
- Busetting
- Offentlege og allmenne formål
- Fritidsbusetnad, setrar og naust
- Landbruk og næringsliv
- Transport og kommunikasjon
- Grønstruktur, friluftsliv og kultur

For kvart tema vert arealstrategiane frå planprogrammet presentert, og det vert vist til Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument. Vidare inneheld kapittelet ei kort omtale av moglegheiter, behov og utfordringar knytt til dei ulike tema, og kva grep ein har gjort i arealdelen for å støtte opp om mål og strategiar.

3.1 Sentrumsutvikling og senterstruktur

Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og klare hovudsenter. I samfunnsdelen er det formulert eit klart mål om at Volda sentrum skal vere midtpunktet i kommunen og eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar saman med Ørsta. Det er også eit mål at Volda sentrum skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel og aktivitet, der fleire skal bu og opphalde seg.

Volda kommuna har fleire små lokalsenter, som i dag har ein sterk og viktig identitetsberande funksjon og fungerer som viktige møteplassar. I samfunnsdelen har ein satt som mål at ein ynskjer å redusere den negative folketalutvikinga på bygdene.

Arealstrategiar

Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema sentrumsutvikling og senterstruktur:

- Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringsssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokalisert til sentrumskjernen og institusjonar med krav til utrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad.
- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Senterstruktur sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader
- Byregionen Volda Ørsta
- Handelsanalyse Ørsta-Volda
- Tettstadsanalyse for Volda sentrum
- Bygningsmiljø og estetisk rettleiar for Volda sentrum



Volda tettstad. Foto: Regine S. Aklestad.

Senterstruktur

Senterstruktur og busetnadsmønster i Volda kommune er eit resultat av den historiske utviklinga. Med utgangspunkt i Statistisk sentralbyrå sin definisjon av ein tettstad har det utvikla seg to tettstadar i kommunen; Mork-Furene og Volda sentrum. Kommunen har elles mange spreidde bygder rundt om i kommunen.

Volda sentrum

Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og kommunesenter. Volda sentrum er i kommuneplanen delt inn i tre sonar: indre, midtre og ytre sentrumssone, sjå figur x.x. Dei tre sonene har til dels ulike funksjonar.

I *indre sentrumssone* finn vi i dag handels-, service- og kulturtilbod, tingrett, torg, parkar og plassar. Her er både blokker, konsentrerte småhusområde og einbustadar. Det er gangavstand mellom ytterpunkta, som ligg i ein avstand på om lag 800 meter. Dette samsvarar langt på veg med prinsipp i regional delplan for attraktive byar og tettstader. I samsvar med samfunnsdelen og arealstrategiane skal indre sentrumssone utviklast til eit regionalt handels-, bu- og næringsssentrum med urbane kvalitetar. For å sikre ei slik utvikling i Volda sentrum må ein ha klare føringar for kva funksjonar som skal kunne lokaliserast i dei ulike sentrumssonene, i Mork-Furene og dei andre lokalsentra. For å få til eit sentrum med meir urbane kvalitetar er det i arealstrategiane gitt føringar om at detaljhandel skal lokaliserast til sentrumskjernen. Vidareutvikling av nærings- og handelsaktivitet nær kollektivknutepunkta i gangavstand til sentrumskjernen vil også vere eit godt grep for å redusere utslepp frå transportsektoren.

Det er til dels store areal i indre sentrumssone med utviklings- og fortettingspotensiale for både handel og andre sentrumsfunksjonar. Dette er synleggjort i dokumentet Senterstruktur, sentrumsavgrønsing og funksjonsfordeling i Volda. I gjeldande reguleringsplanar i indre sentrumssone er det lagt til rette for fortetting og transformasjon i store deler av sentrumsområdet, som enno ikkje er utnytta. Dette vert vidareført. I tillegg er fleire større areal lagt inn som sentrumsformål, for å sikre at områda kan nyttast fleksibelt og til ulike sentrumsfunksjonar. Eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur har fått omsynssoner i arealdelen (sjå også om Bygningssmiljø i Volda sentrum i kapittel 3.7).

For å auke tal busette i Volda sentrum er det ynskjeleg å vurdere høgde på hus enkelte stader. Arealdelen er ein overordna plan for heile kommunen, og ein har ikkje i denne prosessen teke stilling til høgder på bestemte tomter eller hus. I samband med ein

områdeplan for Volda sentrum bør ein gjere eit volumstudie, for å undersøkje nærare høgder på hus.

Funksjonar i indre sentrumssone:

- Detaljhandel, utvalshandel og plasskrevjande varer.
- Ikkje plasskrevjande storhandel, lager, godsterminal, bilhandel, bilbutikk eller støyande og forureinande verksemdar.

I *midtre sentrumssone* finn vi i dag fleire regionale funksjonar og større arbeidsplassar som høgskule, sjukehus og vidaregåande skule. Her er det også pleie- og omsorgsinstitusjonar, barnehagar, barne- og ungdomsskule, daglegvarebutikkar og anna privat og offentleg tenesteyting. Området inneheld både einbustadar og område med konsentrerte småhus og blokker.

Området ligg i gangavstand frå sentrumskjernen og i denne sona kan ein nå tak i alle kvardagsfunksjonar utan bruk av bil. Store delar av området har busstilbod. I denne midtre sentrumssona er det ein stor del konsentrert busetnad med rom for fortetting i etablerte bustadstrøk og utbygging av udisponert bustadareal. I området mellom den framtidige Voldatunnelen og Rotsethorntunnelen er det store areal som er egna som suppleringscenter for handel. Her vert det lagt til rette for etablering av handelspark med høve til handel med både plasskrevjande varer og enkelte utvalsvarer som hushaldningsapparat, verktøy og sportsutstyr som kjem under definisjonen av detaljhandel. Ein legg til rette for etablering av detaljhandel med totalt bruksareal opp til 6000m² i midtre sentrumssone. Ein har lagt vekt på at regionale funksjonar i midre sentrumssone skal ha tilstrekkeleg areal for vidareutvikling.

Funksjonar i midtre sentrumssone:

- Detaljhandel og utvalshandel totalt samla areal inntil 6000m² BRA, plasskrevjande varer. Utvalshandel og plasskrevjande varer med min. 1000m² BRA. Ikkje sko, klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i sentrum.
- Regional og lokal offentleg og privat tenesteyting.

Ytre sentrumssone er i dag dominert av bustader med einbustader og meir konsentrerte bustadformer med to- og firmannsbustader. Her finn ein også offentleg og privat tenesteyting til lokale behov, som til dømes barnehagar, skular og forsamlingshus.

Funksjonar i ytre sentrumssone:

- Daglegvarehandel inntil 3000 m² BRA.
- Skule, barnehage, lokalt forsamlingshus.



Figur x.x: Illustrasjon soneinndeling Volda sentrum.

Mork-Furene

Tettstaden Mork-Furene har utvikla seg til å bli både eit attraktivt bustadområde og eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. Mork-Furene er også eit trafikknutepunkt mellom ytre og indre Søre Sunnmøre. I området finn ein i dag skule, barnehage, forsamlingshus, idrettsanlegg og helse- og omsorgsinstitusjonar, detaljhandel med daglegvarer og teneste- og serviceverksemd. Her finn ein også meir tradisjonell transport, industri-, verkstad-, bygg-, og anleggverksemd.

I Furene er det etablert fleire handelsverksemd med plasskrevjande varegrupper. Plasskrevjande varer er i regional delplan definert som bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast og større byggevarer, møblar, teppe, kvite- og brunevarer samt utsal frå hagesenter og planteskolar. I følgje regional delplan skal denne typen handel etablerast innanfor føremålsavgrensingar som allereie er gitt i gjeldande kommune- eller reguleringsplanar. Utviding bør berre tillatast dersom det ikkje fører til arealkonflikt, og etter at fullt utbyggingspotensiale innanfor føremålsavgrensingane er utnytta. Den regionale delplanen er også tydeleg på at det utanfor by- og tettstadsentrum ikkje er lov å etablere nye handelsverksemd som kvar for seg eller samla utgjør eit bruksareal på meir enn 3000 m².

Mork-Furene har potensiale for både auka busetting og næringsaktivitet. Området er saman med

Hovdebygda eit regionalt viktig handelsområde og det er framleis ønskjeleg at området har denne funksjonen. I Furene er det i gjeldande kommunedelplan og reguleringsplan sett av areal til næringsverksemd der utbyggingspotensialet enno ikkje er realisert. Det regulerte næringsarealet er også lavt utnytta, og det er framleis rom for fleire etableringar av plasskrevjande varer. For å sikre området som eit regionalt viktig handelsområde, og for å redusere handelslekkasje, er det sett av meir areal til handelsverksemd med plasskrevjande varegrupper.

På bakgrunn av fastsett arealstrategi der det er lagt vekt på at Volda sentrum skal utviklast som regionalt handels-, bu- og næringsentrum med urbane og berekraftige kvalitetar, er det ikkje ønskjeleg med auka detaljhandel utover 3000 m² bruttoareal i Furene. Meir detaljhandel i Furene vil i tillegg føre til auka transportbehov. Det er difor ikkje opna for auka detaljhandel i området.

Funksjonar i Mork-Furene:

- Plasskrevjande varer med min. 1000m² BRA.
- Detaljhandel inntil 3000 m² BRA. Ikkje detalj-/utavlshandel ut over 3000 m² BRA.
- Næringsareal for ulike typar verksemd med bransjevis lokalisering. Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov.

Lokalsenter

Lauvstad-Dravlaus, Folkestad og Fyrde er lokalsentra i kommunen. Sentraliseringstrenden dei seinaste tiåra har gitt nedgang i folketalet på bygdene og med det også eit redusert servicetilbod i lokalsentra. Den kommunale økonomien set også dei kommunale tenestene i lokalsentra under press. Betra kommunikasjonsløyisingar mellom lokalsentra og kommunesenteret gir enklare tilgang til tenestetilbodet i kommunesenteret og gjer at behovet for offentleg og privat service og tenesteyting i lokalsentra ikkje er det same.

Lokalsentra har likevel ein sterk identitetsberande funksjon og er viktig som møteplass. For å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene er det viktig å vidareføre prinsippet om lokalsenter. Det er her ein har den best utbygde infrastrukturen og det er her det er naturleg å legge til rette for auka bustadbygging, næringsutvikling og offentleg og privat teneste- og servicetilbod. I arealdelen har ein lagt vekt på å sikre at dei funksjonane som er i lokalsentra i dag har tilstrekkeleg areal.

Funksjonar i lokalsentra Lauvstad-Dravlaus, Folkestad og Fyrde:

- Detaljhandel inntil 3000 m2 BRA.
 - Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov.
- Næringsareal for ulike typar verksemder.

Ny kommunestruktur etter 2020 (der Hornindal kommune og Bjørke og Viddal krins vil vere ein del av Volda kommune), vil påverke lokalsenterstrukturen i framtida.

(Bilete)

(Biletetekst) Foto: xxx.

3.2 Busetting

Folketalet i Volda er jamnt aukande, og det er ei viktig målsetting i kommuneplanen sin samfunnsdel at kommunen skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet. Vidare er det satt som mål at kommunen skal tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktive bumiljø. I samfunnsdelen går det også tydeleg fram at ein ønskjer auka busetting i Volda sentrum, og at ein skal redusere fråflytting frå bygdene.

Arealstrategiar

Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema busetting:

- Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdесentra.
- Nye bustadfelt skal lokaliseras i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- Spreidd utbygging skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting i skred- og flaumsikre område, og slik at ein ikkje punkterar samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk, eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne.
- Det kan leggast til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Behovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum
- Hovudplan vatn og avløp
- Retningslinjer for leike- og aktivitetsområde
- Kartlegging av kvartalsleikeplassar i Volda

Folketal¹ og flyttemønster²

1. januar 2018 hadde Volda kommune 9188 innbyggjarar. I 2008 var det 8406 innbyggjarar i kommunen. I følge SSB sitt mellomalternativ vil folketalet i Volda fortsettje å stige jamt framover. I 2030 spår SSB at det vil vere 10 113 innbyggjarar i Volda. Det er busett omtrent 1500–2000 studentar i Volda. Mange av desse meldar ikkje flytting, og vert difor ikkje med i statistikkane frå SSB.

75 % av innbyggjarane i Volda bur i område definert som tettbygd strøk. Det er også her folketilveksten er størst, i bygdene går folketalet jamt nedover.

Frå 2008 til 2018 har folketalet:

- i Volda kommune auka med 782 personar.
- i Volda tettstad auka med 810 personar
- i Egset og Mork grunnkrets auka med 154 personar
- i spredtbygde krinsar gått tilbake med 184 personar

Bustadbehov

Framskrivning av folketalet mot 2030 viser ein forventet folketalesauke på om lag 1300 personar i planperioden. Folketalesutvikling i perioden 2006–2016 viser at folketalet i bygdene går ned, medan folketalet i Volda sentrum aukar meir enn den samla folketilveksten i kommunen. Ein må derfor planlegge for ein folketilvekst på om lag 1500–1600 personar i Volda sentrum i planperioden.

I Volda bur i overkant 65 % i små hushald på 1–2 personar. Volda har fleire åleinebuande enn dei andre kommunane i Møre og Romsdal. Ut frå størrelsen på hushald og framskiving av folketilvekst, som i hovudsak vil komme i Volda sentrum, vil det i planperioden vere behov for om lag 750 små bustader eller leilegheiter og 200 ein- eller tomannsbustader i Volda sentrum.

Ut frå bustadtilveksten dei siste ti åra blir det årleg fullført om lag 50 bustader. Skal bustader bli oppført i same omfang som før, vil det vere behov for 600 nye bustader i planperioden, sett vekk frå prognose for folketilvekst. Oppføring av einestader i same takt vil utgjere 158 nye einestader i planperioden.

Prisutviklinga på brukte sjølvgeigarbustader viser at det er marknad for auka tilgang på småhus og leilegheiter i Volda. Både utviklinga av stadig fleire små hushald, mange åleinebuande, marknadssituasjonen for leilegheiter og målsettingar om eit meir urbant sentrum tilsei at minst 70 % av nye bueningar bør vere små bustader og leilegheiter.

Totalt for heile kommune er det i tidlegare planer i utgangspunktet tomtereservar for å dekke behovet for nye bustader i planperioden. Ein stor del av tomtereservane ligg derimot i ulike bygder med

nedgang i folketalet, og det er behov for å etablere fleire tomtereserver i tettstadene. Det er berre i lokalsentra og tettstadene det er ynskjeleg med bustadfelt og det er berre i Mork-Furene og Volda sentrum det er behov for tilrettelegging av nye bustadfelt.

Nye bustadområde

Med bakgrunn i arealstrategiar og grunnlagsdokument er det prioritert å legge til rette for fortetting i sentrumskjernen, rundt kollektivknutepunkt, langs kollektivakser og i gangavstand til handels- og tenestetilbod. I Volda sentrum er det gjort grep for å kunne legge til rette for etablering av om lag 200 nye leilegheiter i indre sentrumssone, 600–700 nye bueiningar i midtre sentrumssone og om lag 500 nye bueinigar i ytre sentrumssone. I indre og midtre sentrumssone vil dette hovudsakeleg måtte løysast gjennom fortetting, fornying og auka grad av bustadtettleik. I arealstrategiane står det at det kan leggest til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen. Nærare vurderingar til kva område ein ynskjer høgare hus i må ein gjere i område- eller reguleringsplanar.

I midtre sentrumssone er det lagt inn eit større område til bustadformål, på Rotset. Frå området er det m.a. gang- og sykkelavstand til indre sentrumssone, høgskule, sjukehus og fri- og idrettsområdet på Årneset. Bustadfeltet er lokalisert i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og tenestetilbod.

I ytre sentrumssone er det framleis tomtereservar som ikkje er utbygd.

For Mork-Furene er det (foreslått to alternativ. Eit nøkternt alternativ utan større kostnader for etablering av ny samfunnsinfrastruktur, der ein legg til rette for ein auke i folketalet på opp mot 300 personar i planperioden. Eit meir ekspansivt alternativ der ein legg til rette for auke av folketalet i området med om lag 600 personar, med påfølgande større kostnader til både teknisk infrastruktur og samfunnsinfrastruktur.)

I lokalsentra er det lagt til rette for 10–15 nye einebustader i planperioden. I tillegg er det sett av egne område til spreidd bustadbygging i LNF-område i lokalsentra. Områda sett av til spreidd busetnad i tidlegare planar er vurdert på nytt ut i fra oppdatert kunnskap om naturfare, viktige landbruksområde, samanhengande grøntområde, restriksjonsområde kring kulturminne oa. Nokre område er difor redusert i omfang i forhold til tidlegare planar, medan andre stader er nye område lagt til på egne areal.

Område for spreidde busstader i LNF

Leike- og aktivitetsområde

Gode leike- og aktivitetsområde er med på heve kvaliteten i buområda. Både leikeplassar i buområda, uteområde tilknytt barnehagar og skular, nærmiljøanlegg, badeplassar, skianlegg og andre idrettsanlegg er trivselsfremmande og fremmer bulyst for alle aldersgrupper. Nær- og kvartalsleikeplassar i buområda er uformelle møteplassar der folk kan møtast på tvers av generasjonar, kultur, nasjonalitet, interesser eller meistringsnivå. Barn vert kjent med andre barn, barn vert kjent med foreldra til andre barn, nyttilflyttarar vert kjent med andre i nabolaget eller pensjonistar kan sjå nabobarna utfalde seg. Leike- og aktivitetsområder er også areanaer der både born, ungdom og vaksne kan vere i fysisk aktivitet, vere i kontakt med naturen og oppleve sansestimuli. Gode leike- og aktivitetsområde er verdifulle for alle aldersgrupper, sjølv om det er vanskeleg å måle i pengar. I føresegnene er det sett krav til størrelse, tettleik og kvalitet på nær- og kvartalsleikeplassane i kommunen. For å sikre at alle som bur i Volda tettstad skal ha maksimum 300 meter å gå til næraste kvartalsleikeplass er det sett av areal til tre nye leikeplassar; i Andanesvegen, Martavegen og Prestegarden.

Teknisk infrastruktur

Hovudplan for vatn og avlaup viser at det er store behov for investeringar knytt til vatn og avlaup. Fleire stader manglar ein også oversikt over dagens kapasitet. Dette må vere på plass før ein kan sette i gang større utbyggingsprosjekt, spesielt gjeld dette i Volda sentrum. Større utbyggingsprosjekt er også avhengig av kapasitet på vegsystemet.

3.3 Offentlege og allmenne formål

Fleire viktige regionale institusjonar som sjukehus, høgskule og tingrett er lokalisert til Volda sentrum. I kommuneplanen sin samfunnsdel har ein som mål at Volda og Ørsta skal utvikle seg til å bli eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar, samtidig som ein skal styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon. Dette krev bevisste strategiar når det gjeld framtidig arealbruk og lokalisering av offentlege og allmenne funksjonar, og kommunen bør legge til rette for at noverande og (framtidige) funksjonar kan lokaliserast i indre og midtre sentrumssone.

Kommunen har også tenestar rundt om i kommunen, som skular, barnehagar, pleie- og omsorgsinstitusjonar og forsamlingshus, som er viktige nøkkelfaktorar i målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

Arealstrategiar

Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema offentlege og allmenne formål:

- Offentlege funksjonar med tilhøyrande uteområde skal lokaliserast til Volda sentrum.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda sentrum skal lokaliserast til bygdесentra.
- Allmenne formål i Volda sentrum skal lokaliserast i gangavstand frå sentrumskjernen med sikte på å utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler
- Behovsanalyse offentleg og privat tenesteyting
- Bustadsosial handlingsplan 2017–2020
- Omsorgsplan 2014–2017
- Demensplan 2014–2017
- Klimaendringar i arealplan

Barnehagar

Kunnskapsdepartementet har fastsett veiledande normer for inne- og uteareal i barnehagar, og krava er knytt til tal barn. I arbeidet med arealdelen har ein sett nærare på dagens areal sett opp mot forventa folketalsutvikling og auka barnetal i dei ulike barnehagene.

Kommunestyret har i sak PS 108/17 bede administrasjonen greie ut ei eventuell strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum, med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset barnehage. Denne utgreiinga er under arbeid, og fleire eventuelle lokaliseringar vert vurdert.

Ut frå forventa og planlagd folketalsutvikling må ein legge til rette for auka barnetal i Mork barnehage. For å sikre bygningsmessige behov og tilstrekkelege areal på uteområda er det behov for å utvide arealet i denne barnehagen.

Det er i arealdelen ikkje lagt inn utvidelsesområde direkte tilknytt Mork barnehage, men det er lagt til utvidelsesområde vest for Mork skule. Ein ser for seg at barnehagen kan utvidast mot vest, til dagens skuleområde.

Skular

Helsedirektoratet har fastsett anbefalingar til minimum nettoareal på uteområda til skular. Også desse anbefalingane er knytt til tal barn. Ut frå forventa og planlagd folketalsutvikling må ein legge til rette for auka elevtal på skulane i Volda tettstad og på Mork. For å sikre bygningsmessige behov og tilstrekkelege areal på uteområda er det behov for å utvide areala til Bratteberg skule, Mork skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule. På bakgrunn av dette er det i arealdelen lagt inn utvidelsesområde til Bratteberg og Mork skular.

Det er ikkje lagt inn utvidelsesområde til Øyra skule eller Volda ungdomsskule, da områda rundt er tett bebygd. Øyra skule ligg tett inntil friområder på høgskulen sitt område, som skuleelevane nyttar i skuletida (grusbane, klatrejungel mv.). Både Øyra skule og Volda ungdomsskule har gangavstand til friområder i Elvadalen og til planlagde Campus Arena. Dette kan kompensere for lite internt areal. Det er viktig å sikre trafikktrygge gang samband frå skulane til desse områda. **Volda ungdomsskule; innspel frå FSK: sjå på ein gong til?**

Helse- og omsorgstenester

I følgje framskrivningane til Statistis sentralbyrå vil gruppa eldre doblast dei neste 30 åra på landsbasis. Det er ein konsekvens av at dei store etterkrigskulla

vert eldre, samtidig som levealderen aukar. Dette vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester; til dømes helse og omsorgstenester, kultur- og fritidsaktivitetar og økonomi. Utviklinga vil også få konsekvensar for kommunen sin bustadpolitikk.

Ut frå behov skissert i omsorgsplan, demensplan og bustadsosial handlingsplan er det særleg viktig å sikre handlingsrom og areal rundt dei sentrale pleie- og omsorgsinstitusjonane i kommunesenteret; Volda omsorgssenter og Fjordsyn. Det er også behov for å sikre auka kapasitet for omsorgsbustader.

I arealdelen er området sett av til offentleg og privat tenesteyting ved Volda omsorgssenter utvida mot nord-aust (mot Kleppevegen og Haslevegen). I tillegg er det mogleg å fortette eller utnytte eksisterande areal annleis.

Ved Fjordsyn er det ikkje lagt inn utvidelsesområde, da områda rundt er bebygd. Det er framleis noko uutnytta areal innanfor eksisterande område, og ein kan vurdere å bygge meir i høgda.

På Rotset er det i arealplanen lagt til rette for auka kapasitet for omsorgsbustader (delar av området var tidlegare sett av til utvidingsareal for barnehage).

Rådhus-, og samfunnshusområdet

Planar for nytt kulturhus ved dagens samfunnshus er under arbeid. Ein ser for seg at området ved dagens rådhus og samfunnshus skal dekkje mange funksjonar (m.a. rådhus, bibliotek, ungdomsklubb, kultursal og tilhøyrande parkering). For å sikre areal til ulike funksjonar, og for å legge til rette for meir fleksibel bruk av eksisterande areal, er området avsett til privat og offentleg tenesteyting utvida. I nord er ein tomt omregulert frå bustad til offenleg og privat tenesteyting. Området avsett til parkeringsplass og park er også sett av til offentleg og privat tenesteyting.

Gravplassar

I fylgje gravferdsforskriften har kommunen ansvar for å sikre tiltrekkelige areal til gravplassar. Volda kyrkjeleg fellesråd har saman med administrasjonen vurdert behov for eventuelle utvidingar av gravplassane i kommunen og lokalisering av desse. Lid gravplass og Dalsfjord kyrkje har behov for utviding av gravplass og parkeringsareal tilknytt gravplassen. Austefjord kyrkje og Leirshaugen gravplass har også behov for utvidingsareal.

På bakgrunn av behov for utvida areal til gravplassar i planperioden er det lagt til utvidingsareal for Austefjord kyrkje (?) og Dalsfjord kyrkje, Leirshaugen og Lid gravplass.

Sjukehusområdet

Volda sjukehus er ein stor arbeidsplass i kommunen, med regional funksjon. For å ha areal til framtidige utbyggingsplanar og eventuelle nye lokaliseringsbehov er det naudsynt å halde fast på mest mogleg areal til vidare utvikling i sjukehusområdet.

Areal sett av til offentleg og privat tenesteyting rundt sjukehuset i tidlegare planar vert vidareført. Området vert utvida mot Bøkevegen i nord-vest, som i tidlegare planar.

Museer, forsamlingslokaler, grendahus

I arbeidet med arealdelen har ein henta inn informasjon knytt til ulike offentlege funksjonar som museer, forsamlingslokaler og grendahus. Områda er oppdatert i planen etter dagens bruk. Behov for tilleggsareal har vore vurdert, og det er lagt inn utvidingsareal m.a. knytt til trykkerimuseet.

Andre offentlege funksjonar

(I arealdelen skal ein ta stilling til kva areal som skal vere offentlege/ikkje. Areal som skal nyttast til offentlege funksjonar skal merkast på kartet (t.d. bustader for vanskelegstilte).)

Kommunaltekniske anlegg

Det er behov for å sette av areal til nytt reinseanlegg. Det er sett av areal til to områder for framtidig reinseanlegg med tilhøyrande omsynssone på Mork.

Høgdebassenget Volda Vassverk var sett av til offentleg og privat tenesteyting i tidlegare plan, men er nå sett av til areal for teknisk infrastruktur.

3.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust

I kommuneplanen sin samfunnsdelen har ein satt som mål at ein ynskjer å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde, og at ein vil styrke og bygge opp om Volda-Ørsta som handels-, kultur-, og opplevingsdestinasjon. Å legge til rette for fritidsbustader er eit tiltak for å nå desse målsettingane. Fleire gamle setreområde i Volda fortel historia om jordbruket gjennom mange hundre år på Sunnmøre. Synleggjering og ivaretaking av slike område kan også nyttast til å nå målsettingane i samfunnsdelen.

Arealstrategiar

Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema fritidsbusetnad, setrar og naust:

- Nye område for fritidsbustader og naust skal i størst muleg grad utnytte eksisterande infrastruktur og organiserast i felt/naustrekker.
- Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.
- Vorar, småbåthamner og moloar skal fungere som fellesløysingar.
- Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Verdifulle setremiljø
- Kartlegging av vassdrag, strandsone og sjøareal.

Fritidsbustad

I samband med kommuneplanarbeidet har administrasjonen sett nærare på alle område i kommunen sett av til fritidsbustader og naust, og vurdert behov for nye område. Ein har også sett nærare på føresegnar og retningsliner knytt til dei ulike områda.

Det er i tidlegare planar om lag 180 ledige regulerte tomter for frittliggande fritidsbustader i kommunen. 120 av dei ligg i Reset hyttegrennd. Der er det også regulert 15 daa til til konsentrert fritidshus. På Berknes, Lid, Kråkeneset er det om lag 20 udisponerte hyttetomter. Dei andre udisponerte hyttetomtene er spreidd rundt ulike stader i kommunen.

På Lid/Kråkeneset er det også om lag 12 ledige tomter for rorbuer.

I perioden 2000–2016 vart det gjeve 33 igangsetjingsløyve for fritidsbusetnad. I same tidsperiode vart det gitt 28 ferdigattestar til fritidsbygg. Slik sett har ein ved å vidareføre det som er regulert i gjeldande planar, rikeleg areal avsett til fritidsbusetnad, viss ein ser kommunen under eitt.

I samband med varsel om oppstart, kom det inn ei rekkje innspel med ønske om fritidsbusetnad. Om lag halvparten av innspela gjeld området Lid/Berknes. Elles er det ein del innspel til knytt til Austefjord, Folkestad og Dalsfjord.

Fleire av dei innkomne innspela er uaktuelle grunna rasutsette område, flaum eller andre farar avdekka i ROS-analysen.

I området Lid/Berknes er det lagt inn eit nytt hytte- og naustområde i planen. Mange av innspela i Lid/Berknes-området vil ha negative konsekvenser for friluftsliv, strandsone, landskap og/eller landbruksinteresser i området. Ein viser også til at det framleis er udisponerte hyttetomter i området i tidlegare planar. Desse vert vidareført.

Det er elles lagt til eit nytt område for fritidsbusetnad i Austefjordområdet.

Føresegnene til arealdelen inneheld krav og retningsliner knytt til fritidsbustader.

(spreidd fritidsbustad i LNF?)

Naust

Det finst i dag omlag 600 naust i Volda kommune. Nausta er spreidd langs heile kystlina. Det er også naust ved enkelte vatn i kommunen.

Jamfør arealstrategiane skal nye område for fritidsbustader og naust i størst muleg grad utnytte eksisterande infrastruktur og organiserast i felt eller naustrekker. Lokalisering av naust skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.

I samband med varsel om oppstart, kom det inn fleire innspel med ønske om nye naustområde. Fleire av dei innkomne innspela er uaktuelle grunna rasutsette område, flaum eller andre farar avdekka i ROS-analysen.

Det er lagt inn eit område til hytte/naust på Lid/Berknes, eit område til naust i Austefjordområdet og eit i Dalsfjordområdet. Føresegnene til arealdelen inneheld krav og retningsliner knytt til naustområda.

Setrar

Sæterdrift med mjølkeproduksjon frå storfe og geit har spela ei sentral rolle i jordbruket gjennom mange hundre år på Sunnmøre. Sæterdrifta var svært viktig for husdyrbruket. Ein nytta beitemoglegheitene i skog og utmark, slik at avlingane heime på garden kunne haustast til vinterfôr. Dei fleste gardane hadde ei sæter eller part i ei sæter. Dei eldste sætrane er frå 1500-talet. Sæterbruket hadde sitt høgdepunkt kring 1850.

På 1990-talet vart det gjennomført ei omfattande registrering av stølsområde i kommunen, der 70 stølsområde vart registrert. Fem av dei vart definert som verneverdige:

- Nyestølen (Dravlausdalen)
- Dansen (Åmela)
- Laurdalssætra (Bjørkedalen)
- Fladalssætra (Tjørnanakkane)
- Kivisdalssætra (Kalvatn)

I samband med kommuneplanarbeidet har ein sett nærare på desse fem støylane. Desse støylane har fått omsynssone i arealdelen. Føresegnene til arealdelen inneheld krav og retningsliner knytt til støylane.

(Bilete)

(Biletetekst) Foto: xxx.

3.5 Landbruk og næringsliv

Landbruket og næringslivet er viktige faktorar for verdiskapinga i kommunen. I kommuneplanen sin samfunnsdel har ein fastsett et mål om at Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad. Satse målretta på innovasjon og gründerverksemd, støtte eksisterande lokal industri- og næringsverksemd og utvikle kompetansearbeidsplassar er ein strategi for å få til dette. Ein har også definert ein strategi om å leggje til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp mot dette. Val Volda kommune gjer i dag vil påverke kva moglegheitar framtidens generasjonar får til å drive med mat- og jordbruksproduksjon i kommunen, og framtida er avhengige av jordvern. Det er også eit mål å styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon.

Arealstrategiar

Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema landbruk og næringsliv:

- Legge til rette for bærekraftig utvikling av landbruk, skog- og fjordbruk.
- Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.
- Legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnettet og trasèar for kollektivtransport.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Kjerneområde landbruk
- Senterstruktur sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling

Landbruk

Volda er ein typisk sunnmørskommune med mange og hovudsakleg små bruk; totalt om lag 554 landbrukseigedomar med dyrka jord. I 2017 var det 104 landbruksføretak i drift som søkte om produksjonstilskot. Ut frå arealressursstatistikk har kommunen eit samla jordbruksareal på 21.329 daa. 100 % av jordbruksareala vert nytta til gras- eller grovfôrproduksjon. Arealressursstatistikken for Volda syner at den dyrka jorda berre utgjer 2,8 % og innmarksbeita 1,3 % av det totale arealet for kommunen.

Hovudproduksjonane i Volda kommune er basert på grovfôr, med mjølkeproduksjon som den største. Det er om lag 530 kyr i kommunen, som produserer ikring 3,8 mill. liter mjølk. I tillegg vert det produsert 0,34 mill. liter geitemjølk. Vidare er det om lag 1700 vaksne sauer i kommunen. Kommunen har også to aktive svineprodusentar. Slakteleveransen frå jordbruket er årleg på 390 tonn. Landbruksnæringa sysselset om lag 94 årsverk i primærproduksjonen, og omsetnaden utgjer 58 mill. kroner.

Dyrka og dyrkbar jord er viktig for å sikre matforsyning på lang sikt. Noreg har lite jordbruksareal samanlikna med mange andre land. I 2015 vedtok Stortinget ein nasjonal jordvernstrategi, der ein viktig målsetting er å redusere tapet av matjord. Det er kommunane som har hovudansvaret for å ta i vare jordressursane. Tal frå dei siste fem åra viser at Møre og Romsdal fylke er eit av dei fylkene som omdisponerar mest landbruksareal årleg.

Rundt tettstadene i Volda er det fleire viktige samfunnsinteresser som har behov for dei same areala. Arealstrategiane i planprogrammet er tydelege på at kommunen ynskjer bustad- og næringsutvikling i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod. Ein vil leggje til rette for næringsareal knytt til hovudvegnett og trasèar for kollektivtransport. Ein ynskjer også å planlegge for korte avstandar mellom målpunkt, og leggje vekt på gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.

I konsekvensutgreiinga vert konsekvensane av dei ulike tiltaka synleggjort, og tiltak som har store negative konsekvensar for landbruket er i mange høve ikkje teke med i planen.

I midtre sentrumssone er eit større landbruksareal (som også inngår i kjerneområde landbruk) teke inn i planen til bustadareal. Her meiner ein at jordvernet må vike for andre viktige samfunnsinteresser. Det same gjeld i området Mork-Furene, der også landbruksareal er teke inn i planen som bustad- og næringsareal. Samla sett er xx daa lanbruksareal

omdisponert til andre formål.

Det er ikkje lagt til nye område til LNF i planen.

Fjordbruk

Det har vore fleire eigne møter med havbruksnæringa underveis i prosessen, for å få avklart næringa sine ynskjer og behov.

I Volda finn ein djupe fjorder med god gjennomstrauming, skjerma farvatn og fjorder som er godt egna for produksjon av høgverdig sjømat. Næringa har gjennomgått ei sterk rasjonalisering og strukturendring gjennom dei siste åra. Både eigarstruktur og driftsstruktur er vesentleg endra. Dette har grunnlag både i samordning gjennom sjukdomshandtering, rasjonaliseringsbehov og samordning av drift over kommunegrensar. Næringa ynskjer å avsette større areal i planen, fremfor mindre "frimerkelokaliseringar". Dei ynskjer også nokre mindre areal til testing av nye artar.

I samband med kommuneplanarbeidet var det behov for å sjå nærare på areal til havbruksnæringa, og oppdatere plankarta etter dagens bruk. I plankartet er nå areal til fortøyningar også vist, og ein har vurdert landsida knytt til dei ulike lokasjonane.

Tidlegare areal avsett til akvakulturområde i Gjøsdaal, Høydalsneset, Kalvatn, Sageneset, Straumshamn, Velsvika og er teke ut av planen (?). Området ved Alida, Andanes, Hesteneset, Kornberg, Skarsteinane og Støylen er utvida for å legge til rette for meir fleiksibilitet (?).

(Skrubbeneset, Årvika ??)

Områder ved Dravlaus, Steinsvik og Dale er vidareført til settefisk (?).

Næringsliv, industri og handel

I samband med kommuneplanarbeidet har det vore arrangert fleire både større og mindre møter med tema næringsliv. Møtene har vore gjennomført i ulike fora, både i regi av kommunen, og i regi av næringslivet. På heildagsmøtet om "senterstruktur og funksjonsfordeling" 14. mars 2018 var utvikling av næringslivet eit viktig tema. Dokumentet "Senterstruktur, sentrumsavgrønsing og funksjonsfordeling i Volda" inneheld m.a. vurderingar knytt til funksjonsfordeling, og gir føringar for lokalisering av næringsområde.

Volda har høg arbeidsplassdekning, med ein dominerande offentleg sektor som sysselset om lag 46 % av arbeidstokken. Sjølv om servicenæringane og sekundærnæringane står for den største delen av

det private næringslivet utgjer dette ein langt mindre del av dei sysselsette enn i resten av fylket. Brunvoll AS er ein av dei største arbeidsplassane i Volda, og er ein del av den maritime klynga i regionen. Industriverksemd og næringslivet elles har i Volda, som andre stader i landet, gjennomgått store strukturendringar. Dette er synleg fleire stader som tomme industribygg eller transformering av område frå industriverksemd til handel og bustadformål. Næringslivet og grunneigarar i Volda sentrum ynskjer at arealplanen legg til rette for fleksibel bruk i indre sentrumssone, og at areal her kan kunne nyttast til ulike sentrumsfunksjonar som til dømes bustad, forretning, kontor, kultur mv.

Detaljhandelen har og gjennomgått strukturendringar, ved at det vert større vekt på storformathandel med handelsparkar og kjøpesenter utanfor sentrum. Volda sentrum har eldre bygningsmasse som gjer det utfordrande å behalde detaljhandelen i sentrumskjernen. Volda sentrum har likevel potensiale for å utviklast som handelssenter, det er til dømes fortettingspotensiale og korte avstandar mellom målpunkt.

Reiselivsnæringa i Volda har gode føresetnadar for å lukkast innan kortferie og det naturbaserte opplevingssegmentet. Dei mange festivalane i kommunen fungerer som trekkplaster. I kommunen er det eit klart potensiale i å legge til rette for fleire typar overnattings- og serverings- og servicetilbod knytt til reiselivsnæringa.

Fordeling av ulike funksjonar knytt til m.a. handel er beskrevet i kapittel 3.1 Sentrumsutvikling og senterstruktur. I indre sentrumssone har ein lagt inn fleire større område til sentrumsformål, for å sikre at områda kan nyttast til ulike sentrumsfunksjonar og legge til rette for ein fleksibel bruk av areala.

Næringsområdet på Rotset er tidlegare regulert, og har eit stort utviklingspotensiale. Her er det framleis fleire større, ledige areal for næringsutvikling. Området ligg i midtre sentrumssone, og i gang- og sykkelavstand frå store deler av Volda sine innbyggjarar. Området ligg også i nær tilknytning til hovudvegnettet (E39) og er lett tilgjengeleg også for andre som køyrer gjennom kommunen. Området har soleis eit potensiale for å verte eit regionalt viktig handelsområde. Gjeldande reguleringsplan for området vert vidareført.

Furene er eit anna viktig næringsområde for Volda. Saman med Hovdebygda (i Ørsta kommune) er Furene eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. Dette området har også potensiale for vidareutvikling, og det er med

gjeldande reguleringsplan framleis rom for fleire etableringar av plasskrevjande varer. Store delar av næringsarealet er lavt utnytta og det er regulert areal til næringsformål som ikkje er utbygd. I tillegg til næringsareal i gjeldande reguleringsplanar, er det i arealplanen lagt til to (?) område på til saman xx daa til næringsformål, mellom andre på sørsida av hovudvegen.

Mottak og deponi for masser

Det har vore fleire møter med bygge- og anleggsbransjen, med tema mottak og deponi for masser. (...)

Andre typer næringsareal (sjønære næringsareal, industri, næring, forretning mv.)

3.6 Transport og kommunikasjon

Eit effektivt tenestetilbod er avhengig av gode kommunikasjonsløyseringar internt i kommunen, både når det gjeld vegar, breiband og straumforsyning. For å nå målet i samfunnsdelen om å styrke og sikre dei regionale funksjonane som er etablert i Ørsta og Volda, og for å vidareutvikle bu- og arbeidsregionen må ein ha gode transport- og kommunikasjonsløyseringar. Det same gjeld om ein skal nå målet om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

Samtidig vil målsettinga om at utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport gjere at ein må gjere det enklare og meir attraktivt å ferdast med sykkel eller til fots, og ein må i større grad enn tidlegare prioritere løyseringar for kollektivtrafikk.

Arealstrategiar

Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema transport og kommunikasjon:

- Sikre gode kommunikasjonar i regionen og kommunen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.
- Sikre infrastruktur som grunnlag for god kommunikasjon.
- Legge til rette for reduksjon av klimagassutslepp knytt til transport ved å gjere kollektivtilbod, sykkel og gange meir attraktivt.
- Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster med veg, gate og parkeringsstruktur som gjer det lett å orientere seg, er trygt for alle, og inviterer til å gå og sykle i/til sentrumskjernen.
- Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelveggar som sikrar trygg ferdsel for barn og unge.
- Utvikle Volda som kollektivknutepunkt og betre offentleg kommunikasjonsstilbod.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Områderegulering for E39 Volda–Furene
- Planprogram for kommunedelplan for bru over Voldsfjorden
- Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda
- Arbeidsdokument kollektivtrafikk, sykkel og elbil
- Barnetrakk Volda hausten 2017
- Barnetrakk Vikebygda skule vår 2018
- Kartlegging snarveggar i Volda
- **Kartlegging av farlei, ankringsområde for skip og fiskerihamner.**

Transport

E39 og RV651 går gjennom kommunen, og dei to store vegprosjekta Eiksundsambandet og Kvivsvegen har endra trafikkmønsteret i regionen med påfølgjande auka trafikk over Ørsta-Volda lufthamn. Etablering av Voldatunnelen vil flytte gjennomgangstrafikken vekk frå sentrumskjernen, noko som vil opne for nye moglegheiter med omsyn til sentrumsutvikling i Volda.

Volda har ein utfordrande geografi og topografi når det gjeld å få til god kommunikasjon og gode trafikkløyseringar, både mellom sentrum og bygdene og internt i Volda sentrum. I samband med målsetting om å redusere fråflyttinga frå bygdene kan gode kommunikasjonar vere viktige tiltak. Volda har utfordringar når det gjeld å sikre bygdene rastrygge veggar. Det er starta opp arbeid for bru over Voldsfjorden.

Bustadbygging oppover i dei relativt bratte fjellsidene i Volda sentrum gjer det utfordrande å få til gode og attraktive gangsamband mellom bustadområda og sentrumskjernen. På same måte gir aukande trafikkmengde gjennom allereie etablerte bustadområde utfordringar i forhold til trafikksikring og trafikkflyt. I sentrumskjernen er det kamp om areala, og det er grunn til å tro at det er potensiale for å auke kollektiv-, sykkel- og gangtrafikken.

Det er eit nasjonalt mål å redusere trafikken i byar og tettstader, m.a. med omsyn til klimagassutslepp, plassbehov, støy- og støvproblematikk og legge til rette for auka fysisk aktivitet i kvardagen. Fortetting, korte avstandar mellom målpunkt og attraktive ferdselsårer for mjuke trafikantar er viktige prinsipp i dette arbeidet. Konsekvensar for transport og trafikk har vore tema i konsekvensutgreiinga.

Reguleringsplanen for E39 Volda–Furene vert vidareført i arealplanen. Det er lagt inn tre

moglege krysningspunkt for voldsfjordkryssing (?). Plankartet er oppdatert i høve "Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda". Det er teke omsyn til barnetrakkregistreringane i konsekvensutgreiingane.

Føresegnene til planen inneheld krav og retningsliner m.a. knytt til parkeringsplassar for bil og sykkelparkering.

3.7 Grønstruktur, friluftsliv og kultur

Dei gode mogelegheitene for naturopplevingar og friluftsliv gjer Volda attraktiv både som studie- og bustadkommune. Det er viktig å ta vare på, framheve og styrke faktorar som gjer Volda attraktiv. Ei viktig målsetting i samfunnsdelen er at alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen.

I samfunnsdelen står det også at Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning, og sikre biologisk mangfald både på land, i vatn og i sjø. Dette er også i samsvar med målet om å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

Arealstrategiar

Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema grønstruktur, friluftsliv og kultur:

- Sikre og utvikle viktige natur- og friluftsområde og legge til rette for tilgang til områda.
- Sikre og vidareutvikle grønstruktur i Volda sentrum med fokus på Utviklingsplanen og strategien "frå fjord til fjell".
- Sikre viktige kulturmiljø og kulturminne.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Kartlegging og verdsetjing av friluftsområde I Volda
- Kommunedelplan for kulturminne
- Tettstadsanalyse for Volda sentrum
- Kartlegging av vassdrag, strandsone og sjøareal.
- Fastsetting av markagrense, grense mot jordbruksareal og byggegrense mot sjø og vassdrag.

Grønstruktur og friluftsliv

Naturen i Volda gir eit unikt utgangspunkt for naturoppleving og friluftslivstilbod. Det er eit stadig større fokus på å nytte naturen til dagleg fysisk aktivitet og tilgang til slike område er viktig i eit folkehelseperspektiv. Ein samanhengande grønstruktur er viktig for innbyggjarane si helse og levekår, og for å oppretthalde det biologiske mangfaldet. Gode grøntområde nyttast som uformelle møteplassar og bidreg til liv i tettstaden. Nærleikeplassar og grønne kilar i bustadområda er med på å auke butrivsel og fremje utandørsaktivitet.

Turbøkene som vert sett ut på målpunkt ulike stader i kommunen viser at naturen vert mykje nytta til alle årstider, spesielt nærtuområda. Det er viktig å ta vare på desse viktige natur- og friluftsområda, også for framtidige generasjonar. For å utvikle og ta i vare areal for friluftslivet må ein sikre både viktige område og gode tilkomstar. Ei medviten haldning til leikeplassar, grønstruktur, snarvegar og "hundremeterskoger" er også viktig.

Tettstadsanalysen for Volda sentrum pekar på at Volda ikkje er god nok på å ta i vare koplinga mellom land og sjø. Ei kopling mellom desse elementa er identitetsskapande og kan bidra til å styrke Volda som tettstad.

Kommunen har lange fjordar med lang og til dels lite tilgjengeleg strandsone. Talet på bygg i strandsona er likevel aukande, noko som indikerer press på den tilgjengelege strandsona.

I arealdelen er område registrert som friluftslivsområde markert med omsynssone friluftsliv. Kunnskap frå kartlegginga av friluftslivsområda har vore nytta aktivt i konsekvensutgreiinga. I nokre område med arealformål grønstruktur har ein utvida områda for å sikre tilkomst for ålmenta til areala. Fleire stader har ein også lagt inn areal til opparbeiding av parkeringsplass knytt til viktige utfartsområde (t.d. ved ...?).

(Nye områder til grønstruktur/friluftsliv?)

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Kulturlandskap og kulturminne er viktige kjelder til kunnskap og opplevingar, for utvikling av lokalsamfunn og for verdiskaping for næringslivet. Godt ivaretekte kulturminne og -miljø er identitetsskapande, og kan nyttast aktivt som viktige ressursar for regional og lokal utvikling.

Eit aktivt jordbruk med slått og beiting med ulike husdyr gjev aktive bygder og vakre kulturlandskap.

Når areala vert haldne opne vert dei og meir attraktive for friluftsliv og bruk av ålmenta. Eit aktivt jordbruk er den beste måten å hindre gjengroing av kulturlandskapet i Volda på, og særleg er beiting gunstig for floraen og som motvekt til attgroing.

Kulturminne og kulturmiljø registrert i kommunedelplan for kulturminne er markert i plankartet. Registreringane har vore aktivt nytta i konsekvensutgreiinga. Føresegnene inneheld krav og retningsliner knytt til kulturminner og kulturmiljø.

Bygningsmiljø i Volda sentrum

Dagens byar og bygder ber med seg spor etter historia. Desse spora karakteriserar staden og gir den særpreg og eigenart. Dei er også med på å gjere historier levande. Bygningsmiljøet i Volda er ein del av kulturarven, og representerar viktige verdiar og felles ressursar for samfunnet i dag – og i framtida. Opplevingsverdien, identitetsverdien, symbolverdien og kunnskapsverdien er viktige sider av kulturarven si samfunnsmessige verdi. Kulturarven kan også nyttast til å auke staden sitt omdømme og konkurransekraft, til å tiltrekke besøkande og til merkevarebygging.

I dokumentet “Bygningsmiljø og estetisk rettleiar” har ein sett nærare på Volda sitt særpreg og kvalitetar innanfor bygningsmiljøet. Trehusmiljøa i Halkjelsvika, Hauane og Rotsetfjøra og sveitserrekkja i Gamlevegen, industribygga i Elvadalen, funkishusa i Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen og typehusa i Brenslene, Granlida og Furebakken er peika på som viktige bygningsmiljø – frå kvar sine tidsepokar, og på kvar sine måter. Skulebygningane, skifertaka, dei raude løene og alle uthusa er også trukke fram som særpreg for bygningsmiljøet i Volda. I tillegg til områda inneheld dokumentet også liste over enkeltbygningar med nasjonal, regional og lokal høg verdi. Føresegnene inneheld krav og retningsliner knytt til dei ulike områda.

3.8 Generelle oppdateringar

I samband med kommuneplanarbeidet har ein oppdatert arealføremål slik at kommuneplanen samsvarer med reguleringsplanar eller gjeldande bruk. Ein har også justert formålsgransene meir nøyaktig mot eigedomsgranser der det har vore hensiktsmessig.

4 KONSEKVENSGREIING OG ROS-OPPSUMMERING

5 OM PLANFRAMLEGGET

UTKAST

6 KJELDER



Volda kommune

Stormyra 2

6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no

Telefon: +47 70 05 87 00

Åpningstider: 08.00–16.00





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2016/551

Arkivkode: 026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
144/18	Formannskapet	18.09.2018
107/18	Kommunestyret	27.09.2018

FELLES SAMFERDSELSPROSJEKT VOLDA ØRSTA - SAMFERDSELSPAKKE

Handsaming:

Saka vart ettersendt 13.09.2018.

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal svara på spørsmål frå formannskapet.

Odd A. Folkestad kom med slikt alternativt framlegg:

1. *Det vert vist til føresetnaden om delvis bompengefinansiering av Voldatunnelen som er sett i NTP, og Volda kommune aksepterer denne.*

Det vert vidare vist til drøftingar over lang tid mellom Ørsta og Volda kommune om eventuelt i fellesskap å utvikle og vedta ein felles samferdselspakke. Det må slåast fast at desse drøftingane ikkje har ført fram til semje, og at det blir Volda kommune sitt ansvar å sørge for at føresetnaden nemnt i avsnittet frammanfor blir innfridd.

2. *Volda kommune vil etter dette godkjenne at det i Voldatunnelen vert kravd inn bompengar frå dei køyretøya som nyttar denne. Basert på dei trafikktalet som ligg føre frå Statens vegvesen i samband med godkjenninga av reguleringsplanen for Voldatunnelen, vil dette gi inntekter som innfrir medfinansieringsføresetnaden som er sett i NTP.*
3. *Volda kommune syner til at kostnaden med Voldatunnelen har auka i høve til dei opprinnelege kostnadane i NTP. Volda kommune oppmodar difor om at staten tek sin del av den auka kostnaden.*
4. *Kommunestyret ber om at det staks vert igangsett sluttdialog med Statens vegvesen for å få fastsett ei endeleg kryssing av Øyraelva, ref. sak OS 140/17, er Volda formannskap samla seg om alt. A – ei rein bruløysing.*
5. *Kommunestyret ber vidare om at det straks vert sett i gang drøftingar med Vegvesenet/Samferdselsdepartementet med sikte på å få kryssinga av Øyraelva*

finansiert med løyving frå «Programområdemidlar/riksveggar». Dei akutte trafikkproblema her skuldast tvillaust den midlertidige plassering av E39, og trafikken over Øyraelva vil berre auke til Voldatunnelen ein gong vert opna for trafikk.

Ordføraren kom med slikt alternativt framlegg:

1. *Volda kommune syner til tidlegare vedtak om samferdselspakke for Volda og Ørsta. Det vert og synt til føresetnaden om delvis bompengefinansiering av Voldatunnelen som er sett i NTP.*

Volda kommune er framleis positive til prosjektet om samferdselspakke og aksepterer delvis bompengefinansiering av ein slik pakke for Volda og Ørsta.

2. *Primært ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A4 og med bomsnitt på gamle E39 ved dagens rundkøyring i Furene bomsnitt 3. A4 alternativet krev godkjenning frå Ørsta kommune. Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere; Flyplasskrysset (finansiert 50% av midlane bom i Aasen genererer), Furene – rundkøyring, Kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelveggar, Øyra bru, Sentrumstiltak Volda, Sentrumstiltak Ørsta, Ørstaffjordkryssing, Voldafjordkryssing og Torvmyrvegen.*
3. *Subsidiert ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A3 og med bomsnitt på gamle E39 ved dagens rundkøyring i Furene bomsnitt 3. Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere; Furene – rundkøyring, Flyplasskrysset, Kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelveggar, Øyra bru, Sentrumstiltak Volda og Torvmyrvegne.*
4. *Volda kommunestyre syner til at kostnaden med Voldatunnelen har auka i høve til dei opprinnelege kostnadene i NTP. Volda kommune oppmodar difor om at staten ta sin del av den auka kostnaden.*

Dan Helge Bjørneset bad om punktvis røysting.

Prøverøysting:

Prøverøysting framlegget til Odd A. Folkestad:

- Punkt 1 og 2 fekk 6 røyster, 3 røysta mot (Gunnar Strøm, Benedikte Holmberg og Jørgen Amdam).
- Punkt 3 fekk 9 røyster.
- Punkt 4 og 5 fekk ei røyst, Odd A. Folkestad, 8 røysta mot.

Prøverøysting framlegget frå ordføraren:

- Punkt 1 fekk 7 røyster, 2 røysta mot (Dan Helge Bjørneset og Odd A. Folkestad).
- Punkt 2 fekk 8 røyster, 1 røysta mot (Odd A. Folkestad)
- Punkt 3 fekk 7 røyster, 2 røysta mot (Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset)

Prøverøysting tilrådinga frå administrasjonen:
Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster og falt.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Odd A. Folkestad og framlegget frå ordføraren. Framlegget frå ordføraren fekk 7 røyster og vart vedteke, framlegget frå Odd A. Folkestad fekk 2 røyster (Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset) og falt.

Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:

- 1. *Volda kommune syner til tidlegare vedtak om samferdselspakke for Volda og Ørsta. Det vert og synt til føresetnaden om delvis bompengefinansiering av Voldatunnelen som er sett i NTP.***

Volda kommune er framleis positive til prosjektet om samferdselspakke og aksepterer delvis bompengefinansiering av ein slik pakke for Volda og Ørsta.

- 2. *Primært ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A4 og med bomsnitt på gamle E39 ved dagens rundkøyning i Furene bomsnitt 3. A4 alternativet krev godkjenning frå Ørsta kommune.***

Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere;

Flyplasskrysset (finansiert 50% av midlane bom i Aasen genererer), Furene – rundkøyning, Kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelveggar, Øyra bru, Sentrumstiltak Volda, Sentrumstiltak Ørsta, Ørstaffjordkryssing, Voldafjordkryssing og Torvmyrvegen.

- 3. *Subsidiert ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A3 og med bomsnitt på gamle E39 ved dagens rundkøyning i Furene bomsnitt 3.***

Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere;

Furene – rundkøyning, Flyplasskrysset, Kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelveggar, Øyra bru, Sentrumstiltak Volda og Torvmyrvegne.

- 4. *Volda kommunestyre syner til at kostnaden med Voldatunnelen har auka i høve til dei opprinnelege kostnadene i NTP. Volda kommune oppmodar difor om at staten ta sin del av den auka kostnaden.***

Administrasjonen si tilråding:

- 5. *Volda kommune syner til tidlegare vedtak om samferdselspakke for Volda og Ørsta. Det vert og synt til føresetnaden om delvis bompengefinansiering av Voldatunnelen som er sett i NTP.***

Volda kommune er framleis positive til prosjektet om samferdselspakke og aksepterer delvis bompengefinansiering av ein slik pakke for Volda og Ørsta.

6. **Primært ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A4 og med bomsnitt på gamle E39 lengst mot dagens rundkøring i Furene. A4 alternativet krev godkjenning frå Ørsta kommune.**
Aktuelle prosjekt ved dette alternativet er;
Flyplasskrysset (finansiert 50% av midlane bom i Aasen genererer), Furene – rundkøring, Kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelveggar, Øyra bru, Sentrumstiltak Volda, Sentrumstiltak Ørsta, Ørstaffjordkryssing og Voldafjordkryssing.
7. **Subsidiert ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A3 og med bomsnitt på gamle E39 lengst mot dagens rundkøring i Furene.**
Aktuelle prosjekt ved dette alternativet er;
Furene – rundkøring, Flyplasskrysset, Kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelveggar, Øyra bru, Sentrumstiltak Volda.
8. *Volda kommunestyre syner til at kostnaden med Voldatunellen har auka i høve til dei opprinnelege kostnadene i NTP. Volda kommune oppmodar difor om at staten ta sin del av den auka kostnaden.*

Vedleggsliste:

Underskriftsliste innlevert 06.09.2018

NTP (Nasjonal Transportplan), Handlingsprogram 2018-2023(2029) for det som gjeld denne saka.

Uprenta saksvedlegg:

Møtereferat frå styringsgruppa 1-8

Møtereferat frå arbeidsgruppa.

NTP (Nasjonal Transportplan), Handlingsprogram 2018-2023(2029)

Samandrag av saka:

Volda og Ørsta kommunar har i samarbeid med Statens vegvesen teke initiativ til utarbeiding av felles samferdslepakke for Volda /Ørsta , der grunnlag for bompengefinansiering av E39 Volda –Furene (Voldatunellen) er hovudprosjektet.

Reguleringsplanen for E39 Volda – Furene vart vedteken i Volda kommunestyre 31.05.2018, sak PS 69/18, og gir rammer og kostnadstal for dette tiltaket som er hovudprosjektet i pakken.

Saka handlar no om tilslutnad til ein «bompengepakke.» Utkastet til saksutgreiing har vore sendt SVV for attendemelding og innspel. Innspela er innarbeidde i denne saksutgreiinga.

Bakgrunn for saka:

Volda og Ørsta kommunar har i samarbeid med Statens vegvesen teke initiativ til utarbeiding av felles samferdslepakke for Volda /Ørsta , med bompengefinansiering der E39 Volda –Furene (Voldatunellen) er hovudprosjektet.

I slik bompengepakke har kommunane og Statens vegvesen SVV hatt eit ynskje om å kunne integrere fleire aktuelle lokale vegtiltak i Volda og Ørsta, med sikte på snarleg gjennomføring.

Dette vil i særleg grad vere aktuelt for viktige lokale tiltak som elles ikkje har prioritet som aktuelle strekningsvise tiltak i NTP.

Jfr. her også kommunestyret sitt intensjonsvedtak for samferdslepakken, K-sak sak PS 50/16, den 21.04.2016, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret ser framdrift og prioritering av dei overordna veglinene med tilhøyrande infrastruktur som avgjerande for utviklinga i regionen Volda - Ørsta, og minner om at dette er eit samfunn som må sjåast på line med dei tre byane Kristiansund, Molde og Ålesund.*
- 2. Kommunestyret godkjenner at prosess på utarbeiding av grunnlag for felles samferdselspakke for Volda og Ørsta vert sett i gang.*
- 3. Programnotatet skal definere konkrete tiltak og sjå gjennomføring i fasar ut frå realisme knytt til målsetting for samferdselspakke-programmet, tilgjengelege ressursar og gjennomførbarheit.*
- 4. Kommunestyret ber ordførar og rådmann ta kontakt med Statens Vegvesen, region Midt, Møre og Romsdal fylkeskommune og Ørsta kommune for å få etablert ei styringsgruppe til å styre og gjennomføre utgreiinga. Styringsgruppa fastset framdriftsplan, set ned ev arbeidsgrupper og rapporterer til kommunestyret. Ordførar og rådmann representerer styringsgruppa frå Volda kommune.*
- 5. I det vidare arbeidet med felles samferdselspakke for Volda og Ørsta skal omsynet til måla i gjeldande klimaplanar ileggast stor vekt.*

Med grunnlag i dette og tilsvarande vedtak i Ørsta kommune vart det etablert Styringsgruppe og arbeidsgruppe tilknytt prosjektet.

Statens vegvesen har hatt prosjektansvaret og har bidrege med fagleg ekspertise og sekretærfunksjon.

Styringsgruppa har hatt slik samansetning:

Jørgen Amdam (leiar, Volda kommune), Rune Sjurgard (Volda kommune), Stein Aam (Ørsta kommune), Wenche Solheim (Ørsta kommune), Kjetil Strand (Statens vegvesen), Ole Jan Tønnesen (Statens vegvesen), Per Ove Nydal (Møre og Romsdal fylkeskommune), Cathrine Helle-Tautra (sekretær).

Arbeidsgruppe har hatt fylgjande samansetning:

Cathrine Helle-Tautra (Statens vegvesen), Vidar Neraas (Statens vegvesen), Svein Sunde (Gode vegar AS), Rolf-Magnus Sundgot (Ørsta kommune), Per Heltne (Volda kommune), Gry Halvorsen (Møre og Romsdal Fylkeskommune).

Arbeidsgruppa har etter vedtak i styringsgruppa hatt fylgjande mandat for sitt arbeid:

- Arbeidsgruppa skal utarbeide eit overbygningsdokument som beskriv konseptet til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta. Overbygningsdokumentet skal vise at pakken inneheld ulike tiltak i både Ørsta og Volda. Arbeidsgruppa skal også greie ut ulike modellar for bompengeprojektet.*
- Arbeidsgruppa skal i fellesskap føreslå ei prioriteringsliste over prosjekter som kan inkluderas i samferdselspakken. Alle prosjekter i denne lista skal ha eit kostnadsanslag.*
- For å sikre brei involvering lokal, skal arbeidsgruppa organisere:
 - o Folkemøter i Ørsta og volda sentrum*
 - o Eigne møter med transportørane i området**
- Arbeidsgruppa skal i tillegg utføre konkrete oppgåver definert av styringsgruppa.*

Arbeidsgruppa har hatt i alt 6 møter fram til no.

Overbyggingsdokument er utforma, men ikkje fullført, då det enno ikkje er heilt avklara kva prosjekt som skal takast med og kva bomsnitt som skal leggst til grunn.

Det er gjennomført folkemøte felles for Volda og Ørsta i Åsentunet.

Det er gjennomført møte med næringslivet /transportørane i området.

Arbeidsgruppa gav si tilråding til styringsgruppa den 31.08.2017.

Styringsgruppa tok så dette vidare i sitt møte den 1.11.2017.


Styringsgruppa kom etter dette med fylgjande tilråding om val av løysing.

Den eine basert på ei minimumsløysing der bomsnittet vert knytt til ny tunell og dagens E-39. Det andre eit utvida prosjekt der ein også etablerer eit bomsnitt lokalt i Ørsta og Volda sentrum. Dette var også grunnlag for felles formannskapsmøte den 13.02.2018.

I fellesmøtet vart det gjort vedtak om å sette ned ei arbeidsgruppe med politisk valde medlemmer frå begge kommunane for vidare arbeid med bompengeprojektet.

Statens vegvesen har etter dette gjort fleire berekningar av inntektspotensiale i ulike modellar og bompengesnitt, som grunnlag for val av bomsnitt og prosjektomfang.

Til det siste møtet i styringsgruppa 8. juni 2018 vart det lagt fram slike berekningar frå SVV, basert på fylgjande modell-variantar, (vurderte bomplasseringar nummerert på kartet under):



Berekning 1

Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1), Ekset (2) - Bomsnitt sør for fv. 47. Stenger lokalveier sørover mot Volda som kan gi lekkasje

Berekning 2

Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1), Furene (3) og Aasen i Ørsta (4)
(Bomsnitt i Ørsta flytta etter ønskje frå Ørsta)

Berekning 3

Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1) og mot Furene (3)

Berekning 4

Bomsnitt på ny tunnelarm i Furene (1) og ved Klippa (5)

Berekning 5

Bomsnitt KUN på ny tunnelarm i Furene

Med grunnlag i denne berekninga har Statens vegvesen gjennom sine modellar lagt til grunn fylgjande trafikktalet/første gongs betalende i desse modellalternativa:

	Ny tunnel	Gammel E 39 (Klippa/Furene)	E 39 (Hovden)	Sum nye betalende	Sum betalende (1.gang)
Berekning 1 og 4	4700	2100			Ca. 7000
Berekning 2	4700	2700	6000	1000 nye ved Hovden	Ca. 8000
Berekning 3	4700	2650	6400		Ca. 7000
Berekning 5 *	1600	7400			1600

Tidlegare var det også med eit alternativ til bomstasjon i Aasen (4) som skulle ligge aust for flyplasskrysset, mellom flyplassen og Ørsta sentrum. Saman med bomsnitt på ny tunellarm i Furene (1), Furene (3) ville eit slikt alternativ gitt om lag 9.000-10.000 1.gongsbetalende, ei løysing som ville gitt ei vesentleg større finansieringsevne enn plasseringa ved Aasen. Etter ynskje frå Ørsta vart

bomplasseringa i alt. (4) likevel flytta til Aasen. Det har også vore drøfta eit alternativ der det vart lagt eit bomsnitt ved utgangen av Rotsethorntunnellen, utan at dette alternativet har fått tilslutnad og vore vurdert vidare.

E39 Fiskestave (15)	A	Sogn og Fjordane	-	24,0	-	-	-	-	-	-	24,0	-	-		
E39 Dyrheimstasjon Volda/Grane	D	Møre og Romsdal	-	5,0	-	-	-	-	-	-	5,0	-	-		
Sum				42,4	-	13,4	-	-	-	-	24,0	42,4	-		

III, 2018-Kr

Fornyng	Tiltakskategori	Fylke	Bundet	Kommunedsørvarelag/ restbehov		2018	2019	2020	2021	2022	2023	2018-2023	Behov etter 2023		
				Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen
E39 Nordfjordfiskebrua	B	Fjordland	x	54,5	-	25,5	-	-	-	-	54,5	-	-		
E39 Stordbrua - avviklingsplanlegg av bærvekster	B	Fjordland	-	36,6	-	-	-	-	-	-	36,6	-	-		
E39 Stordbrua	B	Fjordland	-	13,1	-	-	-	13,1	-	-	13,1	-	-		
Turneundersøkningsprogrammet, Region vest	T	Sogn og Fjordane	-	1 361,2	-	220,3	-	387,5	-	448,4	219,3	-	-		
Turneundersøkningsprogrammet, Region midt	T		-	57,7	-	12,7	-	45,0	-	-	57,7	-	-		
Sum				1 523,3	-	258,5	-	461,5	-	461,5	219,3	1 502,3	21,0		

MIII, 2018-Kr

Planlegging	Tiltakskategori	Fylke	Bundet	Kommunedsørvarelag/ restbehov		2018	2019	2020	2021	2022	2023	2018-2023	Behov etter 2023		
				Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen
Planlegging rute 4a	P	Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane	x	1 489,7	0,4	142,8	0,4	290,3	334,0	390,3	184,4	1 489,7	0,4		
Planlegging rute 4a	P	Møre og Romsdal	x	415,1	-	82,6	-	73,4	74,8	77,1	49,0	415,1	-		
Sum				1 904,8	0,4	225,4	0,4	363,7	408,8	467,4	233,4	1 904,8	0,4		

MIII, 2018-Kr

Grunnøvern	Tiltakskategori	Fylke	Bundet		2018		2019		2020		2021		2022		2023		2018-2023		Behov etter 2023	
			Kostnadsoverslag/ resbehov		Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen
			Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen
			50,0	-	-	-	10,0	-	10,0	-	10,0	-	10,0	-	10,0	-	50,0	-	-	-
Sum			50,0	-	-	-	10,0	-	10,0	-	10,0	-	10,0	-	10,0	-	50,0	-	-	-

Mil. 2018-kr

Vedlikehold av riksveger	Tiltakskategori	Fylke	Bundet		2018		2019		2020		2021		2022		2023		2018-2023		Behov etter 2023	
			Kostnadsoverslag/ resbehov		Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen
			Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen	Stat	Annen
E39 Lørdunelien nord	K	Sogn og Fjordane	22,6	-	3,8	-	3,8	-	3,8	-	3,8	-	3,8	-	3,8	-	22,6	-	-	-
E39 Stordvua - maling	B	Fjordaland	23,1	-	3,9	-	3,9	-	3,9	-	3,9	-	3,9	-	3,9	-	23,1	-	-	-
E39 Sver bu	B	Sogn og Fjordane	41,0	-	6,8	-	6,8	-	6,8	-	6,8	-	6,8	-	6,8	-	41,0	-	-	-
E39 Vardalsstranda, skogrydding	A	Møre og Romsdal	3,0	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	3,0	-	-	-
E39 Volda og Ørsta, lukket demstikk	D	Møre og Romsdal	6,0	-	6,0	-	6,0	-	6,0	-	6,0	-	6,0	-	6,0	-	6,0	-	-	-
E39 Stikkrennskilling (stålern) 4a	D	Møre og Romsdal	7,0	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	7,0	-	-	-
Tunnellbedringsprogrammet, Region vest	T		542,0	-	25,5	-	25,5	-	204,4	-	204,0	-	108,1	-	-	-	542,0	-	-	-
Tunnellbedringsprogrammet, Region midt	T		10,0	-	10,0	-	10,0	-	225,8	-	221,5	-	122,6	-	14,5	-	10,0	-	-	-
Sum			654,7	-	50,0	-	20,5	-	225,8	-	221,5	-	122,6	-	14,5	-	654,7	-	-	-

Mil. 2018-kr



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Totland

Arkivsak nr.: 2017/1762

Arkivkode: 611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
137/18	Formannskapet	18.09.2018
108/18	Kommunestyret	27.09.2018

PROSJEKTPLAN OG FULLFINANSIERING AV ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE, VESTRE DEL, MED INFRASTRUKTUR OG VEG.

Handsaming:

Rådmannen og teknisk sjef, Rune Totland, orienterte om saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek utbygging av Rotset næringsområde som utlyst, og opparbeide området vest for E39 i samsvar med gjeldande reguleringsplan, med veg, asfalt, veglys og infrastruktur. Formannskapet sitt vedtak i sak 128/18 den 21.08.18 vert derfor gjort om inkje.*
- 2. Kostnaden er rekna til kr 35,3 mill kr til full utbygging av Øvre Rotset Næringsområde vest for E39.*

<i>Samla Investeringsramme inkl. mva.</i>	<i>35,3 mill kr</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>6,7 mill Kr</i>
<i>Løyvingar 2018</i>	<i>10,3 mill Kr</i>
<i>Behov Ny Løyving</i>	<i>18,3 mill kr</i>

- 3. Ny løyving på 18,2 mill Kr vert å finansiere ved bruk av ubundne investeringsfond. Seinare sal av næringsstomter på området skal tilbakeførast til investeringsfondet.*

Administrasjonen si tilråding:

- 4. Kommunestyret vedtek utbygging av Rotset næringsområde som utlyst, og opparbeide området vest for E39 i samsvar med gjeldande reguleringsplan, med veg, asfalt, veglys og infrastruktur. Formannskapet sitt vedtak i sak 128/18 den 21.08.18 vert derfor gjort om inkje.**
- 5. Kostnaden er rekna til kr 35,3 mill kr til full utbygging av Øvre Rotset Næringsområde vest for E39.**

Samla Investeringsramme inkl. mva.	35,3 mill kr
Momskompensasjon	6,7 mill Kr
Løyvingar 2018	10,3 mill Kr
Behov Ny Løyving	18,3 mill kr

- 6. Ny løyving på 18,2 mill Kr vert å finansiere ved bruk av ubundne investeringsfond. Seinare sal av næringstomter på området skal tilbakeførast til investeringsfondet.**

Vedleggsliste:

PS 128/18 frå 21.08.18

Uprenta saksvedlegg:

2012/2312; PlanID 2012008 - Detaljreguleringsplan Øvre Rotset Næringsområde

Samandrag av saka:

Føresetnadene har endra seg sidan formannskapet handsama saka 21. august. Det har vore drøftingar med Retail Eigedom basert på søknad om opsjon på kjøp av næringstomter på austsida av E 39 på næringsområdet på øvre Rotset. I opsjonsperioden skulle selskapet avklare utbyggingsplanar for heile opsjonsområdet som grunnlag for ev kjøp av dei kommunale tomtene. Dei viste til opsjonsavtaler med Gjelsvik og Brenne Rør og uttrykte interesse for ei heilskapleg utbygging der dei skulle byggje ut heile dette området på austsida av E 39. I møte med selskapet 3. september hadde dei endra føresetnadene og vil no kjøpe næringstomta på ca 9 da der det i dag ligg steinmasser. I desse endringane ligg også at dei ynskjer at kommunen fjernar staimmassene og gjennomfører grunnundersøkingar med omsyn byggjeklaring på tomte.

Volda kommune gjekk i direkte dialog med Retail Eigedom med bakgrunn i heilskapleg utbygging av eit større område. Etersom saka no handlar om kjøp av enkeltstående tomt, må ein vurdere om kommunen berre kan tildele tomte direkte utan å gå om kunngjering for konkurranse . Søknaden frå Retail Eiendom vil verte lagt fram som eiga sak

Dette opnar for at Volda kommune kan gå attende til opprinneleg plan om å opparbeide byggeklare tomter vest for E39, med tilkomst via undergangen. Vedståingsfristen på anbodet frå Volda Maskin er utsett til 01.10-18, slik at vi rekk å bestille dette arbeidet utan endringar, og utan ny utlysing. Denne løysinga sikrar at den tomte aust for E39, som Retail eigedom framleis er interessert i, vert raskt rydda for steinmasser og klar til sal innan årsskifte. Det

sikrar også at Volda kommune får byggjeklare næringsstomter vest for E39 i løpet av 2019. Vegtilkomst til ROP bustadene kjem då også på plass innan utløp av dispensasjon for tilkomst mot Myravegen.

Kostnad er berekna til Kr 28,6 mill eks mva og 35,3 mill inkludert mva.

Finansiering utan MVA:

Løyving i budsjett for 2018, inkludert overføring frå tidlegare år er 10,38 mill

Denne finansieringa er tilstrekkeleg i 2018.

I 2019 treng prosjektet ei ny løyving på 18,3 mill.

I økonomiplan ligg der 4 mill i 2019 og 4 mill i 2020

Det må difor innarbeidast ei auke på 10,3 mill i bruk av ubundne investeringsfond i tillegg til dei 8 millionane som allereie ligg i økonomiplan.

Løyvinga til prosjektet for 2019 må vera 18,3 millionar plus mva, 4,54 mill.

Saksopplysningar/fakta:

Framdriftsplan:

Kontrakt Volda Maskin 28.09.18

Oppstart: Oktober 2018

Ferdigstilling Desember 2019

Veg til ROP Bustader ferdig september 2019.

Steinmasser fjerna frå tomt aust for E39, ferdig Desember 2018.

Kva	Kostnad eks. mva.	mva.	Kostnad inkl. mva.
Medgåtte kostnader til konsulent og intern tid i 2018.	775 000 kr	- kr	775 000 kr
Anbod Volda Maskin.	22 761 393 kr	5 690 348 kr	28 451 741 kr
Risiko for tillegg til f.eks forureining i grunnen og regulerbare mengder.	3 000 000 kr	750 000 kr	3 750 000 kr
Interne kostnader og innleige av konsulent.	2 000 000 kr	250 000 kr	2 250 000 kr
Sum	28 536 393 kr	6 690 348 kr	35 226 741 kr
Løyving i 2018	10 378 000 kr	2 594 500 kr	12 972 500 kr
Finansiering i 2019	- 18 158 393 kr	-4 539 598 kr	- 22 697 991 kr

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen konkluderer med at utbygginga av området vest for E39 bør opparbeidast med infrastruktur, veg, veglys og byggjeklare tomter, i tråd med gjeldande reguleringsplan. Arbeidet må startast utan ny utlysing og unødig opphald, slik at Volda kommune er i posisjon til å tilby byggjeklare tomter, raskast råd, og før Voldatunnellen vert opna for trafikk. Der har vore noko fram og attende med denne konklusjonen, då ein ekstern aktør uttrykte planar for heilheitleg utbygging for eit større område for næringsområdet aust for E 39.

Administrasjonen såg det derfor som naturleg at kommunen avventa å setje i gang utbygging av infrastruktur til ein fekk til ei avklaring med denne utbyggjaren. Med bakgrunn i signala

frå Retail Eiendom i møte 3. september, så vert det ikkje noko heilskapleg utbygging i regi av denne utbyggjarane. Det er viktig at Volda kommune har regien på dette og ikkje splittar opp næringsområdet med enkelttomter utan ein samla plan. Volda kommune bør difor tilretteleggje området.

Helse og miljøkonsekvensar:

Vurdert i Reguleringsplan.

Økonomiske konsekvensar:

Auka bruk av ubunde investeringsfond med 10,3 millionar.

Kostnadane med utbygging av heile Øvre Rotset Næringsområde skal fordelast likt på heile arealet, slik at m² prisen på tomtane vert lik for heile området. Volda kommune har som mål å få dekkja alle kostnader med utvikling, grunnkjøp og opparbeiding av Øvre Rotset Næringsområde, ved sal av næringstomter i åra som kjem.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdert i Reguleringsplan.

Brannvatn; Det vert framført naudsynt med vatn for brannberedskap og sprinkleranlegg, via Ringvassleidning frå Myravegen til Torvmyrvegen. Det vert såleis ei betring i brannsikkerheita i området.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Teknisk sektor

Stormyra 2
6100 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1347	11494/2018		SVK/ SONHAV	22.08.2018

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE -
OPPARBEIDING VEST FOR E39**

Vi melder med dette frå at formannskapet den 21.08.2018, hadde føre ovannemnde som sak PS 128/18, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Formannskapet vedtek å lyse ut nytt anbod der ein trekkjer ut veg med infrastruktur på austsida av E39 og veg med infrastruktur på vestsida av E39. Heile området vest for E39 vert masseutskifta og opparbeidd, klart til å leggje infrastruktur og veg på eit seinare tidspunkt.***
- 2. Eiga sak om finansiering vert framlagt kommunestyret så snart kostnaden er kjend.***

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Rune Totland – teknisk sjef

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon:	Telefaks: 70058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-----------------------	---	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Totland

Arkivsak nr.: 2018/1347

Arkivkode:

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

128/18

Formannskapet

21.08.2018

ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE - OPPARBEIDING VEST FOR E39

Handsaming:

Saka vart ettersendt 20.08.2018.

Teknisk sjef Rune Totland orienterte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 21.08.2018:

- Formannskapet vedtek å lyse ut nytt anbod der ein trekkjer ut veg med infrastruktur på austsida av E39 og veg med infrastruktur på vestsida av E39. Heile området vest for E39 vert masseutskifta og opparbeidd, klart til å leggje infrastruktur og veg på eit seinare tidspunkt.*
- Eiga sak om finansiering vert framlagt kommunestyret så snart kostnaden er kjend.*

Administrasjonen si tilråding:

- Formannskapet vedtek å lyse ut nytt anbod der ein trekkjer ut veg med infrastruktur på austsida av E39 og veg med infrastruktur på vestsida av E39. Heile området vest for E39 vert masseutskifta og opparbeidd, klart til å leggje infrastruktur og veg på eit seinare tidspunkt.*
- Eiga sak om finansiering vert framlagt kommunestyret så snart kostnaden er kjend.*

Vedleggsliste:

Gjeldande reguleringskart

Uprenta saksvedlegg:

2012/2312; PlanID 2012008 - Detaljreguleringsplan Øvre Rotset Næringsområde

Samandrag av saka:

På bakgrunn av tidlegare politiske vedtak, har vi no fått inn ein pris på opparbeiding av deler av Næringsområdet. Det gjeld området vest for E39, som er kalla F/K/I 1 og 2, samt vegane V3 og GS 2 og 3 på gjeldande reguleringsplan/plankart; PlanID 2012008, godkjent i KST 13.11.2014 (saksnr. 142/14).

Spørsmålet er om vi skal gå for opparbeiding av myra på vestsida av E 39, eller utsetje det i påvente av kva ein kan få til med ei avtale med ekstern utbyggjar om sal av område på austsida av vegen. (F/K/I 3, 4 og event. 5).

Det er teke atterhald i utlysingsdokumenta om politisk godkjenning frå Volda kommune, så eit nei til opparbeiding i denne omgang, vil ikkje kunne få økonomiske konsekvensar.

Prosjekteringa og anbodspapira var samordna med ei opprusting av Vatn, Avløp og kablar i Myravegen, nye gatelyspunkt og re-asfaltering vert også utført i denne samanheng. Denne jobben skal belastast Vatn og avløp i samanheng med leidningsutskifting og framlegging av El, Vatn og Avløp til industriområdet på Rotset.

Der eksisterer på det noverande tidspunkt 5 alternativ til framdrift opparbeiding av næringsområdet på øvre Rotset, vest for E39. Prosjektet er ikkje fullfinansiert, men har ei finansiering på ca. 16 millionar i økonomiplan for 2018-2020.

1. Bestille oppdrag som utlyst, og opparbeide området vest for E39 i samsvar med gjeldande reguleringsplan, med veg, asfalt, veglys og infrastruktur.
2. Bestille oppdrag som utlyst, og opparbeide området vest for E39 i samsvar med gjeldande reguleringsplan, med veg, asfalt, veglys og infrastruktur. Unntatt infrastruktur aust for E39. Dette reduserer anbudet med 2 millionar og kan bestillast utan ny utlysing og innanfor regelverket for offentlege anskaffingar.
3. Lyse ut nytt anbod der endringa er å trekkje ut veg med infrastruktur på austsida av E39 og veg med infrastruktur på vestsida av E39. Heile området vest for E39 vert masseutskifta og opparbeidd, klart til å leggje infrastruktur og veg på eit seinare tidspunkt. Dette vert ei endring på ca. 6 millionar, og 27% av entreprisa. Det kan difor ikkje bestillast utan ny utlysing, innanfor regelverk for offentlege anskaffingar.
4. Lyse ut nytt anbod der endringa er å trekkje ut veg og infrastruktur på austsida av E39 og veg med infrastruktur på vestsida av E39. Heile området vest for E39 vert ikkje masseutskifta. Området vert avdekt og oppfylt med stein og pukk så langt lageret vårt på Rotset rekk, i tillegg til steinmasser vi vil få gratis levert av Statens vegvesen som følgje av utbetringa av Rotsethorntunnelen. Dette vert ei endring på meir enn 20% av entreprisa, og kan difor ikkje bestillast utan ny utlysing, innanfor regelverk for offentlege anskaffingar.
5. Volda kommune avlyser anbodskonkurransen og avventar å gjere noko med området vest for E39 og overlet til ekstern utbyggjar å planleggje, ev omregulere og opparbeide området på eit seinare tidspunkt.

Saksopplysningar/fakta:

Det har vore jobba lenge med å få til eit Næringsområde på Øvre Rotset. I november 2014 vart reguleringsplanen godkjent, og arbeidet med å sikre seg meir areal starta. Dette arbeidet var ferdig med ein dom i Frostating Lagmannsrett i nov. 2017.

Sommaren 2017 vart det satt i gang arbeid med å lage til ein tilbudsførespurnad på Prosjekteringsoppdrag på Næringsområdet. Kontrakt med prosjekterande vart skreve i oktober, og ferdig prosjekt (etter litt tilleggsarbeid (Myravegen og V3 aust om E 39) vart lagt ut på Doffin i mai 2018, i samsvar med gjeldande reguleringsplan Plan ID 2012008.

I prosjekteringa/tilbodet som er kome inn, er det medteke å «drenere ut myra», ta ut all masse (ca. 50 000 m³) og legge den på eit deponi ved det nye tilleggsarealet/utvidingsarealet for Leirshaugen gravplass. (volumet til massa vil minke til ca. 1/5 innan eit år). Det er tenkt og fyller opp området med pukke frå Volda kommune sitt massedeponi (ca 10000 m³, som ligg på F/K/I 4) samt overskotsmasse frå Statens Vegvesen si rehabilitering av Rotsethorntunnelen (7000 m³). Den resterande pukken må entreprenøren skaffe sjølv.

Det er tenkt oppfyll med pukke til «byggeklare» tomter. Det skal i den nye vegen (V3) ligge vatn/avløp, samt EI-kabelgrøft. Vassledninga er tenkt som ei «ringledning» på Øvre Rotset, og skal koplatt til den nye opplegget i Myravegen, samt til Torvmyrvegen. Også ny høgspenkabel er ei «ringledning», og er ein del av prosjektet som Mørenett held på med for tida (frå trafostasjonen ved Øyraelva/bak Jøcobsen Kjøt i Elvegata, via Myravegen - Storebakken og til nedre Rotset). Kryssing av E 39 er tenkt ved boring under europavegen ved sidan av undergangen.

Både vatn og høgspenkabel kan eventuelt leggjast i nye/andre trasear, og krysse E 39 på andre plassar.

Den nye vegen V3 er tenkt å lagast til som «fullstandard veg», med fortau, asfalt og gatelys.

Eit politisk vedtak frå 2016 (saksnr. 1015), gjev dei nye ROP-bustadane ein dispensasjon i tilkomstveg på V3, til 30.06.2019. ROP-bustadane har no tilkomst frå Myravegen/parkeringsplassen ved Leirshaugen.

Om ein tek utgangspunkt i tilbodet, og trekker ut knappe 2 mill., for renovering/opparbeiding av «ny» veg på austsida (V3, frå Torvmyrvegen og aust/SA mot undregangen) av E 39, sit ein att med ca. 17,5 millionar til opparbeiding av «myra» på vestsida.

Prosjektet er ikkje fullfinansiert, men har ei finansiering på ca 16 millionar i økonomiplan for 2018-2020.

Det har i seinare tid kome nye moment inn i reguleringsplanen for Øvre Rotset Næringsområde. Retail eigedom AS har søkt om opsjon på areal på austsida av næringsområdet og har som intensjon å planleggje ei heilheitleg utvikling av området. Deira planer inkluderer ikkje det vestre arealet, men har spelt inn at dei kan ha interesse også her seinare. Tradisjonelt for kommunale næringsområde er ofte at ein sel ut enkelttomter ettersom aktørar melder seg utan ein samla plan. Dersom næringsområdet skal utviklast ut frå ein heilskapleg plan etter privat initiativ, vil ein risikere at dei anlegga kommunen har prosjektert med ikkje treffer behovet både når det gjeld veginfrastruktur og VA.

Der eksisterer på det noverande tidspunkt 5 alternativ til framdrift opparbeiding av næringsområdet på øvre Rotset, vest for E39.

1. Bestille oppdrag som utlyst, og opparbeide området vest for E39 i samsvar med gjeldande reguleringsplan, med veg, asfalt, veglys og infrastruktur. Dette alternativet kan startast allereie i september 2018, men vi risikerer å leggje infrastruktur og veg som ikkje harmonerer med framtidig utvikling av området. Dette alternativet stettar

regulert tilkomst til ROP bustadane som på det noverande tidspunkt har dispensasjon til juni 2019 med tilkomst frå Myravegen. Dette alternativet sikrer at Volda kommune får full nytte av sitt steinlager på Rotset i tillegg til steinmasser frå oppgradering av Rotsethorntunnelen.

2. Bestille oppdrag som utlyst, og opparbeide området vest for E39 i samsvar med gjeldande reguleringsplan, med veg og infrastruktur. Unntatt Ved med infrastruktur aust for E39. Dette reduserer anbodet med 2 millionar og kan bestillast utan ny utlysing og innanfor regelverket for offentlege anskaffingar. Dette alternativet sikrar at Volda kommune får full nytte av sitt steinlager på Rotset i tillegg til steinmasser frå oppgradering av Rotsethorntunnelen. Dette alternativet kan også startast allereie i september 2018, men vi risikerer også her å leggje infrastruktur og veg som ikkje harmonerer med framtidig utvikling av området. Dette alternativet stettar regulert tilkomst til ROP bustadane som på det noverande tidspunkt har dispensasjon til juni 2019 med tilkomst frå Myravegen.
3. Lyse ut nytt anbod der endringa er å trekkje ut veg med infrastruktur på austsida av E39 og veg med infrastruktur på vestsida av E39. Heile området vest for E39 vert masseutskifta og opparbeidd, klart til å leggje infrastruktur og veg på eit seinare tidspunkt. Dette vert ei endring på ca 6 millionar, og 27% av entreprisa, og kan difor ikkje bestillast utan ny utlysing, innanfor regelverk for offentlege anskaffingar. Dette alternativet sikrar at Volda kommune får full nytte av sitt steinlager på Rotset i tillegg til steinmasser frå oppgradering av Rotsethorntunnelen. Dette alternativet stettar ikkje regulert tilkomst til ROP bustadane som på det noverande tidspunkt har dispensasjon til juni 2019 med tilkomst frå Myravegen. Her må det søkjast om utvida dispensasjon om tilkomst frå Myravegen, fram til vegtrase gjennom Vestsida av Øvre Rotset næringsområde er avklart og etablert. Dette alternativet legg til rette for at Volda kommune kan ha tilgjengelege næringstomter på Rotset allereie i 2018/19.
4. Lyse ut nytt anbod der endringa er å trekkje ut veg med infrastruktur på austsida av E39 og veg med infrastruktur på vestsida av E39. Heile området vest for E39 vert ikkje masseutskifta. Området vert avdekt og oppfylt med stein og pukk så langt lageret vårt på Rotset rekk, i tillegg til steinmasser vi vil få gratis levert av Statens vegvesen, som følgje av utbetringa av Rotsethorntunnelen. Dette vert ei endring på meir enn 20% av entreprisa, og kan difor ikkje bestillast utan ny utlysing, innanfor regelverk for offentlege anskaffingar. Dette alternativet sikrar at Volda kommune får full nytte av sitt steinlager på Rotset i tillegg til steinmasser frå oppgradering av Rotsethorntunnelen. Her er ikkje tilstrekkeleg med stein til å masseutskifte heile området på vestsida, og Volda kommune kan spare 2-5 millionar ved å vente på steinmasser frå Voldatunnelen, dersom dette området ikkje skal takast i bruk før den tid. Dette alternativet stettar ikkje regulert tilkomst til ROP bustadane som på det noverande tidspunkt har dispensasjon til juni 2019 med tilkomst frå Myravegen. Her må det søkjast om utvida dispensasjon om tilkomst frå Myravegen, fram til vegtrase gjennom Vestsida av Øvre Rotset næringsområde er avklart og etablert.
5. Volda kommune avlyser anbodskonkurransen og avventar å gjere noko med området vest for E39 til og overlet til ekstern utbyggjar å planleggje, ev omregulere og opparbeide området på eit seinare tidspunkt. Dette alternativet legg ikkje til rette for at Volda kommune får nytte av sitt steinlager på Rotset, i tillegg til steinmasser frå oppgradering av Rotsethorntunnelen. Området vil ikkje verte utvikla av ekstern utbyggjar før etter at området aust for E39 er ferdig utbygd og utvikla. Dersom ekstern utbyggjar finn det teneleg å løyse inn ein eventuell opsjon på vestre areal. Dette alternativet medfører at Vestre areal vil liggje urøyvd i mange år, i påvente av at ekstern aktør eventuelt vil utvikle dette området. Tilkomst til ROP bustadane må då

permanent omregulerast mot Myravegen og utvidingsarealet til Leirshaugen gravplass kan ikkje utviklast på mange år.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen konkluderer med at Alternativ 3 er det som er mest tenleg for volda kommune. For austsida av næringsområdet er det naturleg å få avklart opsjonsspørsmålet, og i alle høve ei heilheitleg planlegging av infrastruktur for heile området, før ein opparbeider infrastruktur. Vi får her nytta steinlageret vårt på Rotset fullt ut, det vert klart for at utviding av Leirshaugen Gravplass kan halde fram ettersom der vert naudsynt med meir areal og Volda kommune kan ha byggeklare næringsstomter på Rotset allereide i 2019. Dette alternativet stengjer ikkje for heilheitleg utvikling av Rotset næringsområde, men kan framskande utnytting av arealet vest for E39. Tilkost til ROP bustadene treng ikkje å leggjast permanent mot Myravegen, då det er sannsynleg at veg gjennom området vert etablert før lengste dispensasjonsfrist utløpar.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Tilrettelegging av næringsområde for auka tilgang på arbeidsplassar som gir folk arbeid er grunnleggjande i folkehelseperspektivet.

Økonomiske konsekvensar:

Det meste av finansieringa ligg inne i gjeldande økonomiplan 2018-2021

Prosjektet «Næringsområde Øvre Rotset» inneheld regulering, grunnnerverv, prosjektering og opparbeiding av området.

Tabell nedanfor viser det som ligg inne i budsjettet for dei komande åra.

BUDSJETTSKJEMA 2B INVESTERINGSPROSJEKT Vk Næringsområde Øvre Rotset	Tot. Ekskl. mva	Tot. inkl. mva
ØKONOMIPLANPLAN 2018-21		
2018	17 mill 5 mill	21,25 mill
2019	5 mill	6,25 mill
2020		6,25 mill

Utgifter så langt i prosjektet i 2018: Av dei 17 mill. for 2018, er 11 mill. brukt til grunnkjøp, og 350 000,- til prosjektering.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdert i Reguleringsplan.

Brannvatn; Det må framførast naudsynt med vatn for brannberedskap og sprinkleranlegg.
Ringvassleidning (frå Myravegen) må framleggast.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Teknisk sektor



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Elin Høydal Vatne

Arkivsak nr.: 2018/37

Arkivkode: F64

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
23/18	Tenesteutval for helse og omsorg	23.08.2018
133/18	Formannskapet	04.09.2018
109/18	Kommunestyret	27.09.2018

UTGREIING AV FORSLAG TIL NATTBEMANNING VED MYRAVEGEN 35

Handsaming:

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 04.09.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek Tenesteutvalet for helse og omsorg til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebruarane ved Myravegen 35.*
- 2. Kommunestyret vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og omsorgssektoren si budsjetttramma vert tilsvarende styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*
- 3. Kommunestyret finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.*

Handsaming:

Dag Aarflot stilte spørsmål om gildskap då han tidlegare var samburar med ei som har engasjert seg i saka om å få nattbemanning ved bustadane på øvre Rotset.

Dag Aarflot gjekk frå under røystinga om gildskap. Det var fire røysteføre.

Dag Aarflot vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Det var fem røysteføre.

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten og leiar for rus- og psykisk helseteneste Elin Høydal Vatne orienterte om saka og svarte på spørsmål frå medlemmane i tenestutvalet for helse og omsorg.

Røysting:

Leiar Hild Våge fremma å endre «Kommunestyret» i tilrådinga til «Tenestutvalet for helse og omsorg». Hild Våge sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Tenestutval for helse og omsorg - 23.08.2018:

4. Tenestutvalet for helse og omsorg tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek Tenestutvalet for helse og omsorg til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebruarane ved Myravegen 35.
5. Tenestutvalet for helse og omsorg vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og omsorgssektoren si budsjettramma vert tilsvarande styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.
6. Tenestutvalet for helse og omsorg finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.

Administrasjonen si tilråding:

7. Kommunestyret tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek kommunestyret til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebruarane ved Myravegen 35.
8. Kommunestyret vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og omsorgssektoren si budsjettramma vert tilsvarande styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.
9. Kommunestyret finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.

Uprenta saksvedlegg:

- OS 2/18
- Opptrappingsplan for psykisk helse (St.prop nr 63 (1997-1998))
- Samhandlingsreforma (St.meld nr. 47)
- Primærhelsemeldinga (Meld.St. 26)
- Bedre kvalitet – økt frivillighet. Nasjonal strategi for økt frivillighet i psykiske helsetjenester (2012 – 2015)
- Rettighetsinngripende tiltak i kommunale botilbud 1/2017
- Tilbod på vaktteneste frå Safe24

SAMANDRAG AV SAKA

Kommunestyret bad administrasjonen om ei utgreiing vedrørande organisering og drift av Myravegen 35 og eventuelle behov for finansiering ut over budsjettforslaget jf. K-sak 145/17. Tenesteutval for helse og omsorg (THO) vart orientert om organisering og drift av nye omsorgsbustader på Øvre Rotset 11.01.2018, jf. OS 2/18 der Helse og omsorg foreslo «scenario 4» som einaste løysinga for å fortsatt kunne tilby forsvarleg drift av eksisterande tiltak, samt forsvarleg drift ved Myravegen 35. Det blei lyst ut og tilsett i stillingane før ferien og innflytting i bustadane er sett til 01.10.18. Kommunestyret har i etterkant bedd administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved omsorgsbustadane i Myravegen 35 jf. PS 17/18.

Volda kommune (VK) har valt å satse på dei 7 som flyttar inn i Myravegen 35 ved å tilby nye flotte omsorgsbustader som kan vere ein varig bustad dersom ein treng det. Bebuarane vil få tilgang på 2 personale på dagtid og kveldstid, noko som er ei stor styrking av tenester sett opp mot tilbodet desse brukarane har i dag. Helse og omsorg vil tilby helsetenester til dei som flyttar inn og håper det vil setje bebuarane betre i stand til å ivareta seg sjølv og eiga helse. VK har ikkje lovheimel til å lage ordningar der vi fotføl mottakarar av våre tenester. Vi har heller ikkje høve til å bestille slike tenester utført av andre. Politiet vil på lik line som i andre bumiljø i kommunen ha ansvar for å sikre lov og orden.

For å vere trygge på at VK yter forsvarleg helsehjelp til dei som ynskje å busette seg i omsorgsbustadane i Myravegen 35, forslår administrasjonen å kartlegge behovet for tenester grundig i ei overgangsperiode på 3 månader ved å flytte nattevakta som stadleg held til ved basen på Sevrinhaugen 7. I tillegg foreslår VK å ytterlegare styrke Myravegen 35 med ei ekstra nattevakt i same kartleggingsperiode, så der blir to nattevakter. Dette for å ivareta kontinuitet i helsehjelpa til dei brukarane som allereie har nattevaktstenester i Rus og psykisk helseteneste, med å kunne forlate området, samt få gjort ei grundig kartlegging av det helsemessige behovet for nattevakt ved Myravegen 35.

Dersom det i denne 3-månaders perioden viser seg å vere helsemessige årsaker som utløyser behov for stadleg nattevakt ved Myravegen 35, må dette leggest fram som eiga sak.

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA

Kort historikk

Tidleg 2016 sende VK prosjektet ut på anbod og starta bygging hausten 2016.

Omsorgsbustadane stod ferdige våren 2018 og kommunen tok over nybygga april 2018. VK

ynskja bygge 7 nye omsorgsbustader, og ikkje berre fleire kommunale gjennomgangsbustader, då vi ser at det er ei gruppe pasientar Rus og psykisk helseteneste ikkje har klart å yte tilstrekkeleg helsehjelp til utan å tilby eit høgare omsorgsnivå. Rus og psykisk helseteneste fekk kr 1 000 000,- i auka ramme gjennom budsjettprosessen for 2018 til bemanning ved Myravegen 35. Ein har kjørt ein intern prosess i tenesta og flytta to årsverk frå Rustenesta og Sevrinhaugen 7. Helse og omsorg måtte sjå på øvrig ramme for å finansiere resten av bemanninga.

I K-sak 145/17 bad kommunestyret administrasjonen om ei utgreiing av organisering og drift av Myravegen 35 og eventuelle behov for finansiering ut over budsjettforslaget. Tenesteutval for helse og omsorg (THO) vart orientert om organisering og drift av nye omsorgsbustader på Øvre Rotset 11.01.2018, jf. OS 2/18 der Helse og omsorg foreslo «scenario 4» som einaste løysinga for å fortsatt kunne tilby forsvarleg drift av eksisterande tiltak, samt forsvarleg drift ved Myravegen 35. Kommunen lyste ut stillingane med søknadsfrist 02.04.18. Det vart tilsett teamleiar, miljøterapeutar og miljøarbeidarar i alle stillingane før ferien. Dei tilsette kan starte opp arbeidet i Myravegen 35 01.09.2018 og bustadane er klar for innflytting frå 01.10.18. Det er behov for nokre veker med planlegging, då dette er eit heilt nytt tiltak. Rutinar og prosedyrer skal utarbeidast og gjerast kjent.

Kommunestyret ba administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved omsorgsbustadane på øvre Rotset, jf. PS 17/18.

Det har vore stort engasjement frå nabolaget for å styrke bemanninga med nattevakter med argumentasjon om trygghet om dette ikkje kjem på plass. Dette har kome tydeleg til uttrykk i møte med dei og i media.

Nokre politikarar har uttalt ynskje om stadleg bemanning også på natt. I tillegg til auka kostander ved nattbemanning, oppmodar politikarane å legge opp til turnusordningar med til dømes 12 eller 24 timars vakter, for god kontinuitet for både tilsette og bebuarar.

Husbanken sin rettleiar for søknadsprosess og bruk av investeringstilskot til sjukeheimsplassar og omsorgsbustader punkt 8. definerer heildøgns pleie- og omsorgstenester til: *«personer som har behov for heildøgns helse- og omsorgstjeneste menes her personer som trenger tjenester på ulike tider i løpet av hele døgnet. Omfanget av tjenesten vil kunne variere gjennom døgnet og over tid. Dette inkluderer personer med langvarige somatiske sykdommer, funksjonshemming, utvilingshemming, rusproblemer eller psykiske og sosiale problemer. Det er ikke noe krav at kommunen må ha en omsorgsbasis i det enkelte prosjekt så lenge denne ligger i boligen(es) nærmiljø. Kommunen har ansvar for hvordan tjenesten organiseres»*

Administrasjonen stilte våren 2016 spørsmål til Husbanken, før kommunen søkte om investeringstilskot, korleis bustadane skulle kategoriserast - som omsorgsbustadar eller kommunale utleigebustadar. Kommunen informerte at det var bemanning på dagtid, men at det på natt berre var tilkallingsnattevakt og ikkje bemanning på staden. Husbanken svarte at det ikkje var krav til at det måtte vere stadleg bemanning på natt. Det som var kravet var at personane kunne ha behov for heildøgns helse- og omsorgstenestar og at det var ei ordning for å sikre at bebuarane fekk tilsyn ved behov. Korleis dette vart organisert var opp til kommunen. Ambulerande nattevakt i sentrum stettar kravet frå Husbanken. Prosjektet helse og omsorg har starta på med å styrke ambulerande nattevaktstenester vil ytterlegare styrke dette tilbodet.

Kommunestyret sitt vedtak i sak 17/18

Kommunenstyret godkjente den 1. mars i år (K-sak 17/18) ei bemanning på 5,32 årsverk til ein årskostnad på kr 3,99 mill i bustadane ved Myravegen 35. Samtidig ba dei administrasjonen vurdere behovet for nattevakter. Vedtaket gjengis i si heilheit nedanfor.

- 1. Kommunestyret godkjenner at bustadane får ei bemanning på 5,32 årsverk (2 på dagvakt og 2 på seinvakt) til ein årskostnad på kr 3 990 000. For 2018 er kostnaden stipulert til kr 3 325 000 (ca 10 månaders drift)*
- 2. Bemanninga vert finansiert slik:
Løyvd i budsjettet for 2018 1 000 000
Intern omdisponering, jfr scenario 4 i saksutgreiinga 1 250 000
Forventa auka inntekter 550 000
Bruk av ubunde disposisjonsfond 475 000
SUM 3 325 000*
- 3. Bruk av ubunde disposisjonsfond er ei mellombels løysing for 2018 og skal frå og med 2019 dekkjast innanfor sektoren (ev prosjektmidlar til rusarbeid frå Helsedirektoratet eller midlar som kan frigjerast gjennom strukturelle eller organisatoriske prosessar i helse- og omsorgssektoren).*
- 4. THO bed om at det ikkje vert innflytting i bustadane før personalet er på plass.*

Tenesteutvalet er kjende med at helse- og omsorgssektoren har sett i gang ein prosess der nattevaktstenesta vert gjennomgått, med håp om at dette skal frigjere ressursar som kan nyttast til delfinansiering av driftskostnadane ved dei nye bustadane. Tenesteutvalet for helse- og omsorg ber om å bli orientert om resultatet av denne prosessen i ei eiga sak når prosessen er ferdig.

Tenesteutvalet er kjende med at administrasjonen søker midlar frå helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid. Om kommunen får innvilga søknaden må dette gå uavkorta til delfinansiering av tenestetilbodet i dei nye bustadane, heilt i tråd med intensjonen for midlane. Midlane kan givast over fire år, med nedtrapping frå 660.000,- første år til 330.000,- siste år.

Kommunestyret ber administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved dei nye bustaden.

Nasjonale føringar og målsettingar

Opptrappingsplanen for psykisk helse (St.prop nr. 63) Samhandlingsreforma (St.meld. nr 47) og primærhelsemeldinga (Meld.St. 26) har hatt som mål å betre folkehelse og yte betre helse og omsorgstenester på ein berekraftig måte og overføre helseteneste frå spesialisthelsetenesta til kommunane. I dag tilbyr kommunane psykisk helse- og rustenester til personar som tidlegare fekk hjelp gjennom lengre opphald på sjukehus. Ei sentral målsetting med denne deinstitusjonaliseringa av dei psykiske helsetenestene er at menneske med psykiske lidingar skal oppleve meir tilhørigheit, og at frivillighet og mindre sosial kontroll, skal prege tenestene (Meld.St 25 (1996-97)). Ein større del av behandling, rehabilitering og habilitering skal skje i kommunane. Strategien er å forebygge meir, behandle tidlegare og samhandle betre. Pasientar og brukarar skal få tidleg og god hjelp nærast mogleg der dei bur.

I 2012 vart strategien «Bedre kvalitet – økt frivillighet. Nasjonal strategi for økt frivillighet i psykiske helsetjenester (2012 – 2015)» lansert. Den hadde som formål å endre praksis og få til meir bruk av frivillige tiltak og frivillige løysingar basert på eit meir likeverdig samarbeid mellom brukarar, pårørande og helsepersonell.

Strategien skildrar mange konkrete tiltak for å redusere bruk av tvang og rettighetsinngripande tiltak. Ein av strategiane var å få ei oversikt over eventuell bruk av rettighetsinngripande tiltak overfor personar som bur i kommunale bustader. Grunngevinga for dette tiltaket var mellom anna ei bekymring for at det blir etablert «mini-institusjonar» i

kommunane der det skjer inngripen overfor personar med alvorlege psykiske lidingar utan forankring i lovverk. Kommunen har ikkje anledning til å gripe inn i grunnleggande menneskerettigheiter som retten til eit privatliv og retten til å ha eit sosialt liv.

Rettingheitsinngripande tiltak kommunen ikkje kan setje i verk er f.eks:

- Tiltak som går ut over det ein leigetakar i ordinær bustad ville akseptert
- Tiltak der bebuaren ikkje har gitt informert samtykke
- At det ikkje finnes lovverk som regulerer tiltaka
(Eksempel på dette er regulering av fri bevegelse, begrensa tilgang på mat, alkohol og tobakk, vasking og rydding av bustad, fotfølging, 1:1 eller 2:1 bemanning som gir begrensningar i sjølvbestemmelse, busetting langt frå andre med begrensa kommunikasjonsmuligheiter)
- At helsepersonell i den kommunale tenesteapparatet set i verk saksjoner ved brot på reglar
- Når det går frå å vere oppmuntring/motivasjon til tilnærma formelle tvangsinngrep

Behov for bemanning/tenester – ei fagleg vurdering

Bemanning i omsorgsbustader er utmåling av tenester og skal gjerast etter fagleg skjøn på grunnlag av brukar sitt individuelle behov. Dette er ei vurdering etter helse- og omsorgslova. Det er ikkje lenger vanleg praksis i landet å involvere politisk nivå i slike faglege vurderingar. Det vert også stilt juridiske krav om at slike vurderingar ikkje kan gjerast politisk utan at det er oppretta klientutval med eit avgrensa medlemstal på 3 politikarar. I Volda og i kommunane elles vert tenesteutmåling gjort ut frå fagleg vurdering i høve til lovverket. Dei individuelle rettane vert ivaretekne gjennom overprøvingsinstituttet som ligg i klagereglane med fylkesmannen som endeleg klageinstans. Kommunane er økonomisk ansvarleg for at brukarane får dei tenestene dei har rett til og behov for. Det politiske vedtakstemaet i slike saker vert finansiering av tenesta og ikkje den faglege vurderinga av behovet. Kommunestyret kan likevel vedta større økonomiske rammer utover det som fagleg er vurdert som tilstrekkeleg. Kommunestyret bør da gjere det ut frå ein overordna økonomisk strategi om tenesteprofil og prioritering og ikkje lausreve i ei enkeltsak. I tillegg vil det vere klokt av kommunestyret å utfordre fagadministrasjonen og tenesteutvalet for helse og omsorg til å gjere ei vurdering av kvar dei meiner behovet er størst innanfor sektoren. Dette vil uansett i det lange løp handle om økonomisk styring – kven skal få og kvar skal ein ta det frå for å dekkje opp satsina. Finansiering av auka varig drift ved bruk av driftsfond varer berre til ein har brukt opp dei oppsparte midlane.

VK har ut i frå kjennskap til brukarane planlagt bemanning med to personale på dagtid og to på kveldstid. Forslaget om medlevertturnus med 24 timers vakter er ei svært dyr turnusordning, som ikkje er kostandseffektiv eller berekraftig på sikt dersom VK ikkje vurderer det som nødvendig for å kunne yte forsvarleg helsehjelp.

Det er i turnus lagt opp til langvakter på 12.5 timer på helg for å kunne tilby meiningsfull aktivitet utan at ein må heim til vaktskifte. I vekene elles er det tenkt at dagsenteret Gnisten og Styrk-arbeid kan tilby lågterskelaktivitet ved behov og såleis er det ikkje behov for langvakter.

Ro og orden

Kommunen sitt ansvar er å yte helsetenester til innbyggjarane. Samfunnsoppgåver som går på ro og orden ligg til andre, og skal vurderast ut frå anna lovverk.

Det har kome fram ynskje om bruk av vaktelskap for å ivareta ro og orden i området ved Øvre Rotset. Helse og omsorg sjekka kostnader på dette i forbindelse med orienteringssaka i tenesteutval for helse og omsorg i januar 2018. Kostnadar knytt til bruk av vaktelskap ligg om lag på same nivå som kommunalt tilsette miljøterapeutar vil koste.

Myndigheitene har lenge vore bekymra for at det blir brukt for mykje tvang og rettighetsinngripande tiltak i dei psykiske helsetenestene i Norge (St.prop nr 63 (1997-1998); Sosial og helsedirektoratet 2006b; Helsedirektoratet 2009)

Det er viktig å presisere at omsorgsbustadane i Myravegen 35 skal vere heimen til dei som flyttar inn der og dei skal leve kvardagslivet sitt der. Dersom brukarane skal ynskje å ta desse bustadane i bruk må vi tilby verdige tenester.

Kommunen har ikkje anledning til å lage ordningar der vi fotfylgjer brukarane. Vi har heller ikkje høve til å tinge slike tenester utført av andre. Helse og omsorg skal yte helsetenester som set brukarane betre i stand til å ivareta seg sjølv og eiga helse. Politiet vil på lik line som i andre bumiljø i kommunen ha ansvar for å sikre lov og orden.

VURDERING OG KONKLUSJON

Personane som flytter til omsorgsbustadane bur i dag i ulike kommunale bustader i Volda, i midlertidig husvære eller andre omsorgsbustader. Dei tek i varierende grad i mot tenester der dei bur no og VK har valt å satse på denne målgruppa ved å bygge eit fint og verdig butiltak der dei kan få tilbod om ein varig heim. I tillegg har VK satsa tungt på bemanning for å kunne yte nødvendig helsehjelp.

Til basen på Sevrinhaugen 7 er det knytt 16 omsorgsbustader. I tillegg får 10 heimebuande døgntenester frå personale der. I Myravegen 35 er det 7 omsorgsbustader. Hjelpetbehovet for helsehjelp på natt er etter det VK kjenner til, større for dei som allereie tek i mot helsehjelp på natt frå andre kommunale butilbod i Rus og psykisk helseteneste, enn det truleg vil vere for dei som skal flytte inn i Myravegen 35. Det vil difor vere upraktisk å stadleg opphalde seg på øvre Rotset som ei permanent løysing, medan helsehjelpa hovudsakleg skal ytast på natt ved andre kommunale butilbod. Ved å vere to nattevakter i Myravegen 35 kan ein ivareta dette for ei kortare periode.

Myravegen 35 er eit nytt tenestetilbod og treng ei innfasing til dagleg drift. For å vere trygg på at kommunen yter forsvarleg helsehjelp gjennom døgnet til dei som allereie er mottakarar av helsehjelp på natt i Rus og psykisk helseteneste, samt få utført ei grundig kartlegging av behovet for helsehjelp på natt til dei som ynskjer å busette seg i omsorgsbustadane, rår rådmannen til å midlertidig flytte nattevakta som stadleg held til ved basen i Sevrinhaugen 7 og ytterlegare styrke Myravegen 35 med ei ekstra nattevakt i tre månader. Den interne omflyttinga er kostnadsnøytral, medan den ekstra nattevakta i 3 månader er kostnadsrekna til kr 400 000. For ei så avgrensa periode og avgrensa kostnad finn rådmannen å kunne rå til at ein dekkjer kostnaden ved å styrke helse- og omsorgssektoren sitt budsjett tilsvarande ved bruk av ubunde disposisjonsfond. Dersom konklusjonen i etterkant vert at ein skal etablere permanent styrking med nattevakt, så meiner rådmannen at ein må gjere ei grundig vurdering av dekning der ein på nytt må vurdere tiltak som ein politisk hittil ikkje har villa gjennomføre innanfor t.d barnehage og skule.

Dersom kartlegginga desse 3 månadane syner behov for helsehjelp til bebuarane i Myravegen 35 meir enn ambulerande nattevakt kan tilby, er det behov for å lage ei grundig konsekvensutgreiing av dette i helse og omsorg. Dersom ein kjem fram til at det er eit behov for styrka bemanning, må ein leggje fram politisk sak om finansiering av tiltaket.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det er lagt vekt på både verdigheits- og tryggleiksperspektiv i vurderingane omkring bemanning knytt til bustadane. Ein ynskjer å gi eit tilbod der både bebuarar, tilsette og omgjevnader vert

ivaretekne på ein god måte. Dette er viktig for å etablere eit framtidsretta tilbod og ein god arbeidsstad.

Økonomiske konsekvensar:

Helse- og omsorgssektoren har i OS 2/18 belyst ulike moglegheiter for å etablere forsvarleg tenesteyting i dei nye bustadane. Utfordringa har vore drøfta i leiarmøte i helse og omsorg, der alle einingsleiarar har blitt utfordra på å tenkje og bidra for å få til finansiering av dette. Rus- og psykisk helseteneste er spesielt utfordra, då dette gjeld drift knytt til deira daglege ansvarsområde.

Fleire av forslaga som vert fremja for å frigjere midlar til bemanning av dei nye bustadane, har ukjent gevinstuttak og vil kunne ha eit fleirårleg perspektiv i seg før evt. gevinstuttak. Bruk av fondsmidlar til drift vil ikkje vere berekraftig ut over 2018 og bør ikkje vere løysing ut over eit kortsiktig perspektiv.

Rune Sjurgard

Svein Berg Rusten

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Helse og omsorg

Hovudverneombodet

Hovudtillitsvalt for Fagforbundet, FO og Norsk Sjukepleieforbun

Økonomisjefen



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kari Mette Sundgot

Arkivsak nr.: 2017/2043

Arkivkode: 256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
139/18	Formannskapet	18.09.2018
110/18	Kommunestyret	27.09.2018

STIFTELSEN VARMTVASSBASSENGET - OMGJERING AV BANKGARANTI TIL TILSKOT

Handsaming:

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om habilitet, ho er varamedlem i styret for Varmtvassbassenget og har delteke i tidlegare handsaming av saka, jf. kl. § 40, fvl. § 6, 1.1, e, nr. 1. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er i medlem i styret for Varmtvassbassenget, jf. kl. § 40, fvl. § 6, 1.1, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Margrete Bjerkvik vart samrøystes kjent inhabil.

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (sju røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:

Volda kommunestyre godkjenner at Stiftelsen Varmtvassbassenget får eit tilskot på kr. 180 000 til investering i nytt UV-anlegg. Tilskotet vert finansiert av ubundne disposisjonsfond.

Margrete Bjerkvik og Odd A. Folkestad tok sete.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre godkjenner at Stiftelsen Varmtvassbassenget får eit tilskot på kr. 180 000 til investering i nytt UV-anlegg. Tilskotet vert finansiert av ubundne disposisjonsfond.

Vedleggsliste:

- Saksframlegg med vedtak frå kst 30.11.17, ps 126/17
- Søknad om omgjerung av bankgaranti til tilskot, dater 01.06.18

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Kommunestyret vedtok i november 2017 å gi kommunal garanti til Stiftelsen Varmtvassbassenget. Garantien var på 180 000 kr og lånet skulle nyttast til nytt UV-anlegg. I epost den 1. juni ber stiftelsen om at garantien vert endra til tilskot.

Saksopplysningar/fakta:

I saksframlegget frå november 2017 er argumentet for å gi ein kommunal bankgaranti følgjande: «Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Eit varmtvassbasseng er heilt klart eit tiltak retta mot folkehelse. Om Stiftelsen må gå ned i brukstid og dermed redusere tilbodet til fleire brukarar, vil det vere ei negativ utvikling for folkehelseperspektivet i kommunen.»

I epost frå 1. juni viser Stiftelsen til at varmtvassbassenget i stor grad vert drifta av eit frivillig arbeid og at eit aldrande basseng har auke i kostnader til vedlikehald. Ein ber difor om eit tilskot til eit nytt UV-anlegg slik t ein kan nytte årlege inntekter til å dekkje kostnader til drift og vedlikehald.

Vurdering og konklusjon:

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Å ha eit varmtvassbasseng som tilbod til innbyggjarane er eit viktig tiltak for ei god folkehelse. Bassenget har i dag 63 ulike brukargrupper som nyttar bassenget, og gruppene har mellom 10-22 deltakar i ulik alder. Ei synfaring viser no at kvaliteten på vatnet ikkje er godt nok, og fagekspertar anbefaler eit nytt UV anlegg.

Ein rår til at kommunestyret gjer om tidlegare vedteke bankgaranti til eit eingongstilskot no i 2018. Tilskotet på 180 000 kr skal nyttast til nytt UV-anlegg og vert finansiert av ubundne disposisjonsfond.

Helse og miljøkonsekvensar:

Å ha eit varmtvassbasseng tilgjengeleg for innbyggjarar og då spesielt retta mot enkelte brukargrupper er helsefremjande.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå vurdering over.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Stiftelsen Varmtvassbassenget
Postboks 264, 6153 Ørsta
Epost: kho@revmatiker.no
Telefon: 91385956
Organisasjonsnummer 971371250
Bankkonto 3992 09 43849

Volda kommune

Ordfører og rådmann

1. juni 2018

Søknad om omgjering frå bankgaranti til tilskott

Stiftelsen Varmtvassbassenget takkar for bankgaranti som vi har fått jf brev av 04.12.2017, noko som var viktig og avgjerande for investering av nytt UV-anlegg, arkivsak 2017/2043.

Stiftelsen Varmtvassbassenget søker om å få omgjort kommunen sin bankgaranti til tilskott. Det vil hjelpe mykje på drifta som i stor grad er eit frivillig arbeid, og i eit aldrande bassenget er stadig vedlikehald som kostar.

Med helsing

Stiftelsen Varmtvassbassenget


Kåren Høydal

Medlem ar Stiftelsen

Vedlegg: Tilsegn om garanti frå kommunen og vedtekter for Stiftelsen Varmtvassbassenget



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

STIFTELSEN VARMTVASSBASSENGET

Postboks 264
6151 ØRSTA

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2017/2043	15594/2017	256	SVK/ SONHAV	04.12.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - STIFTELSEN VARMTVASSBASSENGET -
BANKGARANTI**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 30.11.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 126/17, der det vart gjort slikt vedtak:

***Volda kommune garanterer ved simpel kausjon for lån på opp til kr. 180 000 til Stiftelsen Varmtvassbassenget til investering i UV-anlegg.
Garantien gjeld lånet sin hovudstol på maksimum kr. 180 000.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Kari Mette Sundgot – økonomisjef
Andreea Beleuta – økonomikonsulent

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kari Mette Sundgot Arkivsak nr.: 2017/2043
Arkivkode: 256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
200/17	Formannskapet	21.11.2017
126/17	Kommunestyret	30.11.2017

STIFTELSEN VARMTVASSBASSENGET - BANKGARANTI

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Varmtvassbassenget, jf fvl. § 6, 1.ledd, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaming og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjend inhabil.

Volda FRP v/Edvin Dale kom med nytt forslag til vedtak:

Volda kommune gjev stiftelsen varmtvannsbassenget kr 180.000 i tilskot til delfinansiering av UV-anlegg. Dekkast frå ubunde disposisjonsfond.

Røysting: (26 røysteføre)

Tilrådinga frå formannskapet fekk 23 røyster og vart vedteke.

Forslaget frå Volda FRP fekk tre røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 30.11.2017

Volda kommune garanterer ved simpel kausjon for lån på opp til kr. 180 000 til Stiftelsen Varmtvassbassenget til investering i UV-anlegg.

Garantien gjeld lånet sin hovudstol på maksimum kr. 180 000.

Odd A. Folkestad tok sete.

Handsaming i formannskapet:

Saka vart ettersendt 20.11.2017.

Vedlegg: *Søknad om bankgaranti*, datert 30.10.2017, vart delt ut på møtet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Varmtvassbassenget, jf. fvl. § 6, 1.ledd, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om habilitet, ho er varamedlem til styret i Varmtvassbassenget, jf. fvl. § 6, 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Margrete Bjerkvik vart samrøystes kjent inhabil.

Fride Sortehaug reiste spørsmål om habilitet, ho er leigetakar av Varmtvassbassenget, jf. fvl. § 6, 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Fride Sortehaug vart samrøystes kjent habil og ho tok sete.

Røysting (sju røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 21.11.2017 til kommunestyret:

Volda kommune garanterer ved simpel kausjon for lån på opp til kr. 180 000 til Stiftelsen Varmtvassbassenget til investering i UV-anlegg.

Garantien gjeld lånet sin hovudstol på maksimum kr. 180 000.

Odd A. Folkestad og Margrete Bjerkvik tok sete.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune garanterer ved simpel kausjon for lån på opp til kr. 180 000 til Stiftelsen Varmtvassbassenget til investering i UV-anlegg.

Garantien gjeld lånet sin hovudstol på maksimum kr. 180 000.

Vedleggsliste:

1. Søknad om bankgaranti frå Stiftelsen Varmtvassbassenget, datert 30.10.2017

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Stiftelsen Varmtvassbassenget har i brev datert 30.10.2017 søkt Volda kommune om ein bankgaranti knytt til låneopptak på inntil 180 000 kr for montering av UV-anlegg.

Det er gjort ei synfaring på anlegget som slår fast at kvaliteten på vatnet i bassenget ikkje er godt no. For å oppretthalde krav til kvalitet har fagekspertar rådd til at det blir montert eit UV-anlegg. For å klare investeringar knytt til eit slikt anlegg må stiftelsen ta opp eit lån. I den

samanheng ber banken om bankgaranti. Sidan Volda kommune er part i Stiftelsen søker ein kommunen om slik garanti.

Saksopplysningar/fakta:

Varmtvassbassenget vart opna hausten 1989 og er eit tilbod til folk i alle aldrar frå kurs under graviditet, babybading, barnehagar, symjeopplæring for elevar med særskilte behov, revmatikarar og andre med ulike korniske sjukdomar, familiar, psykiatri, dagsenter, offentleg bading, idrettslag m.m. Det er dermed 63 ulike grupperingar som nyttar bassenget, og gruppene har mellom 10-22 deltakarar i ulik alder. Bassenget som er 8,5 x 12,5 meter er det einaste anlegget i Ørsta og Volda som er universelt utforma.

Ei synfaring som er gjort viser no at kvaliteten på vatnet ikkje er godt nok, og fagekspertar anbefalar å investere i eit nytt UV-anlegg. Alternativet er å redusere brukstida (og dermed talet på brukarar) sterkt noko som er uheldig sidan dette er det einaste anlegget som gir dette tilbodet i området.

Samla investeringskostnadar er om lag 211 000 kroner. Delar av finansieringa vil kome i form av dugnadar og tilskot som spelemidlar. Det vil også verte sendt søknadar til andre om støtte til prosjektet. Stiftelsen ser i første omgang eit behov for eit lån på om lag kr. 150 000 – kr. 180 000. Det er ikkje ønskje om å låne meir enn nødvendig. Alle tilskot og stønadar som kjem inn vil gå til å betale ned/ redusere låneopptaket.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Eit varmtvassbasseng er heilt klart eit tiltak retta mot folkehelse. Om Stiftelsen må gå ned i brukstid og dermed redusere tilbodet til fleire brukarar, vil det vere ei negativ utvikling for folkehelseperspektivet i kommunen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Å ha eit varmtvassbasseng tilgjengeleg for innbyggjarar og då spesielt retta mot enkelte brukargrupper er helsefremjande.

Økonomiske konsekvensar:

Ved å stille ein bankgaranti tar kommunen på seg ein risiko. Dersom Stiftelsen Varmtvassbasseng ikkje klarer sine plikter i forhold til å låne i banken er det kommunen som er ansvarleg.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Stiftelsen varmtvassbassenget har seks medlemmar og vart stifta i 1991. Ingen av medlemmane har honorar og arbeidet vert gjort med frivillig innsats og dugnad. Volda/Ørsta Revmatikerforening er sentral i drifta saman med Stiftelsen. Tre personar frå foreininga er medlemmar i Stiftelsen saman med to medlemmar frå Volda kommune og ein frå helseforetaket. Ingen av medlemmane mottar honorar.

Sjølv om kommune tek på seg økonomisk risiko ved å stille bankgaranti på inntil kr. 180 000 må dette vurderast opp i mot risikoen det vil vere å redusere tilgangen på aktiviteten i varmtvassbassenget. Tiltaket er viktig inn mot folkehelse og eit førebyggjande tiltak som sikt kan vere med å redusere kostnadar innan til dømes Helse og omsorg.

Vi rår difor til at Volda kommune stiller ein bankgaranti på låneopptak til investering i UV-anlegg på inntil kr 180 000 til Stiftelsen Varmvassbassenget.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Stiftelsen Varmtvassbasseng v/ Karen Høydal

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kari Mette Sundgot Arkivsak nr.: 2018/210
Arkivkode: 151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
140/18	Formannskapet	18.09.2018
111/18	Kommunestyret	27.09.2018

ØKONOMIRAPPORT 2. TERTIAL 2018

Handsaming:

Økonomisjef Kari-Mette Sundgot, seksjonsleiar Helse og velferd Ørsta kommune, Knut Åmås, og spesialrådgjevar innvandring og integrering, Nina Kvalen, orienterte og svarta på spørsmål frå formannskapet.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:

1. Tertialrapport nr 2 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.
2. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING 2. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Korrigeringar mot disposisjonsfondet		11 716 663	11 716 663
NAV		2 500 000	2 500 000
Havbruksfondet	- 8 800 000		- 8 800 000
Utbytte Tussa	- 484 000		- 484 000
Renteinntekt	- 1 000 000		- 1 000 000
Renteutgift		580 000	580 000
Tilskot EM (4 i 2018)	- 2 243 428		- 2 243 428
Tilskot Flyktning (25 i 2018)	- 2 269 235		- 2 269 235
Sum budsjettendring	- 14 796 663	14 796 663	-

Administrasjonen si tilråding:

3. Tertialrapport nr 2 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.

4. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING 2. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Korrigeringar mot disposisjonsfondet		11 716 663	11 716 663
NAV		2 500 000	2 500 000
Havbruksfondet	- 8 800 000		- 8 800 000
Utbytte Tussa	- 484 000		- 484 000
Renteinntekt	- 1 000 000		- 1 000 000
Renteutgift		580 000	580 000
Tilskot EM (4 i 2018)	- 2 243 428		- 2 243 428
Tilskot Flyktning (25 i 2018)	- 2 269 235		- 2 269 235
Sum budsjettendring	- 14 796 663	14 796 663	-

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Tertialrapport 2 for 2018 vert lagt fram med tilråding som også inneheld budsjettendringar. Rapporten som no vert lagt fram inneheld berre status økonomi på drift. Det er lite tid mellom avslutning av rekneskapstal for august periode og kommunestyremøte den 27. september. Neste kommunestyremøte er 29. november. Administrasjonen har difor valt å lage ein økonomirapport som gir status drift til formannskap og kommunestyret. Einingane vert likevel delaktige i rapporteringa og fullstendig rapport med status på drift, sjukefråvær og investeringar vert lagt fram i november. Vurderingane i rapporten som no vert lagt fram er gjort saman med sektorleiarane.

Saksopplysningar/fakta:

Status økonomi

Under ser vi eit oppdatert skjema 1 a med dei endringar som vil påverke budsjettet. Vi legg også fram eit oppdatert skjema 1b som viser status i sektorane. Nærare omtale av endringane kjem etter tabellane.

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - PR.2. TERTIAL 2018

	2. tertial 2018	Bud 2. tertial 2018	Avvik 2. tertial 2018	Budsjett 2018	Endring 2. tertial 2018	Nytt budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	-137 040 084	-137 341 190	-301 106	-218 100 000		-218 100 000
Ordinært rammetilskudd	-187 150 053	-190 854 000	-3 703 947	-276 600 000		-276 600 000
Sum frie inntekter	-324 190 137	-328 195 190	-4 005 053	-494 700 000	0	-494 700 000
Eigedomsskatt	-9 452 654	-9 500 000	-47 346	-19 000 000		-19 000 000
Andre direkteog indirekte skatter			0	-700 000		-700 000
Andre generelle statstilskudd	-25 300 805	-21 644 350	3 656 455	-46 688 440	-4 512 663	-51 201 103
SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER	-34 753 459	-31 144 350	3 609 108	-66 388 440	-4 512 663	-70 901 103
Renteinntekter	-1 268 870	-1 150 000	118 870	-2 100 000	-1 000 000	-3 100 000
Utbytte Tussa	-5 324 000	-4 840 000	484 000	-4 840 000	-484 000	-5 324 000
Avkastning plasseringar	-778 408	-750 000	28 408	-1 500 000		-1 500 000
Renteutgifter/finansutgifter	8 896 512	9 207 143	310 631	22 670 468	580 000	23 250 468
Avdrag på lån			0	28 656 128		28 656 128
NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER	1 525 234	2 467 143	941 909	42 886 596	-904 000	41 982 596
Dekn av tidl års merforbruk				0		0
Til ubundne avsteningar	41 399 712	41 399 712		42 642 618	11 716 663	54 359 281
Til bundne avsteningar				700 000		700 000
Bruk av tidl års regnsk overskot	-41 399 712	-41 399 712		-41 399 712		-41 399 712
Bruk av disposisjonsfond				-7 300 003		-7 300 003
Bruk av bundne avsetninger				0		0
NETTO AVSETNINGER	0	0	0	-5 357 097	11 716 663	6 359 566
Overført til investeringsbudsjettet			0			
TIL FORDELING DRIFT	-357 418 362	-356 872 397	545 964	-523 558 941	6 300 000	-517 258 941
Sum fordelt drift fra skjema 1B	363 314 800	365 706 810	2 392 010	523 558 941	-6 300 000	517 258 941
Merforbruk Mindreforbruk	5 896 438	8 834 413	2 937 975	0	0	0

Skjema 1 b 2. tertial	Rekneskap 2. tertial 2018	Rev. Budsjett 2. tertial 2018	Avvik 2.tertial 2018	Forbruk i %	Årsbudsjett 2018	Endringer 2018	Nytt Årsbudsjett 2018
Utgifter	1 072 238	1 319 141	246 903	0,8	2 234 642		2 234 642
Inntekter	0	-43 989	-43 989	-	-65 984		-65 984
Rådmann	1 072 238	1 275 152	202 914	88,3	2 168 658		2 168 658
Utgifter	3 266 782	6 052 400	2 785 618	55,5	9 254 381		9 254 381
Inntekter	-511 662	-115 125	396 538	761,4	-876 705		-876 705
Samfunn og rådgjeving	2 755 120	5 937 276	3 182 156	42,6	8 377 676		8 377 676
Utgifter	20 494 528	19 745 408	-749 120	94,9	25 842 741		25 842 741
Inntekter	-7 085 015	-6 493 189	591 826	222,0	-7 252 362		-7 252 362
Personal og organisasjon	13 409 513	13 252 219	-157 295	79,6	18 590 379		18 590 379
Utgifter	5 129 457	5 594 809	465 353	93,3	8 284 573		8 284 573
Inntekter	-1 216 972	-1 326 549	-109 576	97,8	-2 308 631		-2 308 631
Økonomi	3 912 484	4 268 261	355 776	92,1	5 975 942		5 975 942
Utgifter	7 751 221	7 032 597	-718 624	112,3	9 845 609	2 500 000	12 345 609
Inntekter	-184 806	-200 000	-15 194	56,5	-300 000		-300 000
NAV Kommune	7 566 415	6 832 597	-733 818	114,2	9 545 609		9 545 609
Utgifter	173 543 463	175 156 323	1 612 860	99,6	264 168 067		264 168 067
Inntekter	-31 774 281	-32 522 687	-748 406	95,8	-53 039 282		-53 039 282
Oppføring og oppvekst	141 769 182	142 633 636	864 454	100,2	211 128 785		211 128 785
Utgifter	175 069 124	172 549 723	-2 519 400	101,1	264 750 923		264 750 923
Inntekter	-36 143 729	-36 365 100	-221 370	96,4	-74 196 801		-74 196 801
Helse og omsorg	138 925 394	136 184 624	-2 740 771	102,3	190 554 123		190 554 123
Utgifter	10 578 590	9 033 347	-1 545 243	97,4	13 981 299		13 981 299
Inntekter	-3 289 547	-1 791 933	1 497 615	94,5	-2 708 507		-2 708 507
Service og kultur	7 289 042	7 241 414	-47 628	98,1	11 272 792		11 272 792
Utgifter	1 805 470	1 830 164	24 695	102,5	3 007 758		3 007 758
Politisk verksemd	1 805 470	1 830 164	24 695	102,5	3 007 758		3 007 758
Utgifter	46 732 599	52 588 585	5 855 986	95,4	78 448 428		78 448 428
Inntekter	-22 899 668	-26 283 982	-3 384 314	96,9	-39 802 146		-39 802 146
Teknisk	23 832 931	26 304 603	2 471 673	94,2	38 646 282		38 646 282
Utgifter	9 006 616	9 415 314	408 697	110,5	20 850 446		20 850 446
Inntekter	-10 418 881	-10 526 345	-107 464	53,5	-20 796 504		-20 796 504
Sjølvkosttenester	-1 412 265	-1 111 032	301 233	115,6	53 942		53 942
Utgifter	6 574 712	6 899 470	324 758	97,5	10 089 294		10 089 294
Inntekter	-1 468 946	-1 779 337	-310 391	79,7	-3 227 333		-3 227 333
Utvikling	5 105 766	5 120 133	14 367	102,3	6 861 961		6 861 961
Utgifter	68 350 100	66 283 740	-2 066 360	97,9	100 537 351		100 537 351
Inntekter	-76 571 780	-75 638 281	933 499	93,4	-100 069 755		-100 069 755
Barneverntenesta (vertskommune)	-8 221 680	-9 354 541	-1 132 861	110,5	467 596		467 596
Utgifter	20 595 328	20 595 108	-220	100,0	25 049 393		25 049 393
Inntekter	-16 200	0	16 200	-	0		0
Barnevern Volda kommune	20 579 128	20 595 108	15 980	99,9	25 049 393		25 049 393
Utgifter	16 008 844	16 028 150	19 306	100,4	32 290 013		32 290 013
Inntekter	-11 433 442	-11 330 954	102 487	102,5	-40 531 968	-8 800 000	-49 331 968
Kommunestyret (skjema 1B)	4 575 402	4 697 196	121 794	116,1	-8 141 955		-8 141 955
Utgifter	350 658	0	-350 658	98,5	0		0
Inntekter			0	98,7			0
Kommunestyret (skjema 1A)	350 658	0	-350 658	98,7	523 558 941		523 558 941

Frie inntekter

Etter andre tertial ligg Volda kommune 4 million kroner over budsjett på skatt og rammetilskot. Årsbudsjettet stemmer framleis med prognosemodell. Statsbudsjettet vert lagt fram i oktober og då kjem oppdatert prognosemodell. Vurderingar på å auke budsjettet vert gjort ved månadsrapport oktober.

Andre generelle statstilskot (tilskot flyktning)

Sidan 1. tertial har Volda kommune fått busett fleire flyktningar og einslege mindreårige enn forventa. Dette gir utslag i auka statstilskot på til saman 4,5 mill kr.

Renteinntekter

Volda kommune har ledig likviditet som i dag er plassert på høgrentekonto i Sparebank1, som er vår hovudbank. Dette gir meir avkastning enn budsjettert, ei auke på 1 mill. kr.

Utbytte frå Tussa

Utbytte frå Tussa 2017 er utbetalt, 5,3 mill kr. Dette er 0,48 mill meir enn forventa og budsjetttet vert auka tilsvarande.

Rentekostnad

Det er forventa at Norges bank set opp styringsrenta med 0,25 % den 20. september. Auken gir utslag på samla rentekostnad for Volda med om lag 0,58 mill kr.

Avsetjing og bruk av fond

Endringane som vert foreslått i 2. tertial gir ei samla inntektsauke for Volda kommune med om lag 11,7 mill kr. Vi rår til at desse vert sett av til disposisjonsfond.

Havbruksfond

I første tertialrapport la vi inn 0,2 mill kr i forventa inntekt frå Havbruksfondet. Samtidig signaliserte vi ei langt større inntekt. Denne inntekta er no offentleggjort og Volda kommune kjem til å få ei inntekt på 9 mill kr i 2018, 8,8 mill kr meir enn budsjettert.

Endringar i drift i sektorane

Arbeidet med 2. tertial på einingsnivå er nettopp starta. Omtalen og endringane her baserer seg på dei store linjene og på dei sektorane som vi ser har så pass store avvik at rammen må endrast.

Teknisk sektor

Etter 2. tertial har sektoren eit mindreforbruk på 2,4 mill kr. Veg og park som fekk auka ramme gjennom 1. tertialrapport har eit mindreforbruk på 1,6 mill kr. Om dette er eit reellt mindreforbruk vert vurdert før rapport vert lagt fram til kommunestyret i november. Det same gjeld Eigedom som har eit etterslep og dermed mindreforbruk på vedlikehald.

Opplæring og oppvekst

Opplæring og oppvekst har også mindreforbruk etter 2. tertial. Vi ser at grunnskulen har eit stor negativt avvik, medan Helsestasjonen har mindreforbruk. Helsestasjonen hadde og mindreforbruk i 2017 og det kan sjå ut som om dette held fram i 2018. Mindreforbruket på barnehage må sjåast i samanheng med utbetalingar til private barnehagar. Før rapport i november må det avklarast kor mykje denne utbetalinga blir.

Helse og omsorg

Helse og omsorg held fram med meirforbruk. Avviket e å finne på vikarutgifter og refundert sjukelønn. Det vi veit er at refusjon sjukelønn i år har eit etterslep samanlikna med 2017. Noko av dette er nok ei av årsaka til avviket. I tillegg ser vi at nye brukarar under avlastning gir eit meirforbruk. Delar av dette vert nok kompensert gjennom tilskot til ressurskrevjande brukarar. Men kor stort tilskotet vert veit vi ikkje før i januar/februar 2019. Vi vel difor å

ikkje auke rammene til sektoren, men indikerer at sektoren ved årslutt kan få eit meirforbruk om tilskotet til ressurskrevjande brukarar vert mindre enn auken i kostnadane.

NAV

I månadsrapporten for mai viste vi til meirforbruk NAV, både på sosialhjelp og kvalifiseringsstønad.

Følgjande kommentar frå NAV-leiar (frå mai månad):

«Som vi ser, har vi frå 2017 - 2018 (0101 - 3105) hatt ei auke i utbetaling av sosialhjelp til både norske og flyktningar. Auken har likevel vore klart størst i gruppa flyktningar:

*Norske i perioden (lån er halde utanfor):

010117 - 310517: kr. 770.676,-

010118 - 310518: kr. 1.028.838,-

Auke: kr. 258.162,-

*Flyktningar i perioden (lån er halde utanfor):

010117 - 310517: kr. 1.028.838,-

010118 - 310518: kr. 1.513.734,-

Auke: kr. 414.037,-

Det har vore ei auke i tal flyktningar frå 2017 til 2018:

01.01.17-310517:

- 166 busette + 5 alternativ mottaksplasserte + 7 familiesameinte + 3 som flytta tilbake til Volda etter ei periode i anna kommune
- SUM: 179 flyktningar derav 16 EM (om lag 8 EM har livsopphald gjennom barnevernet) og 2 i fosterheim/institusjon gjennom barnevernet og har livsopphald av barnevernet.
- 73 deltakarar i INTRO + 2 i permisjon

01.01.18-31.05.18:

- 191 busette + 1 alternativ mottaksplassert
- SUM: 192 flyktningar derav 20 EM (om lag 8 EM har livsopphald gjennom barnevernet) og 2 i fosterheim/institusjon som over. 3 er tilflyttarar frå andre kommunar, og kom til Volda som elev/student. Desse har ikkje same rettar som busette flyktningar i kommunen.
- 52 deltakarar i INTRO + 7 i permisjon

Vi fyl statlege rettleiande satsar for sosialhjelp, desse aukar noko kvart år. Elles ser vi at høge buutgifter, både husleige og høge straumkostnader, påverkar utbetalingane. Også stadig fleire med betalingsvanskar, opparbeiding av gjeld (m.a. både straum- og husleigerestanser) medverkar til auken.»

Meirutgiftene held fram, og avviket etter 2. tertial er på 0,73 mill kr. Om dei månadlege kostnadane på sosialhjelp og kvalifiseringsstønad held fram vil meirforbruket i 2018 nærme seg 2,5 mill kroner. Vi rår til at delar av inntekta som vert auka knytt til flyktning vert nytta til å auke budsjettet til NAV med 2,5 mill kroner.

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune sitt budsjett for 2018 er vedteke med brutto rammer. Dette gjer at vi no legg fram forslag om budsjettendringar på sektor, fordelt på endring inntekt og utgift. Basert på utgreiingar over legg vi fram forslag til følgjande budsjettendringar for 2. tertial 2018:

BUDSJETTENDRING 2. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Korrigeringar mot disposisjonsfondet		11 716 663	11 716 663
NAV		2 500 000	2 500 000
Havbruksfondet	- 8 800 000		- 8 800 000
Utbytte Tussa	- 484 000		- 484 000
Renteinntekt	- 1 000 000		- 1 000 000
Renteutgift		580 000	580 000
Tilskot EM (4 i 2018)	- 2 243 428		- 2 243 428
Tilskot Flyktning (25 i 2018)	- 2 269 235		- 2 269 235
Sum budsjettendring	- 14 796 663	14 796 663	-

Helse og miljøkonsekvensar:

Evalueringsrapporten for nye Sandefjord (TF-rapport nr 296 2017 – utarbeidd av Deloitte og Telemarkforskning) peikte på nødvendigheita av at dei gamle kommunane har fokus på avslutning og i minst mulig grad belaste administrasjonen med nye oppgåver. Doble funksjonar medfører stor arbeidsbelastning, og det er viktig at ein som arbeidsgjevar er medviten om dette og i prioritering og planlegging tek omsyn til dette i den intensive fasen vi no går inn fram mot kommunesamanslåinga.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå utgreiing over

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjente

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kari Mette Sundgot Arkivsak nr.: 2018/211
Arkivkode: 151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
141/18	Formannskapet	18.09.2018
112/18	Kommunestyret	27.09.2018

FINANSRAPPORTERING 2018 - 2. TERTIAL

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:

Finansrapport for 2. tertial 2018 vert tatt til vitande.

Administrasjonen si tilråding:

Finansrapport for 2. tertial 2018 vert tatt til vitande.

Vedleggsliste:

- Månadsrapport August Bergen Capital Management
- Månadsrapport August Storebrand

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Finansrapporten for 2. tertial vert utarbeidd i tråd med rutinar som ligg i Volda kommune sitt finansreglement. Som vedlegg til saka ligg månadsrapportar for August frå Bergen Capital Management og Storebrand, som forvaltar kommunen sine porteføljar på gjeld og plassering.


Framlegg til nytt finansreglement ligg som eiga sak til møtet både i formannskap og kommunestyret.

Saksopplysningar/fakta:

Finansforvaltning vert delt inn ei passiva side, som er kommunen si lånegjeld, og ei aktiva side som viser korleis kommunen forvaltar ledig likviditet.

Figuren under viser korleis fordelinga mellom desse to finansielle sidene fordelar seg for Volda kommune:


	01.01.2018	30.04.2018	30.08.2018
Aktiva	173 391 519	208 861 600	357 651 605
Passiva	932 105 809	1 006 016	1 216 983 597



Samla lånegjeld utgjer 1,217 mrd kroner medan dei likvide midlane i form av bankinnskott, rente- og pengemarknadsfond, obligasjonar og eidedomsfond utgjer 357,7 mill kroner.

Forvaltning av ledig likviditet

Volda kommune har god likviditet og god styring på denne. Den kortsiktige likviditeten er plassert i bank (Sparebank 1 Søre Sunnmøre), der vi også har ein høgrentekonto med 30 dagars bindingstid. Høgrentekontoen vert ofte nytta dei første månadane etter låneopptak.



I julimånad vart det tatt opp eit lån på 194,4 mill kroner dette ser vi av grafen over. Store delar av midlane er i dag overført høgrentekonto, noko som har gitt oss betre avkastning på renteinntekter enn budsjettert:

	1. tertial	2. tertial
Bankinnskot (snitt)	115 494 857	168 875 093
Renteinntekter 1. tertial	316 869	699 892
Påløpt ikkje bokført rente	209 066	582 072
Sum avkastning	525 935	1 281 964
Avkastning	0,46 %	0,76 %

Renteinntekter frå bank vert avrekna kvart kvartal, noko som betyr at renteinntekter frå april først vert rekneskapsført i juni.

Prosentvis avkastning i oppsettet over er rekna ut i frå snitt av månadleg likviditet og er ikkje eksakt pr månad. Budsjettert renteinntekter for 2018 er 1,5 mill kroner. I økonomirapport for 2. tertial vert det lagt inn forslag om å auke renteinntektene med 1 mill kr til 2,5 mill kr.

Når det gjeld Volda kommune si langsikte plassering er den forvalta av Storbrand. Forventa avkastning i budsjett 2018 er også her 1,5 mill kr, noko som vil seie 2 %.

Etter 2. tertial har porteføljen hatt ei avkastning på 1,31 % om lag 0,8 mill kr:

	IB 01.01.2018	1. tertial 2018	2. tertial 2018
Aksjar Storebrand Global Kreditt (OBLIGASJON UTLAND)	8 461 705	8 360 034	8 388 129
Aksjar Storebrand Likviditet (PENGEMARKED)	21 886 827	22 487 132	22 605 562
Aksjar Storebrand Norsk Kreditt IG 20 (OBLIGASJONAR NORGE)	12 543 081	11 157 896	11 277 828
Aksjar Storebrand Rente+ (PENGEMARKED)	10 126 684	11 248 336	11 357 951
	53 018 297	53 253 398	53 629 470
Aksjar Storebrand Eiendomsfond Norge KS	7 276 083	7 368 569	7 413 528
	7 276 083	7 368 569	7 413 528
6005.06.43258 - Forvaltningskonto Storebrand	111 472	81 629	151 885
	111 472	81 629	151 885
Samla porteføle	60 405 852	60 703 596	61 194 883
Akkumulert avkastning			789 031
Avkastning i prosent			1,31 %

For meir detaljer vert det vist til vedlagt månadsrapport August frå Storbrand.

Forvaltning lånegjeld

Frå og med 1. januar i år er det Bergen Capital Management som er forvaltar av kommunen si låneportefølje. Det er gjort en del endringar i porteføljen i første tertial for å tilpasse seg den strategien som vi saman med forvaltar har utarbeidd. I dette ligg refinansiering av eksisterande lån der målet mellom anna har vore å fordele refinansiering/utløpsdato på ulike periodar i året. Dette for å redusere refinansieringsrisikoen. I tillegg har ein nytta seg meir av sertifikatlån. I andre tertial er det tatt opp eit lån på 194,5 mill kr. Dette lånet er et

Endringar i porteføljen har gjort at vi har eit avvik i forhold til krav som ligg i finansreglementet. Dette gjeld punktet om at «Lån med forfall innan 12 månadar ikkje skal utgjere meir enn 30 % av låneporteføljen». Om nytt finansreglement vert vedteke slik det ligg føre vil denne reglen verte erstatta med «Gjennomsnittleg vektet løpetid på låna (tid til forfall) bør vere over 1 år for å redusere refinansieringsrisikoen, og for å regulere størrelsen på lånegjeld som kjem til forfall».

Låneporteføljen er slik samansett i dag:

LÅN	01.01.2018	Endring 1. tertial	30.04.2018	Endring 2. tertial	30.08.2018
Sertifikatlån Nordea verdipapirmarknaden		- 75 000 000	- 75 000 000	75 000 000	-
Sertifikarlån Danske bank	- 180 136 000		- 180 136 000		- 180 136 000
Sertifikat kommunalbanken		- 87 683 000	- 87 683 000	87 683 000	-
9900.201.00315 Kommunalbanken (BULL. 19.06.30)	- 87 683 000	87 683 000	-		-
9900.201.00854 Kommunalbanken (BULL. 17.12.25)	- 170 000 000		- 170 000 000		- 170 000 000
9900.201.00860 Kommunalbanken (BULL. 17.12.25)	- 150 420 520	150 420 520	-		-
20180086 Kommunalbanken FRN lån		- 100 000 000	- 100 000 000		- 100 000 000
20180094 Kommunalbanken FRN lån		- 106 000 000	- 106 000 000		- 106 000 000
9900.201.00864 Kommunalbanken (BULL. 17.12.25)	- 56 563 330	55 579 480	- 983 850		- 983 850
9900.201.10110 + 771 Kommunalbanken (BULL. 19.03.31)	- 61 525 000		- 61 525 000		- 61 525 000
9900.201.20519 Kommunalbanken (BULL. 16.09.37)	- 19 370 000		- 19 370 000		- 19 370 000
9900.201.60297 Kommunalbanken (BULL. 19.06.41)	- 150 000 000		- 150 000 000		- 150 000 000
20180246 Kommunalbanken, sertifikat 12 mnd				- 174 691 380	- 174 691 380
NO0010829732 SEB MB				- 194 448 000	- 194 448 000
146313531 D.N.S. Husbank 2008	- 978 471	27 521	- 950 950		- 950 950
14632073 D.N.S. Husbank 2009	- 3 489 462	89 613	- 3 399 849	90 845	- 3 309 004
14632685 D.N.S. Husbank 2010	- 5 617 368	199 858	- 5 417 510		- 5 417 510
14633316 D.N.S. Husbank 2011	- 6 547 071	153 122	- 6 393 949		- 6 393 949
14633882 D.N.S. Husbank 2012	- 11 480 558	252 650	- 11 227 908		- 11 227 908
14634534.10.2 D.N.S. Husbank 2013	- 5 976 989	124 090	- 5 852 899		- 5 852 899
14635231 D.N.S. Husbank 2014	- 4 962 295	94 391	- 4 867 904	95 882	- 4 772 022
14636782.2 D.N.S. Husbank 2015	- 3 802 095	66 844	- 3 735 251	67 942	- 3 667 309
14637113.2 D.N.S. Husbank 2016	- 8 553 650		- 8 553 650	151 294	- 8 402 356
14637846.2 D.N.S Husbank 2017	- 5 000 000	81 573	- 4 918 427	82 967	- 4 835 460
14638287 Husbanken 2018				- 5 000 000	- 5 000 000
Låneportefølje	- 932 105 809	- 73 910 338	- 1 006 016 147	- 210 967 450	- 1 216 983 597

Det er tatt opp to nye lån i 2. tertial. Lånet på 194,5 mill kr er knytt til nyinvesteringar 2018. Lånet på 174,7 mill kr er samansett av refinansiering og nyinvesteringar 2018.

Endringane i låneporteføljen har medført at gjennomsnittrenta er redusert frå 2,09 % til 1,79 %:



	Nøkkeltal låneporteføljen Volda kommune		
	30.08.2018	30.04.2018	01.01.2018
Total lånegjeld	Kr. 1 216 983 597	Kr. 1 006 016 147	Kr. 932 024 236
Rentebindingstid	1,84 år	2,31 år	2,38 år
Gjennomsnittrenta	1,79 %	1,89 %	2,09 %
Kapitalbinding	5,82 år	7,53 år	6,84 år
Rentebinding under 1 år	65,62 %	58,36 %	60,30 %
Rentesensitivitet (auke 1 %)	Kr. 7 985 482	Kr. 5 870 918	Kr. 5 620 242

Rentebindingstid viser kor lenge renta er fast. Om porteføljen har ei rentebindingstid på 1 år betyr det at porteføljen i snitt har ei rentebinding på 12 månadar.

Kapitalbinding viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før porteføljen er nedbetalt eller forfall til betaling. Til høgre dette talet er dess mindre refinansieringsrisiko.

Porteføljens rentebindingstid og renterisiko

Intervall	Pålydende i NOK	Rentebindingstid	Andel	Akkumulert andel
Under 1 år	798 548 179	0,35	65,62%	65,62%
1 til 2 år	0	0,00	0,00%	65,62%
2 til 3 år	98 435 418	2,58	8,09%	73,71%
3 til 5 år	0	0,00	0,00%	73,71%
> 5 år	320 000 000	5,31	26,29%	100,00%
SUM	1 216 983 597	1,84	100,00%	



Som det går fram av oversikta over er 26,29 % av låneporteføljen sikra med fastrente utover ei 5 års periode. Forfall her er desember i 2023. Denne rentebindinga saman med dei to rentebytteavtalane som Volda kommune har gjer at gjennomsnittrenta til Volda er høgare enn dagens pt rente:

Porteføljen og markedsrenter		(Rentene er justert for kredittmargin (påslag), og indikerer derfor faktiske lånerenter for angitt løpetid)					
Vektet gjennomsnittrente	P.T.KBN	Norges Bank (foliorenten/styringsrenten)	3 MND	6 MND	12 MND	3 År	5 År
1,79 %	1,70 %	0,50 %	0,85 %	1,05 %	1,22 %	1,84 %	2,19 %
Markedsrenter og porteføljens betingelser		Ved utløpet av rapporteringsperioden					

Budsjettert rentekostnad i 2018 er om lag 21,8 million kroner. I rapporten frå BCM side 23 og 24 er forventa rentekostnad basert på dagens rente berekna til 2,8 million. Det er forventa at Norges Bank set opp styringsrenta med 25 punkt den 20. september. Denne renteauken vil medføre noko høgare renteutgifter også i Volda. Med utgangspunkt i rentesensativitet på 1 %, justert til 3,5 mnd og 0,25 % får vi ein forventa vekst på om lag 580 000 kr. Auken vert foreslått innarbeidd i budsjettet gjennom økonomirapport 2. tertial

Det er tidleg i september gjort ei refinansiering av 3 pt lån i Kommunalbanken, til saman 41,8 mill kr. Det er ikkje planlagt meir refinansieringar eller opptak av nye lån i 2018. SWAP-avtalen med Sparebank1 Markets, 50 mill kr. har forfall 19.12.18.

Månadsrapport frå Bergen Capital Management ligg som vedlegg og vil gi meir detaljert informasjon og detaljar rundt låneporteføljen og forvaltning.

Vurdering og konklusjon:

Finansrapporten vert utarbeidd med ei tilråding om å bli teken til vitande. Eventuelle økonomiske konsekvensar vert å finne i sak om økonomirapport 2. tertial.

Kort risikoanalyse

Finansreglementet og rutinane viser til at vi skal legge fram ei risikoanalyse (stresstest), både på passiva og aktiva sida. Reglementet viser til ei synleggjering av endring på 2 %:

Finansiell risikoanalyse/stresstest Volda kommune			
	Verdi 30.08.2018	Endring	Risiko for tap/ gevinst
Lånegjeld med binding < 1 år	798 548 179	2 %	15 970 964
Aktiv plassering	357 651 605	2 %	7 153 032

Risikoanalysen viser kva Volda kommune må finne dekning for dersom situasjonane i verste fall slår inn. Det vi veit er at det er lite truleg at ein renteoppgang på lån vil vere ein kombinasjon med rentereduksjon på plassering.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:

Sjå utgreiing, særleg knytt til risiko ved renteendring

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



Finansrapport Volda kommune

Forvaltning av gjeldsportefølje og finansieringsavtaler

Rapport 2018 1 januar til 31 august

(Rapportdato 31. august, utskrevet 3. september 2018)

Innholdsfortegnelse

Forbehold

- Side 3: Oppsummering og nøkkeltall – del I**
- Side 4: Oppsummering og nøkkeltall – del II**
- Side 5: Fordeling rentebinding**
- Side 6: Finansreglementets krav og strategi**
- Side 7: Porteføljens rentebindingstid og renterisiko**
- Side 8: Porteføljens kapitalbinding og refinansieringsrisiko**
- Side 9: Utvikling i rentebindingstid**
- Side 10: Utvikling i gjennomsnittrente**
- Side 11: Utvikling i lånegjeld**
- Side 12: Opptak av nye lån og refinansieringer i perioden**
- Side 13: Forfall og rentereguleringer i perioden**
- Side 14: Motpartoversikt lån**
- Side 15: Motpartoversikt rentebytteavtaler**
- Side 16: Markedskommentar**
- Side 17: Ordliste, forklaringer og beregninger**

- Appendiks I: Oversikt rentebetingelser og rentekostnader**
- Appendiks II: Stamdataoversikt**

Denne rapporten er utarbeidet av Bergen Capital Management AS (heretter BCM) i samsvar med forskrift om finansforvaltning og Kundens reglement for finansforvaltning. Rapporten baserer seg på kilder som vurderes som pålitelige, men BCM garanterer ikke at informasjonen i rapporten er presis eller fullstendig.

Uttalelsene i rapporten reflekterer oppfatninger på det tidspunkt rapporten ble utarbeidet, og BCM forbeholder seg retten til å endre oppfatninger uten varsel.

Denne rapporten skal ikke forstås som et tilbud eller anbefaling om kjøp eller salg av finansielle instrumenter. BCM påtar seg intet ansvar for verken direkte eller indirekte tap eller utgifter som skyldes forståelsen av og/eller bruken av denne rapporten.

Denne rapporten er kun ment å være til bruk for våre klienter, ikke for offentlig publikasjon eller distribusjon, men BCM tar dog ingen forbehold om klienters eventuelle offentliggjøring. Ansatte i BCM kan eie verdipapirer i selskaper som er omtalt i rapporten, og kan kjøpe eller selge slike verdipapirer.

Rapporten er utarbeidet på et gitt tidspunkt, verdiendringene kan være store i låne- og verdipapirmarkedet slik at endelig resultat vil kunne avvike, det er brukt beste anslag på gitte tidspunkt som markedspriser i rapporten.

Historisk resultat i porteføljer forvaltet av BCM er ingen garanti for fremtidig resultat. Fremtidig resultat vil blant annet avhenge av markedsutviklingen, forvalters dyktighet, porteføljens risiko, samt kostnader ved forvaltning.

Rapporten inneholder kun gjeld som er forvaltet av BCM. Rapporten er utarbeidet på basis av opplysninger fra långivere og Kunde, BCM kan ikke ta ansvar for riktigheten av denne informasjonen oppgitt fra tredjeparter. Ved reproduksjon eller annen bruk av rapporten bør rapporten i sin helhet vedlegges. Rapporten gir et øyeblikksbilde på rapporteringstidspunkt, slik at porteføljens sammensetning og risiko p.t. kan være høyere eller lavere.

BCM vil sjekke av status mot Kundens finansreglement ved rapportering. Men BCM oppfordrer Kunden til å foreta nødvendige kontroller, da det er Kunden selv de facto som er ansvarlig for at gjeldsporteføljen er i henhold til vedtatt reglement. Dersom BCM ikke mottar innvendinger mot rapporten innen 10 virkedager etter utsendt rapport anses rapporten som korrekt og akseptert av Kunden.

Oppsummering og nøkkeltall – del I

Nøkkeltall	31.08.2018	01.01.2018	Forklaring	Kommentar
Total lånegjeld	Kr. 1 216 983 597	Kr. 932 024 236	Viser samlet lånegjeld ved utløpet av rapporteringsperioden. Inkluderer alle lån som er gjengitt i stamdataoversikten.	
Rentebindingstid (inkl. rentebytteavtaler med fremtidig oppstart dersom det finnes slike i porteføljen).	1,84 ÅR	2,38 ÅR	Måltallet angir porteføljens vektete gjennomsnittlige rentebindingstid. Tallet viser hvor lenge renten på sertifikat, lån og obligasjoner i porteføljen er fast, hensyntatt alle kontantstrømmer (rentebetalinger, avdrag og hovedstol). Dersom en låneportefølje uten avdrag og årlige rentebetalinger har rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har en rentebinding på 12 måneder. Rentebindingstid er et kontantstrøm basert nøkkeltall og benyttes fremfor durasjon som er basert på markedsverdier.	
Vektet gjennomsnittrente	1,79 %	2,09 %	Måltallet angir porteføljens vektete gjennomsnittlige kupongrente, effektiv rente vil avvike noe. Ved sammenligning mot referanserente må det tas hensyn til durasjon og rentesikringsstrategi.	
Kapitalbinding	5,82 ÅR	-	Måltallet angir porteføljens vektete gjennomsnittlige kredittbinding. Tallet viser hvor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovedstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Desto høyere tall, desto mindre refinansieringsrisiko har porteføljen alt annet like.	



Oppsummering og nøkkeltall - del II

Nøkkeltall	31.08.2018	01.01.2018	Forklaring	Kommentar
Derivat volum (i % av gjeld)	8,22 %	10,73 %	Andel derivater (rentebytteavtaler, FRA, etc.) i (%) forhold til lånevolum.	
Rentebinding under 1 år	65,62 %	60,30 %	Andel forfall av rentebinding kommende år, dette nøkkeltallet viser hvor stor andel av porteføljen som har renteregulering innenfor det nærmeste året.	
Kapitalbinding under 1 år	32,60 %	-	Andel forfall kommende år, dette nøkkeltallet viser hvor stor andel av porteføljen som kommer til forfall innenfor det nærmeste året.	
Rentesensitivitet (1 %-poeng økning)	Kr. 7 985 482	Kr. 5 620 242	Estimat på økt rentekostnad ved 1 % - poeng økning i det generelle rentenivået (total gjeld x Rentebinding under 1 år x 1 %). Viser hvor mye porteføljens rentekostnad kommer til å øke med p. a. 1 år frem i tid ved 1%- poeng økning i det generelle rentenivået. Måltallet er lineært.	

Fordeling rentebinding

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år (fastrente)	418 435 418	34,38 %
Rentebinding under 1 år (flytende rente)	705 275 380	57,95 %
Sum rentebinding	1 123 710 798	92,34 %
Flytende rente (p.t. vilkår)	93 272 799	7,66 %
SUM	1 216 983 597	100,00 %

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år (fastrente)	418 435 418	34,38 %
Rentebinding under 1 år (flytende rente)	798 548 179	65,62 %
SUM	1 216 983 597	100,00 %



Forklaring til tabeller og grafer

Tabellene over viser fordelingen for gjeldsporteføljen angitt ved bruk av enkel rentebinding. Lån med rentebinding over 1 år er fastrentelån eller obligasjonslån med gjenværende rentebinding over 1 år på rapporteringsdato. Lån med flytende rente er sertifikat, obligasjoner og gjeldsbrevlån med gjenværende rentebinding under 1 år. Dersom porteføljen inneholder lån med p.t. vilkår har de 14 dagers rentevarsel og oppsigelsestid og en rentebinding på $14 / 365 = 0,04$. Dersom porteføljen inneholder lån med Nibortilknytning (3 eller 6 MND) er de sortert som lån med rentebinding under 1 år. Det er til enhver tid gjenværende rentebinding som er utgangspunkt for beregning av om fastrentene er under eller over 1 år. Figurene viser grafisk fordeling av gjeldsporteføljen målt ved bruk av enkel rentebinding. Alle lån som er medtatt i beregningen er gjengitt i "stamdataoversikten" som er vedlagt denne rapporten.



Finansreglementets krav og strategi

Krav i gjeldende reglement	Status	Kommentar
Det skal normalt hentast inn minst 2 konkurrerende tilbod frå aktuelle långjevarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneoptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken).	OK	
Styring av låneporteføljen skal skje ved ein kombinasjon av lånevilkår til oppfatningar om framtidig renteutvikling, og innanfor eit akseptabelt risikonivå, med sikte på lågast mogeleg renteutgift i kombinasjonen av produktet.	OK	
Refinansieringsrisikoen (risikoen for at ein ikkje får teke opp nytt lån når eit lån forfell) skal reduserast ved å spreie tidspunkt for forfall, jfr punkt 9.6.b.	OK	
Rentevilkåra skal kontinuerleg følgjast opp for å vurdere binding til fastrente.	OK	
Lån med fast rente kan liggje mellom 0 – 75% av den renteberande låneporteføljen.	OK	
Ved fastrenteavtalar skal renterisikoen reduserast ved å spreie tidspunkta for renteregulering.	OK	
Det er høve til å ta i bruk rentebytteavtaler (SWAP).	OK	
Låneporteføljen skal bestå av færrest mogeleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert lågast mogeleg.	OK	
Lån med forfall innan 12 månader må ikkje utgjere meir enn 30% av låneporteføljen.	IKKE OK	Nytt finansreglement vedtas i 2018 og man vil da ikke være i brudd.
Under elles like forhold vil det være formålstenleg at kommunen fordeler låneoptaka på fleire långjevarar.	OK	
Låneporteføljen skal kontinuerleg vurderast med tanke på reforhandling på heile eller delar av porteføljen.	OK	
Låneporteføljen kan setjast bort til ekstern forvaltar/rådgjevar om rådmannen finn det tenleg.	OK	

Krav til forvaltning av gjeldsporteføljen i henhold til gjeldende finansreglement. Kommentar kun dersom det er avvik fra finansreglement.

Porteføljens rentebindingstid og renterisiko

Intervall	Pålydende i NOK	Rentebindingstid	Andel	Akkumulert andel	Økning i rentekostnad ved 1% renteøkning
Under 1 år	798 548 179	0,35	65,62%	65,62%	kr 7 985 482
1 til 2 år	0	0,00	0,00%	65,62%	kr 7 985 482
2 til 3 år	98 435 418	2,58	8,09%	73,71%	kr 8 969 836
3 til 5 år	0	0,00	0,00%	73,71%	kr 8 969 836
> 5 år	320 000 000	5,31	26,29%	100,00%	kr 12 169 836
SUM	1 216 983 597	1,84	100,00%		



Kommentar

Rentebindingstid brukes ofte for å måle renterisiko. Det gir et uttrykk for hvor følsom kontantstrømmene til lånene er for en endring i markedsrentene. Man kan se på rentebindingstid som vektet gjennomsnittlig rentebinding for et lån eller en plassering. Porteføljens rentebindingstid er i tabellen målt ved slutten av rapporteringsperioden.



Rentebindingen er i tråd med finansreglement og rentesikringsstrategi, hvor forutsigbarhet i rentekostnadene er et viktig element. Porteføljer med rentebindingstid under 1 år vil være svært sensitive for bevegelser i markedsrentene. Porteføljer med rentebindingstid over 5 år vil ha svært forutsigbare rentekostnader i de kommende årene. Alt annet like vil en slik forutsigbarhet ha en pris / «forsikringspremie», som må vurderes opp mot reduserte rentekostnader.

Kolonnen økning i rentekostnad ved 1 %- poeng renteøkning viser økt årlig rentekostnad om 1 år, om 2 til 3 år, om 3 til 5 år og om 5 år dersom renten stiger med 1%-poeng. Dvs. når alle bindingene i porteføljen er løpt ut vil økt rentekostnad være 1 % x total gjeld.


Porteføljens kapitalbinding og refinansieringsrisiko

- Nytte delar av årleg avkastning frå langsiktige investerte midlar som buffer for framtidig eventuell låg avkastning⁴

² Jf. kommunelova § 52 nr. 3

³ Det er i berekningane forutsett årleg inflasjon lik 2,5%

⁴ Langsiktige krav til avkastning på porteføljen er 4%. Avkastning utover dette vert avsett som bufferfond

- Søkje å oppnå avkastning på langsiktige investerte midlar som i gjennomsnitt er høgare enn eit risikofritt alternativ⁵ til akseptabel risiko

Uttak av middel skal fortrinnsvis skje utan at det reduserer inflasjonsjustert formuesverdi.

Risikospreiing

Ei spreining av investeringane over fleire ulike aktivaklasser (eksempelvis eigedom, obligasjonar og pengemarknad), reduserer porteføljen sin totale risiko. Ei fordeling mellom norske og internasjonale kapitalmarknader vil også redusere porteføljen sin finansielle risiko.

- Dette tyder at risikoen og avkastingsmoglegheitene blir fordelt mellom både norske og internasjonale obligasjonar samt norske pengemarknadsinvesteringar
- Investeringar i eigedom bidreg til å spreie risiko og gje ein høgare forventa avkastning
- Internasjonale investeringar i tråd med ein verdsindeks vil gi god spreining mellom ulike regionar og økonomiar, og dermed god spreining av marknadsrisiko innanfor obligasjonar.

Investeringsstrategi

Kommunen sin investeringsstrategi er utforma som ein prosentvis fordeling av midlane mellom ulike aktivaklasser og marknader, der det også er presisert kva for rammer for avvik i forhold til strategien som er akseptable. På bakgrunn av dei føresetnader⁶ som er teke og kommunen sine målsetjingar, skal middel forvaltast etter følgjande investeringsstrategi:

AKTIVAKLASSE	BEHALDNING			REFERANSEINDEKS (BENCHMARK)
	MÅL	MAKS	MIN	
Bank	0%	10%	0%	ST1X
Pengemarknad	45%	85%	10%	ST1X
Omløpsobligasjonar	45%	85%	10%	ST4X
Sum Rentebærande	90%			
Eigedom	10%	15%	0%	ST1X + 2% poeng
Sum Portefølje	100%			

Kommunen sine plasseringar i utanlandske renteberande verdipapir skal være valutasikra til norske kroner.

Ved investering i verdipapirfond vil forvaltar alltid nytte fondets offisielle målindeks som referanse for avkastingsmåling. På aktivaklassenivå vert indeksane i tabellen over brukt.

For å implementere investeringsstrategien kan kommunen primært nytte fondsplasseringar i tillegg til bank.

⁵ Langsiktig forventa avkastning for bank er 4%

⁶Vedlegget utdjuar føresetnadane

8.2. Forventa avkastning, finansiell risiko og bufferoppbygging

Dei langsiktige resultateffektane av investeringsstrategien er ei forventa meiravkastning i forhold til eksempelvis bankinnskott. Meir kortsiktig vil avkastinga svinge noko rundt det forventa nivå.

Kommunen tek på seg ein finansiell risiko ved plassering av midlar. Kommunestyret må vurdere om den totale finansielle risiko som fylgjer av ein strategi er akseptabel. Den totale finansielle risiko består av marknadsrisiko, her under renterisiko, kredittrisiko m.m.

8.3. Implementering og drift av portefølja

I implementeringsfasen vil det kunne vere avvik mellom faktiske porteføljevokter og kommunen sin investeringsstrategi. Etter full implementering skal porteføljevektene vere i samsvar med investeringsstrategien.

8.4. Val av forvaltarar

Val av forvaltarar skal skje på grunnlag av kriterium som ivaretek krav til kva som samla sett er mest økonomisk tenleg for kommunen.

Kommunen skal velje velsette forvaltarar som er godkjende verdipapirføretak eller verdipapirfondsføretak (tilsvarande dei internasjonale marknadane) og underlagt tilsyn av offentlege tilsynsmynde. Til forvaltning av heile eller delar av utanlandsk obligasjonsportefølje kan det nyttast utanlandske forvaltarar. Kommunen vil kunne velje å nytte ulike forvaltarar for forvaltninga både i Noreg og utland.

Kommunen skal ut frå etiske normer som kommunen følgjer vurdere etiske- og miljømessige kriterium ved val av forvaltarar og produkt. Dette skal ikkje medføre lågare avkastning og/eller høgare risiko.

8.5. Rebalansering

Faktisk aktivaallokering vil endre seg over tid etter kvart som dei ulike marknadane utviklar seg ulikt. Porteføljen skal minimum rebalanserast når faktiske porteføljevokter er maksimums- eller minimumsgrensene. Rebalansering skal i utgangspunktet bringe porteføljevektene til strategisk nivå. Dette kan avvike av marknadsmessige omsyn.

9. Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og finansieringsavtaler

9.1. Opptak av lån og refinansiering av eksisterende lån

Kommunestyret gjer vedtak om opptak av lån i samband med årsbudsjettet. Rådmannen gjer låneopptak i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og rammene i kommunelova § 50 og dette reglementet.

9.2. Val av låneinstrument

- Det kan berre takast opp lån i norske kroner.
- Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar og livselskap.
- Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån),
- Det er også adgang til å legge ut lån i sertifikat og obligasjonsmarknaden
- Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

9.3. Tidspunkt for låneopptak

Låneopptak skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle forhold i marknaden.

9.4. Konkurrerende tilbod

Låneopptak skal gjerast til marknadenes gunstigaste vilkår på det tidspunktet konkurransen vert gjennomført. Det skal normalt hentast inn minst 2 konkurrerende tilbod frå aktuelle långjevarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken).

9.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved ein kombinasjon av lånevilkår til oppfatningar om framtidig renteutvikling, og innanfor eit akseptabelt risikonivå, med sikte på lågast mogeleg renteutgift i kombinasjonen av produktet.

Forvaltninga skal leggjast opp i tråd med følgjande;

- Refinansieringsrisikoen (risikoen for at ein ikkje får teke opp nytt lån når eit lån forfell) skal reduserast ved å spreie tidspunkt for forfall, jfr punkt 9.6.b.
- Rentevilkåra skal kontinuerleg følgjast opp for å vurdere binding til fastrente
- Lån med fast rente kan liggje mellom 0 – 75% av den renteberande låneporteføljen

- Ved fastrenteavtalar skal renterisikoen reduserast ved å spreie tidspunkta for renteregulering

Det er høve til å ta i bruk rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast for å endre renteeksponeringa for kommunen si lånegjeld. Føresetnadar for å gå inn i slike kontraktar skal vere ut frå ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt. Det er ikkje lov å lausrive denne derivathandelen frå den andre finansforvaltninga. Intensjonen bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggjande lån eller låneportefølje.

9.6. Storleik på det einskilde lånet – fordeling av låneopptak

- a) Låneporteføljen skal bestå av færrest moglege lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert lågast moglege.
- b) Lån med forfall innan 12 månader må ikkje utgjere meir enn 30% av låneporteføljen.
- c) Under elles like forhold vil det være formålstenleg at kommunen fordeler låneopptaka på fleire långjevarar.
- d) Låneporteføljen skal kontinuerleg vurderast med tanke på reforhandling på heile eller delar av porteføljen.
- e) Låneporteføljen kan setjast bort til ekstern forvaltar/rådgjevar om rådmannen finn det tenleg.

10. Rapportering

Rådmannen skal ved tertialrapporteringar pr. 30. april og 31. august, leggje fram rapport for kommunestyret som syner status for plasseringar og gjeldsforvaltninga.

I tillegg skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:

For plasseringar og forvaltning:

- Samansetjing av plasseringar i bank, rentepapir og andelar i rentefond.
- Avkastning, løpetid og varigheit/gjennomsnittlig rentebinding.
- Benchmarking.
- Marknadsverdi på plasseringar i rentepapir/rentefond.
- Vesentlige marknadsendringar.
- Endringar i risikoeksponering.
- Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet.
- Marknadsrenter og eigne rentevilkår.

For forvaltning av gjeldsporteføljen:

- Opptak av nye lån (inkludert avtaler om finansiell leasing) så langt i året
- Refinansiering av eldre lån så langt i året
- Samansetting av låneporteføljen fordelt på dei ulike typar passiva (i NOK og %)
- Løpetid for passiva og gjennomsnittleg rentebinding
- Eigne renter samanlikna mot marknadsrente
- Kommentarer i forhold til endring i risikoeksponering, attverande rentebinding og rentekrav i forhold til kommunens økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt føreståande finansierings-/refinansieringsbehov.
- Skildre og vurdere eventuelle avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.
- oversikt (stresstest) som illustrerer korleis ei renteauke på 2 prosentpoeng påverkar kommunen sine renteutgifter i økonomiplanperioden

11. Fullmakter

Innanfor dei generelle retningslinjer som fylgjer av dette dokument vert det delegert fylgjande fullmakter til rådmannen:

- Gjennomføre opptak av lån etter lovleg fatta vedtak av kommunestyret.
- Gjennomføre refinansiering av eksisterande lån.
- Godkjenne rentevilkår på lån.
- Stå føre den gåande forvaltninga av kommunen sine likvide middel, her under:
 - inngå avtale om kjøp og sal av verdipapir.
 - inngå avtaler om kjøp og sal av andelar i verdipapirfond.
 - foreta plasseringar på særtilkår.
- Inngå nødvendig avtale om ekstern bistand til nødvendig styrking av kommunens finanskompentanse, her under
 - avtaler om generell finansiell rådgiving.
 - Inngå avtaler om bruk av rentesikringsinstrument innanfor dei avgrensingar som følgjer av pkt. 7.2.

Fordeling av låneporteføljen på fast og flytande rente og val av rentesikring skal drøftast med formannskapet.

Formannskapet skal haldast informert om ev vidaredelegering frå rådmannen.

12. Rutiner for oppfølging av finansreglementet

Det skal etablerast administrative rutinar som syt for at finansforvaltninga er gjenstand for trygg kontroll og at utøvinga skjer i tråd med finansreglementet, gjeldande lover og forskrift om kommunars og fylkeskommunars finansforvaltning. Rutinane må godkjennast av uavhengig instans.

Kommunen må ha eigenkompetanse til å kunne utøve finansreglementet sitt innhald.

Dersom det er oppstått avvik frå gjeldande regelverk skal dette lukkast snarast mogleg dersom det kan skje utan at tapet overskrid 3% av nominelt plassert beløp. Oppståtte avvik skal fortløpande rapporterast saman med den ordinære rapporteringa. Rapporteringa skal innehalde årsak til at avviket oppsto og kva økonomiske konsekvensar lukkinga medførte.

Dersom forvaltar rapporterer tap som overskrid 3% av nominell verdi av en plassering (som følgje av brot på gjeldande reglement), skal saka snarast presenterast for formannskapet. Formannskapet avgjer korleis ein skal lukke avviket.

13. Kvalitetssikring av reglementet

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig part med kompetanse om finansiell risiko vurdere kommunens reglement for finansforvaltning. Dette er gjennomført ved at reglementet er førelagt revisjonen.

Vedteke av Volda kommunestyre den, jfr K-sak

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til Volda kommune

ATTESTASJONSUTTALE - REGLEMENT FOR KOMMUNEN SI FINANS- OG GJELDFORVALTNING

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gi betryggande sikkerheit, i høve Volda kommune sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning motteke 20. august 2018.

Kommunestyret er ansvarleg for at finans- og gjeldsforvaltninga er underlagt reglement fastsett i samsvar med kommunelova §52 og forskrift om kommuners og fylkeskommuners finans- og gjeldsforvaltning, fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 9. juni 2009 med endring av forskrift 1.nov.2016.

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for NKRF's medlemmar, som inneheld krav om uavhengigheit og andre krav som bygg på grunnleggande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og vise varsemd, fortrulegheit og profesjonell åtferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1) har Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, fagleg standardar og krav i gjeldande lovgiving og anna regulering

Vår oppgåve er å gi ein uttale om reglement for finans- og gjeldsforvaltning på grunnlag av dokumentasjon som er henta inn, og basert på revisor sitt skjønn. Vi har utført vårt arbeid i samsvar med den internasjonale standarden for attestasjonsoppdrag - ISAE 3000 *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk økonomisk informasjon*. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører kontrollhandlingar for å kunne gi ein uttale med betryggande sikkerheit om det ligg føre vesentlege feil eller manglar ved kommunen sine reglar for finans- og gjeldsforvaltning.

Gjennomføring av attestasjonsoppdraget som skal gi betryggande sikkerheit, inneber også:

1. Med utgangspunkt i kommunelova § 52 nr 3, har vi kontrollert at lova sine bestemmelsar er innarbeida i kommunen sitt reglement for finansforvaltninga, herunder at reglementet:
 - gjer det muleg for kommunen å oppnå ei tilfredstillande avkastning gjennom forvaltninga
 - ikkje tillate ei forvaltning som medfører vesentleg finansiell risiko
 - har bestemmelsar om at forvaltninga må ta omsyn til at kommunen skal ha midlar til å dekke sine forpliktelsar ved forfall
2. Med utgangspunkt i § 4 i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finans- og gjeldsforvaltning, har vi kontrollert at reglementet tilfredsstillar krav i forskrifta, herunder at det omfattar forvaltning av:
 - ledig likviditet
 - langsiktige finansielle aktiva
 - gjeldsportefølgje og øvrige finansieringsavtalar

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

3. Med utgangspunkt i §4 andre ledd i forskrift om kommuners og fylkeskommuner finans- og gjeldsforvaltning har vi kontrollert at reglementet inneheld:
 - formålet med forvaltninga
 - kva som reknast som langsiktige finansielle aktiva
 - rammer og avgrensingar for forvaltninga av dei ulike forvaltningstypar
 - tidspunkt og innhald i statusrapporteringa
 - handtering av avvik

- 4 Med utgangspunkt i § 3 i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finans- og gjeldsforvaltning, har vi kontrollert at forskrifta sine rammer for finansforvaltninga er tilfredsstillande ivareteke i reglementet. Det kan hefte usikkerheit ved nye type låneinstrument

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg med revisjonsbevis, og våre kontrollhandlingar gir eit forvarleg grunnlag for vår uttale.

Konklusjon:

Vi meiner at det framlagte reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga tilfredsstiller kommunelova og forskrifta sine krav.

Uttalen er utarbeida for det formål som er skildra ovanfor, og til kommunen sin informasjon, og skal ikkje brukast til anna formål

Larsnes 3.september 2018

Halldis Moltu

Halldis Moltu

-reg.revisor-

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2012/1172
		Arkivkode:	047

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
138/18	Formannskapet	18.09.2018
114/18	Kommunestyret	27.09.2018

RAPPORTERING PÅ OPPFØLGING AV VEDTAK PR. 30.06.2018

Handsaming:

Det vart gjort ei redaksjonell endring, dato vert endra til 31.06.2018.

Innleiingsvis i møtet reiste Dan Helge Bjørneset spørsmål om status i høve parkering langs Gamlevegen, med bakgrunn i beredskapssituasjonen. Teknisk sjef Rune Totland orienterte om at trafikktrykingsplanen skal handsamast i forvaltningsutvalet i november og tilhøva i Gamlevegen vert handsama i planen.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.06.2018 til vitende.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2018 til vitende.

Vedleggsliste:

Rapport vedtaksoppfølging pr. 31.03.2018.

Samandrag av saka:

Formannskapet og kommunestyret har tidlegare fått lagt fram vedtaksloggar f.o.m. 2012 og fram t.o.m. mars 2018. Av rapporten kjem det fram kva vedtak som ikkje er effektuerte, og med ei kortfatta forklaring på kva sektor som har ansvar for saka og kva som er status.

Vedtaksrapportering er viktig både for at politikarane skal sjå kva oppgåver som ligg i administrasjonen til ei kvar tid, og for å vurdere kva som skal prioriterast når det oppstår avvik mellom kapasitet og arbeidsmengd.

Volda kommune har avgrensa administrative ressursar i høve til dei oppgåvene som det er forventa at ein skal gjennomføre, og oversikta over manglande vedtaksoppfølging synleggjer at det ikkje er samsvar mellom oppgåver og kapasitet i administrasjonen til å utføre vedtaka.

Kommunestyret gjorde i K-sak 127/17 vedtak om kvartalsvis rapportering, med oppdaterte vedtak fram til føregåande kalendermånad. Det er stor aktivitet i sektorane og administrasjonen er pressa på ressursar, og ein ser at rapporteringa er tidkrevjande for fleire sektorar. Det er frå KS tilrådd at administrasjonane i kommunar som er vedtekne samanslått i 2020 ikkje får for mange utgreiingsoppgåver i høve til organisering av dagens kommune.

Arbeidet med kommunesamanslåing vert særleg krevjande frå no og fram mot 2020. Leiarar og mange andre i administrasjonen får dobbeltroller, der dei skal byggje opp nye rutiner og ny organisasjon i ny kommune samtidig med drifta av «gamle» Volda. Det vil vere svært krevjande å få tid til alle oppgåver og administrasjonen må difor prioritere ut frå må, bør og kan. Rådmannen ber kommunestyret om ei politisk tilrettelegging for ei slik prioritering. Det er viktig å at kommunestyret merkar seg dette, og at ein tek innover seg at gamle Volda no går inn i ei avviklingsfase der prosessane framover mot ny kommune vert handtert av fellesnemnda.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Sektorane

Rapportering vedtaksoppfølging pr. 30.06.2018

Utviklingssektoreten s. 3-7

- ID 1 Reguleringsplan Rotsetfjora
- ID 2 Planid 2011003 Detaljregulering for Håmyra
- ID 3 Sentrumsprosjektet Mellom bygningane
- ID 4 Kommunal planstrategi
- ID 5 Årsbudsjet 2018 - Utvikling Megaområde
- ID 6 Handlingsplan for plastforsøpling

Teknisk sektor s. 8-15

- ID 7 Opprydding avløp sone Folkestad
- ID 8 Opprydding avløp sone Straumshamn
- ID 9 Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 4
- ID 10 Reservevassforsyning for Volda
- ID 11 Volda ferjekai
- ID 12 Årsbudsjet 2016 - Midlar til sentrumsutvikling – fast vegdekke
- ID 13 B58 Bratteberg
- ID 14 Trafikkforhold i Kårstadvegen/Røystunvegen
- ID 15 Årsbudsjet 2018 – Kartlegging manglande gatelys kommunale vegar
- ID 16 Flaumtilpassingstiltak i Melshornsida, alternative tiltak og finansiering av desse
- ID 17 Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset
- ID 18 Tilleggsøyvingar til avbøtande tiltak Raudemyrvegen
- ID 19 Trafikktrygging Gamlevegen
- ID 20 Hurtigladestasjon i Volda sentrum

Eigedomsavdelinga s. 16-21

- ID 21 Vikebygda skule – godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern
- ID 22 EPC- kontrakt
- ID 23 Leigekontrakt Høgskulen i Volda og EPC

- ID 24 Volda Campus Arena AS
- ID 25 Mork skule – forslag om å rive gamleskulen

Helse- og omsorgssektoren s. 22-25

- ID 26 Nærings situasjonen for eldre i kommunale bufellesskap og drift av sentralkjøkkenet
- ID 27 Endring av betalings satsar for helse- og omsorg – matpengar
- ID 28 Årsbudsjett 2018 – pårørandegrupper og pårørandekontakt
- ID 29 Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet
- ID 30 Organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset

Kultur og service s. 26

- ID 31 Volda ungdomsklubb

Samfunn og rådgjeving s. 27-29

- ID 32 Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreining
- ID 33 Forprosjekt Volda kunnskapspark
- ID 34 Destinasjon Volda
- ID 35 Mandat – planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum
- ID 36 Utbygging av breiband i Volda kommune

Opplæring og oppvekst s. 30-31

- ID 37 PPT-avtale om regionalt samarbeid
- ID 38 Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen
- ID 39 Interpellasjon - Digitale læringsressursar på nynorsk

Barnevern s. 32

- ID 40 Valds koordinatorstilling

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Utviklingssektoreten	Framdrift og aktivitet	Frist
1	FSK 77/17	16.05.17	<p>Reguleringsplan Rotsetfjora - spørsmål om oppstart av privat planarbeid</p> <p><i>1. Formannskapet finn å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan i regi av Sunnmøre Invest AS for området mellom Scana si bygseltoimt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).</i></p> <p><i>2. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynete uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.</i></p> <p><i>3. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan. Planen skal sikre offentleg tilgjenge til strandområdet i planområdet.</i></p> <p><i>4. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.</i></p>	Nye forslagsstillarar har varsla oppstart av privatdetaljregulering den 23.06.2017 med høyringsfrist 10.08.2017.	<p>Det har vore gjennomført eit møte med forslagstillarar i mars og det vart sagt da at dei skulle med innspel innan kort tid, men vi ventar framleis på dette.</p> <p>Vi ventar framleis på innspel frå forslagsstillar.</p>	

1			<p>5.Kommunen sin eigeidom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.</p> <p>6.Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens eigne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området og området skal derfor ikkje utbyggast i denne omgang.</p> <p>7.Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.</p> <p>8.Så langt mogleg skal reguleringsplanarbeidet samordnast med rullering av kommuneplanens arealdel og kulturminneplanen.</p> <p>9.Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjora II og SP 1-5", - dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.</p>			
2	KST 36/15	30.04.2015	Planid 2011003. Detaljregulering for Håmyra.		Det er varsla oppstart av regulering, men grunna omprioriteringar på når dette skal	

2			<p>5. Kommunestyret ber om at administrasjonen startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks.</p> <p>og pkt m): Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.</p> <p>pkt. n): Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarende må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksettast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.</p>	<p>Vilkår pkt 1, 2 og 4 vert ivareteke av teknisk sektor og i utbyggingsavtale.</p> <p>3. Lysa i Raudemyrvegen og Heltnevegen vert skifta ut med førsteprioritet når rammeavtale er på plass (ansvar Teknisk sektor)</p>	<p>verte gjennomført er det ikkje behov vidare for detaljregulering enno. Prosjektet er no planlagt gjennomført i 2020 så da må reguleringsarbeidet først vere ferdig i 2019.</p>	Jan 19
3	KST 10/14	31.1.14	<p>Oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet Mellom bygningane i Volda.</p> <p>1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-</p> <p>2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal</p>	<p>Under arbeid.</p> <p>Ansvarleg: Prosjektleiinga ligg til Volda næringsforum.</p> <p>Utviklingssektoren og teknisk sektor følgjer prosjektet i partnerskapet.</p> <p>Partane har godkjent revidert partnerskapsavtale og framdriftsplan, jfr K-sak 72/15 den 18.06.15.</p> <p>Styringsgruppa for prosjektet har hatt møte og prioritert vidare utbyggingstiltak. Det er frå kommunen si side bedt om at rapporteringsrutinene til rådmann og kommunestyre</p>	<p>Avtalen gjekk ut i 2017 og det vert arbeida med forslag til ny avtale.</p> <p>Det er laga til forslag til ny avtale som Volda kommune og Volda Næringsforum er samde om. Avtalen er sendt over til Møre og Romsdal fylkeskommune for godkjenning/uttale, men det er</p>	

3	FSK 79/17	16.05.17	<p>fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.</p> <p>3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam</p> <p>4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune.</p> <p>Sentrumsprosjektet - tiltak/gjennomføring/budsjett - 2017</p> <p><i>4.Detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i området E39/Hamnekvartalet skal fullførast. Dei elementa i ferdig detaljplan som ikkje samsvarer med gjeldande reguleringsplan vert å handsame som dispensasjon ifrå reguleringsplan.</i></p>	vert følgt opp i samsvar med partnerskapsavtalen.	ikkje kome tilbakemelding derfrå enno.	Mai 18
	FSK 187/17	14.11.17	<p><i>3.For å kunne slutføre arbeidet med detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i Hamnekvartalet – eit tiltak som utgjør ein særskild viktig del av sentrumsutviklinga - vert administrasjonen beden om å ta initiativ til fullføring av forhandlingane om kjøp av grunn som omfattar eit avgrensa areal inn mot Snippa. Så snart ein eventuell slik avtale ligg føre ber ein om å få framlagt sak om godkjenning og finansiering.</i></p> <p><i>5.Partnerskapsavtalen skal reforhandlast og justerast m.a i høve organiserings- og finansieringsmodellen slik at det samsvarer meir med kva partane kan bidra med i prosjektet utifrå dei erfaringane som er gjort fram til no.</i></p>		<p>Det er oppretta dialog med grunneigar og vert jobba med ein avtale. Ingen endring.</p> <p>Planlagt møte om ny partnerskapsavtale med fylkeskommunen og Volda næringsforum vart avlyst. Det vert framleis jobba med forslag til partnerskapsavtale og det eit mål å få til møte i vår og at ny partnerskapsavtale vert lagt fram for politisk handsaming.</p> <p>Det er laga til forslag til ny avtale som Volda kommune og Volda Næringsforum er samde om. Avtalen er sendt over til Møre og Romsdal fylkeskommune for godkjenning/uttale, men det er ikkje kome tilbakemelding derfrå enno.</p>	

4	KST 16/17	02.03.17	<p>Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020</p> <p><i>Volda Kommunestyre ber administrasjonen prioritere rulleringa av Klimaplan-Handlingsdel i det vidare planarbeidet for 2017.</i></p>		Grunna arbeid med revisjon av arealdelen til kommuneplan trekk noko ut i tid så kjem tidlegare varsla notat først litt seinare denne hausten	Nov 18
5	KST 145/17	14.12.2017	<p>Årsbudsjett 2018</p> <p><i>Kommunestyret er kjend med at det over tid har vore arbeidd med utvikling av Megaområdet i Volda sentrum for å legge til rette for utvikling av handel og anna næring i kombinasjon med leiligheter. Kommunestyret er i utgangspunktet positivt innstilt til ei slik utvikling som vil kunne bety ei vesentleg fornying i Volda sentrum. Partane vert oppmoda om å halde fram arbeidet primært basert på oppnåing av frivillige avtalar. Om det ikkje lukkast i løpet av første halvår 2018, tilrår kommunestyret at det vert starta arbeid med ny reguleringsplan med sikte på ei framtidsetta og heilskapleg løysing.</i></p>		Vi bør avvente dette til sak om kryssing av Øyra elva skal opp til politisk handsaming. Statens vegvesen arbeidar med eit notat om dette og det er planlagt som grunnlag for ei sak til Formannskapet i løpet av hausten.	
6	KST FO 7/18	31.05.2018	<p>Handlingsplan for plastforsøpling</p> <p><i>Kommunestyret ber om å få lagt fram ein enkel handlingsplan mot plastforsøpling innan sommaren 2019.</i></p>		Dette vil også verte omtala i nemnde notat under ID 5.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Teknisk sektor	Framdrift og aktivitet	Frist
7			Opprydding avløp sone Folkestad	Oppfølgingsfase der det gjenstår 15-20 stk som ikkje har ferdigstilt.	Oppryddinga er ca 85% ferdig. Ny avløpsledning er under utredning. Prosjektet vil bli gjennomført i løpet av året.	
8			Opprydding avløp sone Straumshamn	Opprydding Sone Straumshamn: Krav er utsendt og mange anlegg er ferdigstilt	Opprydding Straumshamn delsoner 1-6. Dei fleste soner ligg på 75-85% tilfredstillande anlegg. Totalsnitt ca. 82% (nye /rehab. /tilfredstillande anlegg) Ferdigstilling vil ikkje bli prioritert før sårbarhetsanalyse er etablert i samsvar med hovudplan vann og avløp.	
9	KST 152/12	29.11.12	Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 48 2. Kommunestyret ber om at Gamle Engesetveg blir stengt for gjennomkøring så raskt som råd. 3. ..vurdere trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, i samband med rullering av Trafikktryggingssplanen.	Pkt 2- Gamle Engesetveg er mellombels skilta med gjennomkøring forbode. Spørsmål om trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, er med som punkt i samband med rullering av Trafikktryggingssplanen i løpet av 2016. Formannskapet har bedt om at det vert utarbeidd skiltplan som regulerer denne vegen, jfr m.a problem ved snørydding mv.	Dette er inkludert i investeringsprosjektet: Opprusting av Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg. Her inngår stenging av gamle engesetvegen, snuplass og kantstopp for buss. Dette er under prosjektering hos konsulent, og bygging startar hausten 2018, dersom tilfredstillande opprusting kan gjennomførast under gjeldande reguleringsplan.	

10	FSK 98/13	21.05.13	<p>Reservevassforsyning for Volda:</p> <p>1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å etablere reservevassforsyning for Volda med samankopling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene.</p> <p>2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming</p>	<p>Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til dette frå rådmannen. Fagavdelingane i dei to kommunane er bedne om å utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsdokument. Forslag til avtale om beredskapsvatn er utarbeidd.</p>	<p>Ordførar og rådmann i Ørsta er positive til at det vert arbeidd vidare med planane. Det bør derfor vere opna for å få til vidare samarbeid med teknisk etat i Ørsta for å avklare nærare saksgang og framdrift. Vi er i skrivande stund i forhandlingar med teknisk sektor i Ørsta om kompensasjon for tilknytning. Grunna høg arbeidsbelastning har ikkje administrasjonen klart å prioritere dette.</p>	
11	FORV 78/13	20.08.13	<p>Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak:</p> <p>Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området.</p>	<p>Har vore gjennomført drøftingar med Statens vegvesen utan resultat. I Ved rullering av Trafikktryggingssplan for Volda kommune er miljøprioritert gjennomkøyring Volda sentrum eit punkt på tiltak på overordna vegnett. Administrasjonen må ha ei runde med Statens vegvesen og få aksept på dei tiltak som gjeld overordna vegnett i Volda kommune.</p>	<p>Her avventer vi svar frå statens vegvesen. Sektoren har uansett ikkje kapasitet til å arbeide med dette før hausten 2018.</p>	
	FORV 76/15	17.11.15	<p>Planid 200700-01 – Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651, gbr 19/950 og 862</p> <p><i>4. Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.</i></p> <p><i>1. Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny ferjekai i Volda sentrum.</i></p>		<p>Det vert i løpet av kort tid sendt brev til Statens Vegvesen for å be om møte for å avklare nærare framdrift.</p>	

					driftskostnadene til kommuna. Difor bør ikkje akkurat desse to prosjekta setjast opp mot kvarandre. Ny gangveg vert ferdig i Elvadalen i 2018. I tillegg har vi fått finansiering til fast dekke på nær alle kommunale grusareal i 2018. Fleire av sentrumsgatene har sterkt behov for reasfaltering eller forsterking. Vi har mykje arbeid med bøting og straks tiltak. Vi har skader meldt frå publikum og ertatningsaker.	
13	KST 44/16	31.03.16	<p>B58 Bratteberg Planen godkjent, tillaust til meir gagn enn skade.</p> <p>3. Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang- og sykkeltrafikk på tilførselvegssystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikktryggingsplanen.</p> <p>4. Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggjast fram for kommunestyret og samordnast med budsjett- og økonomiplanarbeidet.</p> <p>Vedtak som skal oversendast til administrasjonen:</p>	Kommunestyret har bedt om ein milepelsplan for prosjektering og utbygging av feltet. Dette vert å følgje opp av teknisk sektor og føreset fullfinansiering av utbygginga.	<p>Førebygging av Heltneelva må gjerast før ein kan byggje ut feltet. Rådmannen vil i budsjett og økonomiplan vurdere ev opprydding i vegsystemet som tilførselsnett til Håmyra/Urbakkfoten og at Urbakkfoten vert bygt ut før B 58/Bratteberg.</p> <p>Utbygging av B58 er satt på hald inntil vidare og finansiering er fjerna. Heltneelva må først førebyggast, noko vi ikkje fekk stønad til frå NVE i 2018. Vi søker på nytt i 2019.</p>	

	KST 145/17	14.12.17	<p>Som 1.trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/ Bratteberg skule.</p> <p>Årsbudsjett 2018 <i>Kommunestyret minner om oversendingsframlegg frå 31.3.16 om å fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkande/Bratteberg skule som byggetrinn 1 i utbygging av B58 Bratteberg. Vi ber om at planlegging av tiltaket vert sett i gang og kostnader innarbeidd i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden.</i></p>		<p>Dette må sjåast i samanheng med revisjon av planstrategien og økonomiplan.</p>	
14	FORV	15.11.16	<p>Trafikkforhold i Kårstadvegen/Røystunvegen <i>Vegkrysset Kårstadvegen/Røystunvegen er uklart for trafikantane med omsyn til praktisering av vikeplikt. Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å utgreie korleis ein kan gjere vikeplikta tydeleg for trafikantane i dette krysset.</i></p>		<p>Dette har ikkje vorte jobba med. Dette vert ein del av ny trafikktryggingssplan for Volda sentrum som skal utarbeidast i 2018. Vi har skilta med farleg vegkryss (og med dette vikeplikt frå høgre) og saka har vore til orientering i Forvaltningssyret</p>	
15	KST 145/17	14.12.17	<p>Årsbudsjett 2018 <u>Kartlegging av manglande veglys på kommunale vegar.</u> <i>Det har på ulike måtar blitt hevda at det fleire stader på kommunale vegar rundt omkring i kommunen, manglar veglys som m.a. kan medføre trafikkfarlege situasjonar. Kommunestyret ber om at Forvaltningsutvalet - i samarbeid med GRENDAUTVALA - i løpet av 1. kvartal 2018, gjennomfører ei kartlegging for å få klarlagt kvar slike påpeika veglys manglar. Resultatet av denne kartlegginga vert å legge fram for kommunestyret i løpet av 2. kvartal 2018. Det er kommunestyret sin intensjon å gjere dei naudsynte løyvingar som trengst, slik at slike</i></p>		<p>Dette arbeidet har starta, og vert ferdig ilag med ombygging til LED i 2018. Melding er sendt ut til alle grendalag. Frist var 6 april. Deretter startar arbeid med sortering og kostnadsrekning.</p> <p>Grendalaga har kome med ynskjelister. Tiltaka er kostnadsberekna til kr 13,2 mill, dersom der skal etablerast lys på alle desse strekningane. Ynskjelistene</p>	

	Forv. 46/18	12.06.218	<p><i>manglande veglys vi vere komne på plass innan utgangen av 2019.</i></p> <p>Kartlegging av veglys på kommunale vegar <i>Det bør gjennomførast ei prioritering av strekningane sett opp mot trafikktryggleik og mengde av ferdsel både i høve biltrafikk og gåande/syklende.</i> <i>Då det er svært knappe ressursar til dette i dag, må det løyvast pengar til å leige eksterne til slik kartlegging/vurdering.</i></p>		<p>må prioriterast, dette arbeidet har ikkje teknisk sektor kapasitet til i 2018. Forvaltningsstyret har i tillegg ytra ynskje om karlegging av veglys og busstur på fylkesvegane, dette arbeidet er der heller ikkje kapasitet til å gjennomføre i 2018.</p>	
16	KST 38/18	22.3.18	<p>Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida, alternative tiltak og finansiering av desse <i>3.Kommunestyret ber administrasjonen orientere formannskapet før utlysing av anbodet</i></p>		<p>Det vert gjort i mai/juni. Arbeid med grunnavtalar pågår, og forslag til avtalar for overføringskanal og tiltak langs Heltneelva er utsendt til alle grunneigarane. Tiltak med Overføringskanal og Heltneelva vert utlyst i løpet av hausten, og framlagt formannskapet ca 16 oktober.</p>	
17	KST 52/18	24.04.18	<p>Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset <i>1.Kommunen gjennomfører ei mellombels oppgradering av Vikeneset innanfor dei rammer som er vedtatt i budsjettet for avløp i 2018.</i> <i>2.Administrasjonen detaljprosjektera eit reinseanlegg/slamanlegg for Mork/Furene/Ekset og får dette kostnadsrekna. Detaljprosjekttert tiltak med kostnad leggast fram for kommunestyret for godkjenning.</i></p>		<p>Det vert orientert i forvaltningsutvalget om vidare framdrift på møte 16. oktober</p>	

			<p>3.Kommunestyret ber formannskapet om å avklare vidare saksgang for renseanlegg i sentrum.</p>			
18	KST 53/18	24.04.18	<p>Tilleggsøyving til Avbøtande tiltak i Raudemyrvegen i Høve utbygging av Håmyra bustadfelt.</p> <p><i>1.Det vert straks innkalla til eit ope informasjonsmøte der det vert gjort greie for status og vidare framdriftsplan i saka. Her vil m.a. følgjande bli teke opp frå kommunen si side:</i></p> <p><i>Ulempene er mykje større enn nokon kunne frykte, og dette må ein straks få gjort noko med.</i></p> <p><i>Korleis kommunen vil rette opp skadar som den enkelte eigedom har fått (om avtalar med kvar einskild eigar).</i></p> <p><i>Korleis framdrifta vil bli til ein har fått på plass avlastningstiltak.</i></p> <p><i>Frå kommunen si side stiller følgjande: ordføraren, rådmannen og leiar for teknisk sektor.</i></p> <p><i>2.Volda kommunestyre ser ellers situasjonen for området vidare slik:</i></p> <p><i>Pga stor aktivitet no og i åra framover er det store ulemper med berre ein veg inn/ut av anleggsområdet og for kommande bustadar i Håmyra. Vegbana blir nedslitt og naboar får mange ulemper. Volda kommune har vedteke utbygginga før</i></p>			

			<p>infrastrukturen/sambindingsvegen for øvrig er på plass.</p> <p>Anleggsmaskiner og rigg er i arbeid med den delen av sambindingsvegen som ligg innanfor Håmyrfeltet, og denne kapasiteten bør utnyttast til straks å vidareføre utbygginga vestover forbi Urbakkfoten.</p> <p>Volda kommune framskandar arbeidet med å realisere sambindingsvegen, slik det er planlagt i kommuneplanen.</p> <p>Kommunestyret ber om at det blir lagt fram ei sak om dette som kan handsamast seinast i k.styremøtet i juni månad 2018.</p>			
19	KST 54/18	24.04.18	<p>Trafikktrygging Gamlevegen</p> <p>Kommunestyret ber om at ulike løysingar for stenging av gjennomgangstrafikken i Gamlevegen skal vurderast i samband med komande trafikktryggingsplan.</p>			
20	KST FO 16/18	24.04.18	<p>Volda kommune vil ta initiativ til å etablere hurtigladestasjon i Volda sentrum og søker etter aktørar som vil kan stå for tiltaket med støtte frå kommunen. Volda kommune vil hjelpe til med tilrettelegging, søknad til Enova m.m</p>			

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Eigedomsavdelinga	Framdrift og aktivitet	Frist
21	KST 163/13	28.11.13	Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular 5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v" gir Volda Kommunestyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggt teknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Frist for å legge fram ein samla byggt teknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019. I samband med EPC prosjektet har det vore gjennomført nokre energitiltak og tiltak for inneklima for tilsette og lærar. Skulen er ikkje universell utforma og bygningane ikkje i samsvar med framtidens rette måte å drifte skule på. Det er ikkje tilrådeleg med ombygging for å støtte desse krava. Tiltaka som er gjennomført vurderer ein som tilstrekkelege for ny dispensasjon for skuledrift.	Energi og inneklima tiltak er gjennomført i bygget, vidare kartlegging er ikkje gjennomført. Ein vurderer det som mest hensiktsmessig med å søkje dispensasjon for vidare drift med dei tiltak som er gjennomført. Det er ikkje tilrådeleg med vidare større ombygging/tiltak.	
22	KST 125/14	24.09.14	Konkurransetsetjing, EPC-kontrakt 1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting). 2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering.	Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sieren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Tiltakspakke er planlagt lagt fram for kommunestyret 31.03.2016. Tiltaket er godkjent i kommunestyret, der er lagt inn nokre opsjonar der adm. skal kome attende med eiga sak. Dette	Totalentreprenør gikk konkurs, det blir arbeidd med opprydding av denne saken. Prosjektet vil bli sluttført i eigen regi, ferdigstillingsdato vil naturleg bli skyve noko fram i tid. Ved ferdigstilling er det forventa at prosjektet gir prosjektert resultat.	

			<p>3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år.</p>	<p>gjeld Voldahallen og 3 et. Aasen bygget.</p> <p>Opsjon Voldahall vart ikkje løyst inn. Prosjekt med 3 et. er stoppa og konkurransen er avlyst.</p>		
23	<p>FSK 208/14</p> <p>KST 3/17</p>	<p>18.11.14</p> <p>26.01.17</p>	<p>Leigekontrakter Høgskulen i Volda Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der leigeareala har tilfredsstillande standard.</p> <p>Tilleggsløyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget <i>1. Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)</i></p> <p><i>Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.</i></p> <p><i>2. Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).</i></p> <p><i>3. Det er potensiale for at 70 % av totale mva-utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.</i></p>	<p>Det er gjennomført forhandling med Høgskulen, utkast til ny avtale som skal leggjast fram er sendt høgskulen.</p> <p>Rettsak er gjennomført der kommunen fikk medhald på alle punkt.</p>	<p>Mottatt ynskje om forlenga leigetid på Ivar Aasenbygget er mottatt frå høgskulen. Det er laga utkast på 3 avtalar eit for kvart bygg som høgskulen leiger. Kontraktar tek utgangspunkt i ulik tidshorisont for leige for det enkelte bygg. Slutføring av avtalen i løpet av september.</p> <p>Rettsak ang. Ivar Aasen bygget der kommunen fikk full medhald er anka av Prosjektbygg. Saken kjem opp i tingretten i løpet av hausten.</p>	

23	KST OS 13/17 KST 81/17	02.03.17 27.06.17	<p><i>Volda kommune har avlyst konkurransen, bakgrunnen for dette er at det ikkje er mogleg å ha dagleg drift i bygget medan bygg- og rehabiliteringsarbeidet pågår. Leige av mellombelse lokale vert for kostbart og arbeidet vert dermed utsett til høgskulen har flytta ut av bygget (etter 2020).</i></p> <p><i>Kommunestyret vedtek at ein takkar nei til å gå vidare med opsjon for EPC tiltak i Voldahallen.</i></p>			
24	KST 143/16	24.11.16	<p>Volda Campus Arena AS - bygging av ny idrettshall i Volda</p> <p><i>1.Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.</i></p> <p><i>2.Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarende renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.</i></p> <p><i>3.Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvingselevane i grunnskulen.</i></p> <p><i>4.Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvinglokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av</i></p>	<p>Volda Campus Arena AS er i gang med planlegginga. Dei er i dialog med Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om leige av hallkapasitet til kroppsøving.</p> <p>Regulering og planarbeid går sin gang</p>	<p>Volda kommune har stilt garanti for lån og spelemidlar. Det er sett som vilkår at fylkeskommunen går inn som leigetakar for sin aktivitet i hallen.</p> <p>VCA AS har planar om å gå ut på anbod med sikte på oppstart i 201.9 med ferdigstilling til skulestart 2020.</p> <p>Administrasjonen forhandlar med med VCA AS om ei gjennomføringsavtale som regulerer forholda mellom partane unde prosjektering og utbygging. Bortsett frå tilskot frå bankane på 10 + 1 mill. vert prosjektet finansiert med tilskot og garantiar frå Volda kommune. Det er lagt til grunn at kommunen tek kostnaden med infrastruktur og uteområde da det ikkje er med i planane til VCA.</p> <p>Gjennomføringsavtale og leigeavtale vert å leggje fram som sak for kommunestyret før VCA AS inngår kontrakt om utbygging.</p>	

24	KST 142/17	14.12.17	<p><i>fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasert.</i></p> <p><i>5.Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Jopllassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.</i></p> <p><i>6.Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.</i></p> <p><i>7.Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtale vert inngått.</i></p> <p>.</p> <p>Årsbudsjett 2018 <i>Løyving på inn til kr. 500.000 til planlegging og prosjektering av svømmehall ved Campus Arena. Dekning lån.</i></p>		<p>Kommunestyret har stilt som vilkår at fylkeskommunen inngår leigeavtale med VCA AS. Fylkesrådmannen har varsla administrasjonen at dei ikkje kan ta stilling til dette før til hausten etter at dei har teke ein full gjennomgang av fylkeskommunen sin økonomi og prioriteringar. Det er varsla at finansieringa av Nordøyvegen kan medføre omprioriteringar.</p>	
	KST 86/18	21.06.18	<p>Nytt investeringsprosjekt for prosjektering og seinare bygging av infrastruktur kring Volda Campus Arena</p> <p><i>Volda kommunestyre løyver kr 1 million til prosjektering og planlegging av infrastruktur som parkering, veg, vatn og avløp, kring Volda Campus Arena.</i></p>		<p>Det må gjerast tiltak for å ha kapasitet til å prosjektleie for svømmehall. I dag er to av prosjektleiarane ute av funksjon, og det er berre ein prosjektleiar i drift og er i hovudsak reservert til Volda ungdomsskule.</p>	

24	KST 87/18	21.06.18	<p>1.Kommunestyret tek Analyserapporten frå Asplan Viak til vitende.</p> <p>2.Alt. 2: Kommunestyret ber rådmannen med bakgrunn i saksutgreiinga og analyserapporten frå Asplan Viak utarbeide romprogram og skisseprosjekt for eit nytt badeanlegg i Volda i tilknytt Campus Arena. Badeanlegget skal ta utgangspunkt i anbefalt program, men med minimum 12,5 m breidde på 25 m bassenget.</p> <p>2.1Ulike behov og løysingar skal utgreiast, og tilpasningar i høve til Campus Arena skal vurderast. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar og ein skal så langt råd er, avklare økonomisk medverknad frå andre. Ein ber om at m.a. problemstilling rundt bruk av stupetårn og 12,5 m breidde på bassenget vert vurdert.</p> <p>2.2Rådmannen skal knyte til seg representasjon frå brukargruppene og nødvendig badfagleg rådgjevingseksptise i arbeidet. Der nye tekniske løysingar blir sett på. Ber om at svømmeforbundet sentralt og erfaring frå nyleg bygde basseng m. b.a. hev og senk og delevegg funksjon vert vurdert.</p> <p>3.3Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.06.19. I samband med planlegginga av idrettshallen, så føreset kommunestyret at tilrettelegging for påbygg av svømmehall og grensesnittet mellom desse to anlegga vert ivareteke.</p>		<p>Planen har vore ute på høyring</p> <p>HVO har sendt førebels melding om at dei har behov for å leige symjeanlegg for 250 timar til marknadspris. Ev utbygging vert å sjå nærare på i økonomiplan- og budsjettsamanheng.</p> <p>Asplan har utarbeidd analyse som ser lagt fram for kommunestyret.</p> <p>Viser til saka over om analyse</p>	
----	--------------	----------	---	--	---	--

			4.Kommunestyret vil vurdere utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.			
25	KST 50/18	26.04.18	<p>Mork skule - innbyggjarforslag om å rive gamleskulen</p> <p>1.Kommunestyret ber rådmannen på nytt vurdere behovet for nytt skulebygg på Mork i samband med komande budsjett og økonomiplan og kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>2.Kommunestyret ber om at det blir fremja sak vedkomande godkjeningsstatus for Mork skule etter Forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular.</p>			

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Helse- og omsorg	Framdrift og aktivitet	Frist
26	KST 111/17	26.10.17	<p>Næringssituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret</p> <p><i>Kommunestyret går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøll prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.</i></p> <p><i>Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går kommunestyret inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (vedlegg til saka lagt fram i formannskapet).</i></p> <p><i>Kommunestyret bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for brukarane.</i></p> <p><i>Kommunestyret ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg.</i></p> <p><i>Kommunestyret ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.</i></p> <p><i>Kommunestyret ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.</i></p>	<p>Denne saka har vore oppe til drøfting ved fleire høver, både i tenesteutvalet for helse- og omsorg, i Eldrerådet og i kommunalt råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. Etter innspel frå hald vart det skreve sak der administrasjonen rådde til å endre produksjonsprinsippet for middagsmat frå kok- kjøll til kok- server. Saka vart handsama først i THO, deretter FSK og til slutt i KST. Etter at leiaren for sentralkjøkkenet gjekk av med pensjon i haust og ny kjøkkensjef vart tilsett, valde ein å avvente å starte med denne endringsprosessen til no over nyttår. Oppstartsmøte for prosjektet er fastsatt.</p>	<p>Dette er under arbeid/ tema: Har hatt møte med eigedomsavdelinga i høve ombygging av oppvaskrom, lager, kjøll og frys. Grovskisse er utarbeidd og nytt møte er sett til 04.09.2018. Ein har som målsetting å få handsama tiltaket i budsjettet for 2019.</p> <p>Møte med frivillegsentral om utkøyring av varm mat; ser ikkje at det er ei løysing. Vi har sett vidare på interne løysingar for utkøyring og vil utarbeide plan for det.</p> <p>Internt møte der det er semje om å jobbe vidare med planar om å flytte dagleg middagstidspunkt til kl 15.30.</p> <p>Vurdering av innkjøp av nye mattraller for varmmatsutkøyring er gjort.</p> <p>Dialog med kjøkkensjefar i sjustjerneområdet om endringa. Er planlagt som orienteringssak i THO 12.04.18.</p> <p>Orientering og oppdatering av arbeidet var sak i eldrerådet 07.05.2018.</p>	
27	KST 136/17		<p>Endring av betalingsattsar for helse- og omsorgstenester</p> <p><i>Kommunestyret er uroa over prisen på matpenger i omsorgstenestene, og legg til grunn at det er sjølvkostprinsippet som skal rå. Kommunestyret ber administrasjonen</i></p>	<p>Sak om betalingsattsar for matpenger vil bli lagt fram for THO i løpet av vinter/ vår 2018.</p>	<p>Sjustjerne helse- og omsorg har allereie eit samarbeid om betalingsattsar for helse- og omsorgstenester. Det er nedsett ei gruppe av kommunalsjefar som skal sjå nærmare på satsar og lovverk Oppdatert informasjon vert derfor å legge fram på</p>	

			<i>utgreie matpengesatsane i omsorgstenestene, for handsaminga THO våren 2018.</i>		seinare tidspunkt etter at sak er behandla i sjustjernesamarbeidet.	
28	KST 145/17	14.12.17	Årsbudsjett 2018 <i>Kommunestyret ber om at det vert teke initiativ etablering av pårørandegrupper eller alternative løysingar for pårørandekontakt.</i>	Det er utarbeidd ei drøftings sak som skal opp i THO komande tosdag, 11.01. Den vil gå tilbake til adm, som vil lage ei PS sak til THO, FSK og KST.	I alle einingar er det rutiner for inntakssamtalar med pårørande og brukar. På sjukeheimen har ein mangla pårørandegruppe over lengre tid. I staden har ein no valt å kalle inn til dialogmøter 2 gongar per år både i 2 og 3 etasje. Ordninga får gode tilbakemeldingar. Det vart gitt orientering i eldrerådet 07.05.2018. Det er frå før etablert dialogmøter i tenestene for funksjonshemma. Sektoren har gjennomført første elektroniske brukarundersøking med institusjonsbebruarar no i mars. Dette vert utvida til fleire deltenester og skal vere årleg rutine å gjennomføre.	
29	KST 94/17	31.8.17	Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune <i>3.Kommunestyret ber administrasjonen definere målsetting for funksjonen og gjennomføre evaluering, der det som del av evalueringa skal vurderast om målgruppa for Frisklivssentralen sitt arbeid blir avgrensa til barn og unge og deira familiar.</i>	Stillinga for folkehelse- og frisklivsrettileiar vart i 2017 vedtatt slått saman til ei 100% stilling. Stillinga vart lyst ledig i fjor seinhaust/ vinter og ein er på tampen i tilsettingsprosessen no. Før ein vel å gjennomføre evaluering av satsinga/ fokusområdet til denne stillinga, vil det vere nyttig å ha noko fartstid med korleis denne fungerer. Denne stillingskombinasjonen vil vere heilt ny, det er ikkje definert at anasvarsområda vil vere for stort	Ulrik Vik Nakken har no starta i stillinga og har nytta sommar/seinsommar til å bli kjend med Volda kommune som organisasjon. Det er mykje å sette seg inn i, og nøste opp i, i forhold til kanskje folkehelsearbeidet spesielt. Han har jobba systematisk for å få på plass system og struktur og bygd gode relasjonar med aktuelle samarbeidspartar. Målsetting for funksjonen er todelt. Han skal ha ansvaret for den daglege koordineringa og drifta av Frisklivssentralen Aktiv i Volda.	

			<p>og uråd å rekke over alt ein meiner ligg til stillinga. Ein har altså ikkje erfaring med behovet for å skulle snevre inn satsingsområdet. Ein vurderer derfor å avvente evalueringa til den nye stillinga er besatt og har litt fartstid.</p>	<p>Målsetting for folkehelsekoordinatorfunksjonen: å skape gode lokalsamfunn og god livskvalitet for innbyggjarane gjennom langsiktig og heilskapeleg førebyggingsarbeid. Folkehelsekoordinator skal bidra til at innbyggjarane i Volda vert aktive i eigne liv (fysisk, psykisk, sosialt og åndeleg) Som frisklivskoordinator startar han med vaksne som målgruppe og planen er å utvide mot barn og unge til våren 2019. Hausten er tiltenkt å lage eit god samarbeidsklime med bl.a Helsestasjonen, skulehelsetenesta, kommunepsykolog mfl, for å fange opp aktuelle problemstillingar som kan vere noko som ein kan ta med i arbeidet i frisklivssentralen knytt til målgruppa barn og unge. Når vi nærmar oss 2020 er det kommunesamanslåing og vi blir utfordra på å tenke ny organisering og korleis nytte ressursane på ein best mogleg måte. Då må truleg sjå på dette igjen. Vi må også evaluere om desse ressursane vi har knytt til dei to funksjonane er store nok til at vi får gjort eit godt nok arbeid og at det er ei stilling å kunne «overleve» i. Det er difor svært viktig å skille rollene og bygge eit nettverk som jobbar tverrfagleg inn mot FLS. For det er pr. i dag</p>	
--	--	--	--	--	--

					lav ressurs inn i FLS, og folkehelse om ein skal jobbe på ein hensiktsmessig måte.	
30	KST 17/18	1.3.18	<p>Organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset</p> <p><i>4. THO bed om at det ikkje vert innflytting i bustadane før personalet er på plass.</i></p> <p><i>Tenesteutvalet er kjende med at helse- og omsorgssektoren har sett i gang ein prosess der nattevaktstenesta vert gjennomgått, med håp om at dette skal frigjere ressursar som kan nyttast til delfinansiering av driftskostnadane ved dei nye bustadane. Tenesteutvalet for helse- og omsorg ber om å bli orientert om resultatet av denne prosessen i ei eiga sak når prosessen er ferdig.</i></p> <p><i>Tenesteutvalet er kjende med at administrasjonen søker midlar frå helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid. Om kommunen får innvilga søknaden må dette gå uavkorta til delfinansiering av tenestetilbodet i dei nye bustadane, heilt i tråd med intensjonen for midlane. Midlane kan givast over fire år, med nedtrapping frå 660.000,- første år til 330.000,- siste år.</i></p> <p><i>Kommunestyret ber administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved dei nye bustaden.</i></p>		Teamleiar, miljøterapeutar og andre tilsett. Planlagt oppstart drift av bustadane frå 01.10 18 med gradvis opptrapping av bebruarar. Sak om nattbemanning har vore i THO og FSK, med samrøystes tilslutning til administrasjonen sitt framlegg om nattbemanning i 3 mnd for grundig vurdering av helsefagleg hjelpebehov.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Kultur og service	Framdrift og aktivitet	Frist
31	TOK 13/18	7.3.18	<p>Ungdomsklubben Mandat ungdomsklubb – ungdomsarbeid <i>1.Mandat: Administrasjonen får følgjande mandat:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre ei brei kartlegging av ungdom sitt behov/ynskje for ulike tiltak og aktiviteter, inkludert aktiviteter som ungdom meiner det er aktuelt å legge til ein ungdomsklubb. • Gjennom samarbeid med ulike ressursgrupper/fagmiljø arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eigna ungdomsklubblokale. <p><i>Prosess: Involvere ungdomsråd, ungdom i kommunen og fagpersonar som arbeider med ungdomsgruppa for å få kartlagt deira behov og synspunkt på det kommunale tilbodet retta mot ungdom.</i></p> <p><i>Tidsplan: Kartlegginga skal starte opp snarast og vere avslutta innan 3 månader, og Tenesteutval for oppvekst og kultur skal få saka til handsaming så snart som råd etter ferien 2018.</i></p> <p><i>2.I påvente av og parallelt med prosess i punkt 1, vert det starta førebels treffpunkt for unge i salongen.</i></p>		<p>Leiar for ungdomsklubben har starta arbeidet med kartlegging av behov og ynskje. TOK vil bli fortløpande orientert.</p> <p>Kartlegginga er utført og vil bli handsama av TOK i septembermøtet</p>	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Samfunn og rådgjeving/rådmannen	Framdrift og aktivitet	Frist
32	KST 123/15	26.12.15	<p>Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreigning</p> <p><i>1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14. Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.</i></p> <p><i>2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.</i></p> <p><i>3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.</i></p> <p><i>4. Volda kommune krev skjøn.</i></p>	<p>Overskjøn er halde og prisen er sett ned med kr. 85,- /m2.</p> <p>Sendt rekvirering av deling og oppmåling.</p> <p>Utbetaling vil skje når endeleg oppmåling er foreteke.</p>	<p>Det aller meste av erstatninga er utbetalt pr. dato.</p> <p>Sluttutbetaling vil skje når endeleg oppmåling er foreteke (før nyttår)</p>	
33	KST 145/16	24.11.16	<p>Forprosjekt Volda kunnskapspark</p> <p><i>Når prosjektet er avslutta skal det leverast ein sluttrapport som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.</i></p>	<p>Sluttrapport og konklusjon mht hovudprosjekt skal leverast i slutten av 2018</p>		
34	KST 82/16	16.06.16	<p>"Destinasjon Volda"</p> <p><i>1. Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum.</i></p> <p><i>Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda</i></p>	<p>Prosjektrapport levert innan fristen 1. juli 2017. Skal utarbeidast ny sak til politisk handsaming. Sjå i samanheng med nyeVolda.</p>	<p>Volda kommune har bedt styret for Volda næringsforum handsame rapporten som vart lagt fram før sommaren 2017. Ein avventar styret si handaming før den vert lagt fram som sak for formannskap og kommunestyre.</p>	

	FSK 148/16	06.09.20 16	<p><i>Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune.</i></p> <p><i>2.Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.</i></p> <p><i>3.Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.</i></p> <p><i>Volda formannskap syner til pkt. 2 i sak PS 82/16 og vel</i></p> <p><i>1. Fride Sortehaug vara: Odd Harald Sundal</i></p> <p><i>2. Anders Egil Straume</i></p> <p><i>som kommunen sine representantar i prosjektgruppa.</i></p>			
35	KST 38/18	22.3.18	<p>Mandat – planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum</p> <p><i>1.Den kommunale byggenemnda får i oppdrag å utarbeide romprogram og skisseprosjekt for kino og kulturhus i tilknytning til Volda samfunnshus. Arealet kan, om ein ser trong om det også omfatte «Barnepark-tomta» og «Driveklepphus-tomta»</i></p> <p><i>2.Arbeidet skal inkludere lokalitetane i dagens samfunnshus med ombygging og integrasjon til nybygg. Ulike behov og løysingar kan vurderast, og det kan leggjast fram fleire alternativ der lokale til ungdomsklubb, bibliotek og kafe er ein del av dette. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige</i></p>	Oppdraget er sendt til eigedomsavdelinga og byggenemnda v/Jan H. Egset	<p>Har kome med skissutkast som har vore drøfta i folkemøte. Kommunen si plangruppe vert orientert 19. september.</p> <p>Byggenemnda vil legge fram kostnadsrekna skuisseprosjekt innan fastsett frist 01.11.2018</p>	

			<p><i>vurderingar av kinoløysing, som td antal salar, nybygg eller ombygging av dagens samfunnshussal mv.</i></p> <p><i>3.Byggenemnda kartlegg behov og knyter til seg representasjon frå brukarinteressene. Byggenemnda knyter vidare til seg nødvendig ekspertise i arbeidet.</i></p> <p><i>4.Planen skal vise heilskapleg prosjekt og synleggjere ev stegvis utbygging.</i></p> <p><i>5.Romprogram med skisseprosjekt og kostnads kalkyle vert å leggje fram innan 01.11.18.</i></p> <p><i>6.Kommunestyret vil vurdere samla eller delvis utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.</i></p> <p><i>7.Byggenemnda har tett dialog med formannskapet i arbeidet.</i></p> <p><i>Oversendingsframlegg frå kommunestyret 22.03.2018 til administrasjonen: Utrede mogleg sentrumsparkering mellom kommunehus og Gamleposten, ned til kirka.</i></p>			
36	KST 51/18	24.4.18	<p>Utbygging av breiband i Volda kommune</p> <p><i>Utbygging av breiband er kostbart og må sjåast på som ei etappevis utbygging. Kommunestyret ber difor administrasjonen om å syte for at arbeidet med utbygging av tilfredsstillande breibanddekning i alle dei kvite områda med målsetjing om ferdigstilling innan 5 år.</i></p>	Under arbeid	Volda komune er tildelt 4,37 mill kr i NKOM-midlar.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: opplæring og oppvekst	Framdrift og aktivitet	Frist
37	KST 36/17	30.03.17	PPT- avtale om regionalt samarbeid <i>5.Volda kommune stiller høveleg lokale til rådevelde i Volda til disposisjon for samtalar, testing for å redusere reisetid for brukarar og tilsette.</i> <i>6.Volda kommunestyre ber om å få ei evaluering av ordninga etter to års drift.</i>	Høveleg lokale står til disp viss PP-tenesta har behov for det. Denne evalueringa kjem etter to års drift		
38	KST PS 108/17	26.10.17	Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen <i>1.Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.</i>			
	KST 83/18	21.06.18	<i>Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austeffjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austeffjorden eit fullverdig tilbod.</i>	Under arbeid.		
39	KST FO 1/18	25.01.18	Interpellasjon - Digitale læringsressursar på nynorsk <i>Volda kommune skal arbeide for at flest mogleg av dei digitale læringsressursane som vert nytta i Voldaskulen er på nynorsk .</i> <i>Oppvekstkontoret skal skaffe seg oversikt over korleis appar og andre digitale læringsressursar vert nytta, slik at ein veit kva</i>			

		<p><i>som er definert som læremiddel og ikkje, og held seg innanfor lova.</i></p> <p><i>Volda kommune skal samarbeide med andre nynorskkommunar (for eksempel gjennom Sjustjerna og LNK) om å få appar omset til nynorsk.</i></p> <p><i>Volda kommune skal løfte problematikken kring digitale nynorske læremiddel fram for Utdanningsdirektoratet og arbeide for at "digitale læremiddel på nynorsk for grunnskulen" kjem på prioriteringslista for tilskot til læremiddelutvikling i 2018.</i></p> <p><i>Volda kommune skal vurdere om eiga ikt-utviklingskompetanse kan nyttast i utvikling av læremiddel på nynorsk, og om dette kan finansierast ved tilskot og sal av digitale pedagogiske produkt.</i></p>			
--	--	---	--	--	--

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Barnevern	Framdrift og aktivitet	Frist
40	KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 29 <i>Kommunestyret ber om at det blir gjenopprettet stilling som valdskordinator i 20 % stilling.</i>	Valdskordinator var tenkt å skulle ligge til Interkommunalt barnevern. I vår vart det tatt opp i rådmannsgruppa om dette kunne ligge til ei annan kommune. Ørsta tok dette på seg og vil ta ansvar for ei slik stilling på vegne av fleire kommuner på Søre. Vert sletta ved neste rapportering.		
	KST 36/16	31.03.16	Kommunestyret bed om at valdskordinator i 20 % stilling vert å innarbeide i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.			
	KST 172/16	15.12.16	Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 <i>27. Valdskordinator. For å samordna valdsførebyggande arbeid på Søre Sunnmøre bør det opprettast heil stilling som valdskordinator i regionen og knytt til politiet og det sams barnevernet. Volda bidreg med minst 20% av stillinga. Dekning disposisjonsfondet.</i>			

Fra: Thokle, Gudrun V. Solstad[Gudrun.Thokle@helse-mr.no]
Sendt: 14.06.2018 11:36:40
Til: Postmottak Volda
Tittel: fritak fråforliksåret.

Fritak frå verv som vara i Forliksrådet.

-
Arkivsak 2015/2353

Eg fekk forespørsel om å vere i forliksrådet frå 2017-2020, og takka ja til dette mot at eg stod på varaliste. Eg var då i eit arbeid med mindre ansvar enn den eg gjekk over til. Min nye jobb som teamkoordinator for amb.allmennteam viser seg å vere vanskeleg å kombinere med vervet i forliksrådet. Mitt team tar seg blant anna av tvangsinnleggingar der vi samarbeider med politi og ambulanse. Politi tek først akuttsaker deretter andre saker. Vi kjem inn under siste kategori. Det betyr at vi kan ikkje ha andre avtaler når det står på. Eg var kalla inn til møte den 14.6 og hadde omgjort avtaler for tvanginnlegging til ein annan dag for å kome i forliksrådet. Pga akutte situasjonar for politiet, enda dette likevel opp med å skje ein time før eg skulle i forliksrådet. Denne gangen gjekk det bra, men det er eit krysspress eg ikkje ynskjer å kome i fleire gangar. No er dette skjedd to gangar. Av ulike grunnar kunne ikkje andre i teamet ta sakene. Eg ber difor om fritak frå vervet.

Med vennleg helsing
Gudrun Solstad Thokle
teamkoordinator, Ambulant allmennteam
avdeling for dps sunnmøre
klinikk for psykisk helsevern
Helse Møre og Romsdal HF



+47 41 10 70 07
Gudrun.Thokle@helse-mr.no
helse-mr.no
facebook.com/HelseMoreogRomsdal

PS 116/18 Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

NOTAT

Til: Kommunestyret
Frå: Rune Sjurgard
Sak: Nye vedtekter og endra organisering for Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd / Sakshandsamar	Dato
2017/1023	13004/2018	026	ADM/RUNSJU	19.09.2018

SØRE SUNNMØRE IKT - VEDTEKTER OG STYREREPRÆSENTASJON

Kort historikk

IKT-samarbeidet er eitt av dei samarbeida der alle 7 kommunane på søre Sunnmøre er med. Dette samarbeidet har også vore heilt nødvendig for at kommunane har greidd å følgje med på den digitale utviklinga og handtere den daglege IKT-drifta. Behovet for vidare samarbeid er berre noko som forsterkar seg i tida som kjem. Dette er også eit samarbeid som har fungert svært godt.

Hareid kommune var vertskommune for driftssenteret etter kommunelova § 28 fram til ei omorganisering og denne driftsforma vart erstatta med interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 pr 1. januar 2018. Dei tilsette i tidlegare vertskommunesamarbeidet og IKT-tilsette i den enkelte kommune vart overført til det interkommunale § 27-samarbeidet. Det er tilsett dagleg leiar for samarbeidet.

Dette samarbeidet er eit eige rettssubjekt med eige styre og går under forkortinga SSIKT. Dei fleste kommunane er med i liknande samarbeid for organisering av IKT drift. På oppdrag frå KS utarbeidde konsultentselskapet PWC ein rapport som mange kommunesamarbeid har lagt til grunn for korleis ein organiserer interkommunal IKT-drift. Denne vart også lagt til grunn for samarbeidet på søre Sunnmøre da ein gjekk over til § 27-samarbeid og med rådmennene som medlemmer i styret for samarbeidet. Bakgrunnen er den tette samanhengen mellom drifta av tenestene og IKT, og dette ligg under rådmennene sitt ansvarsområde. Når ein flyttar ut IKT-drifta, så kompenserte ein med å la rådmennene utgjere styret for samarbeidet.

Volda kommunestyre godkjente vedtektene i K-sak 84/17 den 22.06.18. I § 5, pkt. 1 i vedtektene står det at: «*Styret skal bestå av eitt medlem frå kvar av deltakarkommunane. Styremedlem frå den enkelte kommunen skal vere rådmannen eller den rådmannen utpeikar.*»

Ordførarane har møte- og talerett i møta, men har i praksis ikkje vorte innkalla til styremøta. Dette er ein glipp.

Habilitet

Når rådmannen som øvste administrative leiar i kommunen er medlem i styre for selskap som kommunen er medeigar i, vil det oppstå situasjonar der ein vert ugild til å handsame enkeltsaker knytt til dette selskapet som rådmann i kommunen. Dette følgjer av fvl § 6, 1. l,



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

bokstav e og kommunaldepartementet si uttale knytt til problemstillinga. Dette gjeld for saker der det interkommunale samarbeidet, som i denne samanheng må vert vurdert som selskap, er part i saka. Det kan sjå ut som at denne modellen ikkje er godt nok utgreidd med tanke på at rådmannen kan ivareta sin integritet, og handsame saker frå selskapet i kraft av å vere rådmann i kommunen, og det ansvar som dette medfører etter kommunelova.

Det var også ei av grunngevinga for kommunereforma at interkommunale samarbeid med styrerepresentantar som ikkje er direkte valte er eit demokratisk problem.

Eg har overfor styreleiaren i SSIKT meldt inn og bedt om at ein tek ein gjennomgang av vedtektene for det som gjeld samansetting av styre. Dette er ei prinsipiell problemstilling og gjeld generelt for styreoppnemning i offentlege og private selskap der kommunen er medeigar.

Det interkommunale selskapet si rolle

Formålet med SSIKT er regulert i vedtektene § 3:

1. SSIKT skal gjennom målretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi fremje utvikling av tenesteproduksjon, innbyggjardeltaking og administrative tenester i deltakarkommunane.
2. SSIKT skal ta vare på oppgåvene til deltakarkommunane knytte til drift, service og utvikling av informasjons- og kommunikasjonsteknologi.
3. SSIKT kan også ta slike oppgåver for andre enn deltakarkommunane, innanfor dei rammene styret fastsett.
4. SSIKT skal driftast innanfor fastsette økonomiske ramme. Eit eventuelt meir- og mindreforbruk skal vidareførast til neste driftsår ved budsjettregulering.

Styret sine oppgåver er regulert i vedtektene § 5. Styret har overordna ansvar for organisering av samarbeidet, fremjar innspel og vedtek økonomiske rammer etter at kommunestyra har vedteke økonomiplan og budsjett. Styret har ansvar for at SSIKT har tilstrekkelege ressursar til å utføre pålagde og planlagte oppgåver. Styret skal sjå til at deltakarkommunane oppfyller sine avtalemessige og andre forpliktingar overfor SSIKT.

Kommentarane til § 27 i kommunelova seier m.a: «§27 er en bestemmelse om etablering av en bestemt type samarbeidsordning, «et eget styre». Dette må forstås slik at bestemmelsen kommer til anvendelse der det etableres et selvstendig interkommunalt beslutningsnivå, et eget organ med avgjørelsesmyndighet på et saklig avgrenset område- «til løsning av felles oppgaver».



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Styret har eit ansvar for drifta av selskapet, og i kraft av styremedlem har ein dermed ansvar for å ivareta det som ivaretek samarbeidet sitt formål best mogleg. Dette gjer også at det er særleg utfordrande for rådmenn som styremedlem å balansere dette opp mot forventingar til rådmannsrolla og kommunen sine interesser i enkeltsaker.

Styresamansetting

Kommunelova sine kommentarar til § 27 seier m.a: *«Vedtektene må angi hvordan de enkelte medlemmene velges eller utpekes, både for at dette spørsmålet skal være avklart inen den enkelte kommune eller fylkeskommune, og for å sikre at de enkelte deltakerne utpeker sine representanter på samme grunnlag og dermed i størst mulig grad med samme mandat.»*

Det er høve til å oppnemne rådmenn til å sitje i styret for interkommunale selskap etter kl § 27. Opprinneleg oppnemnde 6 av kommunane sine rådmenn i styret. Sande kommune oppnemnde ordførar. Etter styret si handsaming av lokalisering av kontor for SSIKT har 3 av rådmennene trekt seg frå styret, slik at styret inntil ein får på plass ei vedtektsendring består av 4 ordførarar og 3 rådmenn. Det kan stillast spørsmål om kommunane har utpeikt sine representantar på same grunnlag. Dei som har meldt seg ut har peikt ut ordførar til å vere styremedlem. Det vanlege er at det er politiske organ som oppnemner rådmannen eller politikarar til oppgåver eller å representere kommunen, og at rådmannen for sin del kan delegere vidare innanfor administrasjonen. Det kan godt hende det er høve til, slik vedtektene er formulert, at rådmannen kan peike ut ordføraren. Dette er ei juridisk problemstilling som på generelt grunnlag kan vere interessant å få utgreidd dersom liknande problemstillingar oppstår seinare. I alle høve bør vedtektene endrast, slik at styret vert samansett av folkevalte, samt at det er føreseieleg kven som er medlem og varamedlem. Styret sine medlemmer skal også registrerast i Brønnøysundregisteret.

Lokalisering – utfordring for samarbeid

Styret har eit ansvar for å sikre gode driftsvilkår for IKT-samarbeidet. Når spørsmål om kontorplassering kjem opp er det ei utfordring å balansere, slik at lokaliseringsdebatten ikkje vert politikk som høyrer til på andre arenaer.

Styret var splitta i avgjerda om val av lokale da fleirtalet gjekk for eit anna alternativ enn det dagleg leiar tilrådde som mest tenleg. Det vert synt til vedlagte styreprotokoll frå møte 07.09.18. Eit samrøystes styre gjorde 13.04.18 vedtak om at dagleg leiar skulle finne lokale i eitt av kommunesentra (Sande sin representant var ikkje til stades).

Det vert viktig for å bevare det gode og viktige IKT-samarbeidet på søre Sunnmøre at ein driv dette vidare med bakgrunn i samarbeidet sitt formål og for kommunane samla sett sitt beste både når det gjeld økonomi og tenesteutvikling.



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Vedtaksendring

Som nemnt ser eg behov for endring i vedtektene, og at kommunestyra gjennom vedtaksendring oppnemner politisk representasjon til styret. Dette bør skje etter vanleg sakshandsaming, og eg føreset at endring av vedtektene kan skje så snart som mogleg. Neste styremøte er 1. oktober.

Rune Sjurgard

Kopi:

Dagleg leiar for SSIKT
Hareid kommune
Herøy kommune
Sande kommune
Ulstein kommune
Vanylven kommune
Ørsta kommune



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Kommunestyret
Formannskapet
Tenesteutval for oppvekst og kultur
Ungdomsrådet

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/662	12098/2018	040	OPP/ HAVSTR	03.09.2018

ORIENTERING - NY KOORDINATOR FOR IVARETAKING AV BARN OG UNGE SINE INTERESSER I PLANSAKER

I samsvar med §3-3 i plan –og bygningslova, skal kommunestyret sørge for å etablere ei særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga.

I sak 59/16 i kommunestyret, 26.05.16, vedtok kommunestyret ei revidering av lokale retningslinjer for koordinatoren for dette. I handsaminga av saka den gongen vart det og opplyst at rådmannen hadde delegert oppgåva til sektoren for opplæring og oppvekst. Oppgåva har historisk vore stipulert til å vere om lag 15-20% av heil stilling.

Ordninga med ein slik koordinator er særleg knytt til å ivareta barn og unge sine interesser i planlegging og byggesakshandsaming etter plan –og bygningslova- Viktige moment som ligg til grunn for ordninga er:

- PBL §1-1: Barn og unge skal takast omsyn til i all planlegging og i det einskilde byggetiltak.
- PBL §3-3: Kommunestyret skal syte for ei ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga.
- PBL § 5: Barn og unge har rett til å verte høyrte i all plan –og byggesakshandsaming. Dei som fremjar planar har plikt til å organisere planprosessen slik at barn –og andre partar – kan delta og fremje egne synspunkt.

Kommunen kan velje ulike modellar for å organisere ordninga. Miljøverndepartementet har gitt sine råd for korleis oppgåva kan løysast – heile rettleiaren kan ein finne her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/bccd028e3b494d2fa8c6840851f2f2f2/t-1513.pdf>

Mellom anna legg rettleiaren vekt på:

- At barne –og ungerepresentanten har møterett og talerett i utvala som handsamar planar, jf kommunelova § 23, nr 3.
- At barne –og ungerepresentanten bør vere ein identifiserbar person.

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:

Telefaks:

www.volda.kommune.no
Org. nr: Bankgiro:
939 760 946

- At den kommunen peikar ut får naudsynt opplæring, at ein får støtte, rettleiing og oppfølging i rolla samt at ein har ein arbeidssituasjon som gjer at oppgåva kan prioriterast og følgast opp.

Oppvekstsjefen har frå 01.08.18 gjort endringar knytt til koordinatorrolla, slik at Steinar Ose Velle no har teke over som koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker. Han tek over etter Nina Hovden Eidheim som hadde funksjonen fram til 01.08.18.

Med helsing

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Håvard Strand
fagkonsulent skule

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

LOKALE RETNINGSLINER FOR KOORDINATOR FOR IVARETAKING AV BARN OG UNGE SINE INTERESSER I PLANSAKER, JFR PNL § 3-3-, 3. LEDD.

Vedteke av Volda kommunestyre i møte 18.12.97, sak 176/97, ajourført i samsvar med vedtak i møte i Volda kommunestyre 18.10.07, sak 107/07. Revidert, kommunestyresak PS 59/16 handsama den 26.05.2016.

1. HEIMEL

I samsvar med § 3-3, 3. ledd i plan- og bygningslova skal kommunestyret sørge for å etablere ei særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga.

2. FØREMÅL

Koordinator for å ivareta barn og unge sine interesser i plansaker skal synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Koordinator skal som følgje av det ha høve til å setje seg inn i og rett til å uttale seg i dei delane av denne planlegginga og sakshandsaminga som er lagt til det faste planutvalet. Føremålet er å få omsynet til barn og unge tidleg inn i planlegginga.

3. MÅLSETJING

Av overordna mål i kommuneplanen går det fram at ein i kommunen skal arbeide for å betre oppvekstvilkåra for barn og unge ved å leggje til rette gode og trygge oppvekstmiljø, som gjev barn og ungdom høve til sjølvutvikling og utvikling av samkjensle og identitet til heimstaden.

Koordinator for å ivareta barn og unge sine interesser i plansaker skal derfor vere med å sjå til at følgjande vert følgd:

- Sikre gode og trygge oppvekstmiljø gjennom tverrfagleg samarbeid og i samarbeid med lokalbefolkning, frivillege lag og organisasjonar.
- Verne om ytre natur- og miljøkvalitetar, kulturminne og leikemiljøet der born bur.
- Stimulere til at barn og ungdom kan delta i planlegging som vedkjem oppvekstmiljøet, t.d. ungdomsråd, ungdomen sitt kommunestyre e.l.

4. VAL/OPPNEMNING

Koordinator med vara skal utpeikast av kommunestyret for 4 år.

Sak om val skal handsamast i starten av kvar valperiode, slik at kommunestyret har høve til å stadfeste eller endre valet sjølv om representanten skal vere frå administrasjonen.

Fylkesmannen og fylkeskommunen skal ha melding om valet.

5. PLIKTAR/RETTAR

Koordinator har:

- møterett, talerett og rett til å kome med forslag i det faste planutvalet. Planutvalet står fritt til å avgjere om eventuelle forslag frå koordinatoren skal realitetshandsamast.
- rett til å få protokolltilførsler innført i protokollen.
- som kommunalt oppnemnt, ikkje høve til å klage på vedtak.

Rådmannen har ikkje instruksjonsmynde overfor koordinator når vedkomande utfører denne funksjonen.

6. TID TIL FUNKSJONEN

Arbeidsoppgåva som koordinator for å ivareta barn og unge sine interesser i plansaker er lagt inn i stillingsomtalen til koordinator.

7. ARBEIDSOPPGÅVER

- Koordinator kan delta på møta i Det faste planutvalet
- Koordinator skal ha tilsendt sakene til møta i Driftsstyret og Forvaltningsstyret og har høve til å møte i bygningssaker som avvik frå stadfesta plan - dispensasjonssaker, der dette vil ha innverknad på barn og unge sine interesser.
- Det skal utarbeidast ei sjekklister i høve barn og unge til bruk i saksførebuinga i desse sakene i Det faste planutval, Forvaltningsstyret og Driftsstyret.
- Koordinator kan delta i det administrative “planmøtet”, dvs. skal kome inn i planprosessen på eit tidleg tidspunkt.

PS 117/18 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 142/18 Ferdigattest, bustad Gbr 2/118

DS 143/18 Løyve til tiltak, rehab. pipeGbr 5/30

DS 144/18 Ferdigattest næringsbygg i Furene, Gbr 11/72

DS 145/18 Løyve til endring Gbr 12/43

DS 146/18 Mellombels bruksløyve Hamnegata 21b, seksjon 6 - Gbr 19/275

DS 147/18 Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 15/40

DS 148/18 Løyve til endring Gbr 19/933

DS 149/18 Løyve til tiltak, terrasse Gbr 20/94

DS 150/18 Løyve til tiltak, bustad og garasje Gbr 18/285

DS 151/18 Igangsettingsløyve Gbr 18/50

DS 152/18 Igangsettingsløyve, tilbygg Gbr 13/88

DS 153/18 Løyve til tiltak, riving av eksisterande bygningar Gbr 18/7

DS 154/18 Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 38/12

DS 155/18 Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 30/319

DS 156/18 Løyve til tiltak, bustad Gbr 27/90

DS 157/18 Ferdigattest, tilbygg til hytte Gbr 135/2

DS 158/18 Ferdigattest - Gbr 107/8 - Hagestove

DS 159/18 Løyve til tiltak, driftsbygning/grindløde Gbr 141/3